



DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 26

(2005–2006)

---

## Nordisk samarbeid



# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>5</b>	<b>5.7</b>	Nordisk oppfølging av strategi for universell utforming .....	<b>36</b>
<b>2</b>	<b>Den norske formannskapen i 2006 .....</b>	<b>8</b>	<b>6</b>	<b>Fagleg samarbeid .....</b>	<b>37</b>
2.1	Innleiing .....	8	6.1	Kultur .....	37
2.2	Arbeids- og inkluderings-departementet .....	9	6.2	Utdanning og forsking .....	39
2.3	Nærings- og handelsdepartementet .	9	6.3	Miljø .....	40
2.4	Miljøverndepartementet .....	9	6.4	Nærings-, energi- og regionalpolitikk	46
2.5	Barne- og likestillingsdepartementet	10	6.5	Fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk .....	49
2.6	Kommunal- og regionaldepartementet	10	6.6	Økonomi- og finanspolitikk .....	57
2.7	Justisdepartementet .....	10	6.7	Sosial og helse .....	61
2.8	Kunnskapsdepartementet .....	11	6.8	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø .....	66
2.9	Helse- og omsorgsdepartementet .....	11	6.9	Likestilling .....	68
2.10	Kultur- og kyrkjedepartementet .....	12	6.10	Justissektoren .....	69
			6.11	Flyktninger og migrasjon .....	74
			6.12	Administrasjon og forvaltning .....	75
<b>3</b>	<b>Norden og nabolanda .....</b>	<b>13</b>	<b>6.12</b>	<b>Anna nordisk regjeringssamarbeid</b> <b>77</b>	
3.1	Nordisk Ministerråd og samarbeidet med nabolanda	13	<b>7</b>	Det utanrikspolitiske samarbeidet ...	77
3.2	Den nordlege dimensjonen i EU .....	15	7.1	Utanrikshandel .....	81
3.3	Austersjørådet .....	17	7.2	Forsvar .....	81
3.4	Barentsrådet .....	18	7.3	Utviklingssamarbeid .....	82
3.5	Arktisk råd .....	20	7.4	Forbrukarpolitikk .....	85
			7.5	Samferdsel .....	86
			7.6	Bustad og bygg .....	87
<b>4</b>	<b>Grensehindringar mellom dei nordiske landa .....</b>	<b>24</b>	<b>7.7</b>	Samiske spørsmål .....	<b>87</b>
4.1	Innleiing .....	24	7.8	Nasjonale minoritetar .....	88
4.2	Oppfølging på utvalde område .....	25	7.9		
<b>5</b>	<b>Tverrfagleg samarbeid .....</b>	<b>27</b>	<b>Vedlegg</b>		
5.1	Samarbeidet mellom statsministrane	27	1	Statsminister Jens Stoltenberg:	
5.2	Samarbeidsministrane og deira arbeid, budsjett og administrasjon ...	27		Innlegg i generaldebatten, den 57. sesjon i Nordisk Råd, 25. oktober 2005. Framført av samarbeids-	
5.3	Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål .....	29		minister Heidi Grande Røys.....	90
5.4	Barn og ungdom .....	31	2	Nordisk Ministerråd sitt budsjett 2006 og forslag til budsjett 2007 .....	92
5.5	Tverrfagleg miljøsamarbeid .....	31		Forkortingsregister .....	93
5.6	Frivillig sektor .....	35	3		





DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St. meld. nr. 26

(2005–2006)

## Nordisk samarbeid

*Tilråding fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 29. september 2006,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Dei nordiske samfunna og dei nordiske landa opplever at omgjevnadene deira er i kontinuerleg endring. Dette stiller stadig nye krav til tilpassing og proaktiv reform i det nordiske samarbeidet. Difor har Nordisk Ministerråd i det året som har gått, vore prega av forandring og reform på heilt sentrale og overordna område. Føremålet er å fokusere og tydeleggjere det nordiske regjeringssamarbeidet for å gjøre det endå meir relevant og effektivt. På denne måten blir det heile tida arbeidd for å auke den nordiske nytten slik at landa opplever at dei er godt tente med det nordiske samarbeidet.

Tematisk legg det nordiske samarbeidet særleg vekt på mellom anna innsats for å sikre dei nordiske landa auka konkurranseseevne, både når det gjeld utdanning, forsking, innovasjon, grensehindringar og utvikling av det nordiske velferdssamfunnet. Vidare blir kultursamarbeidet prioritert for å styrke den nordiske identiteten og ei berekraftig utvikling og eit berekraftig miljø. Det same gjeld samarbeidet med naboland og naboregionar.

Omlegginga frå 18 til 11 ministerråd er gjennomført på ein positiv måte. Prosesen innebar at ministerråd anten vart slegne saman eller omgjorde til uformelt samarbeid. Det er naturleg at det framleis vil ta noko tid før alle dei organisatoriske ordningane er på plass og alle ministerråda og det uformelle samarbeidet finn si nye form. I tida framover skal det òg vurderast korleis minis-

terråda skal prioritere innanfor sin sektor. Utdannings- og forskingssamarbeidet er langt på veg ferdig med denne omstillinga, og kulturområdet gjennomfører under den norske formannskapen i år ei svært djuptøyande sektorreform. Det er grunn til å forvente at den samla effekten av desse prosessane blir eit styrkt nordisk samarbeid.

Av dei tidlegare formelle ministerråda var det forbrukarområdet som disponerte det største budsjettet. For å vidareføre aktivitetar har forbrukarsamarbeidet teke imot midlar frå budsjettet til ministerrådet òg etter at dei gjekk over til eit uformelt samarbeid.

Det uteståande hovudområdet i den samla strukturelle reformprosessen i Nordisk Ministerråd gjeld budsjettet. Ministerrådet har si eiga budsjettekspertgruppe som er sett saman av representantar frå finansdepartementa i landa. Dei har under den norske formannskapen fått mandat til å sjå nærare på budsjettoppstilling og budsjettlayout, prisjustering, likviditet, prosjektadministrasjon (inkl. treårs-disposisjonsregelen) og budsjettet som eit politisk styringsverktøy. Ambisjonen er at arbeidet skal leie fram til eventuelle endringar alleie i ministerrådsbudsjettet for 2008.

Men det er allereie gjort tiltak for å medverke til at budsjettet blir meir fleksibelt og eigna til omprioriteringar. Den viktigaste tilpassinga i så måte i budsjettet for 2006 var at det vart etablert ei

såkalla omprioriteringspulje underlagd samarbeidsministrane. Denne budsjettposten vart finansiert ved ein proratareduksjon på 2 % i ministerrådsbudsjetta og var totalt på 16,3 mill. DKK. Desse midlane vart undervegs i budsjettprosessen fordelt til område som var særleg prioriterte, mellom anna etter at fagministerråda vart bedne om å søkje midlar frå budsjettposten. I fordelinga av midlane fekk NordForsk 10 mill. DKK, Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) 1,5 mill. DKK og det språkpolitiske samarbeidet 1 mill. DKK. Mindre beløp vart disponerte til auka innsats i den sivile kriseberedskapen og i telemedisin. Det er forventa at ei liknande ordning med ein omfordelingspost vil bli ein del av Ministerrådet sitt budsjett for 2007. I dei politiske budsjetttilvisingane for Ministerrådet sitt budsjett for 2007 blir særleg kultur, forsking og innovasjon, samarbeidet med Nordvest-Russland og Arktis framheva som prioriterte område. Tilvisingane er drøfta med Nordisk Råd.

Arbeidet med grensehindringar held fram under den norske formannskapen. Den særskilde representanten for samarbeidsministrane, den tidlegare danske statsministeren Poul Schlüter, avslutta oppdraget sitt 1. januar 2006. Modellen med ein eigen representant for heile Ministerrådet synest å ha nådd mettingspunktet, og formannskapen har søkt ei ny arbeidsform som kan syte for den politiske og administrative dynamikken som er naudsynt i det nordiske samarbeidet om grensehindringar. Regjeringa og samarbeidsministrane er komne fram til at det no vil vere føremålstenleg å etablere eigne ordningar i nokre utvalde ministerråd. Dette vil gjere det mogeleg å trengje djupare inn i dei einskilde fagområda og på denne måten finne spesifikke løysingar på konkrete grensehindringar. Ordninga kan eksempelvis omfatte ein eller fleire personar med den naudsynte politiske og faglege tyngda. Det er opp til fagministerråda sjølve å utarbeide detaljane på grunnlag av eit overordna mandat frå samarbeidsministrane. Dei mest relevante områda for auka innsats synest å vere næringslivet, sosial- og helseområdet, finans- og skatteområdet og utdanningsområdet.

Det siste året har i stor grad vore prega av førebuingane til og gjennomføringa av den norske formannskapen i Nordisk Ministerråd og det nordiske regjeringssamarbeidet i 2006. Formannskapsprogrammet vart utarbeidd på grunnlag av ein nær dialog med dei berørte partane, og vart presentert på sesjonen i Nordisk Råd i Reykjavik 25. oktober 2005. Dei tre hovudsakene i formannskapsprogrammet er dei europeiske nordområda, den nordiske velferdsmodellen og kunnskap, fornying og verdiskaping.

Nabosamarbeidet i Ministerrådet endra seg vesentleg i perioden. I samarbeidet i Vest-Norden er det ei aukande fokusering på Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) og kva denne institusjonen kan tilføre av ytterlegare tyngd i området. I Arktis tok eit nytt samarbeidsprogram til å gjelde 1. januar 2006, samtidig med det nye Russlandsprogrammet til Ministerrådet. Russlandsprogrammet utgjer ei operasjonalisering av Ministerrådet sine retningslinjer for samarbeidet med Nordvest-Russland. Samarbeidsministrane godkjende i juni 2006 eit program for kunnskaps- og nettverksbygging med Nordvest-Russland på ca. 30 mill. DKK som kvart år vil gje minst 500 russarar høve til å opphalde seg kortare eller lengre tid i dei nordiske landa gjennom utvekslingsordningar. Programmet skal tre i kraft 1. januar 2007. På denne måten aukar innsatsen i Nordvest-Russland og blir monaleg meir fokusert og målretta. I tillegg vil det faktum at Ministerrådet har opna eit kontor i Kaliningrad, innebere ei ytterlegare forsterking av samarbeidet med Nordvest-Russland.

Nordisk Ministerråd har dessutan engasjert seg i eit samarbeid som gjeld Kviterussland ved å stå som ansvarleg for eit prosjekt i EU-kommisjonen med støtte til *European Humanities University* i Vilnius som tilbyr utdanning til kviterussiske eksilstudentar. Ministerrådet deltek òg i prosjektet med eigne midlar, forresten saman med ei rekke bilaterale gjevarar – òg nordiske land. Prosjektet kan både bli eit nytig fellesnordisk tilskot til demokratiseringa i Kviterussland og stimulere til eit samarbeid med EU på fleire område av gjensidig interesse.

Arbeidet med å vidareutvikle dialogen og det konkrete samarbeidet med dei andre nordlege regionale råda (Barentsrådet, Arktisk råd, Auster-sjørådet) held fram jamt og trutt. Norden er ei viktig drivkraft i det regionale samarbeidet i nordområda. I perioden har det særleg vore ei positiv utvikling i samarbeidet med Barentsrådet, der det no, òg i samarbeid med Barentssekretariatet, er i ferd med å bli utvikla konkrete fellesprosjekt.

Den reviderte strategien for ei berekraftig utvikling har teke til å gjelde, og i juni 2006 vart òg dei reviderte indikatorane fullførte og oversende til EU. Neste ledet i det arbeidet samarbeidsministrane kontinuerleg gjer med sikte på ei berekraftig utvikling, blir å sjå nærmare på røynslene med å følgje opp og gjennomføre strategien med tanke på eventuelle justeringar av verkemidla. I den samanhengen er det viktig å ta omsyn til tronget for å samkøyre dette med dei nasjonale strategiane for ei berekraftig utvikling.

På oppdrag frå statsministrane har samarbeidsministrane bede generalsekretæren i Nordisk Ministerråd om å kartlegge dei sjølvstyrte områda si deltaking i det nordiske samarbeidet. Rapporten frå generalsekretæren vart lagd fram i mai 2005, og omhandlar juridiske og praktiske spørsmål som er avgjerande for i kor stor grad dei sjølvstyrte områda kan delta. Rapporten vil i første omgang bli handsama i landa og deretter diskutert av samarbeidsministrane.

I stortingsmeldinga orienterer regjeringa i kapittel 2 og 3 om høvesvis den norske formannskapen i 2006 og det nordiske samarbeidet med Norden sine naboar, medrekna Austersjørådet,

Barentsrådet og Arktisk råd. Kapittel 4 gjev eit oversyn over arbeidet for å byggje ned grensehindringar mellom dei nordiske landa. Kapittel 5 gjev eit oversyn over dei viktigaste tverrfaglege samarbeidsområda. I kapittel 6 blir det faglege samarbeidet i dei ulike ministerråda omtala, og kapitlet gjev eit oversyn over det formelle sektorsamarbeidet. Kapittel 7 orienterer om det nordiske samarbeidet utanfor Ministerrådet, dvs. det uformelle nordiske regjeringssamarbeidet.

Den norske delegasjonen til Nordisk Råd utarbeider ein eigen rapport som eit separat dokument.

## 2 Den norske formannskapen i 2006

### 2.1 Innleiing

Dei tre hovudprioriteringane i formannskapsprogrammet har sett fokus på tre utfordringar som etter regjeringa sitt syn er sentrale for heile Norden:

- nordområda og kva dei har å seie for Norden og Europa
- framtida til den nordiske velferdsmodellen
- trangen for å møte globaliseringa med kontinuerleg kunnskapsutvikling og innovasjon

Dessutan har formannskapen særleg framheva ei vidareføring av to oppgåver frå tidlegare formannskapar: arbeidet med å sikre opne grenser i Norden og at fornyinga og effektiviseringa av det nordiske samarbeidet skal halde fram. (Sjå særskild omtale av arbeidet med grensehindringar i kapittel 4.)

Vi har i 2006 innleidd ein ny fase i samarbeidet med dei baltiske landa og Nordvest-Russland. Vi utviklar no eit regulært styresmaktsamarbeid og eit politisk samarbeid med dei baltiske landa, samtidig som nye samarbeidsprogram for Nordvest-Russland og Arktis startar opp. Russlandsprogrammet blir no fylt opp med konkret innhald, særleg eit nytt utvekslingsprogram med ei økonomisk ramme på vel 30 mill. DKK. Programmet vil vere fullt operativt frå byrjinga av 2007. I 2006 har vi utvikla eit godt samarbeid mellom den norske formannskapen i Nordisk Ministerråd (NMR) og den russiske formannskapen i Europarådet, og skal i fellesskap halde ein konferanse i St. Petersburg med fokus på funksjonshemma barn og familiene deira.

Den nordiske velferdsmodellen fungerer godt, og dei nordiske landa er konkurransedyktige, innovative og stabile samfunn med relativt få fattige. Men modellen er under stadig press, både når det gjeld økonomiske føresetnader og politiske vurderingar. Formannskapen har i 2006 sett fokus på det nordiske samarbeidsprogrammet for likestilling 2006–2010, og vi har sett i gang ein studie om dei verknadene familiepolitiske ordningar har for likestillinga mellom kjønna. Vi har vidare prioritert å

følgje opp den nordiske handlingsplanen «design for alle/universell utforming».

I debatten om kva som vil skje med velferdsmodellen i framtida, er det viktig at ungdommen har ei stemme. For å setje fokus på dei haldningane nordiske ungdommar har til velferdspolitikk, har vi oppretta eit nordisk ungdomspanel som mellom anna skal diskutere korleis den nordiske velferdsmodellen bør sjå ut i framtida.

Vi ser òg på om det lèt seg gjere å styrke det nordiske samarbeidet om helseberedskap. Vi har lagt vekt på samarbeidstiltak når det gjeld pandemisk influensa. På dette området har formannskapen arbeidd hardt for å finne ei samla nordisk løsing for å utvikle influensavaksine, men så langt har ein ikkje lukkast med å bli einige om kva modell ein skal bruke.

Når det gjeld forsking og innovasjon, har formannskapen lagt vesentleg vekt på å styrke den nordiske innverknaden på det europeiske samarbeidet, og vil – i samarbeid med EU-kommisjonen – arrangere ein større konferanse no i haust om det å investere i kunnskap og innovasjon. Her vil ein få fram modellar for korleis eit regionalt samarbeid kan samverke med EU. I det nordiske skulesamarbeidet er kvalitet i utdanninga eit sentralt tema, og kunnskapsministeren har i år arbeidd for å styrke det nordiske samarbeidet på dette saksfeltet. I løpet av 2006 skal lærarutdanninga i Norden kartleggjast med omsyn til lese- og skriveopplæring.

Klimaendringane og miljøgiftene i Arktis, saman med ei styrking av den rolla lokaldemokratiet spelar i miljøvernarbeidet, har vore dei norske prioriteringane i det nordiske miljøvernsamarbeidet i 2006.

På kulturområdet har formannskapen lagt vekt på å gje barn og unge auka tilgang til nordiske kunst- og kulturuttrykk. Dette er særleg viktig for å byggje opp om den nordiske språkforståinga og det nordiske samhøyret. I tråd med dette har formannskapen vidareført arbeidet med å utvikle eit nordisk medieprogram der produksjonen av data-spel med kvalitetsinnhald er prioritert.

Dei neste avsnitta gjer greie for dei ulike tiltaka under den norske formannskapsperioden meir i detalj.

## **2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet**

Den nordiske samfunnsmodellen byggjer på eit levande demokrati med organisasjonsrett og deltaing for alle. Tilhøvet mellom menneske og omgjevnader vil vere avgjerande for kor vidt slik medverknad lèt seg gjere, ikkje minst for personar med nedsett funksjonsevne. For å sikre alle betre tilgjenge har den norske formannskapen lagt vekt på å følgje opp den nordiske handlingsplanen «design for alle/universell utforming».

Planen skaper betre tilgjenge på viktige samfunnsområde, og formannskapen arbeider for at han skal få ein naturleg plass i alle sektorar innanfor det nordiske samarbeidet og bli ein naturleg del av produktdesign, arkitektur, samfunnsplanlegging og service. Målet er å finne løysingar som flest mogeleg har tilgang til. Brei medverknad i planlegging og gjennomføring av tiltak innanfor mellom anna transport, byggjeverksemd, tilrettelegging av uteområde og IKT er nødvendig for å oppnå dette.

Formannskapen har òg sett fokus på barn med nedsett funksjonsevne og familiene deira, slik at det skal vere mogeleg for desse familiene å leve eit aktivt liv og kunne delta i arbeids- og samfunnslivet på lik linje med andre. Dette er nærmare omtala under kapittel 3.1.

## **2.3 Nærings- og handelsdepartementet**

Det er sett i gang to prosjekt knytte til samarbeidet i naboområdet til Norden: *Northern Dimension Working Group on Cluster Development Policy* og *Northern Dimension Learning Forum on User Driven Innovation*. I tillegg blir samarbeidet med EU utvikla gjennom å initiere nordiske prosjekt som kan vidareførast og få støtte frå EU-midlar som t.d. *EU-INNONET Baltic Sea Region Innovation Network*.

Det blir gjennomført kontaktskapande møte mellom næringssektoren og andre aktørar i regionen med særleg vekt på å utnytte det økonomiske potensialet i regionen.

Det nordiske næringspolitiske samarbeidet er basert på «Nordisk innovasjonspolitisk samarbeidsprogram 2005–2010» og «Nordisk næringspolitisk samarbeidsprogram 2006–2010», som er vedtekne av dei nordiske næringsministrane.

Desse programma legg føringar for ein aktiv nordisk næringspolitikk dei neste åra. I 2006 vil det bli arrangert to konferansar og fleire arbeidsseminar som legg vekt på grunnlaget for auka verdiskaping i Norden. Fokus vil bli sett på kva brukarstyrt innovasjon har å seie for den økonomiske utviklinga og på det viktige i å leggje til rette for næringsverksemder for gründerar og innovatørar ved å gjøre det enklare å setje i gang verksemd. Nordisk InnovasjonsCenter (NICe), som er den sentrale institusjonen i nærings- og innovasjonssektoren i Norden, vil vere dei som førebudr møte, konferansar og arbeidsseminar.

Fjerning av grensehindringar for næringslivet i Norden er eit prioritert tema i det norske formannskapsåret, og nye former for det vidare arbeidet med å fjerne slike grensehindringar blir vurderte.

## **2.4 Miljøverndepartementet**

Som ei oppfølging av prioriteringane i den norske formannskapen i Nordisk Ministerråd, er det på miljøsektoren lagt særleg vekt på arbeidet med miljøgifter og klima i Arktis. Arktis er eitt av dei områda på jorda som i størst grad opplever dei store og alvorlege klimaendringane. Både miljøet og folk som lever av fiske og fangst, er svært sårbar for dei endringane som no finn stad. I tillegg til klimaendringane, som har store konsekvensar for det biologiske mangfaldet, tek Arktis imot langtransporterte miljøgifter med luft- og havstrau manne. Fleire undersøkingar har vist urovekkjande høge konsentrasjonar av miljøgifter i ulike dyrearistar som lever i dette området.

Dei nordiske miljøvernministrane vedtok i mars i år ein strategi for arbeidet med klima og miljøgifter i Arktis. Oppfølginga av denne strategien vil vere eit viktig ledd i gjennomføringa av det norske formannskapsprogrammet på miljøområdet. I tillegg blir det sett fokus på kva dei nordiske landa kan gjere for å tilpasse seg klimaendringane.

Arbeidet med lokaldemokrati og medverknad i miljø- og berekraftarbeidet er òg prioritert. Som eit viktig ledd i dette blir det arrangert ein nordisk konferanse om berekraftig samfunnsutvikling i Oslo i oktober 2006. Verdiar, trendar og utviklings trekk i dagens Norden står i sentrum for konferansen. Som eit ledd i førebuingane vil gode nordiske eksempel på brei folkeleg medverknad i miljø- og berekraftarbeidet relatert til tema på konferansen, bli kartlagde.

I mai vart det arrangert eit arbeidsseminar om oppfølginga av FN si tusenårsevaluering der fokuset har vore på røynslene med lokal naturforvalt-

ning og den viktige rolla som lokalsamfunna spelar for ei berekraftig forvaltning av naturressursane og for å redusere fattigdommen.

Det vil òg bli utlyst ein nordisk konkurranse der lokalsamfunna blir inviterte til å presentere korleis dei arbeider for å nå det felles nordiske målet om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010.

To konferansar til er planlagde under den norske formannskapen. Den eine konferansen vil ha fokus på tilhøvet mellom friluftsliv og psykisk helse, medan den andre ser på tilhøvet mellom kulturminne, stadutvikling og verdiskaping.

## **2.5 Barne- og likestillingsdepartementet**

I formannskapsåret blir det gjennomført ei rekke aktivitetar med fokus på barn og unge i regi av ulike sektorar. Barne- og likestillingsdepartementet har teke initiativ til prosjekt som rører ved to av pilarane i det norske formannskapsprogrammet, nemleg den nordiske velferdsmodellen og samarbeid i nordområda i Europa.

Nordisk ungdomspanel er eit initiativ knytt til velferdspilaren i formannskapsprogrammet. Panelet er sett saman av 14 deltakarar i alderen 16–24 år frå alle dei nordiske landa og sjølvstyreområda. Nordisk ungdomspanel skal stimulere til debatt og gje Nordisk Ministerråd og nasjonale styresmakter i dei nordiske landa råd og innspel om korleis det nordiske samarbeidet og dei nordiske velferdsstatane i framtida bør vere innretta, sett frå ungdommen sin ståstad. Panelet skal presentere synspunkta sine for dei nordiske samarbeidsministrane i desember 2006. Meir informasjon om Nordisk ungdomspanel er å finne på: [www.nordiskungdomspanel.dep.no](http://www.nordiskungdomspanel.dep.no)

Den norske formannskapen har teke initiativ til eit nordisk-baltisk samarbeid om aktivitetar knytte til Europarådets ungdomskampanje (2006–2007) for å fremje mangfald, menneskerettar og deltaking. Ungdomsorganisasjonar i dei nordiske og baltiske landa vil samarbeide om eit prosjekt knytt til kampanjen. Føremålet med initiativet er å gjøre kampanjen kjend og å stimulere til aktivitetar i tråd med intensjonane for kampanjen.

I 2005 vedtok likestillingsministrane det nye femårige samarbeidsprogrammet «Med fokus på likestilling er målet det likestilte samfunnet 2006–2010», og statsråd Karita Bekkemellem og Nordisk Ministerråd inviterte til ein lanseringskonferanse i februar der det nye programmet vart presentert. Programmet har tre hovudfokus: kjønn og makt,

kjønn og ungdom og kjønn, kultur og kommunikasjon.

Det vil bli halde ein dagskonferanse om menn, mansroller og likestilling for å oppsummere og vidareføre det som vart gjort i samband med det førre nordiske samarbeidsprogrammet der menn og likestilling var prioritert. Konferansen blir halde i Oslo 6. februar 2007.

Nordisk Råd har bede om at det blir rapportert om arbeidet med likestilling i Ministerrådet, og ein slik rapport vil bli lagd fram for første gong på sesjonen i Nordisk Råd i København hausten 2006.

For å sjå på verknadene av dei familiepolitiske tiltaka i Norden relatert til likestilling og velferd, vil dei nordiske familiepolitiske ordningane bli vurderte og drøfta på ein konferanse i Mariehamn på Åland 23.–24. november 2006. Rapporten frå Nordisk Ministerråd og mediehuset Mandag Morgen om Norden som vinnarregion vil stå sentralt i ei slik drøfting.

## **2.6 Kommunal- og regionaldepartementet**

På det regionalpolitiske området er det teke initiativ til ei forskingsbasert utgreiing om regional innovasjonspolitikk tilpassa nordiske tilhøve, eit nytt styringssystem for det samarbeidet. Ministerrådet har med grenseregionane, utarbeiding av ein komparativ studie av bysystema i Norden, ei utgreiing og ein analyse av territorielle utviklingstrekk i Norden ved hjelp av ESPON-indikatorar og -tilnærningsmåtar og oppretting av ei tenestemannsgruppe for erfaringsutveksling om betre mål- og resultatsstyringssystem for bruken av dei regionalpolitiske verkemidla. Formannskapen vil gje høg prioritet til ei vidareutvikling av det nordiske samarbeidet om ei tett oppfølging av den regionalpolitiske dagsordenen i EU/EØS.

Arbeidet i Nordisk Ministerråd vart reorganisert ved utgangen av 2005, og talet på ministerråd er redusert frå 18 til 11. Regionalpolitikk inngår i ministerrådet for næring, energi og regionalpolitikk.

For å få til ei regionalpolitisk ønskt utvikling, er det nødvendig med samarbeid på tvers av sektorane slik at tiltak i ulike sektorar kan forsterke kvarandre. Den norske formannskapen vil legge vekt på dette i det nordiske samarbeidet.

## **2.7 Justisdepartementet**

Dei nordiske justisministrane vedtok 21. juni 2005 eit prinsipprogram for det nordiske lovgjevings-

samarbeidet. Samarbeidsprogrammet dannar eit bakteppe for dei konkrete tema innanfor justissectoren som Noreg legg vekt på i sin formannskapsperiode. Temaa viser breidda i det nordiske samarbeidet om lovgevingsspørsmål og på justissectoren sett under eitt. Her blir nokre viktige punkt frå formannskapsprogrammet kort attgjevne:

Ein ny nordisk konvensjon om overlevering for straffbare tilhøve mellom dei nordiske landa vart underteikna i København 15. desember 2005. Justisdepartementet vil i det nordiske samarbeidet arbeide for at konvensjonen skal tre i kraft raskt og effektivt. Justisdepartementet vil i formannskapsåret gjennomføre fleire erfaringsseminær for å utveksle og utnytte nordiske røynsler på forskjellige område innan justissectoren. Dette gjeld m.a. arbeidet med barne- og ungdomskriminalitet, vald i nære relasjonar, alternative tvisteløysingar, advokat- og rettshjelpsordningar og rettsleg vern mot diskriminering. I mars 2006 heldt Justisdepartementet eit nordisk seminar om vaksne som tek kontakt med barn – særleg via Internett – med sikte på å forgrype seg på dei (såkalla «grooming» i britisk rettsterminologi). Temaet er aktuelt i dei fleste nordiske land, og seminaret gav innblikk i den britiske lovreguleringa og hove til å utveksle synspunkt på ei mogeleg kriminalisering i dei nordiske landa.

## 2.8 Kunnskapsdepartementet

Sektorprogrammet for utdanning og forsking byggjer på ein av hovudpilarane i det norske formannskapsprogrammet – kunnskap, fornying og verdiskapning.

Programmet ivaretok omsynet til kontinuitet ved å vidareføre prioriteringane i den strategien utdanningsministrane har for perioden 2005–2007: Norden som føregangsregion for utvikling av menneskelege ressursar. Samtidig legg programmet vekt på trøngen for fornying i det nordiske utdanningssamarbeidet, særleg med tanke på samanhengen mellom forsking, utdanning og innovasjon.

I moderniseringsarbeidet som har funne stad i det nordiske samarbeidet, har eitt av måla vore å styrke den politiske relevansen både i politiske diskusjonar og i prioriteringar.

Utdanningsministrane har teke initiativ til seks studiar som er svært aktuelle i nordisk samanheng. Studiane, som mellom anna skal danne grunnlaget for drøftingar i ministerrådet med sikte på politikkutvikling, blir ferdige i 2006.

Gjennom sektorprogrammet ønskjer Noreg å styrke det nordiske samarbeidet om kvalitet på

alle nivå i opplæringa, både gjennom samarbeid om forsking, om utvikling i grunnopplæringa og tiltak som aukar den internasjonale konkurranseskifta til høgare utdanning i Norden. Sektorprogrammet viser vidare at vi gjennom nordisk samarbeid kan skape sterke kunnskapsmiljø som kan hevde seg i internasjonal konkurranse.

Utdannings- og forskingsministrane har frå og med 2006 koordineringsansvaret for forskings-samarbeidet innanfor dei ulike delane av verksamda til Nordisk Ministerråd. Den norske formannskapen har lagt vekt på å føre vidare arbeidet med å styrke Nordforsk i 2006.

Det nordiske samarbeidet om informasjonsteknologi er frå og med 2006 lagt inn under ansvarsområdet til utdannings- og forskingsministrane. Den norske formannskapen har også lagt vekt på å sikre vidareføring og god koordinering av det nordiske samarbeidet om IT-spørsmål.

Implementeringa av ministerrådsvedtaket frå 2003 om å overføre dei nordiske institusjonane til nasjonalt ansvar, vil vere avslutta i 2006.

## 2.9 Helse- og omsorgsdepartementet

Den politiske temadiskusjonen på det årlege ministermøtet i juni 2006 omhandla den nordiske velferdsmodellen og utviklinga i nordområda med dei utfordringane dette inneber for helse- og sosialnesta. Noreg har i embetsmannskomiteen teke initiativ til å utarbeide ein strategi for eit meir langsig- og konsekvent prosjektsamarbeid med Nordvest-Russland og dei baltiske landa. Vi søker å oppnå ei betre samordning mellom dei regionale råda som er involverte i prosjektsamarbeid i vår region.

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt vekt på å føre vidare dei tiltaka som dei nordiske sosial- og helseministrane tok opp i 2004 om eit nordisk samarbeid om alkoholpolitikk i internasjonale forum. Vi ønskjer fokus på forsking, utveksling av røynsler og samarbeid om tiltak mellom dei nordiske landa. Det blir lagt vekt på aktiv deltaking frå dei baltiske statane i dei internasjonale prosessane som Noreg og Norden deltek i. Ein planlagd ekspertkonferanse med ei integrert og heilskapleg førebygging av rusmiddelproblem som tema, blir halden hausten 2006. Han vil vere retta mot fagpersonell og avgjerdstakarar i dei nordiske og baltiske landa.

Gjennom formannskapspulja har vi fått finansielle bidrag til å arrangere ekspertkonferansar og seminar om miljømedisin, rusmiddelproblematikk og rusmiddel og psykiatri. Helse- og omsorgsde-

partementet arbeider med å styrke legemiddel-samarbeidet mellom dei nordiske landa. Vi ser nærrare på korleis ei arbeidsdeling kan medverke til å styrke informasjonen til pasientane om lege-middel og vilkåra for bruken av refusjon. Som ei oppfølging av det danske formannskapsinitiativet har Noreg vidareført arbeidet med det nordiske samarbeidsforumet for telemedisin.

Det viktigaste initiativet i 2006 er vidareføringa av det danske initiativet om eit mogeleg nordisk samarbeid om produksjon av influensavaksine i Norden. Helse- og omsorgsdepartementet har leidd ei referansegruppe som har sett nærrare på to ulike modellar for samarbeid. Det er Statens Serum Institut i Danmark som har gjort greie for eit nordisk samarbeid om ein offentleg kontrollert modell for vaksineproduksjon. Den svenske regjeringa peika ut ein eigen forhandlingsmann for å greie nærrare ut om eit offentleg-privat partnarskap for produksjon av vaksine i Sverige. Dei nordiske landa tek no stilling til dei to rapportane før det blir gjort eit endeleg vedtak om eit nordisk samarbeid om produksjon av influensavaksine. Ei avgjerd er venta ultimo 2006.

## **2.10 Kultur- og kyrkjedepartementet**

Kulturministrane vedtok hausten 2005 ein ny struktur for kultur- og mediesamarbeidet. Den nye strukturen skal tre i kraft 1. januar 2007. Målet er ein struktur som er betre tilpassa dagens behov og forventningar. Formannskapen har ei sentral rolle i reformarbeidet ved å leggje til rette for ei innføring av den nye strukturen. Reformarbeidet omfattar ulike prosessar og aktørar. Det blir arbeidd aktivt og målretta i arbeidsgrupper og policy-grupper for å konkretisere dei enkelte komponentane i den nye strukturen.

Eit sentralt mål for den nye strukturen er ei vitalisering av ministermøta som arena for å drøfte aktuelle kulturpolitiske tema. På initiativ frå den norske formannskapen vart det difor i samband med det første kulturministermøtet i 2006 halde

ein temadebatt med leiarane for allmennkringkas tarane i dei nordiske landa om digitaliseringa av allmennkringkastinga. Allmennkringkastinga står sterkt i alle dei nordiske landa, og dei vil spele ei nøkkelrolle i overgangen til digitalfjernsyn.

Formannskapen har lagt opp til fleire temakonferansar. Den første sette fokus på produksjonen av dataspel for barn og unge i Norden under Nordiske mediedagar i Bergen i mai. Nordisk Ministerråd har vedteke eit femårig nordisk dataspelprogram som i 2006 disponerer 6 mill. DKK til utviklingsstøtte, informasjonsutveksling og marknadsutvikling. Under konferansen i Bergen vart det òg fokusert på den kommande digitaliseringa av kringkastinga i dei nordiske landa. Overgangen til digital distribusjon vil i dei nærmeste åra føre til store strukturelle endringar i fjernsynsmediet. Formannskapen har òg sett fokus på ein auka tilgang for barn og unge til nordisk kunst og kultur. Nordiske røynsler med formidling av kunst- og kulturopplevingar til barn og unge vart presenterte på ein nordisk konferanse i Bergen i mai med ca. 70 deltagarar. Representantar for «Børnekulturens nettværk» i Danmark, «Aktionsgruppen för barnkultur» i Sverige og «Den kulturelle skulesekken» i Noreg orienterte om målsetjingar og aktivitetar. Det vart sett særleg fokus på «Den kulturelle skulesekken», som er ei kulturpolitisk satsing som skal gje alle elevar i grunnskulen eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Ein presentasjon av prosjekt og produksjonar som inngår i «Den kulturelle skulesekken» var inkludert i konferanseopplegget. Det vart teke initiativ til å opprette eit nordisk nettverk for formidling av kunst og kultur til barn og unge med sekretariatet for «Den kulturelle skulesekken» som koordinator. Kultur og næring er eit anna satsingsområde som vil bli drøfta på ein konferanse i Trondheim hausten 2006. Kulturnæringsane utgjer ein aukande del av økonomien, og samspillet mellom kultur og næringsutvikling får større vekt lokalt og regionalt over heile Norden. Den norske formannskapen vil òg arrangere ein konferanse om kulturelt mangfold i Norden.

### 3 Norden og nabolanda

#### 3.1 Nordisk Ministerråd og samarbeidet med nabolanda

Nabolandspolitikken omfattar den verksemda Ministerrådet driv overfor dei baltiske landa og Russland, det arktiske samarbeidet, samarbeidet i Barentsregionen og Austersjøregionen og – i ein innleiande fase – verksemde til støtte for eit demokratisk Kviterussland. Nabolanda til Norden har gjennomgått store endringar dei siste ti åra. Dei baltiske landa er etablerte som demokratiske statar og er integrerte som fullverdige deltagarar i den europeiske integrasjonen og i anna internasjonalt samarbeid gjennom m.a. medlemskap i EU, EØS og NATO. Den internasjonale finansieringa i dei baltiske landa vil no i all hovudsak skje gjennom finansieringsordningar under EU og EØS/EFTA. Budsjettmessig ligg fokuset på Nordvest-Russland. Om lag 65 % av Ministerrådet sitt nabolandsbudsjett i 2006 går til Nordvest-Russland, 25 % til dei baltiske landa, 8 % til det arktiske samarbeidet og 2 % til Kviterussland. Det er venta at den delen som går til Nordvest-Russland, vil auke i 2007, då tyngdepunktet for det nye utvekslingsprogrammet vil vere på Nordvest-Russland, jf. nedanfor.

Tilhøvet til Russland er viktig for samarbeidet i heile Nord-Europa, og Nordvest-Russland er eit viktig område for Noreg og Norden. Det er mange utfordringar som står att i Nordvest-Russland når det gjeld demokratisering, marknadsøkonomi, miljøtryggleik og internasjonalt samarbeid. Her kan Norden medverke, og Nordisk Ministerråd styrker no samarbeidet med Nordvest-Russland.

Det samarbeidet Nordisk Ministerråd har med våre naboar, følgjer retningslinjene for Nordvest-Russland og dei tre baltiske landa som vart vedtekne av samarbeidsministrane i desember 2004. Retningslinjene gjeld for alt det samarbeidet Nordisk Ministerråd – òg fagministerråda – har med Nordvest-Russland og dei baltiske landa. På grunnlag av retningslinjene er det frå 1. januar 2006 etablert eit eige Russland-program, og det vil bli innarbeidd eit regulært politisk og konkret samarbeid med Estland, Latvia og Litauen. I partnarskapen med Nordvest-Russland er målsetjinga å medverke

til ei demokratisk samfunnsutvikling, ein sterk marknadsøkonomi og ei berekraftig utvikling. Samtidig med at dei nye samarbeidsformene vart etablerte, vart det såkalla nærområdeprogrammet avvikla frå og med 2006.

Hovudkriteriet for den fellesnordiske innsatsen i Nordvest-Russland og i dei baltiske landa er omgrepet nordisk nytte, dvs. at landa oppnår ein tilleggsverdi gjennom den nordiske fellesskapen utover det bilaterale samarbeidet. For å sikre dei norske interessene i regionen er det viktig å fremje eit slikt sterkt og relevant regionalt samarbeid. I retningslinjene for samarbeidet mellom Nordisk Ministerråd og Nordvest-Russland blir det lagt vesentleg vekt på eit styrkt samarbeid med dei andre tre regionale råda i området: Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Etter invitasjon frå den russiske formannskapen i Arktisk råd vart det årlege møtet på embetsmannsplasen mellom leiarane for dei nordlege regionale råda halde i august 2006. Det blir likeins lagt stor vekt på at ein skal prøve å samordne ministerrådsaktivitetane med politikken og programma i EU.

Samarbeidet mellom dei nordiske og dei baltiske landa skal no vere fullt ut likeverdig i form og innhald, med ein forsterka politisk dialog og med bortfall av bistandsprega prosjektfinansiering. Fagministerråda skal no vidareføre ministerråds-samarbeidet med naboområdet på grunnlag av eigne sektorbudsjett, aukande finansiering frå dei baltiske landa og utvida samarbeid med Nordvest-Russland. Samarbeidet med dei baltiske landa skal få ein meir langsigkt karakter der aktivitetane blir planlagde og finansierte i fellesskap. Den tradisjonelle prosjektaktiviteten skal reduserast vesentleg. Den nordisk-baltiske dialogen skal utviklast vidare, mellom anna gjennom møte både på politisk nivå og på embetsnivå. Men i ein overgangsfase vil det bli teke tilbørlig omsyn til dei utsiktene dei baltiske landa har til å leggje om til større grad av samfinansiering. Det blir større høve til å utvikle eit samarbeid med kvart av dei baltiske landa, medan det til no har vore lagt vekt på samarbeid med Baltikum som region.

Det blir òg heile tida vurdert korleis det er mest føremålstenleg for dei baltiske landa å delta i eit

utvida samarbeid med institusjonane i Nordisk Ministerråd der det er gjensidig interesse for dette.

Det skal også leggjast vekt på å fremje det felles nordisk-baltisk-russiske samarbeidet, mellom anna gjennom det grensregionale samarbeidet. I eit slikt prosjekt (*Baltic Euroregional Network*), som er delfinansiert gjennom Interreg-midlar frå EU, deltek også lokale kviterussiske styresmakter.

Det er trøng for ei sterkare fokusering i den innsatsen Ministerrådet gjer i Nordvest-Russland. Det vil bli lagt særleg vekt på ei demokratisk samfunnsutvikling, ein regulert marknadsøkonomi, på miljøet og ei berekraftig utvikling og på sosial- og helsespørsmål. Dei fremste reiskapane for å fremje dette samarbeidet er eit samarbeid folk-til-folk gjennom stipend- og utvekslingsordningar.

Ministerrådet har i 2006 utarbeidd eit nytt kunnskapsoppbyggings- og nettverksprogram som vil vere fullt operativt frå januar 2007. Programmet vil få ei økonomisk ramme på vel 30 mill. DKK og vere retta inn mot fire hovudområde: offentleg forvaltning, utdanning og forsking, næringslivet og det sivile samfunnet. Verksemda skal medverke til ei langsiktig kompetanseheving saman med mobilitet og nettverksoppbygging, og skal fremje auka økonomisk utvikling og konkurranseskraft i tillegg til å styrke rettsstaten og demokratiet. Visse delprogram skal også kunne omfatte kviterussiske borgarar og organisasjonar som eit ledd i prosessen med å medverke til eit demokratisk Kviterussland. Dei baltiske landa kan delta på særskilde vilkår for medfinansiering. Det skal leggjast større vekt enn tidlegare på å evaluere verknaden av aktivitetane. Rapporteringa tilbake til samarbeidsministrane skal framfor alt innehalde ei kvalitativ vurdering av verknadane av dei enkelte programma.

Geografisk skal samarbeidet med Nordvest-Russland omfatte Murmansk oblast, Arkhangelsk oblast, Republikken Karelen, St. Petersburg, Leningrad oblast, Pskov og Kaliningrad. Dei områda som ligg nær grensene til Norden, skal prioriterast. Dialogen med russiske styresmakter skal utdjupast, både på lokalt og sentralt nivå. Informasjonskontoret i St. Petersburg – og etter kvart også i Kaliningrad, som startar opp si verksemder hausten 2006 – får sentrale oppgåver i å etablere dei nødvendige kontaktane og nettverka og forvalte delar av samarbeidsaktivitetane. I Murmansk oblast og dei arktiske delane av Nordvest-Russland skal Nordisk Ministerråd i stor grad ha som mål å drive sine aktivitetar i samarbeid med Barentsrådet og Arktisk råd. Dessutan kan det vere aktuelt med prosjekt i Arkhangelsk oblast.

Samarbeidet mellom Nordisk Ministerråd og Nordvest-Russland og dei baltiske landa blir sett på som eit tillegg til det bilaterale samarbeidet dei nordiske landa har med Russland, og skal vere i samsvar med prinsippa for dette. Nokre meir konkrete prioriteringar går fram av den følgjande omtalen av nokre utvalde samarbeidsområde.

På *kulturområdet* blir det arbeidd med å utvikle handlingsplanar for samarbeidet med Nordvest-Russland og dei baltiske landa. Siktemålet er at handlingsplanane skal spegle den nye strukturen for det nordiske kultur- og mediesamarbeidet. Handlingsplanane skal leggjast fram for kulturministrane på møtet deira i november 2006. Når det gjeld kultursamarbeidet Norden–Nordvest-Russland vil det bli utarbeidd ein handlingsplan i samarbeid med informasjonskontora i St. Petersburg og Kaliningrad. Hausten 2005 vart det arrangert to seminar med representantar for russiske styresmakter og for kulturfeltet i Murmansk og St. Petersburg. Som underlag for seminara kartla Nordisk informasjonskontor i St. Petersburg våren 2005 ønskjemåla frå kulturfeltet når det gjaldt samarbeidet med Norden. Det er også gjennomført ei utgreiing om kulturforvaltninga i Estland, Latvia og Litauen, og eit seminar om kultursamarbeidet mellom Ministerrådet og dei baltiske landa representerte ved styresmakter og kulturaktørar i dei tre landa. Det nordisk-baltiske samarbeidet skal no innrettast som eit samarbeid mellom likeverdige partar og med sikte på eit nordisk-baltisk utbytte. Dei nordiske kontora i Russland så vel som i dei baltiske landa vil vere viktige kontaktpunkt for kultursamarbeidet.

Det er oppretta ei nordisk-baltisk koordineringsgruppe med ansvar for å koordinere det nordisk-baltiske samarbeidet på *utdannings- og forskingsområdet*. Gruppa har utarbeidd ein treårig handlingsplan med vedtekter for perioden 2005–2007. Planen og vedtekten vart godkjende av dei baltiske statane i juni 2005 og vedtekne av MR-U i oktober 2005. Den politiske hovudmålsetjinga for planen er å medverke til å opprette eit felles baltisk-nordisk utdannings- og forskingsområde innanfor ramma av eit regulært mellomstatleg samarbeid mellom likeverdige partar og med baltisk medfinansiering. Gjennom evalueringa av Nordplus-programma undersøkjer ein korleis ein kan opne desse mobilitets- og nettverksprogramma for baltisk medeigarskap. Eitt av satsingsområda for samarbeidet med dei baltiske statane er forskingsprogrammet Nordunet 3 om Internett-teknologi. For området Nordunet 3 er det i gang samtalar om både baltisk og russisk medverknad.

Styringsgruppene har prosjektsamarbeid med Russland. Styringsgruppa for eit nordisk skule-samarbeid (NSS) har i tråd med formannskapsprogrammet og NMR-satsinga på eit auka samarbeid med nærområda i nord, teke initiativ til eit seminar i Nordvest-Russland hausten 2006. Målet med seminaret er å opprette kontaktar og vurdere framtidige samarbeidsprosjekt på skuleområdet.

*Barn med nedsett funksjonsevne og familiene deira* vil få særskild merksemd. Det er oppretta ein partnarskap med Europarådet, dei baltiske statane og Nordvest-Russland om dette temaet. Det nordiske samarbeidsorganet for funksjonshemma-spørsmål (NSH) under Nordisk Ministerråd arbeider no med eit 3-årig samarbeidsprogram retta mot Nordvest-Russland og Baltikum med fokus på barn med nedsett funksjonsevne og familiene deira. Mellom anna skal det arrangerast ein konferanse i St. Petersburg med temaet *Improving the quality of life of people with disabilities in Europe* 21. og 22. september 2006.

Nordisk Ministerråd er ein viktig partnar i partnarskapen for helse og livskvalitet i den nordlege dimensjonen i EU (*The Northern Dimension Partnership in Public Health and Social Wellbeing*). I 2006–2007 er det Litauen som leier arbeidet i partnarskapen medan Noreg er nestleiar. Helse- og sosialutfordringane i nærområdet vårt er enno prega av ulikskapar mellom landa.

Helsesamarbeidet er eit viktig element i samarbeidet med naboaene til Norden. Helsesituasjonen, særleg i Nordvest-Russland, er på mange område vesentleg verre enn i Norden. Førekomsten av alvorlege smittsame sjukdommar er gjennomgåande høgare. Særleg urovekkjande er situasjonen med omsyn til hiv/aids og tuberkulose. I tillegg er livsstilssjukdommar som hjarte- og karsjukdommar og andre helseproblem som skuldast feil ernæring, tobakk, alkohol, narkotika, vald og ulukker ei vel så stor byrde som smittsame sjukdommar. Det blir difor lagt stor vekt på helsesamarbeidet.

Innanfor ramma av partnarskapen for helse og livskvalitet i den nordlege dimensjonen i EU deltek Helse- og omsorgsdepartementet i eit samarbeid på områda ungdomshelse, tryggleik og helse i arbeidslivet og alkohol. Nordisk nemnd for alkohol- og narkotikaforsking (NAD), Russland og dei tre baltiske statane deltek. Helse- og omsorgsdepartementet deltek i ein ekspertkomité i regi av partnarskapen.

Etter ønske frå Russland vart det i 2005 utarbeidd ein guide om beste praksis for dei nordiske *forbrukarstyresmaktene* i gjennomføringa av marknadskontrollar. På konferansen *Joining Forces for*

*the Safe Market* i Riga i juni 2005 vart det gitt informasjon om det nordiske samarbeidet om produkttryggleik.

### 3.2 Den nordlege dimensjonen i EU

Finland tok i 1997 initiativet til ein nordleg dimensjon i EU. Finland og Sverige var no blitt medlemmer i EU ved sidan av Danmark, og EU hadde dermed fått ein ny og utvida dimensjon for samarbeidet nordover i Europa. Under den finske EU-formannskapen i 1999 vart den nordlege dimensjonen i EU formelt oppretta som eit eige politikkområde og har utvikla seg til å bli eit synleg uttrykk for regionalt samarbeid som er med på å auke velferda og utviklinga både i EU og i det nordlege europeiske nærområdet.

Den nordlege dimensjonen i EU gjev eit felles rammeverk for å fremje politisk dialog og konkret samarbeid, og dekkjer eit geografisk område langt utover dei nordiske EU-landa, frå det arktiske og subarktiske området til dei sørlege stredene i Austersjøen og frå Nordvest-Russland i aust til Island og Grønland i vest. Den nordlege dimensjonen i EU omfattar òg land utanfor EU-kretsen, men desse har status som partnarland. Etter at EU vart utvida 1. mai 2004, er talet på partnarland redusert til Noreg, Island og Russland. Regionale organisasjonar i området, som Nordisk Ministerråd, Arktisk råd, Austersjørådet og Barentsrådet, har program og aktivitetar som samsvarer godt med dei målsetjingane og prioriteringane som er nedfelte i handlingsplanane for den nordlege dimensjonen i EU. To sjølvstendige partnarskapar er oppretta under den nordlege dimensjonen, ein for miljø og ein for helse og livskvalitet. Saman med mellom anna dei fire regionale råda i Nord-Europa og internasjonale finansieringsinstitusjonar er dei med på å setje den nordlege dimensjonen i EU ut i livet.

EU-rådet vedtok i oktober 2003 ein ny handlingsplan under den nordlege dimensjonen i EU – den andre i rekka – for perioden 2004–2006. Noreg har fått fleire synspunkt og prioriteringar reflekterte i planen, både i kraft av partnarland og som deltakar i multilateralt samarbeid ved at dei fire regionale råda i området har delteke i utarbeidinga av handlingsplanen. EU-kommisjonen har den leiane og overordna rolla i gjennomføringa av handlingsplanen. Noreg deltek i oppfølginga av planen, mellom anna bilateralt og særleg når det gjeld Nordvest-Russland, gjennom dei fire regionale råda og partnarskapane, gjennom EØS-finansieringsordningane og gjennom internasjonale finansieringsinstitusjonar som Den nordiske inves-

teringsbanken. Ein styrkt integrasjon mellom Russland, EU og partnerlanda Noreg og Island står sentralt i handlingsplanen. Russland på si side hadde gjerne sett at det vart stilt større finansielle ressursar til rådvelde for gjennomføringa av handlingsplanane. EU har inga eiga budsjettlinje for politikken.

Den løpende handlingsplanen, som gjeld til 31. desember 2006, dekkjer fem felt: økonomi, menneskelege ressursar, miljø, grenseregionalt samarbeid og justissaker. To regionar med særskilde behov står i fokus: Kaliningrad og det arktiske området. Det er elles samanfall i fleire av prioriteringane under Den nordlege dimensjonen og innanfor EØS-finansieringsordningane, t.d. på felta miljø, helse, regionalt samarbeid og grenseregionalt samarbeid.

Regjeringa legg stor vekt på den nordlege dimensjonen i EU og er nøgd med handlingsplanen for perioden 2004–2006. Planen samsvarer godt med norske og nordiske synspunkt og prioriteringar. Det er viktig å få Russland sterkt engasjert i den nordlege dimensjonen i EU, og i så måte kan også Russlandsprogrammet til Nordisk Ministerråd vere eit verkemiddel. Sidan dei baltiske landa og Polen no er integrerte i EU som fullverdige medlemmer, er den nordlege dimensjonen i EU særleg viktig som eit instrument for samarbeid med Russland, med vekt på Nordvest-Russland og Kaliningrad.

Frå 1. januar 2007 vil den nordlege dimensjonen i EU bli ført vidare med ein ny plattform med til dels vesentlege endringar. Det vil ikkje lenger heite den nordlege dimensjonen «i EU», men berre den nordlege dimensjonen. Dette reflekterer at dei noverande partnerlanda Russland, Noreg og Island vil inngå i samarbeidet som likeverdige partar med EU-landa, og statusen som partnerland vil falle bort. Praksisen med å utarbeide detaljerte handlingsplanar vil ikkje bli ført vidare, i staden vil det komme eit politisk rammedokument som kort opplyser om dei overordna prioriteringane og sektorane for samarbeidet og føresegner om styringsstrukturen. I tillegg vil det bli utarbeidd ei politisk erklæring med vekt på å opplyse om visjonen for samarbeidet under den nordlege dimensjonen. Elles har Russland gått sterkt inn for å knyte «dei fire romma» i EU–Russlandsamarbeidet til den nordlege dimensjonen og fått gjennomslag for det. Noreg har arbeidd aktivt for at viktige prioriterte saksfelt som «dei fire romma» ikkje dekkjer, òg skal inkluderast, og det er det semje om. Dette gjeld særleg miljø, helse, livskvalitet og spørsmål knytte til urfolk. Dessutan er det viktig for Noreg at det arktiske området framleis vil vere ein del av

det geografiske området til den nordlege dimensjonen. For ytterlegare å streke under den arktiske dimensjonen er det viktig at USA og Canada held fram som observatørland under den nordlege dimensjonen.

Det er oppretta ei nordisk-baltisk koordineringsgruppe med ansvar for å koordinere det nordisk-baltiske samarbeidet på *utdannings- og forskingsområdet*. Gruppa har utarbeidd ein treårig handlingsplan med vedtekter for perioden 2005–2007. Planen og vedtekene vart godkjende av dei baltiske statane i juni 2005 og vedtekne av MR-U i oktober 2005. Den politiske hovudmålsetjinga for planen er å medverke til å opprette eit felles baltisk-nordisk utdannings- og forskingsområde innanfor ramma av eit regulært mellomstatleg samarbeid mellom likeverdige partar og med baltisk medfinansiering. Gjennom evalueringa av Nordplus-programma undersøkjer ein korleis ein kan opne desse mobilitets- og nettverksprogramma for baltisk medeigarskap. Eitt av satsingsområda for samarbeidet med dei baltiske statane er forskingsprogrammet Nordunet 3 om Internett-teknologi. For området Nordunet 3 er det i gang samtalar om både baltisk og russisk medverknad.

Styringsgruppene har prosjektsamarbeid med Russland. Styringsgruppa for eit nordisk skulesamarbeid (NSS) har i tråd med formannskapsprogrammet og NMR-satsinga på eit auka samarbeid med naboområda i nord, teke initiativ til eit seminar i Nordvest-Russland hausten 2006. Målet med seminaret er å opprette kontaktar og vurdere framtidige samarbeidsprosjekt på skuleområdet.

*Barn med nedsett funksjonsevne og familiene deira* vil få særskild merksemd. Det er oppretta ein partnarskap med Europarådet, dei baltiske statane og Nordvest-Russland om dette temaet. Det nordiske samarbeidsorganet for funksjonshemma-spørsmål (NSH) under Nordisk Ministerråd arbeider no med eit 3-årig samarbeidsprogram retta mot Nordvest-Russland og Baltikum med fokus på barn med nedsett funksjonsevne og familiene deira. Mellom anna skal det arrangerast ein konferanse i St. Petersburg med temaet *Improving the quality of life of people with disabilities in Europe* 21. og 22. september 2006.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet er representert i Nordisk sosialstatistisk komité (NOSOSKO), som er ein komité under Nordisk Ministerråd. NOSOSKO har som føremål å koordinere statistikken i dei nordiske landa *på det sosial-politiske området* og å utarbeide samanliknbare utgreningar og framstillingar av velferdsordningane i landa. Formannskapen går på omgang mel-

lom dei nordiske landa. I perioden 2005–2007 er det Noreg som har formannskapen.

Nordisk Ministerråd er ein viktig partnar i *partnarskapen for helse og livskvalitet i den nordlege dimensjonen i EU*. I 2006–2007 er det Litauen som leier arbeidet i partnarskapen medan Noreg er nestleiar. Helse- og sosialutfordringane i nærområdet vårt er enno prega av ulikskapar mellom landa.

*Helsesamarbeidet* er eit viktig element i det nordiske samarbeidet med naboområda. Helsesituasjonen, særleg i Nordvest-Russland, er på mange område vesentleg verre enn i Norden. Førekomsten av alvorlege smittsame sjukdommar er gjenomgåande høgare. Særleg urovekkjande er situasjonen med omsyn til hiv/aids og tuberkulose. I tillegg er livsstilssjukdommar som hjarte- og kar-sjukdommar og andre helseproblem som skuldast feil ernæring, tobakk, alkohol, narkotika, vald og ulukker ei vel så stor byrde som smittsame sjukdommar. Det blir difor lagt stor vekt på helsesamarbeidet med naboområda.

Innanfor ramma av partnarskapen for helse og livskvalitet i den nordlege dimensjonen i EU deltek Helse- og omsorgsdepartementet i eit samarbeid på områda ungdomshelse, tryggleik og helse i arbeidslivet og alkohol. Nordisk nemnd for alkohol- og narkotikaforsking (NAD), Russland og dei tre baltiske statane deltek. Helse- og omsorgsdepartementet deltek i ein ekspertkomité i regi av partnarskapen.

### 3.3 Austersjørådet

Austersjørådet vart oppretta i 1992 og har 12 medlemmer: 11 land og EU-kommisjonen. Medlemslanda er dei fem nordiske og dei tre baltiske landa og Russland, Tyskland og Polen. Observatørland er Frankrike, Italia, Nederland, Slovenia, Storbritannia, Ukraina og USA.

Den årlege formannskapen følgjer ei avtala rotasjonsordning med skifte i juni/juli. Island hadde formannskapen til juni 2006, avløyst av Sverige. Noreg hadde formannskapen i 1999/2000.

Utanriksministrane i medlemslanda og ein representant frå EU-kommisjonen utgjer Austersjørådet og kjem saman annakvart år. I møta blir dei langsiktige perspektiva og retningslinjene for verksemda trekte opp. I tillegg til utanriksministermøta har det sidan 1996 vore halde toppmøte, desse òg annakvart år, der regjeringssjefane i dei elleve medlemslanda og ein representant frå EU-kommisjonen har drøfta spørsmål knytte til Austersjø-samarbeidet. Desse toppmøta har ikkje vore ein formalisert del av strukturen i Austersjørådet, men

ut frå den praksis som er etablert, er dei nemnde i dei nye retningslinjene for Austersjørådet som vart reviderte i 2005. Det siste toppmøtet fann stad i Reykjavik 7.–8. juni 2006 i samband med avsluttinga av den islandske formannskapen. Det neste vil finne stad i Latvia i 2008.

Under fagministrane er det oppretta arbeidsgrupper for ei rekke sektorar, som energi, økonomisk samarbeid, miljøspørsmål og spørsmål knytte til barn (handel med barn og risikoutsette barn).

Mellom rådsmøta (utanriksministermøta) møter embetskomiteen. Han har regelmessige møte og tek løpende avgjerder. Formannskapen koordinerer og leier møta, som gjerne blir lagde til det landet som til kvar tid har formannskapen.

Austersjørådet fekk i 1998 eit permanent sekretariat lagt til Stockholm. Det blir leidd av ein generalsekretær. Formannskapen held nær kontakt med sekretariatet, som assisterer formannskapen med sekretariatsoppgåvene. Dessutan har sekretariatet ein sentral koordinerings- og sekretariatsfunksjon for dei mange undergruppene som er oppretta under Austersjørådet. Sekretariatet har sitt eige driftsbudsjet, som medlemmene dekkjer etter ein avtala fordelingsnøkkelen. Noreg sin del er 12 %. Driftsbudsjetten dekkjer i hovudsak utgiftene til sekretariatet. Det er ikkje oppretta noka eiga budsjetlinje for aktivitetar og tiltak som Austersjørådet initierer, og desse er dermed heilt avhengige av frivillige bidrag frå medlemmene eller frå anna hald. Det har til tider vore vanskeleg å mobilisere finansielle ressursar. Austersjørådet er primært ein initierande og koordinerande institusjon for eit mangfaldig nettverk av institusjonar, arbeidsgrupper og aktivitetar i regionen.

Samarbeidet i Austersjørådet spenner over ei rekke faglege område, som demokratiutvikling, miljøspørsmål, økonomisk integrasjon og utvikling, energisaker, utdanning, informasjonsteknologi, sosiale spørsmål og trygge levekår, atomtryggleik, tiltak mot kriminalitet og handel med menneske på tvers av landegrenser. Noreg deltek aktivt på dei fleste samarbeidsområda, og er representert i dei arbeidsgruppene som er nedsette. Samarbeidet på dei fleste områda har fungert heilt sidan Austersjørådet vart oppretta i 1992, men nye felt er fokuserte sterkare dei seinare åra. Dette reflekterer at nye utfordringar er komne til. Mellom anna gjeld dette handel med menneske, særlig kvinner og barn, og helse og livskvalitet. Difor vil desse områda bli omtala spesielt nedanfor:

Det barnepolitiske samarbeidet og den arbeidsgruppa som er oppretta for risikoutsette barn i regionen, har teke over ein meir sentral del av verksemda til Austersjørådet i den seinare tid.

Barne- og familidepartementet representerer Noreg i denne gruppa. Arbeidet på området er initiert av medlemslanda, og blir gjort etter felles regionale prioriteringar og på basis av årlege aktivitetsplanar. Noreg var i 2005 vertskap for eit Austersjø-møte med ministrar med ansvar for barneveritiske spørsmål. Føremålet var å stadfeste og vidarevikle det regionale samarbeidet om utsette barn. I 2005 var aktivitetane spesielt knytte til området einslege mindreårige i regionen som kryssar grenser, og barn som er utsette for menneskehandel. Målsetjinga er å etablere gode samarbeidsrelasjonar og nettverk mellom landa for å motverke ei utvikling med menneskehandel med barn.

Austersjørådet har òg spela ei sentral rolle på helseområdet gjennom aksjonsgruppa for smittevern. Det var eit regjeringsjefsmøte i år 2000 som bestemte at denne gruppa skulle opprettast, og eit vidt og velfungerande nettverk vart bygd opp både på det politiske, praktiske og medisinsk-profesjonelle planet. Mandatet til aksjonsgruppa var avgrensa i tid og gjekk ut i 2004, og er ikkje blitt fornya, men arbeidet blir ført vidare i partnarskapen for offentleg helse og livskvalitet under den nordlege dimensjonen i EU. Denne partnarskapen vart oppretta i Oslo i oktober 2003, og danna i 2004 eit lite sekretariat i Stockholm. Noreg er blant dei landa som meiner at denne partnarskapen er svært viktig, og har frå 1. januar 2006 viseformannskapen i partnarskapen (Litauen har formannskapen). Helse- og omsorgsdepartementet representerer Noreg i dette arbeidet.

Noreg sitt engasjement i Austersjørådet er ein viktig del av norsk nærområdepolitikk, og rådet utgjer eit sentralt forum for dialog og praktisk samarbeid med mellom anna Russland. Austersjørådet blir sett på som ein av fleire strukturar der Russland blir trekt med i samarbeidet med det vestlege Europa med både EU-medlemmer og NATO-medlemmer. Dessutan legg Austersjørådet til rette for eit samarbeid ikkje berre på statleg plan men òg mellom kommunar og fylkeskommunar og i privat sektor. Det er såleis viktig for eit regionalt samarbeid på tvers av grensene.

Det er viktig for Noreg å sjå verksemda i Austersjørådet i samanheng med det arbeidet som blir utført av Nordisk Ministerråd utanfor Norden, Barentsrådet med sitt regionale råd og Arktisk råd. Når det gjeld dette, har alle dei fire råda hovudengasjementet sitt retta inn mot det nordvestlege Europa, med særleg vekt på Nordvest-Russland og/eller det arktiske området. Prioriteringane i dei tre råda er stort sett samanfallande, og dei utfyller kvarandre. Det er likevel ei kontinuerleg utfor-

dring å koordinere verksemda mellom dei, som omfattar ei aktiv informasjonsutveksling. Dette er ei oppgåve som sekretariata i dei fire råda tek alvorleg. Noreg arbeider for at Austersjørådet skal vere endringsvillig, fleksibelt og kunne gje ein meir-verdi.

Etter at dei tre baltiske landa og Polen vart medlemmer av EU, er det oppstått ein ny situasjon der berre tre av medlemslanda i Austersjørådet no ikkje er EU-medlemmer: Noreg, Russland og Island. Men alle medlemmene inklusive EU-kommisjonen bekreftar at Austersjørådet har ei viktig rolle å spele òg i det vidare arbeidet med å gjere Austersjøregionen til eit enda meir livskraftig område for økonomisk og sosial framgang. Regionen har dei seinare åra registrert den sterkeste velstandsutviklinga, arbeidsproduktiviteten og innovasjonsveksten samanlikna med andre utvalde regionar i Europa. Den viktigaste faktoren bak utviklinga er ei høg utnytting av arbeidskrafta. Regionen skårar høgt på innovasjonstiltak både vitakleg og forskingsmessig, men har ikkje i same grad greidd å utnytte desse nyvinningane i økonomien. Austersjørådet medverkar til økonomisk utvikling mellom anna gjennom arbeidsgruppa for økonomisk samarbeid.

### 3.4 Barentsrådet

Barents-samarbeidet kom i stand på norsk initiativ i 1993. Det er forankra i to offisielle organ: Det euro-arktiske Barentsrådet og Barents regionråd. Barentsrådet representerer samarbeidet på regjernsnivå, med seks land – Noreg, Sverige, Danmark, Island, Finland og Russland – og EU-kommisjonen som medlemmer. Ni land er observatørar. Barentsrådet møtest annakvart år på utanriksministernivå, seinast i Harstad i 2005. Ulike fagministrar møtest òg. For perioden 2005–2007 har Finland formannskapen i Barentsrådet.

Regionrådet er sett saman av leiarane i dei fylka regionen omfattar, i tillegg til ein representant for urfolka (samar, nenetsarar og vepsarar). Urfolksrepresentantane ønskjer ei sterkare deltaking i Barentsrådet.

Barents-samarbeidet er omfattande, både i breidde og djupne. Samarbeidet mellom dei tretten fylka som deltek, og folk-til-folk-kontaktane på tvers av dei tidlegare skiljelinjene i regionen, er eit vesentleg kjennemerke. Barentsregionen har om lag 6 millionar innbyggjarar, av desse nesten 4,5 millionar i Russland. Regionen er svært rik på naturressursar.

Barents-samarbeidet har opp gjennom åra skapt eit nytt og stabiliserande samarbeidsmønster i tilhøvet mellom dei nordiske landa og Russland, og medverka til å styrke den rolla Russland spelar i det alminnelege europeiske samarbeidet. Det fremste målet for samarbeidet er elles å fremje ei berekraftig utvikling i vidaste forstand. Tradisjonelt dreier dette seg mest om Nordvest-Russland, med dei utfordringane dei framleis har når det gjeld økonomisk og sosial utvikling, helse, miljøvern, ressursforvaltning og behovet for å reformere mange samfunnsinstitusjonar.

Barents-samarbeidet er særleg viktig som portal til eit konkret samarbeid med Russland. Dei nordiske medlemmene av EU har medverka aktivt til å utforme EU-initiativ og finansieringsordningar for å styrke det regionale samarbeidet i nord. Barents-samarbeidet er ein del av samspelet for å verkeleggjere den nordlege dimensjonen og det tilhøyrande handlingsprogrammet.

I Barents-samarbeidet er det oppretta ei rekke arbeidsgrupper for bestemte område. Samarbeidsapparatet er styrkt ved at det er oppretta felles arbeidsgrupper, gjerne med delt formannskap (sentral styresmakt + regional styresmakt).

Sentralt i samarbeidet står utviklinga av eit sterke næringsliv. Bringa i russisk økonomi og endringane i den økonomiske politikken har ført til auka interesse for handel og investeringar. Arbeidet for å forenkle og harmonisere prosedyrane for grenseplassering er prioritert. Kontakten er styrkt mellom handelskammer, næringslivsorganisasjonar og andre ikkje-statlege økonomiske aktørar i regionen. Målsetjinga er mellom anna betre å kunne identifisere hindera for handel og investeringar og å betre informasjonsutvekslinga og kontakten med styresmaktene. Møte under fellesnemninga *Barents Industrial Partnership* har medverka til dette.

Olje, mineralutvinning, skogdrift og industri representerer store økonomiske mogelegheiter, men òg omfattande miljøutfordringar i regionen. Transport av olje og auka petroleumsaktivitet har sett sokjelyset på maritim tryggleik og oljevernbe redskap. Auka petroleumsaktivitet på norsk og russisk side vil òg ha ringverknader for landbasert verksemd og infrastruktur i heile regionen. Gjennom Barents-samarbeidet blir det stimulert til auka samarbeid mellom små og mellomstore føretak som ønskjer å levere utstyr og tenester til dei store oljeselskapa. Noreg ønskjer å medverke til ei økonomisk utvikling som skjer innanfor miljømessig forsvarlege rammer. Det vil difor vere viktig å integrere miljøomsyn i næringsverksemda og ha eit tettare samarbeid med miljøforvaltninga. Miljø-

spørsmål har stått sentralt heilt sidan Barents-samarbeidet vart starta. Miljøproblem på russisk side, som smelteverket i Nikel og atominstallasjonane på Kolahalvøya, utgjorde ein trussel for helse og miljø og utover Russland sine grenser. Barents-samarbeidet har medverka til auka medvit i Russland omkring forureining og miljø.

Miljøvernministrane i Barentsrådet framhevar ei oppfølging av rapporten frå *Arctic Monitoring and Assessment Programme (AMAP)* og *Nordic Environment Finance Corporation (NEFCO)* om viktige miljøinvesteringsprosjekt og målsetjinga om å fjerne dei aller viktigaste miljøproblema på russisk side i løpet av ti år. Vidare blir samarbeidet om reinare produksjon i eit livsløsperspektiv, forsvareg forvaltning av vassressursane, bevaring av det biologiske mangfaldet og klimaspørsmål prioritert. Barentsrådet vedtok i november 2005 ei liste over klimarelevante tiltak i Barentsregionen som ei oppfølging av ACIA-rapporten frå Arktisk råd.

I Barentsregionen finn ein dei største og viktigaste skogane i Europa. Spørsmål knytte til skogforvaltning berører både miljøarbeidsgruppa, den økonomiske arbeidsgruppa og energiarbeidsgruppa. Utvikling og bruk av bioenergi blir framheva, m.a. i samband med at pliktene under Kyoto-protokollen skal gjennomførast. Energisamarbeidet omfattar òg m.a. energieffektivisering, finansieringsspørsmål og generelt informasjonsarbeid.

Samarbeidet med NEFCO om finansiering av miljø- og energiprosjekt er av stor verdi. Likeins spelar miljøpartnarskapsfondet, som er oppretta under den nordlege dimensjonen i EU, ei viktig rolle i finansieringa av store miljø- og atomtryggleiksprosjekt i Russland.

Kultursamarbeidet i Barentsregionen har m.a. som målsetjing å fremje den regionale kulturelle identiteten. Dette skjer gjennom samarbeid på alle område av kultursektoren, blant både profesjonelle og amatørar. På området kompetanseutvikling, utdanning og forsking skjer det eit utstrakt samarbeid på alle nivå. Den felles arbeidsgruppa vil mellom anna fremje målsetjingane i den såkalla Bologna-prosessen, medrekna ei gjensidig anerkjenning av diplom og fagplanar.

Kultur, kompetanseutvikling og næring står likeins sentralt i urfolkssamarbeidet, som er forankra i ein eigen, brei handlingsplan for urfolk 2005–2008. Det er oppretta eit urfolkskontor i Murmansk.

Øg ungdomspolitikk er eit prioritert område for Barentsrådet og regionrådet. Det er oppretta eit rådgjevingskontor i Murmansk som støttar ungdomsorganisasjonar og ungdomsgrupper som

ønskjer å gjennomføre prosjekt, utvekslingar eller andre fellestiltak.

Samarbeidsprogrammet for helse og relaterte sosiale spørsmål 2003–2007 inngår m.a. som ein del av partnarskapen for helse og livskvalitet i den nordlege dimensjonen. Prioriterte felt er å motverke smittsame sjukdommar (primært tuberkulose og hiv/aids), motverke livsstilsrelaterte sjukdommar og betre integreringa av helse- og sosialtenestene. Det er utvikla eit tiltaksprogram mot hiv/aids i Barentsregionen som blir nytta som modell for tilsvarende program i andre område.

Noreg stod i september 2005 som vertskap for den store krisehandteringsøvinga *Barents Rescue 2005* i Finnmark. Samarbeidet mellom naud- og redningstenestene i Barentsregionen blir no styrkt gjennom ein eigen avtale der Noreg, Finland, Russland og Sverige er partar.

Innanfor transport har det dei siste åra vore gjennomført fleire utgreiingsprosjekt for eit meir effektivt transportnett. Det er oppretta ein database basert på *Geographic Information System* (GIS), og på same måte som ei rekkje andre opplysningar frå Barents-samarbeidet er denne basen tilgjengeleg på Internett. Dei fleste grensepasse ringsstadane med Russland i nord er no oppgraderte til internasjonal standard.

Det er ei målsetjing at Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar skal spele ei mest mogeleg aktiv rolle i Barents-samarbeidet. Regjeringa medverkar mellom anna gjennom ei årleg løyving til Barentssekreariatet. Barentssekreariatet er eigmaktig av dei tre fylkeskommunane, og har omfattande kompetanse når det gjeld Nordvest-Russland og eit omfattande kontaktnett. Barentssekreariatet yter sekretariatstjenester til fylkeskommunane. Sekretariatet er ein stor prosjektaktør som støttar arbeidet i regionrådet med analysar, dokument og oversyn.

Frå norsk side er det òg teke initiativ til å få oppretta eit internasjonalt sekretariat for Barents-samarbeidet i Kirkenes. Arbeidet med å legge til rette for dette er i gang.

Gjennom Barents-samarbeidet blir det notert positive endringar i samarbeidstilhøva med Russland, og mange gode resultat er oppnådde. Barents-samarbeidet er ein del av eit knippe med regionale samarbeidsformer i nord, som har tradisjonelt nordisk samarbeid som eit viktig element.

Representantar for sekretariatet i Nordisk Ministerråd deltek jamleg i embetsmøta i Barentsrådet. I 2005 vart det teke initiativ til å styrke samarbeid mellom Barentsrådet og Nordisk Ministerråd, særleg i prosjektverksemd som samsvarar

med dei prioriteringane begge organisasjonane har i Barentsregionen. Det er semje om at økonomisk samarbeid, urfolk og klimaspørsmål skal vere pilotfelt for eit styrkt samspel.

### 3.5 Arktisk råd

Arktisk råd er det einaste regionale samarbeidsorganet som omfattar alle dei åtte arktiske landa; dei fem nordiske, USA, Canada og Russland. Rådet har i tillegg «permanente deltagarar» som representerer urfolka i den arktiske regionen. Seks slike grupperingar er med, mellom anna Samerådet, som representerer samane i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Ikkje-arktiske land, mellomstatlege og ikkje-statlege organisasjonar og parlamentarikarorganisasjonar deltek som observatørar. Parlamentarikarkomiteen for Arktis og Nordisk Ministerråd er blant dei organisasjonane som har fast observatørstatus.

Ministermøta i Arktisk råd blir haldne annankvart år. Ministermøtet vedtek program og prosjekt som blir gjennomførte i regi av arbeidsgrupper. Utanom ministermøta blir arbeidet leidd av nasjonale koordinatorar på embetsnivå. Sekretariatet for Arktisk råd følgjer formannskapslandet. Russland har formannskapen fram til neste ministermøte 25.–26. oktober 2006 i Salekhard i Russland.

Gjennom Arktisk råd kan vi supplere våre bilaterale kontaktar med multilaterale drøftingar. Arktisk råd er eit forum der dei nordiske landa møter sine store naboor i aust og vest, og der dei kan trekke desse med når det gjeld å løyse felles problem. Politikken til både Russland og USA i dei nordlege områda er svært viktig for Noreg. Det er i norsk interesse å utdjupe og vidareutvikle samarbeidet i Arktisk råd som eit organ for sirkumpolar samarbeid.

Ein viktig dimensjon ved samarbeidet i Arktisk råd er urfolka sin status som permanente deltagarar. Det at dei deltek, fører til ei meir heilskapleg forståing av miljøproblema og samfunna i nord. Urfolk blir ofte ramma hardare og på ein annan måte enn andre av ein del miljøproblem. Eitt døme er opphopinga av miljøgifter i marine pattedyr som utgjer ein del av urfolka sin diett. Utanriksdepartementet sitt budsjett inneholder ein eigen underpost til støtte for at urfolk skal delta i Arktisk råd, Barentsrådet m.m. For 2006 er løyinga på NOK 600 000.

**Arbeidsgruppene i Arktisk råd**

Under Arktisk råd er det fem permanente arbeidsgrupper som dekkjer desse programområda:

- Overvaking av det arktiske miljøet (*Arctic Monitoring and Assessment Programme – AMAP*)
- Bevaring av arktisk fauna og flora (*Conservation of Arctic Flora and Fauna – CAFF*)
- Beredskap mot akutt forureining (*Emergency Prevention, Preparedness and Response – EPPR*)
- Vern av det marine miljøet (*Protection of the Arctic Marine Environment – PAME*)
- Berekraftig utvikling (*Sustainable Development Working Group – SDWG*)

I tillegg er det oppretta ei tidsavgrensa arbeidsgruppe som det er føreslege å gjere permanent frå 2006:

- Handlingsplan mot forureining (*Arctic Council Action Plan to Eliminate Pollution of the Arctic – ACAP*)

Sekretariatet for AMAP ligg i Oslo. CAFF og PAME har sekretariat på Island, EPPR i Russland, SDWG i Canada og ACAP i USA.

Nokre av dei viktigaste resultata av det arktiske miljøsamarbeidet er dei omfattande statusrapportane om forureining i det arktiske miljøet som AMAP la fram i 1997 og 2002. Rapportane har vore viktig dokumentasjon for å opprette internasjonale miljøvernnavtalar om miljøgifter, som Århusprotokollane frå 1998 og Stockholmkonvensjonen frå 2001.

Statusrapportane dokumenterer urovekkjande høge nivå av miljøskadelege stoff som tungmetall og persistente organiske miljøgifter (mellan anna PCB, dioksin og DDT) i dyr og fugl øvst i næringskjeda (t.d. isbjørn, tannkval, sel og polarmåke). Nivået av kvikksolv aukar faretruande. Alvorlege verknader er observerte hos dyr, t.d. svekt immunsystem hos isbjørn og sel. Det er særleg grunn til uro over den verknaden desse giftene har på urfolk, som har slike dyr som ein viktig del av kosthaldet. AMAP arbeider no med å utarbeide ei heilskapleg vurdering av noverande og framtidige olje- og gassaktivitetar i Arktis. Utgreiinga omfattar miljø-, helse- og sosioøkonomiske verknader av petroleumsverksemda i Arktis, til havs og på land.

Handlingsplanen mot forureining, ACAP, vart vedteken etter eit norsk initiativ i 2000 for å følgje opp dokumentasjonen frå AMAP. Føremålet er å gjennomføre konkrete samarbeidsprosjekt for å oppnå ein målbar reduksjon av utslepp til Arktis. Eit viktig mål er å medverke til å vidareutvikle internasjonale avtalar og å hjelpe Russland slik at

landet kan slutte seg til og gjennomføre internasjonale miljøavtalar som er viktige for nordområda.

Organiske miljøgifter og kvikksolv er for tida prioriterte innsatsområde i ACAP. Av dei prosjekta som er i gang, finn ein mellom anna handtering av PCB-avfall og utrangerte plantevernmiddel i Russland, kartlegging av bromerte flammehemmarar og kvikksølvutslepp frå arktiske land og utarbeiding av tiltak for å redusere utsleppa av desse. Alle arktiske land og Nederland har bidrige med midlar til ACAP-arbeidet, med USA, Noreg og Danmark som dei største bidragsytarane. På ministermøtet i 2004 vart det etter norsk initiativ semje om å opprette prosjektfondet *Arctic Project Support Instrument* med den nordiske miljøfinansieringsinstitusjonen NEFCO som fondsforvaltar. Føremålet er å effektivisere tilrettelegginga av større prosjekt fram til problemeigaren og/eller internasjonale finansieringsinstitusjonar kan overta dei, og effektivisere gjennomføringa av mindre prosjekt. Noreg har sett av 300 000 USD til fondet.

Arbeidsgruppa EPPR dekkjer området beredskap mot akutt forureining. EPPR si primære oppgåve er å utarbeide forslag til eit framtidig samarbeid om tiltak for å handtere arktiske miljøkatasstrofar. Dette kan vere frå olje- og gassverksemda, men òg atomulukker og andre typar hendingar med farlege stoff. Gjennom EPPR-arbeidet blir det utveksla informasjon om praksis for å hindre akutt forureining og beredskapstiltak mot akutt forureining som eventuelt skulle oppstå i arktiske område. EPPR har likevel ikkje som oppgåve å motverke akutt forureining. Arbeidsgruppa har vidare utarbeidd risikoanalysar for miljøulukker i Arktis. Det er laga eit kartverk for nordområda som viser kvar risikoen for oljeforureining er størst, i tillegg til ein feltmanual for aksjonering mot akutt oljeforureining i arktiske strok.

Etter initiativ frå arbeidsgruppa PAME har Arktisk råd vedteke ein strategi for havområda i Arktis, *Arctic Marine Strategic Plan*. Prinsippet om økosystemforvaltning er lagt til grunn. Eitt av fire overordna mål i strategien er å redusere og hindre forureining i det arktiske marine miljøet, og i denne samanhengen blir mellom anna potensialet for ulukker i samband med transport og lagring av olje nemnt. PAME er no i gang med ei vurdering av skipsfarten i Arktis, *Arctic Marine Shipping Assessment*. Frå norsk side har ein teke på seg ansvaret for å koordinere PAME sitt arbeid med å evaluere eksisterande tiltak for mottaksordningar for skipsavfall i Arktis. Prosjektet skal evaluere i kva grad mottaksordningar for avfall frå skip er tilgjengelege, identifisere eventuelle manglar og mogelege

forbetringar og utvikle forslag til felles retningslinjer.

Den omfattande utgreiinga frå Arktisk råd om kva konsekvensar klimaendringar har for naturmiljøet i Arktis, *Arctic Climate Impact Assessment* (ACIA), vart lagt fram i 2004. ACIA er ei grundig vitskapleg vurdering av klimaendringane i Arktis og kva verknad dei har for regionen og verda elles basert på all kunnskap som er tilgjengeleg. Nesten 300 forskrarar frå alle dei arktiske landa, i tillegg til Storbritannia og Nederland, har medverka under amerikansk leiing. USA har vore den klart største bidragsytaren trass i den amerikanske motstanden mot Kyotoavtalen. Noreg har bidrige med vel 13 mill. NOK over Miljøverndepartementet sitt budsjett, og ei rekke norske forskrarar har vore engasjerte i arbeidet.

Hovudfunnet i ACIA er at Arktis no opplever nokre av dei raskaste og kraftigaste klimaendringane på jorda. Den gjennomsnittlege årstemperaturen i Arktis har auka om lag dobbelt så mykje som på lågare breiddegrader dei siste tiåra, og det blir observert klare teikn på oppvarming i Arktis i form av at isbrear og havis smeltar og at snøsesongen er kortare. Dette vil auke i den neste hundreårsperioden og medverke til store fysiske, økologiske, sosiale og økonomiske endringar. Ei særleg viktig følgje av klimaendringa i nord er at sjøisen smeltar. Dette vil kunne føre til auka skipsfart i nordlege sjøruter. Det vil også kunne gje miljøendringar som endringar i bestandar og i utbreiinga av fisk, dyr og plantar. Tining av permafrost vil påverke transport, bygningar og anna infrastruktur. Eit varmare klima i Arktis vil også påverke det globale klimaet mellom anna gjennom eit høgare havnivå, endra havstraumar og frigjering av drivhusgassar som no er bundne i grunnen.

Det har førebels vist seg vanskeleg å bli samde om ei god form på oppfølginga av ACIA og det vidare klimaarbeidet i Arktisk råd. Noreg vil følgje opp dette under sin formannskap.

Arktisk råd sitt program for ei berekraftig utvikling vart vedteke på ministermøtet i Canada i 1998. Innanfor programmet pågår for tida prosjekt innan telemedisin, barn og ungdom, overvakingsystem for smittsame sjukdommar, kvinnene sin plass i ressursbaserte næringer, foredling av reinprodukt, bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i Arktis og i tillegg ein studie av den verknaden klimaendringane har på arktisk økonomi. Ein stor levekårsstudie (*Arctic Human Development Report*) vart utarbeidd i 2004.

To norskleidde prosjekt om berekraftig rein drift og familiebasert rein drift og forvaltning av villrein/caribou er avslutta. Mellom anna som ein

konsekvens av tilrådingar frå desse prosjekta vedtok regjeringa å styrke det internasjonale rein driftssamarbeidet ved å etablere eit internasjonalt fag- og formidlingssenter i Kautokeino, jf. *St.meld. nr. 30 (2004–2005) Muligheter og utfordringer i nord*. Noreg har vidare følgt opp det tidlegare arbeidet frå Arktisk råd om likestilling gjennom to prosjekt over Utanriksdepartementet sitt budsjett. I 2004 vart det lagt fram ein studie om kvinner si deltaking i avgjerdsprosessar om arktisk fiske, leidd av Kvinneuniversitetet Nord i Steigen og med deltaking frå fleire arktiske land. Prosjektet blir vidareført med ei gransking av kvinner si deltaking i ressursbaserte næringer i Arktis. Noreg har også oppretta eit breitt samarbeidsprosjekt om den verknaden klimaendringane har på økonomien i nord (ECONOR).

Island tok i 2004 initiativet til eit møte mellom utdannings- og forskingsministrane og andre representantar for dei åtte medlemslanda i Arktisk råd for å undersøke om det lèt seg gjere å få i stand eit auka samarbeid innan utdanning og forsking. Den såkalla Reykjavíkdeklarasjonen vart underskriven 9. juni og fokuserer på mobilitet, institusjonssamarbeid og vidareutvikling av nettverk. Under den norske formannskapen i Nordisk Ministerråd er det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå dei åtte arktiske statane for å konkretisere samarbeidsområda og tiltaka. Det skal også arrangerast ein arktisk utdannings- og forskingskonferanse i Tromsø i månadsskiftet november/desember 2006, der Det internasjonale polaråret 2007–2008 også vil bli profilert.

#### *Norsk formannskap i Arktisk råd*

Noreg har formannskapen i Arktisk råd for perioden 2006–2008. Programmet for den norske formannskapen er utarbeidd i samråd med Danmark og Sverige, som skal ha dei to neste formannskapane etter Noreg. Koordinerte program for den nordiske formannskapsperioden i Arktisk råd 2006–2012 vil gjere det mogeleg med eit meir langsigtig og fokusert arktisk samarbeid.

Programmet har tre hovudprioriteringar: heilskapleg ressursforvaltning, klimaendring og effektivisering av samarbeidet.

Utnytting av energi- og mineralressursane er av stor og aukande verdi i nordområda. Saman med fiskeressursane er dette det viktigaste fundamentet for økonomien i nord. Miljøet og dei levande ressursane er sårbar for inngrep og forureining. Difor er det viktig at ressursane blir utnytta innanfor ramma av effektive bevarings- og forvaltnings- tiltak. Formannskapen i Arktisk råd vil vere eit vik-

tig verkemiddel for å dele røynslene frå norsk ressursforvaltning i nord, som er vidareutvikla gjennom *St.meld. nr. 8 (2005–2006) Helhetlig forvalting av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten*. Dei nordiske landa har òg vesentleg erfaring med forvaltning av skog- og mineralressursar i tillegg til reindrift. Utveksling av kunnskap og erfaringar for å utvikle ei felles tilnærming til ei heilskapleg, økosystembasert ressursforvaltning innanfor det arktiske området er difor ei naturleg prioritering for arbeidet under Arktisk råd.

Arktisk råd sin klimastudie *Arctic Climate Impact Assessment* (ACIA) gav oss ei grundig kartlegging av all tilgjengeleg kunnskap om klimaendringane i Arktis og dei verknadene dei har for regionen og verda elles. På ministermøtet i Arktisk råd i Reykjavik i november 2004 vart det semje om eit *ACIA Policy Document* som svar på den framlagde dokumentasjonen og analysen av klimaendringane i nord. Ministrane bad her òg om at det blir oppretta ei koordineringseining for oppfølginga. Noreg vil under sin formannskap prøve å få til ei effektiv organisering av dette arbeidet og leggje særleg vekt på det arktiske klimasamarbeidet innan forsking/overvaking og tilpassing til klimaendringar.

Det er viktig å få eit nytt heilskapleg og oppdatert bilet av dei konsekvensane og utfordringane dei arktiske landa står overfor ved dei forventa klimaendringane i Arktis. For Noreg er det viktig at ACIA blir utdjupa gjennom subregionale studiar,

nye scenario og meir vekt på sosio-økonomiske effektstudiar for fiskeri- og petroleumsaktivitetar i Svalbardregionen og i det nordlege Skandinavia. Det er òg viktig å utgreie nærmere kva tilpassingar som må gjerast til klimaendringane i nord. Noreg har halde oppe ei vesentleg satsing på ACIA ved Norsk polarinstitutt over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Det er håp om at den norske oppfølginga av ACIA etter kvart kan bli utvida til eit nordisk samarbeid.

I 2006 er det ti år sidan Arktisk råd vart oppretta. Då rådet vart oppretta, tok ein over samarbeidsprogramma frå den arktiske miljøvernstrategien *Arctic Environmental Protection Strategy* (AEPS), som vart etablert i Rovaniemi i 1991. Den norske formannskapen vil sjå på om ei meir effektiv organisering av arbeidet i Arktisk råd er mogeleg. Vi vil byggje på dei erfaringane som er gjorde gjennom til saman 15 år med arktisk samarbeid både i Arktisk råd og i AEPS.

Noreg meiner at Arktisk råd bør få eit fast sekretariat som kan ta seg av den løpende oppfølginga av saker mellom ministermøta. Den norske regjeringa vil arbeide for at eit eventuelt sekretariat blir lagt til Tromsø, jf. *St.meld. nr. 30 (2004–2005) Muligheter og utfordringer i nord*. I tråd med dette vil det bli oppretta eit mellombels sekretariat i Tromsø som vil vere i funksjon under den nordiske formannskapsperioden 2006–2012. Det vil òg bli teke initiativ til konsultasjonar med dei andre medlemslanda for å avtale mest mogeleg forpliktande ordningar for å finansiere felles tiltak.

## 4 Grensehindringar mellom dei nordiske landa

### 4.1 Innleiing

Sidan den sokalla Norrbackrapporten vart lagd fram under den førre norske formannskapen i 2002, har det nordiske regjeringssamarbeidet systematisk og medvite prøvd å fjerne grensehindringar mellom dei nordiske landa. Alle nordiske formannskapar har sidan gjort dette arbeidet til eit sentralt innsatsområde. Dette har vore nødvendig sidan arbeidet krev planlegging på lang sikt i tillegg til politisk og administrativ merksem. Det er svært viktig for truverdet til det nordiske samarbeidet at innbyggjarane i Norden ikkje støtt og stadig møter tilhøve som dei opplever som unødig byråkrati. Dessutan er det eit viktig bidrag for at Norden skal kunne halde tritt med den europeiske integrasjonsprosessen og møte den aukande globaliseringa.

Samtidig er det slik at svært mykje allereie ligg til rette for at verksemder over dei nordiske grensene skal vere problemfri. Så sant innbyggjarane våre kan gjere seg kjende med det eksisterande regelverket og innrette seg etter det, kan ein unngå mange tilsynelatande grensehindringar. Difor har Nordisk Ministerråd lagt stor vekt på at det skal vere lett å få tilgang til korrekt informasjon. Ministerrådet sin fremste reiskap i så måte er informasjonstenesta Hallo Norden, som med sine fem nasjonale kontor – og ei sentral koordineringseinining ved sekretariatet i København – skal rettleie folk slik at dei finn rett kjelde for påliteleg informasjon. Denne tenesta blir no meir og meir kjend for folk, og kan i aukande grad leve opp til sitt mandat. Ministerrådet har dessutan aktivt medverka til at Hallo Norden og dei mange andre – som oftast bilaterale – informasjonstenestene samarbeider og lærer av kvarandre.

Men det er også slik at ikkje alle objektive grensehindringar lèt seg fjerne. Det vil alltid vere skilnader i lovgjevinga mellom dei nordiske landa, og det vil ha konsekvensar også for flyten av personar, varer og tenester over grensene. Det blir då eit spørsmål om å leggje til rette slik at desse konsekvensane kan minimaliserast.

Etter initiativ frå den svenske formannskapen i 2003 vart den tidlegare danske statsministeren

Poul Schlüter utnemnd som samarbeidsministrane sin særskilde representant for nedbygging av grensehindringar. Representanten si primære oppgåve var å medverke til at arbeidet får nødvendig politisk vekt i dei nordiske landa. Representanten heldt ein svært aktiv dialog med den politiske leiringa i landa, og har medverka til å identifisere løysingar på konkrete problem. Poul Schlüter avslutta arbeidet sitt ved utgangen av 2005.

Trass i det systematiske arbeidet fekk ein etter kvart eit aukande inntrykk av at framdrifta gjekk noko tregare. Det kan i stor grad skuldast at mange av dei opphavlege problema anten er utgreidde eller fjerna. Det kan også skuldast at både gamle og nye problem i aukande grad finn si løysing på lokalt nivå. Det har ofte vist seg at det kan vere vel så føremålstenleg å søkje løysingar på lokalt og bilateralt nivå, der det kan vere enklare å oppnå resultat. Det er i slike samanhengar viktig å syte for at dei berørte partane deltek, både styresmakter og næringsliv.

Etter at den særskilde representanten for samarbeidsministrane avslutta oppdraget sitt, har det vore ei viktig målsetjing for årets norske formannskap i Nordisk Ministerråd å utarbeide og opprette nye ordningar som kan fornye det nordiske politiske og administrative trykket på arbeidet med å fjerne grensehindringar. På møtet til dei nordiske samarbeidsministrane i mars 2006 vart det slege fast at det er viktig å halde fast på kravet til og presset for å oppnå konkrete og merkbare resultat av dette arbeidet både for nordiske borgarar og for næringslivet. Regjeringa og samarbeidsministrane er komne fram til at det no vil vere føremålstenleg å opprette eigne ordningar i nokre utvalde ministerråd. Dette vil gjere det mogeleg å trengje djupare inn i dei enkelte fagområda og slik finne spesifikke løysingar på konkrete grensehindringar. Ordninga kan til dømes bestå av ein eller fleire personar med den nødvendige politiske og faglege tyngda. Det er opp til fagministerråda sjølv å utarbeide detaljane på grunnlag av eit overordna mandat frå samarbeidsministrane. Dei mest relevante områda å auke innsatsen på synest å vere næringslivsområdet, sosial- og helseområdet, finans- og skatteområdet og utdanningsområdet.

Hovudforankringa og hovudansvaret for framdrifta i arbeidet skal liggje hos dei fagministerråda det vedkjem, samtidig som samarbeidsministrane skal halde fast ved det overordna og koordinerande ansvaret dei har for grensehindersamarbeidet. Arbeidet skal difor løpande rapporterast til dei nordiske samarbeidsministrane.

#### **4.2 Oppfølging på utvalde område**

I formannskapsprogrammet for 2006 har *Nærings- og handelsdepartementet* som eit prioritert tema lagt vekt på det vidare arbeidet med å fjerne grensehindringar for næringslivet. Skal Norden framstå som ein «heimemarknad», må det bli følgt opp med ein tettare integrasjon mellom dei nordiske landa.

Ikkje minst av omsyn til nordiske føretak vil det i 2006 vere viktig for den norske formannskapen å følgje opp fjerning av grensehindringar som næringslivet karakteriserer som «irritasjonsmoment», dvs. mangel på pragmatiske og fleksible tolkingar av gjeldande regelverk, betre informasjon om dei utsiktene og rettane små og mellomstore føretak har i ein etableringsfase, forenkling av prosedyrar, unødvendig byråkrati o.l.

I løpet av det norske formannskapsåret vil Ministerrådet konsentrere seg meir om dei fagområda der grensehindringsproblematikken er særlig merkbar, og næringsministrane vil i det høve etablere ein eigen pådrivarordning.

Det er likevel viktig at ein har ei realistisk og pragmatisk tilnærming til kva ein kan oppnå både på kort og lang sikt. På den andre sida må arbeidet med å fjerne eller forenkle administrative forskrifter og retningslinjer som framstår som «irritasjonsmoment», prioriterast.

*Kommunal- og regionaldepartementet* opplyser at den samla grenseoverskridande prosjektverksamda no er meir omfattande enn nokon gong før. Når det gjeld samarbeid over landegrensene i Norden, vil ein mellom anna utvikle ein strategi for det arbeidet regionalministerrådet gjer med det grenseregionale samarbeidet, og samarbeide om det framtidige territorielle samarbeidet i EU (Intereg).

På *justisministrane* sitt område ser ein at grensehindringar av rettsleg karakter kan oppstå dels ved at det er ulike reglar som gjeld i dei ulike nordiske landa om det same rettstilhøvet, dels ved at regelverk i Noreg ikkje blir brukt likt på norske borgarar og borgarar frå andre nordiske land. Den meir enn hundre år gamle tradisjonen med nordisk lovsamarbeid, som no er forankra i Helsingforsavtalen av 1962, har skapt ein høg grad av rettsein-

skap på sentrale rettsområde. Ein slik rettseinskap fører til at det ikkje ligg føre rettslege grensehindringar så langt rettseinskrapen strekkjer seg. Det hender likevel at rettsutviklinga har ført til skilnader som kjem som ei overrasking på nordiske borgarar som blir utsette for dei når dei flyttar over landegrensene. Det er grunn til å førebyggje slike skilnader når lovgjevinga på eit område blir revisert, og det er grunn til å ta opp forslag om regelendringar når det viser seg i praksis at reglane slår ulikt ut på ein måte som blir eit praktisk hinder for det nordiske samkvemmet.

Landegrensene har meir å sei som grenser for utøving av offentleg styringsrett enn som grenser for privatpersonar og deira rettstilhøve. Dette vil mellom anna sei at landegrenser kan vere til hinder for ei effektiv strafforfølging. Grenseoverskridande kriminalitet gjer at det no blir lagt større vekt enn før på å styrke samarbeidet mellom politi og påtalemakt i dei nordiske landa ved regelendringar, informasjonsutveksling og praktisk samarbeid, mellom anna slik at avgjelder som blir tekne i eitt land, i større grad kan bli lagde til grunn og utan vidare gjennomførte i eit anna nordisk land.

Nedbygging av grensehindringar mellom dei nordiske landa står sentralt i *utdannings- og forskingssamarbeidet*. Utdannings- og forskingsministrane har i vesentleg grad medverka til arbeidet med å fjerne grensehindringar. Dette er for det første gjort gjennom ein revisjon av det nordiske avtaleverket på området, og for det andre ved å leggje til rette for ein auka mobilitet av elevar, studentar, lærarar og forskarar innanfor ramma av mobilitets- og nettverksprogramma Nordplus.

Utdanningsministrane skreiv i november 2004 under på ein revisert nordisk avtale om utdanningsfellesskap på nivået for vidaregåande skule. Avtalen trer i kraft når alle land har ratifisert han, truleg ein gong i 2006. Avtalen om tilgang til høgare utdanning går ut 31. desember 2006, og er no til handsaming med sikte på fornying frå og med 1. januar 2007.

Nordplus-programma (Nordplus, Nordplus Junior, Nordplus Vaksen, Nordplus Språk og Nordplus Nabo, det siste med deltaking frå Russland og dei baltiske statane) legg til rette for nettverkssamarbeid og kortvarige studieopphald. Dette, saman med dei nordiske avtalane, medverkar til å byggje ned grensene mellom dei nordiske landa og skape kontakt, samarbeid og personlege relasjonar i Norden. Nordplus-programma vil bli erstatta av nye program frå januar 2008. Nordplus-programma vart evaluerte våren 2006. Sentrale problemstillinger i evalueringa har mellom anna vore å vurdere framtidig organisering og deltaking frå dei baltiske

statane. Konklusjonane og forslaga frå evalueringa blir behandla i MR-U hausten 2006. Det er òg sett i gang ei evaluering av «Det nordiske skulenettet», som har eksistert i si noverande form sidan 2002. Skulenettet skal støtte og formidle skulesamarbeid og pedagogisk utvikling i Norden. Evalueringa vil vere utgangspunkt for ei vurdering av den vidare utviklinga av dette arbeidet.

Ved å gå i spissen for Bologna-samarbeidet medverkar Norden til å styrke grunnlaget og utdjupe forståinga for det nordiske høgare utdanningsområdet. Som ei oppfølging av møtet Bologna-ministrane hadde i Bergen i mai 2005, skal det mellom anna utarbeidast ein strategi for den eksterne dimensjonen i Bologna-prosessen. Som grunnlag for denne strategien vil det bli arrangert tre seminar, eitt av dei i Oslo 28. og 29. september 2006. Dette seminaret er eit samarbeid mellom dei fem nordiske landa og Nordisk Ministerråd og vil samle ca. 250 deltagarar frå heile verda. Noreg leier arbeidsgruppa som skal utarbeide det endelige forslaget til strategi, som skal leggjast fram for Bologna-ministrane i mai 2007 i London.

Øg på forskingsområdet har det i fleire år vore i gang ein prosess med sikt på å realisere Norden som ein førande og samanhengande region for forsking. Frå og med 1. januar 2005 er NordForsk etablert som eit viktig instrument i arbeidet for å fremje eit effektivt samarbeid mellom dei nordiske landa på forskingsområdet.

I 2005 vart bruken av IT i *helse- og sosialsektoren* kartlagd på oppdrag frå Nordisk Ministerråd. Denne rapporten konkluderer med at det nordiske samarbeidet må styrkast og strukturerast når det gjeld ressursbruk, juridiske vilkår, kompetanse og kapasitet for å kunne vidareutvikle og utnytte felles løysingar. Eit resultat av dette er opprettinga av eit telemedisinsk samarbeidsforum i regi av Nordisk Ministerråd. Føremålet er eit breiare samarbeid innan e-helse og telemedisin. Nasjonalt senter for telemedisin i Tromsø har fått i oppdrag å yte sekretariatshjelp til samarbeidsforumet. Sluttrapporten skal leverast i november 2006.

Dei nordiske landa er ein stor og viktig marknad for kunstnarar og produkta deira. Ei av hovudmålsetjingane med *det nordiske kultur- og mediesamarbeidet* er å medverke til opne grenser og mobilitet for kunstnarar og kulturprodukt/verk. Samarbeidet skal medverke til at nordiske kulturuttrykk får betre gjennomslag hos publikum i regionen. Eit viktig verkemiddel vil vere det nye mobilitetsprogrammet som blir oppretta innanfor den nye strukturen på kultur- og medieområdet. Mobilitetsprogrammet vil omfatte personar, nettverk og samarbeid mellom kunstnarresidensar.

Som eit ledd i arbeidet med å byggje ned grensehinder mellom dei nordiske landa, opna dei nordiske *finansministrane* 20. mai 2005 ein felles nordisk skatteportal ([www.NordiskeTax.net](http://www.NordiskeTax.net)). Den nordiske skatteportalen er eit samarbeidsprosjekt mellom skattestyresmaktene i dei nordiske landa, og tek sikt på å gjøre det enklare for personar busette i Norden å få hjelpe til å løyse skatteproblem som lett vil oppstå for personar som har inntekt eller formue som rører ved fleire land. Portalen vil kunne vere til stor hjelpe for personar som bur i eitt land, men har inntekter frå eit anna nordisk land, og for personar som har tenkt å flytte frå eitt nordisk land til eit anna. Den nordiske skatteportalen vil såleis vere ein del av eit internordisk informasjons- og servicenettverk. Informasjonen finst på alle dei nordiske språka og på engelsk. I portalen ligg ei ordliste der dei vanlegaste uttrykka i kvart lands lovverk er omsette til alle nordiske språk. Gjennom Det nordiske virtuelle skattekontoret vil ein person kunne få svar på sine skattespørsmål på éin stad, og slepp å leite seg fram til dei rette personane i kvart av dei nordiske landa. Det nordiske virtuelle skattekontoret har òg ansvaret for forvaltinga av skatteportalen.

Talet på treff har stabilisert seg på rundt 8000 per månad. Ein viktig ambisjon har vore at svar på enkle spørsmål skal vere motteke innan 2–5 dagar, mens meir kompliserte spørsmål krev noko lengre svartid. Gjennomsnittleg svartid har variert mellom to og ti dagar. Det er gjennomført tiltak for å få ned svartida.

## 5 Tverrfagleg samarbeid

### 5.1 Samarbeidet mellom statsministrane

Statsministrane har det overordna ansvaret for samarbeidet mellom regjeringane i dei nordiske landa. I tillegg til den løpende kontakten om nordiske og internasjonale spørsmål har statsministrane òg regelmessige møte. På dagsordenen står både nordiske, europeiske og andre internasjonale spørsmål.

Sidan den førre stortingsmeldinga om nordisk samarbeid har det som vanleg vore halde to nordiske statsministermøte. Det første vart halde 25. oktober 2005 i samband med sesjonen i Nordisk Råd i Reykjavik, og det andre på Svalbard 19. juni 2006. Det er på møtet deira under sesjonen at statsministrane legg størst vekt på nordiske spørsmål. Statsministrane møtte òg presidiet i Nordisk Råd og representantar for dei sjølvstyrte områda under sesjonen. Det neste nordiske statsministermøtet finn stad i samband med sesjonen i Nordisk Råd i København, som vil bli halden 31. oktober–2. november 2006.

Statsministrane har mellom anna diskutert tema som prioriteringane for den danske og den norske formannskapen i Nordisk Ministerråd i høvesvis 2005 og 2006, dei sjølvstyrte områda si deltaking i det nordiske samarbeidet, moderniserings- og effektiviseringsprosessen i Ministerrådet, nedbygging av grensehinder mellom dei nordiske landa, nordiske verdiar og den nordiske samfunnsmodellen som eit internasjonalt konkurransefortrinn (Norden som global vinnarregion), nordisk kriseberedskap og vern mot fugleinfluensa.

På statsministermøtet 25. oktober 2005 presenterte statsministeren hovudprioriteringane i det norske formannskapsprogrammet: nordområda i Europa, den nordiske velferdsmodellen og kunnskap, fornying og verdiskaping. Landa gav si tilslutning til dette programmet.

Regjeringa legg vekt på nordområdespørsmål òg innanfor rammene av det nordiske samarbeidet. Statsministeren orienterte om regjeringa sin nordområdepolitikk på det nordiske statsministermøtet på Svalbard 19. juni. Her orienterte han om dei store ressursførekostane og trøngan for å balansere ressursutnyttinga med omsyn til det sårbare

miljøet i nord. Han la òg vekt på kor viktig det er å samarbeide med Russland og andre aktuelle land om nordområdespørsmåla.

Under statsministermøtet 25. oktober vart det uttrykt ønske om at samarbeidsministrane ser nærrare på dei sjølvstyrte områda si deltaking i det nordiske samarbeidet. I kjølvatnet av dette bad samarbeidsministrane generalsekretæren i Nordisk Ministerråd om å kartlegge denne deltakinga. Rapporten frå generalsekretæren vart lagd fram i mai 2006, og omhandlar juridiske og praktiske spørsmål som er avgjerande for i kor stor grad dei sjølvstyrte områda kan delta. Rapporten er til handsaming i landa, og vil deretter bli diskutert vidare på fellesnordisk basis.

I dei diskusjonane statsministrane har hatt om europaspørsmål, har Finland orientert om prioriteringane i sin EU-formannskap, som mellom anna omfattar den nordlege dimensjonen og tilhøvet til Russland. Statsministrane har òg diskutert andre EU-spørsmål, som utvidinga av EU og forfatningstraktaten.

Av andre internasjonale spørsmål har statsministrane diskutert Darfur, Iran, Irak, Afghanistan, terrorisme og FN.

Ut over dette blir statsministrane jamleg haldne orienterte om andre sentrale og aktuelle spørsmål som står på Nordisk Ministerråd sin dagsorden.

Regjeringa ser på statsministermøta som viktige for det nordiske samarbeidet.

### 5.2 Samarbeidsministrane og deira arbeid, budsjett og administrasjon

Statsråd Heidi Grande Røys har vore nordisk samarbeidsminister sidan 17. oktober 2005. Dei andre samarbeidsministrane er Connie Hedegaard (Danmark), Jan-Erik Enestam (Finland), Jónína Bjartmarz (Island) og Berit Andnor (Sverige). Møta blir i 2006 leidde av Noreg som formannskapsland, og samarbeidsministrane vil dette året ha fem møte der dei behandler og gjer vedtak i ei rekke saker. Samarbeidsministrane gjer dessutan vedtak ved skriftleg prosedyre mellom møta.

Ein viktig del av oppgåvene til samarbeidsministrane er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Budsjettet for 2006 vart vedteke i dialog med Nordisk Råd, med ein reell nedgang i aktivitetsramma på 10 mill. DKK samanlikna med 2005. Reduksjonen i aktivitetsramma vart i budsjettforslaget frå generalsekretæren fordelt pro rata over ministerråda sine budsjetttramme. Dessutan vart det i budsjettet for 2006 innarbeidd ein omprioriteringspost der ein ved å kutte ytterlegare 2 % jamt i budsjettpostane fekk avsett ca. 16 mill. DKK som primært vart fordele til særskilde innsatsar i 2006 på forskings- og innovasjonsområdet, men òg til Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) og det språkpolitiske samarbeidet. I budsjettet for 2006 var det avsett om lag 9,5 mill. DKK til særskilde formannskapsinitiativ. Gjennom året har samarbeidsministrane fordelt midlar frå denne posten, i hovudsak etter innkomne forslag frå Noreg. Ein har lagt vekt på prosjekt som synleggjer og forsterkar dei prioriteringane Noreg la fram i sitt formannskapsprogram for 2006.

Budsjettdirektivet for 2007 vart vedteke av samarbeidsministrane 1. mars 2006, og det endelige budsjettet for 2007 vil bli vedteke i samband med sesjonen i Nordisk Råd i København 31. oktober–2. november 2006. I budsjettforslaget for 2007 er det innarbeidd eit beløp på 20,4 mill. DKK som skal gå til særleg prioriterte område (prioriteringspulja). Før budsjettforslaget blir handsama i sesjonen vil det bli drøfta i samråd med Nordisk Råd.

Ein annan svært viktig del av ansvarsområdet til samarbeidsministrane er sjølve strukturen i Nordisk Ministerråd. Som eit ledd i struktur- og moderniseringsarbeidet vart samarbeidsministrane i 2005 samde om å redusere talet på ministerråd frå 18 til 11, og ei rekke fagområde vart omplasserte i strukturen med verknad frå 1. januar 2006. Avgjerda innebar at følgjande sju ministerråd vart nedlagde: Bygg og bustad, Transport, IT, Konsument, Narkotika, Energi og Regional. Viktige samarbeidsoppgåver på desse områda blir likevel varetekne på anna vis: Samarbeidet om næringspolitikk og energi- og regionalpolitikk blir samla i eit ministerråd for nærings-, energi- og regionalpolitikk. Narkotikaspørsmål blir først og fremst varetekne av ministerrådet for sosial og helse, men òg av ministerrådet for lovgjevingsspørsmål. Ansvaret for dei områda som låg under ministerråd som er nedlagde, blir i ein overgangsperiode lagde under samarbeidsministrane. For dette føremålet vart det oppretta ei såkalla strukturpulje på vel 7 mill. DKK. Med desse midlane kan Nordisk Ministerråd støtte viktige initiativ som ikkje er omfatta av den formelle ministerrådsstrukturen, til dømes det

nordiske konsumentsamarbeidet som held fram på uformell basis. Formannskapen initierte i 2006 eit utgreiingsarbeid som ser på reformer i Ministerrådet sin budsjettprosess. Siktemålet er m.a. å få til større transparens og ein betre reiskap for det politiske nivået.

Ministerrådet sitt samarbeid med Nordvest-Russland og dei baltiske landa har vore eit diskusjonstema for samarbeidsministrane òg i 2005–2006. Grunnpremissane er at samarbeidet med Nordvest-Russland skal prioriterast, medan samarbeidet med dei baltiske landa skal ha karakter av ein fullt ut sidestilt partnarskap. Samarbeidsministrane vedtok i 2005 eit eige Russland-program som frå 1. januar 2006 vil fungere som hovudverktøy for det konkrete samarbeidet som både samarbeidsministrane og fagsektorane har med Nordvest-Russland. Innanfor ramma av Russland-programmet vedtok samarbeidsministrane på møtet 14. juni 2006 eit kunnskapsoppbyggings- og nettverksprogram med ei samla økonomisk ramme på 31 mill. DKK. Programmet er samla under fire overskrifter: offentleg forvaltning, forsking og utdanning, næringsliv og det sivile samfunnet (sjå òg 3.1).

Sidan 2003 har Ministerrådet sitt arktiske samarbeidsprogram vore eit eige program skilt frå nærområdeprogrammet. Eit nytt arktisk samarbeidsprogram for perioden 2006–2008 vart vedteke hausten 2005. Målsetjinga med programmet er å utvikle og betre livskvaliteten for befolkninga for å sikre busetnad i dei arktiske stroka i framtida, med særleg fokus på situasjonen til dei samiske og inuitiske folkegruppene. Det er i tillegg avgjort at det arktiske samarbeidsprogrammet for 2003–2005 skal evaluerast.

Oppfølginga av den nordiske strategien for berekraftig utvikling er samarbeidsministrane sitt ansvar. Dette er først og fremst ei tverrsektoriell koordineringsoppgåve der samarbeidsministrane baserer seg på den faglege kompetansen hos dei mange berørte fagdepartementa. Arbeidet blir tett samordna med det nasjonale arbeidet for berekraftig utvikling i Finansdepartementet. Strategien er no revidert for fireårsperioden 2005–2008. Den reviderte strategien har integrert dei sosiale og økonomiske dimensjonane ved berekraftig utvikling, og har slik eit meir heilskapleg perspektiv enn tidlegare. Eit tilhøyrande indikatorsett er etablert og revidert. Indikatorane set lys på likskapar og ulikskapar mellom dei nordiske landa langs ei rekke viktige dimensjonar for ei berekraftig utvikling. Dei skal nyttast i arbeidet med oppfølginga av den nordiske strategien for berekraftig utvikling. Samarbeidsministrane har vedteke at det skal utførast ei evaluering av det nordiske arbeidet med

berekraftig utvikling som kan vurdere dei resultata som er oppnådde og stake ut kurser for det framtidige arbeidet. Samarbeidsministrane understreka òg behovet for ei forenkling av arbeidet og for auka fokus på viktige område med utgangspunkt i nordisk nytte.

Samarbeidet for å redusere grensehindringane mellom dei nordiske landa er eit anna viktig område der samarbeidsministrane har koordinerande oppgåver. Kapittel 4 i stortingsmeldinga gjev ei utfyllande utgreiing om status i arbeidet med grensehindringar.

Etter initiativ frå den danske statsministeren har samarbeidsministrane bede generalsekretæren kartleggje stillinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet. Rapporten er no til vurdering i landa. Bakgrunnen for saka er at Færøyane sidan 2003 har søkt om sjølvstendig medlemskap i Nordisk Råd og Nordisk Ministerråd.

Nordisk Råd har bede samarbeidsministrane om synspunkt på ei eventuell flytting av tidspunktet for sesjonen i Nordisk Råd. Spørsmålet om kor vidt formannskapsåret skal følgje kalenderåret har òg vore framme i diskusjonen. Frå norsk side har ein framført den meininga at tidspunktet for sesjonen og formannskapsåret bør ligge fast slik det er i dag.

### 5.3 Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål

Dei nordiske EU-medlemmene har medverka til å få gjennomslag for nordiske haldningar i Europa. Dette gjeld til dømes med omsyn til sosiale spørsmål, likestilling, krav til arbeidsmiljø, miljøvern og openheit og innsyn. Det er i felles nordisk interesse å styrke denne utviklinga ytterlegare. Det nordiske samarbeidet inngår difor som eit viktig element i regjeringa sin europapolitikk. Det er ei prioritert oppgåve å styrke dei kontaktane og den informasjonsutvekslinga som skjer gjennom det nordiske samarbeidet på eit breitt spekter av saksområde når det gjeld EU. Regjeringa vil, som det m.a. går fram av oppfølginga av ein europapolitisk plattform

- medvirke aktivt til eit nært og fortruleg nordisk samarbeid om aktuelle europeiske spørsmål i framtida
- medvirke konstruktivt i arbeidet med å utvikle felles nordiske standpunkt på område av særleg nordisk interesse – prioriterte område som barn og unge, matvaretryggleik og berekraftig utvikling, og til dømes energi, sysselsetjing, regionalt samarbeid og justispolitisk samarbeid

- aktivt nytte bilaterale samband og nettverk mellom dei nordiske landa i regjeringa sin europapolitikk og når det gjeld globale utfordringar og multilateralt samarbeid der eit nordisk samarbeid kan bidra til større gjennomslag for norske haldningar og synspunkt

Dei nordiske EU-landa har ei rekke felles interesser og synspunkt når det gjeld utviklinga i EU. Dette gjeld m.a. ønsket om å styrke den rolla dei nasjonale parlamenta har i EU-samarbeidet, skape meir openheit i det lovgjevande arbeidet i Rådet og styrke borgarane sine rettar. Ein styrkt nordisk profil innanfor EU vil tilføre EU-samarbeidet viktige impulsar. Noreg medverkar til dette innanfor ei nordisk ramme. EU- og EØS-utvidingane og det stadig tettare og meir omfattande samarbeidet i EU gjer det naturleg at europaspørsmål står heilt sentralt på den nordiske dagsordenen.

Det er svært viktig for Noreg å sikre at saker til behandling i EU og EØS som er av fellesnordisk betydning, blir drøfta i ei nordisk ramme på eit tidleg tidspunkt. I tillegg til å identifisere fellesinteresser er det òg viktig for å få retta merksemda mot saker der ein ikkje har samanfallande interesser.

Arbeidet med europaspørsmål i Nordisk Ministerråd konsentrerer seg om spørsmål der dei nordiske landa har felles interesser. Samarbeidet har i stor grad karakter av samråd og informasjonsutveksling. Europaspørsmål inngår som ein fast og viktig del av dagsordenane for dei nordiske stats- og utanriksministrane og på møte mellom dei nordiske fagministrane.

Dei nordiske statsministrane vart i oktober 2003 samde om nye samarbeidsformer for å styrke koplinga mellom dei nordiske og baltiske EU-medlemmene (3+3) og Noreg/Island. Dette vart m.a. følgt opp på det nordiske utanriksministermøtet i mars 2004, der det vart avgjort at Noreg og Island når dei har trøng for det, kan inkluderast i dei uformelle 3+3-møta som blir haldne før møte i EU-organet *General Affairs and External Relations Council* (GAERC).

To slike møte vart haldne i 2005. Siktemålet er at Noreg skal delta på slike møte hausten 2006.

For Noreg er kontakten med formannskapen i EU viktig. Nordiske EU-formannskapar, som den finske formannskapen hausten 2006, gjev oss særleg gode høve til å påverke agendaen i EU og skape merksemd om nordiske verdiar og prioriteringar.

Både statsministeren og utanriksministeren møtte sine finske kollegaer som påtroppande EU-formannskap sommaren 2006. Vidare vart ei rekke norske statsrådar inviterte til uformelle ministermøte under den finske formannskapen.

Dialogen mellom dei nordiske hovudstadene, EU og dei nordiske EU-representasjonane/delegasjonane er god. Europaaktiviteten til Nordisk Ministerråd inneber òg samarbeid med EU-institusjonane i Brussel, EU-representasjonane/ delegasjonane, Europarådet, EFTA-sekretariatet og ei rekke frivillige interesseorganisasjonar. For å styrke kunnskapane om EU og Brussel-miljøet er det oppretta ei hospitantordning for tilsette i Nordisk Ministerråd og Nordisk Råd ved EU-representasjonane og -delegasjonane i Brussel. Generalsekretæren i Nordisk Ministerråd og direktøren for Nordisk Råd deltek på dei nordiske EU-ambassadørlunsjane ein gong i halvåret. På desse møta er samarbeid og informasjonsutveksling mellom dei nordiske hovudstadene, Nordisk Ministerråd i København og dei nordiske EU-representasjonane/delegasjonane eit fast punkt på dagsordenen.

Estland, Latvia og Litauen og sju andre land vart 1. mai 2004 nye medlemsland i EU og EØS. Utvidinga medverkar til å auke stabiliteten og velferda i heile Europa, men EU-medlemskap løyser ikkje alle dei problema dei nye medlemslanda står overfor. Det er difor svært viktig at dei nordiske landa vidarefører det tette samarbeidet og støttar desse medlemslanda, særleg dei baltiske landa. Det er naturleg at EU/EØS-saker blir ein sentral del av dagsordenen òg for det nordisk-baltiske samarbeidet. Dei nordiske landa har òg støtta utvidinga av NATO, som vil bringe ytterlegare stabilitet og tryggleik til Norden sine nærområde.

Under EØS-finansieringsordninga (den norske ordninga og EØS-ordninga finansiert av Noreg, Island og Liechtenstein) vil dei tre baltiske landa i perioden 2004–2009 få 154 mill. euro. Ordningane skal medvirke til ei økonomisk og sosial utjamning i Europa, og finansierer tiltak innan miljø, bevaring av kulturarv, helse, utdanning, regional utvikling og implementering av Schengen. Det er òg ei politisk målsetjing at ordningane skal medvirke til å styrke dei bilaterale relasjonane Noreg har med dei baltiske landa og andre mottakland ytterlegare.

Når det gjeld den nordlege dimensjonen i EU, er dette omtala for seg i kapittel 3.2.

Integreringa av Schengen-samarbeidet i EU fekk store verknader for dei nordiske landa. Avtalen mellom Noreg, Island og EU om institusjonelle løysingar for den norske og islandske deltakinga i Schengen-samarbeidet har gjort det mogeleg å oppretthalde den nordiske passunionen, og inneber at alle dei nordiske landa inngår i eit større europeisk reisefridomsområde. I fellesorganet, som er oppretta i samsvar med avtalen, møtest

Noreg, Island og medlemslanda i EU for å drøfte gjennomføringa, bruken og vidareutviklinga av Schengen-regelverket. Alle EU-rettsakter som er relevante for Schengen-samarbeidet, skal behandlast i fellesorganet. EU-samarbeidet, òg på justis- og innanriksområdet, er stadig meir sektorovergripande. For Noreg er det difor ei særleg utfordring å sikre at Schengen-relevante problemstillingar framleis blir drøfta i fellesorganet.

I tillegg til samarbeidet mellom dei nordiske statane er det grensekryssande og interregionale samarbeidet mellom nordiske regionar òg svært tett. Dette kan ta form av tradisjonelle vennskapsavtalar, konkrete prosjektsamarbeid i Interreg-regi eller ved at dei deltek i multilaterale samarbeidsorganisasjonar som Austersjørådet og Barents-samarbeidet. Ofte finn samarbeidet stad innanfor ei EU-ramme, til dømes ved at det er knytt opp til EU-program. Program som Interreg medverkar til å møte utfordringar som best lèt seg løyse i samarbeid over landegrenser, anten dette er eit tosidig samarbeid over grenser eller det skjer gjennom transnasjonale prosjekt. Slik deltaking er ei kjelde til informasjons- og erfaringsutveksling for norske fylkeskommunar og kommunar, og gjer det samtidig mogeleg å knyte kontaktar med regionar og institusjonar i EU og i medlemslanda i EU. Det er viktig å sikre vidare deltaking i det framtidige territorielle samarbeidet i EU i perioden 2007–2013.

Dei nordiske landa har ei felles interesse i den politiske og økonomiske utviklinga i våre nærområde, òg utanfor dei nye EU-grensene. Difor står vi opp om EU sin naboskapspolitikk (*European Neighbourhood Policy – ENP*). Målsetjinga for ENP er å medverke til stabilitet og utvikling i EU sine naboland og motverke at det blir skapt nye skiljelinjer i Europa. Initiativet omfattar Ukraina, Moldova, Kvitserussland og dei ti partnarlanda i EUs middelhavsdialog, i tillegg til Armenia, Aserbajdsjan og Georgia. Frå eit nordisk, og òg baltisk perspektiv er det samarbeidet med dei austlege nabolanda som veg tyngst. Grensekryssande samarbeid er òg ei prioritert oppgåve i EU sine nye naboskapsprogram. Desse programma er eitt av verkemidla i ENP. Det inneber m.a. ei samkøyring av dei eksisterande støtteordningane i EU. Det er forslag om at programma skal vidareførast som eit meir samordna nabolandsinstrument frå 2007. Nordisk Ministerråd prioriterer òg det grenseregionale samarbeidet i sitt program for nærområda, gjerne i samarbeid med EU.

At det nordiske samarbeidet i så stor grad er blitt ein del av eit breiare europeisk samarbeid, medfører naturleg nok at det nordiske samarbeidet er i stadig endring og vil krevje kontinuerleg

merksemdu med jamlege justeringar av den nordiske dagsordenen.

## 5.4 Barn og ungdom

Barn og unge er ei viktig målgruppe for det nordiske samarbeidet. Særleg aktuelt i 2006 er implementeringa av Nordisk Ministerråds nye strategi for barn og unge, dessutan skal den nye handlingsplanen til Nordisk barne- og ungdomskomite (NORBUK) setjast i verk.

Dei nordiske samarbeidsministrane (MR-SAM) vedtok 1. mars 2006 Nordisk Ministerråd sin nye strategi for barn og unge i Norden. I strategien blir det slege fast at alle sektorar har eit ansvar for å vareta eit barne- og ungdomsperspektiv der det blir rekna som relevant. Dei ulike sektorane si satsing på barn og ungdom står omtala i strategien. NORBUK skal rapportere årleg til samarbeidsministrane om Nordisk Ministerråd sin samla innsats på barne- og ungdomsområdet.

NORBUK er det rådgjevande og koordinerande organet til Nordisk Ministerråd i nordiske og internasjonale barne- og ungdomspolitiske spørsmål. Komiteen skal arbeide for å auke merksemda i Norden kring spørsmål som gjeld barn og ungdom. Komiteen sitt verkeområde omfattar alle sektorane i ministerrådet.

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er viktige aktørar i det nordiske barne- og ungdomspolitiske samarbeidet. NORBUK er sett saman ut frå «co-management»-prinsippet. Komiteen har representantar frå barne- og ungdomsorganisasjonane og dei departementa som har ansvar for ungdomsspørsmål i dei nordiske landa, representantar frå dei sjølvstyrte områda og ein samisk representant.

Dei nordiske samarbeidsministrane vedtok i mars 2006 NORBUKs nye handlingsplan for perioden 2006–2009. I planen blir det slege fast at NORBUK skal vere Nordisk Ministerråd sitt tverrsektorielle og koordinerande organ i barne- og ungdomspolitiske spørsmål. I tillegg skisserer handlingsplanen NORBUKs eigne prioriterte innsatsområde for perioden 2006–2008. Desse er: dei unge si eiga organisering og dei unge sitt nordiske samarbeid, nye metodar for dei unge si deltaking i demokratiske prosessar, mangfold, menneskerettar, internasjonalt barne- og ungdomspolitisk samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforsking.

Dei nordiske samarbeidsorganisasjonane får organisasjonsstøtte frå NORBUK, og barne- og ungdomsorganisasjonar og andre grupper av barn

og ungdom kan søkje om støtte til nordisk samarbeid og prosjekt gjennom ei eiga tilskotsordning.

Eit viktig grunnlag for det nordiske samarbeidet på barne- og ungdomsområdet er innhenting av kunnskap og dokumentasjon. Ein forskingskoordinator tilsett av Nordisk Ministerråd, skal medverke til å utvikle ungdomspolitikken i Norden gjennom å formidle informasjon mellom forskrarar, praktikrarar og avgjerdstakarar, og gjennom å innhente kunnskap på aktuelle barne- og ungdomspolitiske område. Nordic Youth Research Information (NYRI) skal informere om ungdomsforsking i Norden.

## 5.5 Tverrfagleg miljøsamarbeid

### *Nordisk miljøstrategi for jord- og skogbruk (MJS)*

«Nordisk miljøstrategi for jord- og skogbruk» er eit tverrsektorielt samarbeid mellom miljøstyretemaktene og jord- og skogbruksstyretemaktene i dei nordiske landa. Ei styringsgruppe (MJS) med representantar frå begge styretemaktene i kvart av landa kjem saman to gonger i året og gjer vedtak om nye prosjekt, diskuterer korleis resultata kan nyttast og fremjar forslag til nye prosjektinitiativ. MJS samarbeider med fleire andre grupper under Nordisk Ministerråd.

Verksemda til styringsgruppa er forankra både i handlingsprogrammet for det nordiske jord- og skogbruksprogrammet og i det nordiske miljøhandlingsprogrammet.

Styringsgruppa sitt arbeidsprogram for 2006 dekkjer desse hovudtemaa:

- korleis jord- og skogbruket påverkar miljø og helse
- korleis jord- og skogbruket påverkar vatn og eutrofiering
- natur- og kulturmiljøverdiar i jord- og skogbruket
- berekraftig næringsutvikling i jord- og skogbruket

Dei prosjekta som var i arbeid eller som vart slutt-rapporterte i 2005, i tillegg til dei prosjekta som er initierte i 2006, er fordelt på dei fire hovudområda på denne måten: seks prosjekt under hovudtemaet miljø og helse, tre prosjekt under hovudtemaet vatn og eutrofiering, seks prosjekt under hovudtemaet natur- og kulturmiljøverdiar og seks prosjekt under hovudtemaet berekraftig næringsutvikling. Til saman ni rapportar vart publiserte i 2005.

MJS legg stor vekt på å få fram resultat frå prosjekta som er politisk og forvaltningsmessig interessante. Det blir heile tida utarbeidd samandrag

med konkrete forslag frå avslutta prosjekt. Desse blir lagde fram for EK-M og NEJS, og blir i tillegg presenterte på heimesida til MJS.

Det har det siste året mellom anna vore stor aktivitet på området landskap, bygdeutvikling og miljø. Arbeidsgruppa NordFram hadde i 2005 eit innlegg om landskap og utvikling av landsbygda på landbruksministermøtet i Århus. Parallelt med arbeidet til NordFram vart òg rapporten frå prosjektet «Jordbruket som kulturbærer» (TN 05:576) lagd fram. I tillegg vart det innanfor prosjektet «Affornord» arrangert ein internasjonal konferanse på Island. Temaet var dei verknadene nyplanting av skog har på det biologiske mangfaldet og landskapet.

Dei siste åra har MJS engasjert seg meir og meir i bioenergi. I 2005 vart det halde eit nordisk seminar om bioenergi, og det er i tillegg initiert prosjekt om biogass og energiskog.

### Miljø- og økonomigruppa

Det nordiske arbeidet på miljøøkonomiområdet blir vareteke av kontaktgruppa for miljøøkonomiske spørsmål. Dette er ei felles arbeidsgruppe under EK-Miljø og EK-Finans. Gruppa set på eige initiativ og på oppdrag frå Nordisk Ministerråd i verk utgreiingar i skjeringsflata mellom miljø og økonomi. Det blir lagt særleg vekt på økonomiske verkemiddel og kostnadseffektive løysingar på nordiske og internasjonale miljøproblem. Gruppa har i 2005 avslutta tre større prosjekt. For det første er det gjeve ut to rapportar frå eit prosjekt om økonomiske verkemiddel for å fråkople miljøbelastning og økonomisk vekst. For det andre er den tredje og avsluttande rapporten i eit prosjekt om verkemiddel for å forvalte det biologiske mangfaldet i skog og våtmark i Norden utgjeven. Dette prosjektet er presentert både i partsmøtet for konvensjonen om biologisk mangfold i Curitiba i Brasil, og i miljøøkonomigruppa i EU (ENVECO). For det tredje er ein rapport om bruken av økonomiske verkemiddel i dei nordiske landa gjort ferdig. Dette er ein rapport gruppa gjev ut om lag kvart tredje år. Denne nyaste rapporten dekkjer for første gong dei tre baltiske landa òg. Gruppa avsluttar i 2006 eit prosjekt, i samarbeid med klima- og energigruppa, om handel med utsleppskvoter for klimagassar sett i forhold til andre verkemiddel i dei nordiske landa, og arbeider vidare med prosjekt m.a. om økonomisk verdsetjing av miljøgode og om makroøkonomiske analysar på miljøområdet. Gruppa fungerer som eit nettverk for miljøøkonomisk kompetanse i Norden med særleg vekt på å utveksle erfaringar og synspunkt på bruken av

økonomiske verkemiddel. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar, og gjer det òg til ein viss grad mogeleg for dei nordiske landa å koordinere førebuinga til internasjonale møte, særleg i miljøøkonominigruppa i EU (ENVECO).

### Energi og miljø

Energidimensjonen i klimapolitikken har lenge vore eit viktig tema for Nordisk Ministerråd, og er eit samarbeid mellom energisektoren og miljøsektoren med det føremål å utnytte synergien som ligg i samspelet mellom globale klimapolitiske utfordringar og energipolitiske utfordringar. Samarbeidet er mellom anna blitt utvikla gjennom den tversektorielle Klimagruppa.

Dei nordiske energiministrane deltek i *Baltic Sea Region Energy Co-operation*, og underteikna i 2003 ein avtale om å etablere Austersjøregionen som eit forsøksområde for bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen. Som ei oppfølging av avtalen vart det oppretta eit investeringsfond for felles gjennomføring av prosjekt i regionen. Fondet var opphavleg på 15 mill. euro, finansiert av dei nordiske landa og Tyskland. Ein ny teikningsrunde vart avslutta i mars 2006, der det vart opna for private investorar. Kapitalen i fondet vart utvida til 32,5 mill. euro. Noreg sin del i fondet er 2,3 mill. euro, som etter den nye teikningsrunden utgjer ca. 7 % av fondet totalt. Frå 2006 har forvaltaren av fondet òg fått fullmakt til å vurdere prosjekt i Ukraina. Eit viktig mål med fondet er å stimulere til at felles gjennomføringsprosjekt i energisektoren i Austersjøområdet blir realiserte. Fondet vil bli evaluert i 2007.

Andre vesentlege tema har vore den vidare utviklinga og implementeringa av ein europeisk marknad for handel med utsleppskvotor sett frå ein nordisk synsstad, mellom anna med fokus på dei konsekvensane kvotedirektivet vil ha for kraftmarknaden. Våren 2006 vart det halde eit arbeidsseminar om erfaringar med kvotemarknaden i EU, basert på to prosjekt som Klimagruppa avslutta i 2006.

Gruppa har dei siste åra hatt auka fokus på arbeidet med å utforme framtidige, globale klimaavtalar etter den første tilsegnspersonen i Kyotoprotokollen (2008–2012). Basert på EU-målsætjinga er det i 2006 starta opp eit prosjekt som vurderer føresetnadene og utsiktene for å kunne redusere klimagassutsleppa i dei nordiske landa med 60–80 prosent innan 2050. I 2006 skal det òg vurderast kor sårbar Norden er når det gjeld klimaendringar, og korleis klimaendringar kan påverke energiproduksjon og energiforbruk.

### Nordisk genressursråd

Nordisk genressursråd er eit tverrsektorielt organ som behandler strategiske og politiske spørsmål knytte til genetiske ressursar. Rådet rapporterer til ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (M-FJLS) og ministerrådet for miljø (M-Miljø) via dei respektive embetsmannskomiteane.

Verksemda i 2005 har vore retta mot oppfølginga av ministererklæringa om tilgang og rettar til genetiske ressursar (Kalmarerklæringa), særleg når det gjeld nasjonal oppfølging og informasjonsutveksling på det internasjonale planet. Vidare har verksemda til NGR fokusert på oppfølging av Nordisk Råd si tilråding 16/2003 om sameksistens mellom konvensjonelle og genmodifiserte plantar. Det har blitt arrangert eit seminar om dette temaet.

Det har òg vore eit samarbeid med MiFi om genetiske ressursar i fiskeartar som er nytt kommersielt.

NGR har fått midlar til å arrangere eit arbeidsseminar for brukarar av genressursar i Norden. Dette er ei direkte oppfølging av dei såkalla *Bonn Guidelines* som vart vedtekne av det 6. partsmøtet for FN-konvensjonen om biologisk mangfald. Målet med arbeidsseminaret vil vere å orientere brukarar av genressursar (universitet, botaniske hagar, industrien m.m.) om internasjonale plikter på området.

Indikatorar for genetiske ressursar er blitt kartlagde, og ei oppfølging av denne kartlegginga er blitt drøfta i 2005. Diskusjonen held fram i 2006 som eit løpende tema i rådet sitt arbeid. Denne verksemda er ei oppfølging av tilrådingane i indikatorrapporten i BU-strategien.

Nordisk genressursråd har òg fokusert på å spreie informasjon om det nordiske genressursarbeidet gjennom m.a. å arrangere «side events» på det 8. partsmøtet for CBD i Curitiba i Brasil i mars 2006.

I 2006 vil det bli sett i gang eit prosjekt som skal sjå nærmare på dei rettslege rammene for utveksling av husdyrgenetiske ressursar. Dette er ei direkte oppfølging av Kalmarerklæringa. I samråd med Nordisk genbank er det sett i gang eit arbeid for å utforme ein GMO-policy for handtering av GMO-materiale i genbanken.

I tråd med tidlegare vedtak har direktørane for dei nordiske genbankane, Bent Skovmand frå Nordisk genbank og Erling Fimland frå Nordisk genbank for husdyr, delteke på møta i NGR. Dette har tilført diskusjonane og informasjonsutvekslinga ein klar meirverdi.

I 2006 vil det bli gjennomført ei reorganisering av det nordiske genressursarbeidet. Det er føreslege at Nordisk genressursråd skal erstattast av ein nordisk genressurskomité som vil vidareføre rådet sitt mandat. Den norske formannskapen og NMR-sekretariatet leier dette arbeidet.

### Nordisk miljø- og fiskeristrategi

Nordisk miljø- og fiskeristrategi er eit tverrsektorielt samarbeid mellom miljø- og fiskeristyresmakten i dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda. Det er oppretta ei styringsgruppe som skal arbeide for å oppnå måla i dei nordiske strategiane for berekraftig utvikling, miljøhandlingsprogrammet, fiskeristrategien m.m. Gjennom prosjektretta verksemd skal styringsgruppa arbeide for å påverke politiske prosessar både når det gjeld utvikling av regelverk og faktisk implementering av tiltak både nasjonalt og internasjonalt, med fokus på område der nordisk samarbeid kan gje særleg nytte. Siktet er å få fiskerisektoren til å ta meir omsyn til miljøet og å sikre eit godt havmiljø som basis for det biologiske mangfaldet og dermed grunnlaget for berekraftig fiske, fangst og havbruk.

Arbeidet i styringsgruppa har for tida særleg fokus på områda marint biologisk mangfald, forvaltning av havområde og fiskeri og akvakultur. Mellom anna er informasjonsutveksling og nettverksbygging i samband med EU sin politikk og relevante EU-direktiv på området eit nyttig samarbeidsfelt for Noreg. I denne samanhengen arbeider MiFi med prosjektverksemd knytt til EU sitt rammedirektiv for vatn og EU sin marine strategi.

### Samarbeid mellom miljøsektoren, forbrukarsektoren og næringssektoren om integrert produktpolitikk (NMR-IPP)

Gruppa for ein integrert produktpolitikk er oppretta som eit nordisk samarbeidsorgan mellom miljøsektoren, forbrukarsektoren og næringssektoren under Nordisk Ministerråd. Gruppa arbeider mot mål som har felles relevans for dei tre sektorane, og ho skal medverke til å gjennomføre den nordiske strategien for berekraftig utvikling, med særleg vekt på kapitlet om berekraftig produksjon og forbruk. Frå 2005 har gruppa lagt vekt på fagfelte miljøteknologi, miljøinformasjon og berekraftig livsstil, i tillegg til miljøbevisste offentlege innkjøp. Frå Noreg er det berre miljøsektoren og forbrukarsektoren som deltek i gruppa. Det formelle nordiske samarbeidet om forbrukarpolitikk er nedlagt frå 2006. NMR-IPP-gruppa sitt vidare arbeid er difor under vurdering.

Berekraftig produksjon og forbruk inneber å fråkople økonomisk vekst frå miljøbelastning. Det er sentralt med utvikling og innovasjon i miljøteknologien for å få dette til. Ny miljøteknologi vil gje gevinstar for miljøet og kan føre til økonomisk vekst og auka sysselsetjing. På mange område er dei nordiske landa i front med ny miljøteknologi. Dette gjeld m.a. innan skipsteknologi, energileiing, miljøvennlege bygg, sol- og vindenergi. NMR-IPP-gruppa arbeider for å fremje miljøteknologi i dei nordiske landa og å utveksle erfaringar om bruk av verkemiddel. Gruppa si største satsing i 2005 har vore å førebu eit prosjekt om «grøne marknader og reinare teknologiar». Prosjektet skal analysere tre relevante eksempel (papir og masse, elektriske verktøy og energieffektive bygg) for å identifisere kva for politikk, innovasjonsprosessar og innovasjonssystem som har gjeve ei effektiv implementering, spreiling og marknadsføring av miljøteknologiar. NMR-IPP-gruppa har òg innleidd eit samarbeid med Nordisk InnovasjonsCenter (NICe) om miljøteknologi. NICe vil frå 2006 bruke 10 mill. NOK på å fremje eksport av nordisk miljøteknologi. NMR-IPP-gruppa planlegg òg eit nærrare nordisk samarbeid med EU sitt handlingsprogram for miljøteknologi (ETAP).

Miljøinformasjon knytt til produkt og verksemder er viktig for å gjere det mogeleg for forbrukarane å ta miljøbevisste val, og for å fremje ny miljøteknologi på marknadene. Gjennom den nordiske miljømerkeordninga Svana har m.a. Nordisk Ministerråd lagt grunnlaget for god og påliteleg miljøinformasjon til nordiske forbrukarar. NMR-IPP-gruppa samarbeider for å vidareutvikle dette politikkområdet. I 2005 er det m.a. utgjeve ei handbok om miljøkommunikasjon til forbrukarar.

Miljøbevisste innkjøp i offentleg sektor kan fremje miljøinformasjon og miljøvennlege produkt og teknologi på marknaden, noko som kan komme forbrukarar og heile samfunnet til gode. Nye studiar i EU viser at dei nordiske landa ligg relativt langt framme med å stille miljøkrav ved offentlege innkjøp. I 2005 har NMR-IPP-gruppa utarbeidd brosjyrar om miljøbevisste offentlege innkjøp til leiarar og innkjøparar i offentlege verksemder. Det er sett i gang eit pilotprosjekt for å utvikle eit felles nordisk format for miljøkriterium til bruk for offentlege innkjøparar. Målet er å effektivisere og styrke dette arbeidet i dei nordiske landa. NMR-IPP-gruppa har òg teke initiativ til ein internasjonal rundebordekonferanse om miljøbevisste offentlege innkjøp som vil finne stad i Hamar hausten 2006.

### *Nordisk kulturminneforvaltning*

Samarbeidet blir utøvd mellom dei sentrale fagstyresmaktene på direktoratsnivå i dei fem nordiske landa, og er ikkje organisert under Nordisk Ministerråd. Arbeidet blir vidareført gjennom eit etablert nettverk av faste samarbeidskoordinatorar, og det blir gjennomført årlege møte mellom dei nordiske etatsleiarane. Denne arbeidsforma gjev nyttig erfaringsutveksling mellom kulturminneforvaltingane i dei nordiske landa, og byr på høve til konkret samarbeid om tilknytte problem. Nordisk Ministerråd har i 2006 fått observatørstatus i Kulturarkomiteen i Europarådet (CD-PAT).

### *Kulturminneforvaltninga under embetsmannskomiteen for miljø*

Fagfeltet er delvis innarbeidd i det nye nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2005–2008 og i den reviderte strategien for berekraftig utvikling – «Ein ny kurs for Norden». Frå norsk side har det blitt arbeidd for å få kulturminne og kulturmiljø innarbeidd som tema på linje med dei andre miljøtemaa i dei overordna strategiane og handlingsprogramma i NMR. Særleg gruppa for natur, friluftsliv og kulturmiljø (NFK-gruppa), men òg styringsgruppa for ein miljøstrategi for jord- og skogbruk, prøver å integrere kulturminne, og fremjar dette gjennom sine satsingar og planar for verksemda. NFK-gruppa vil halde fram med arbeidet med å initiere kulturminne- og kulturmiljøprosjekt og styrke samarbeidet med NGO-ane på kulturminnefeltet.

### *Planlegging som verktøy for berekraftig utvikling i Norden*

Den fysisk-funksjonelle planlegginga er eit viktig samordnande verktøy for å integrere miljømessige, økonomiske og sosiale omsyn i sektorpolitikken, og dermed for ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Handlingsprogrammet «Planläggning som instrument för hållbar utveckling i Norden – handlingsprogram 2001–2004» vart godkjend av planministrane hausten 2001.

Aktivitetane i handlingsprogrammet er gjenomførte og resultata rapporterte til planministrane våren 2004. Med bakgrunn i rapporteringa vedtok planministrane å forlengje handlingsprogramperioden t.o.m. 2006 for å vidareføre det nordiske plansamarbeidet, særleg med fokus på byutvikling. Desse temaa vil bli tekne opp:

- berekraftig forvaltning av byar
- funksjonelle byregionar
- miljø og kultur som drivkraft i byutvikling

Gjennomføringa skjer gjennom ein serie seminar der erfaringar og eksempel frå kvart av dei nordiske landa blir presenterte og samanstilte. Arbeidet blir avslutta med ein oppsummeringsrapport hausten 2006.

### *Iverksetjing av den europeiske landskapskonvensjonen*

Den europeiske landskapskonvensjonen tok til å gjelde 1. mars 2004. Noreg, Danmark og Finland har no ratifisert avtalen, og Sverige har sett i gang arbeidet med å greie ut korleis landskapskonvensjonen kan innførast i Sverige.

Miljøvernministrane vedtok på møte i februar 2003 at embetsmannskomiteen for miljø skal drive det nordiske samarbeidet om konvensjonen vidare. Det vart òg peika på at det er viktig at ein gjennom det nordiske samarbeidet medverkar til å fremje implementeringa og utviklinga av landskapskonvensjonen og til å få konvensjonen sett i kraft. Etter at Noreg arrangerte det første nordiske seminaret om landskapskonvensjonen i 2004, blir det no planlagt eit oppfølgingsseminar i Sverige i 2006/2007. Tema vil vere korleis landskapskonvensjonen kan implementerast gjennom nasjonal, regional og lokal politikk og planlegging i dei nordiske landa. Det blir lagt vekt på at dette krev tverrfagleg samarbeid og utfordrar samhandlinga mellom forsking og forvaltning. Nordisk planstyremskmøte fungerer som eit nettverk for det nordiske samarbeidet om landskapskonvensjonen.

### *Bærekraftig mobilitet*

I 2001 vart det oppretta ei eiga temagruppe for bærekraftig mobilitet under NMR. Temagruppa har arbeidd med problemstillingar om korleis miljøomsyn kan integrerast på ein betre måte i transportpolitikken. Aktivitetar med resultat som kan nyttast i resten av det internasjonale arbeidet i dei nordiske landa, vart prioritert.

I 2005 vart følgjande rapportar/prosjekt ferdigstilte:

- *Mobility management in the Nordic Countries* (TemaNord 2005:539)
- *Cost-benefit analyses of Cycling* (TemaNord 2005:556)
- *A nordic perspective on noise reduction at the source* (TØI-rapport 806/2005)
- *Betalingsveje i Norden – en oversigt* (COWI-rapport, juni 2005)
- *Environmental friendly vehicles – experiences, definitions* («pre-report» aug. 2005)
- *Environmental policy integration in Nordic transport policies* (forprosjekt)

I samband med omorganiseringa av NMR hausten 2005 vart temagruppa for bærekraftig mobilitet avvikla. Vidare samarbeid vil skje på frivillig basis utan økonomisk støtte frå NMR.

### **5.6 Frivillig sektor**

Det er ein lang tradisjon for samarbeid og nettverk mellom dei nordiske landa på området frivillig sektor, mellom frivillige organisasjoner med felles føremål, mellom forskingsmiljø og mellom det offentlege og organisasjonane.

Samarbeidet mellom styresmakter og frivillig sektor har i Noreg og Norden vore sektorbaseret. Noreg samordna i 2005 den statlege frivilligpolitikken då Kultur- og kyrkjedepartementet fekk eit koordinerande ansvar for frivillig sektor. Det kunne vere interessant å vidareutvikle samarbeidet i dei nordiske landa med tanke på å samordne spørsmål og utfordringar knytte til kva frivillig sektor bidreg med i den nordiske velferdsmodellen og kva verdi sektoren har for denne modellen.

For å auke kunnskapen om frivillig sektor i eit nordisk perspektiv bør ein sjå på om det lèt seg gjere å vidareutvikle felles forsking på området. Frivillig sektor har eit vesentleg omfang og spelar ei viktig rolle i dei nordiske landa. Det er små og få forskingsmiljø i dei nordiske landa som driv forsking om det sivile samfunnet og frivillige organisasjoner. Ein felles innsats vil kunne medverke til eit breiare perspektiv og synleggjere og auke forståinga for sektoren sitt bidrag til den nordiske velferdsmodellen.

Frivilligsentralar er ein modell for å organisere den lokale frivillige innsatsen som er å finne i Danmark, Sverige, Finland og Noreg. Det er i nordisk samanheng teke initiativ til å utarbeide eit informasjons- og diskusjonsmateriale om arbeidet på frivilligsentralane i dei nordiske landa. Noreg ved Kultur- og kyrkjedepartementet har invitert til eit nordisk nettverksmøte i samband med ein av fire regionkonferansar for frivilligsentralar. Tema for det nordiske nettverksmøtet vil vere gjensidig informasjonsutveksling og ei drøfting om vidare oppfølging. Når det gjeld samarbeid og innsats i Nordvest-Russland, har det frå norsk side vore eit konkret samarbeidsprosjekt om etablering av frivilligsentralar i Russland. Frivilligsentralar er først og fremst ein modell for å organisere og rekruttere til lokalt frivillig arbeid. Modellen vart først utprøvd i to kommunar som eit forsøksprosjekt. I dag er åtte frivilligsentralar i drift i Nordvest-Russland. Norsk Folkehjelp har vore og er ein pådrivar i arbeidet. Å vidareutvikle kontakt og nettverk mellom dei nor-

ske og russiske frivilligsentralane har vore ein del av strategien for samarbeidet.

## **5.7 Nordisk oppfølging av strategi for universell utforming**

---

Dei nordiske landa vil rette auka merksemd mot å skape eit tilgjengeleg samfunn for alle uavhengig av alder og funksjonsnivå. Handlingsprogram for «design for alle» vart vedteke av Nordisk Ministerråd i Reykjavik 25.–27. oktober 2005.

Handlingsprogrammet inneheld 17 tiltak fordelte på desse områda: ein overordna strategi, informasjon og tilkomst til nordiske institusjonar. Nordisk Råd godkjende handlingsprogrammet. Den overordna strategien inneber mellom anna at ein skal etablere perspektivet «universell utforming / design for alle» på alle nivå i Nordisk Ministerråd.

Universell utforming er ein langsiktig strategi for å endre samfunnet mot eit ope og inkluderande samfunn.

Eit slikt samfunn blir skapt gjennom generelle tiltak og som ein naturleg del av produktdesign, arkitektur, samfunnsplanlegging og service. Arbeidet med universell utforming set fokus på å prøve å få til løysingar som er tilgjengelege for så mange

som råd er, for å minske behovet for spesielle løysingar og tilpassingar i ettertid. Brei medverknad i planlegginga og gjennomføringa av tiltak innanfor transport, bygg, uteområde og IKT er nødvendig for å oppnå dette. Universell utforming er viktig for demokratiutviklinga ved å legge vekt på likeverdige sjansar til å få informasjon og kunne vere aktiv i samfunnet. Dette er viktige verdiar i den nordiske samfunnsmodellen. Universell utforming byggjer òg opp om ulike aspekt ved berekraftig utvikling.

I samband med det norske formannskapsåret i 2006 er universell utforming prioritert som ei viktig side ved den nordiske velferdsmodellen. Det er frå norsk side teke initiativ til ei rekke prosjekt for å fremje det nordiske samarbeidet som er knytt til universell utforming. Prosjekta rører òg ved nabostatane, og blir finansierte av den norske regjeringa og NMR. Av tiltaka kan nemnast: nordisk opplæring og utdanning i universell utforming, demokrati for alle, nordisk-baltisk seminar om universell utforming som nasjonal strategi, nordisk arbeidsseminar om tilgjenge og sosial berekraft.

I tillegg til desse tiltaka er ytterlegare fire prosjekt om universell utforming lagde fram for NMR. Dei tek opp desse tema: byplanlegging for alle, kulturhistoriske miljø, universell utforming i landskapskonvensjonen og konsekvensutgreiingar i planlegging.

## 6 Fagleg samarbeid

### 6.1 Kultur

Det nordiske kultursamarbeidet er under omforming. Ein tid- og arbeidskrevjande prosess har prega kultursektoren i 2005 og 2006. Målet er eit fornya og forbetra nordisk kultursamarbeid. I 2003 tok dei nordiske kulturministrane initiativ til å reformere det nordiske kultursamarbeidet med sikte på ein struktur som er betre tilpassa dagens behov og forventningar når det gjeld eit moderne nordisk kultursamarbeid. Ei arbeidsgruppe nedsett av Nordisk Ministerråd arbeidde fram eit forslag til ny struktur for det fellesnordiske kulturområdet. MR-K gjorde i juni 2005 eit prinsippvedtak om ny struktur, som vart følgt opp med ei endeleg avgjerd i oktober 2005. Den nye strukturen trer i kraft 1. januar 2007. Verksemda på kulturområdet i 2006, som vil vere eit overgangsår, er prega av førebuingar med sikte på avvikling av den gamle strukturen og oppbygging av den nye. Formannskapen, i samarbeid med sekretariatet i Nordisk Ministerråd, har ei sentral rolle i arbeidet med å leggje til rette for innføringa av den nye strukturen. Det har vore ført ein brei dialog med dei aktuelle nordiske institusjonane, komiteane og samarbeidsorgana og med Nordisk Råd. Det har òg vore halde nasjonale dialogmøte med kultursektoren. Den nye strukturen skal innrettast slik at han er enkel og brukarvennleg.

Strukturreforma inneber at ein går frå ein sektorbasert struktur til ein struktur basert på tidsbundne, tematiserte program. Dei såkalla samarbeidsorgana – styringsgruppene for mediesaker, barn og unge og kulturprosjekt i utlandet – er nedlagde frå 1. januar 2006. Policy-funksjonane til samarbeidsorgana vil bli varetekne i den nye strukturen. Dei kunst- og kulturfaglege komiteane Nordbok, Nordscen, NIFCA, NOMUS og Nordisk museumskomite vert nedlagde frå 1. januar 2007. Dei nordiske husa og institutta på Island, Færøyane, Grønland, Åland og i Finland vil bestå. Husa og institutta fungerer som hjørnestinar i kultursamarbeidet. Som ledd i arbeidet med reforma innår ei vurdering av kva for nye oppgåver desse kulturinstitusjonane kan tilførast.

Arbeidet med strukturreforma involverer mange aktørar, og ulike arbeidsgrupper og policygrupper er nedsette for å handtere dei mange prosessane som skal føre til at den nye strukturen skal vere på plass 1. januar 2007. Det blir arbeidd målretta og aktivt med utvikling av nye program. Dette gjeld både innhaldet i programma og forvaltninga av dei. Nordisk dataspelprogram vart etablert 1. januar 2006, jf. omtale av mediesamarbeidet nedanfor. Eit breitt program for mobilitets- og residensverksemrd er under utvikling, og skal starte opp hausten 2006. Det vert lagt opp til eit fleksibelt program der tyngdepunkt og satsingsområde kan prioriterast etter som det oppstår nye behov eller nye innretningar i det nordiske kunst- og kultursamarbeidet. Dette programmet vil kunne overta ein stor del av dei mobilitetsfunksjonane som kunstkomiteane har teke hand om. Programmet vil ha tre hovudmodular: mobilitetsstøtte til personar, til nettverk og til samarbeidssirkelen for kunstnarresidensane. Nordisk kunstnarsenter, Dalsåsen, som blir nedlagt som nordisk institusjon, vil inngå i det nye programmet. Eit program for støtte til kunstsamarbeidet er òg under utvikling. Ei arbeidsgruppe med deltaking frå alle nordiske land og sjølvstyrte område, som representerer ulike delar av kultursektoren, la fram rapport med forslag til innretning av eit «kunstprogram». Til grunn for forslaga frå arbeidsgruppa ligg m.a. «testamenta» frå kunstkomiteane. Det vil vere naturleg å sjå ei kopling mellom mobilitetsprogrammet og programmet for støtte til kunstsamarbeid. Den vidare utviklinga av kunstprogrammet skjer i samråd og samarbeid med kunst- og kulturfeltet i Norden. Det er òg sett ned ei policy-gruppe, under leiing av den norske formannskapen, som skal vurdere dei sjølvstyrte områda og den særlege situasjonen dei står i med omsyn til den nye strukturen.

Nordisk kulturforum, som skal vere eit bindeledd mellom og dialogverktøy for kulturfeltet i Norden og Nordisk Ministerråd, vart arrangert for første gong i februar 2006. Kulturforumet samla deltakarar frå eit breitt spekter av kulturfeltet i Norden, og hovudpunktet på dagsordenen var strukturreforma.

Parallelt med reformprosessen blir det arbeidd med ein handlingsplan for det nordiske kultur- og mediesamarbeidet for 2007–2009. Planen skal behandlast av kulturministrane hausten 2006. Eit sentralt mål for kultur- og mediesamarbeidet i dei kommande åra vil vere å konsolidere den nye strukturen og sjå til at han fungerer på ein tenleg måte og støttar dei måla kulturministrane har sett for samarbeidet.

### *Mediesamarbeidet*

Nordisk Ministerråd arbeider for eit nordisk samarbeid på det mediepolitiske området både i Norden og i høve til internasjonale organ og institusjonar. Samarbeidet går først og fremst ut på informasjonsformidling og erfaringsutveksling om medieutviklinga i Norden og internasjonalt, og på å gjennomføre fellesnordiske initiativ på områda film og medium. Målet er å styrke og utvikle det nordiske samarbeidet på film- og medieområdet. Dette gjeld også i forholdet til EU ettersom mange av spørsmåla på området film og medium i dei nordiske landa er aktuelle spørsmål som blir behandla i EU-samanheng. Eit strategisk satsingsområde er utvikling av dataspel for barn og unge. Programmet, som blir igangsett i 2006, skal sikre tilgangen til kvalitetsmateriale med eit tydeleg nordisk innslag når det gjeld dataspel for barn og unge. Den første fasen (2006–2008) etablerer programmet og basisverksemda. Dette omfattar stadig «overvaking» av tilsvarande verksemd utanfor Norden og innanfor andre medium. Andre prioriterte område er diskusjon av allmennkringkasting i dei nordiske landa, digitalisering og mediekonvergens, interaktive og nye medium og å sikre kvalitetsproduksjon for barn og unge innanfor film og medium generelt. På mediefeltet får reforma mindre å seie. Nordisk film- og TV-fond og Nordicom blir vidareførte. Kursverksemda ved Nordisk Journalistcenter blir vidareført med endra forvaltning av verksemda. Styringsgruppa for medium er nedlagd frå og med 1. januar 2006. Policy-funksjonane til styringsgruppa vil bli varetakne i den nye strukturen.

### *Idrettssamarbeidet*

Dei nordiske ministrane med ansvar for idrett skrev under ein idrettsavtale i 2003. Avtalen byggjer på ein tidlegare avtale om idrettssamarbeid frå 1994.

Det er nært samarbeid mellom styresmaktene innanfor idrettssektoren i Norden. Det blir halde eit fellesnordisk møte kvart halvår med nordiske embetsmenn i departementa med ansvar for idrett. Dei nordiske idrettsorganisasjonane deltek som

observatørar på annakvart møte. Samarbeidet omfattar primært gjensidig orientering og utveksling av informasjon, men også drøfting av konkrete saker med sikte på fellesnordiske standpunkt i internasjonale idrettsspørsmål.

Det vert lagt vekt på å styrke og utvikle den nordiske dimensjonen i idrett. Sentrale mål i denne samanhengen er idrett for alle, vektlegging av etiske grunnprinsipp og retten til å delta ut frå dei føresetnader enkeltindividet har. Kvart år blir det arrangert eit nordisk anleggskonferanse med deltaking frå styresmaktene og idretten. På konferansen blir det informert og orientert om utbygginga av idrettsanlegg i kvart land.

Ministerrådet har for 2006 løyvd 1 253 000 DKK til nordisk idrettssamarbeid. Hovudføremålet med løvinga er å støtte idrettssamarbeidet mellom Grønland, Island og Færøyane og mellom dei vestnordiske landa og Norden elles ved å gjere det lettare for barn og unge å delta i idrettsstemne og idrettsarrangement. Nordisk skuleidrett og samisk idrett får også sin del av desse midlane.

Det går føre seg ei kartlegging av nordisk-baltisk idrettssamarbeid og av nordisk og baltisk forsking og forskingssamarbeid, med særleg fokus på kva idrett og fysisk aktivitet har å seie i eit integreringsperspektiv.

### *Nordisk kulturfond*

Nordisk kulturfond har som oppgåve å fremje kultursamarbeidet mellom dei nordiske landa gjennom å løyve tilskot til samarbeidsprosjekt innan allmennkultur, kunst, utdanning og forsking. Verksemda i fondet baserer seg på ein eigen avtale mellom dei nordiske landa som vart inngått i 1966. Prioriterte område er mellom anna prosjekt for og med barn og ungdom, prosjekt som fremjar nordisk språkforståing, prosjekt som fremjar bruk av nye medium, prosjekt som tek sikte på å minske framandhat og rasisme, prosjekt som blir initierte av frivillig sektor, tverrsektorielle prosjekt og prosjekt som blir gjennomførte utanfor hovudstadsregionane. Òg prosjekt som stimulerer til auka kunnskip om Nordens historie og framveksten av nye tradisjonar og den kulturarven samtida formar, har høg prioritet. I 2005 vart den første utstillinga i nysatsinga *Årets nordiske utstilling* opna. Utstillinga blir vist i dei nordiske hovudstadene, og har som tema Norden-Kongo. I 2007 planlegg fondet å gjennomføre ein konferanse om temaet kultur og helse og ein konferanse om kva frivillig sektor kan gjere for å utvikle det nordiske samarbeidet. Årets nordiske utstilling for perioden 2007–2009 er eit samarbeid mellom 11 museum på Nordkalotten.

Temaet er «lyse netter og mørke dagar», og det skal handle om korleis lyset og mørkret påverkar livet på Nordkalotten. Fondet har sett i gang eit arbeid med siktet på å effektivisere søknads- og vedyktaksprosedyrane. Som følgje av omstruktureringa av kultursektoren i Ministerrådet vil Nordisk kulturfond og Nordisk Ministerråd avklare arbeidsdelinga seg imellom.

## 6.2 Utdanning og forsking

Det norske sektorprogrammet for formannskapen 2006, «Kunnskap, fornying og verdiskaping», følgjer opp strategiplanen «Norden som føregangsregion i utvikling av menneskelege ressursar 2005–2007». Sektorprogrammet og strategien dannar grunnlaget for det nordiske utdannings- og forskingssamarbeidet, som er organisert rundt møte mellom ministrane, møte i embetsmannskomiteen og det arbeidet som går føre seg i regi av styringsgruppene (rådgjevingsgruppene) under MRU.

Styringsgruppene har i 2006 hatt følgjande hovudprioriteringar for arbeidet på dei respektive områda:

*Styringsgruppa for nordisk skulesamarbeid* (NSS) har satsing på kvalitet i grunnopplæringa, inkludert yrkesopplæringa, mobilitet og nettverksarbeid og auka samarbeid med nærområda i nord som hovudpilarar i arbeidet i 2006. NSS har særleg fokus på tiltak knytte til korleis jenter og gutter meistrar lesing, skriving og matematikk. Ein felles nordisk forskningsrapport på basis av PISA-resultata frå 2003 vart publisert i mai 2006 i tilknyting til konferansen «PISA i eit nordisk lys». Ei kartlegging av lærarutdanninga med tanke på lese- og skriveopplæring ligg føre hausten 2006, i tillegg til ein rapport om forsking knytt til desse tema. NSS har òg eit spesielt fokus på yrkesopplæringa, og arbeider med å leggje betre til rette for samarbeid om kvalitetsutvikling, mobilitet og godkjenningsordningar. Hausten 2006 blir det arrangert eit seminar for å vurdere mogeleg samarbeid om utdanningsspørsmål med Nordvest-Russland.

Samarbeid om vaksenlæring, i regi av *styringsgruppa for vaksenlæring* (SVL), har i samsvar med prinsippet om livslang læring medverka til å fremje kunnskap og kompetanse hos vaksne som grunnlag for personleg utvikling og vidare utvikling av arbeids- og samfunnsliv. Målet er auka sysselsetjing, verdiskaping og demokratisk deltaking. SVL har ansvar for Nordplus Vaksen. Det er oppretta eit nordisk nettverk for vaksenlæring (NVL) og ei samordnande eining lagd til Center för flexibelt lärande i Hässleholm, Sverige. SVL har fagleg

ansvar for denne institusjonen. SVL har teke initiativ til utvikling av eit nytt prosjekt om arbeidsplassen som læringsmiljø frå og med 2005, og ein forstudie om leseevne hos vaksne er sett i gang i 2006. SVL held fram med sin aktive medverknad i samarbeidet med dei baltiske landa og Nordvest-Russland. Hausten 2006 vil det bli arrangert ein nordisk konferanse om lærande verksemder.

Av dei mange ulike prosjekta der *styringsgruppa for høgare utdanning* (HØGUT) er involvert, kan spesielt nemnast prosjekt for felles godkjenningsordningar for utdanning, fornya mandat og midlar til grupper som følgjer med på dei nordiske studiestøtteordningane med årleg rapportering (m.a. når det gjeld grensehindringar), arbeid med utvikling av felles studieprogram og oppfølging av arbeidet med å fremje mobilitet.

HØGUT har på overordna nivå ansvar for innhald og politisk profil for høgare utdanning i Nordplus-programmet. Så godt som alle norske universitet og høgskular er på ulike måtar involverte i dette programmet. Nordplus er det viktigaste instrumentet for nordisk samarbeid innan høgare utdanning, m.a. med satsinga på felles studieprogram med høve til vidare utvikling av felles nordiske masterprogram.

Når det gjeld *IT-samarbeidet* på utdannings- og forskingsområdet, fokuserer ministerrådet på nye vilkår og område for auka bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Ministerrådet rettar i aukande grad merksemda mot den samla IT-infrastrukturen som grunnlag for utdanning og forsking i kunnskapssamfunnet. Ministerrådet har inngått partnarskapsavtale med Austersjørådet og EU i regi av *The Northern eDimension Action Plan*. NMR har hatt særleg fokus på Internett og internettbasert FoU og på indikatorar for kunnskapsamfunnet. Styringsgruppa for *The Northern eDimension Action Plan* har føreslått ei vidareføring utover 2006 med fokus på områda Internett og internettbasert FoU, «eHealth» og «eInclusion».

NordForsk vart etablert 1. januar 2005 som eit sjølvstendig organ under ministerrådet for utdanning og forsking, og erstatta Nordisk forskingspolitisk råd (FPR) og Nordisk forskarutdanningsakademiet (NorFA). NordForsk har ansvar for nordisk samarbeid innan forsking og forskarutdanning, i tillegg til samarbeid og koordinering med Nordisk InnovasjonsCenter (NICe). Dei nasjonale forskingsråda og andre organ som finansierer forsking, er saman med universiteta sentrale aktørar i NordForsk. Strategien til NordForsk vil ligge føre hausten 2006.

Fokus for samarbeidet er forskingsområde der dei nordiske landa er vitskapleg sterke og kanskje

øg verdsleiande. Føremålet er å fremje forsking av høgaste internasjonale kvalitet. Saman kan dei nordiske landa stå sterke i konkurransen om europeisk forskingsfinansiering enn som enkeltland. NordForsk lanserte støtteordningar i januar 2006. Det kan no søkjast finansiering gjennom sju ulike instrument: nordiske nettverk, nordiske nettverk av nasjonale spissforskingseininger, nordiske nettverk av nasjonale forskarskular, nordiske kursstipend, nordiske forskarkurs i nærområda, nordiske kurs for doktorgradsrettleiarar og nordiske såkornmidlar. NordForsk vil lansere ytterlegare støtteordningar innanfor områda stamcelleforskning, velferdsforskning med fokus på arbeidsmarknaden og den skandinaviske modellen og mat, ernæring og helse. Satsingane på desse områda skal samfinansierast av NordForsk og nasjonale forskingskjelder.

*Nordens språkråd* starta arbeidet med utforminga av eit grunnlagsdokument for ein ny nordisk språkpolitikk i 2004. Eit forslag om ein nordisk språkdeklarasjon er no til behandling i NMR-organa. Språkdeklarasjonen skal m.a. vere eit grunnlag for ein felles nordisk strategi for å møte trusselen om domenetap, dvs. at dei nordiske språka på visse område står i fare for å tape terreng og bli erstatta av engelsk, til dømes innanfor høgare utdanning og forsking. Det blir arbeidd for at deklarasjonen skal leggjast fram som eit ministerrådsforslag for Nordisk Råd. Nordens språkråd har overordna ansvar for nettverksprogrammet Nordplus Språk. Arbeidet med revisjon av Nordisk språkkonvensjon er i gang.

### 6.3 Miljø

#### *Nordisk miljøhandlingsprogram 2005–2008*

Det nordiske miljøhandlingsprogrammet 2005–2008 er retningsgjevande for det nordiske samarbeidet på miljøområdet. Miljøhandlingsprogrammet fokuserer på følgjande fire overordna tema:

- miljø og helse
- havet
- natur, kulturmiljø og friluftsliv
- berekraftig forbruk og produksjon

I tillegg er klima eit gjennomgående tema som rører ved alle dei fire overordna temaa.

Ei viktig målsetjing ved utarbeidingsa av miljøhandlingsprogrammet har vore at programmet skal vere miljøsektoren si oppfølging av den sektorovergripande strategien for eit berekraftig Norden. Frå norsk side er det òg lagt vesentleg vekt på

at det nye miljøhandlingsprogrammet i sterkare grad enn før skal fokusere på nordisk samarbeid i høve til ulike internasjonale prosessar.

#### *Norden og EU/EØS*

I det formelle nordiske samarbeidet i regi av Nordisk Ministerråd er EU-spørsmål eit sentralt punkt på dagsordenen i alle forum. Dagsordenen for miljørådsmøta i EU blir diskutert på møta mellom dei nordiske miljøvernministrane. Det vert òg diskutert problemstillingar og posisjonar i enkeltsaker som ligg i kommisjons- eller rádsfasen i EU, og der dei nordiske landa har samanfallande interesser og synspunkt. Sentrale EU-tema det siste året har mellom anna vore mål og strategiar for klimapolitikken, det nye kjemikalieregelverket REACH, strategien for luftforureiningar, kvikksolvstrategien, GMO-spørsmål og strategien for vern og bevaring av det marine miljøet. I dei nordiske miljøarbeidsgruppene står øg EU/EØS-spørsmål i fokus, både når det gjeld utvikling og implementering av regelverk. I tillegg har miljøvernministrane i alle dei nordiske landa i ei årrekke møtt kvarandre uformelt til frukostmøte før miljørådsmøta i EU. På dei nordiske frukostmøta blir posisjonane i dei viktigaste sakene gjennomgådde. Dessutan vert det jamleg halde uformelle bilaterale kontaktmøte på embetsmannsnivå der prioriterte saker i EU står sentralt på dagsordenen i tillegg til andre internasjonale saker.

#### *Det nordiske miljøfinansieringsselskapet (NEFCO)*

NEFCO er etablert med det føremål å fremje miljøinvesteringar i nærområda til Norden. Det primære området er Nordvest-Russland, med hovedvekt på russisk del av Barentsregionen og Austersjøregionen. Etter at dei baltiske landa og Polen er blitt medlemmer i EU, blir prosjektaktiviteten i desse landa trappa ned.

NEFCO kan medverke med eigenkapital, lån eller garantiar eller ein kombinasjon av desse gjennom støtte frå investeringsfondet, miljøutviklingsfondet eller *Testing Ground Facility*. Ei evaluering som vart lagd fram for miljøvernministrane på ministermøtet i februar 2001, viste at NEFCO på ein effektiv måte oppfyller måla både finansielt og miljømessig. Dei nordiske miljøvernministrane vedtok på møtet i oktober 2003 at Finland, Island, Noreg og Sverige skal auke grunnkapitalen i NEFCOs investeringsfond for perioden 2004–2007.

NEFCOs investeringsfond vart etablert i 1990 for å gjennomføre kostnadseffektive miljøprosjekt i nærområda til Norden, og går inn med investeringar, lån eller garantiar i økonomisk lønsame miljø-

prosjekt. Fondet yter tilskot til gjennomføring av prosjekt i Russland og Ukraina som medverkar til reduserte vassutslepp, langtransporterte luftforureiningar og klimagassutslepp. Det er ein føresetnad at alle prosjekt involverer ein nordisk partner i eit langsiktig samarbeid.

Nordisk Ministerråd, miljøvernministrane (MR-M), oppretta i 1996 *Nordisk miljøutviklingsfond* for finansiering av miljøvernprosjekt i Barents- og Austersjøregionen. Fondet blir administrert av NEFCO. Miljøvernministrane i dei nordiske landa vedtok i august 2004 at fondet skal vidareførast i tre år og tilførast eit tilskot frå dei nordiske landa på ca. 14 mill. DKK årleg. I tillegg kjem midlar frå Nordisk Ministerråd.

Fondet vert brukt til å «subsidiere» miljøinvesteringar som elles ikkje ville blitt gjennomførte, og fungerer difor som støtte til andre økonomiske verkemiddel som NEFCO og andre internasjonale finansinstitusjonar forvaltar. Det er gjort ei intern evaluering av fondet som viser at bidrag frå fondet har vore avgjerande for å få gjennomført viktige miljøprosjekt i Nordvest-Russland og dei baltiske landa. Eksempel på prosjekt er innsamling og destruering av PCB, energiøkonomisering og revolverande fond for investeringar i miljøteknologi som oppfølging av reinare produksjonsprogram. Det er såleis god synergি med norske bilaterale prosjekt og prosjekt i Arktisk råd og Barentsrådet.

*Testing Ground Facility* (TGF) vart etablert i 2004, og er eit klimafond som skal finansiere miljøprosjekt som medverkar til reduserte klimagassutslepp. Fondet vart oppretta i tilknyting til samarbeidet mellom Austersjølanda for å fremje Joint Implementation, ein fleksibel mekanisme under Kyotoprotokollen. Det er særleg lagt vekt på prosjekt i energisektoren. TGF vil særleg konsentrere seg om Russland og Ukraina.

I 2004 vart det òg etablert ein *Barents Hot Spot Facility* (BHSF), og NEFCO fekk eit nytt forvalningsoppdrag frå miljøvernministrane i Barentssamarbeidet. Målet er å identifisere og gjennomføre utsleppsreduksjonar ved større alvorlege industriutslepp («Hot Spots») i Nordvest-Russland innan 2013.

### Arbeidsgruppene

Arbeidsområda til gruppene dekkjer eit breitt spekter av miljøsaker, og aktivitetane i 2005–2006 har som tidlegare vore orienterte både mot tradisjonelt nordisk samarbeid, samarbeid i tilknyting til utviklinga i EU og nærområda til Norden og internasjonalt miljøsamarbeid elles. Utgangspunk-

tet for arbeidet i gruppene har vore det nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2005–2008.

### Nordisk gruppe for produkt og avfall (PA-gruppa)

Sentrale element i arbeidet til PA-gruppa er å medverke til at både avfalls mengdene og innhaldet av helse- og miljøfarlege kjemikaliar i avfall blir reduserte, samtidig som ressursane i avfallet blir betre utnytta. Hovudarbeidsområda til gruppa er produkt, avfall og miljøteknologi. Gruppa jobbar for å fremje nordisk samarbeid med fokus på samanfalande politikk og strategiutvikling, kunnskapsutvikling og miljøøkonomiske og tekniske prosjekt med felles nytte- og informasjonsverdi. Av pågående prosjekt kan nemnast tre prosjekt i samband med gjennomføringa av EU-direktivet om deponeering av avfall og eit prosjekt som gjeld miljøleiings-system i mindre verksemder. Gruppa legg stor vekt på koordinering og utarbeiding av nordiske synspunkt og innspel i samband med pågående arbeid i EU/EØS og andre internasjonale organisasjonar. Gruppa har m.a. delteke i arbeidet med oppfølging av EU-direktivet om elektrisk og elektro-nisk avfall, og jobbar stadig med innspel til utarbeidingsa av BREF-dokument, m.a. «BAT reference»-dokumentet om jern og stål. I tillegg har ein planar om å gjennomføre eit prosjekt om definisjonar av avfall, som er venta å bli eit viktig innspel til diskusjonane om det nye EU-rammedirektivet for avfall. Noreg ønskjer at PA-gruppa i året som kjem, særleg legg vekt på pågåande saker i EU.

I samband med det nye nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2005–2008 har PA-gruppa gjennomgått sine arbeidsmetodar og omorganisert strukturen for å sikre ei best mogeleg gjennomføring av målsetjingane med miljøhandlingsprogrammet. Talet på undergrupper er redusert frå 13 til 7, og arbeidet i undergruppene vil bli meir sentralstyrta enn tidlegare. Det skal utarbeidast ein treårig handlingsplan for gruppa med rammer for aktivitetane i heile programperioden.

### Natur-, friluftslivs- og kulturmiljøgruppa (NFK)

Hovudarbeidsområda for arbeidsgruppa er biologisk mangfold og genetiske ressursar, friluftsliv, landskap og kulturmiljø. NFK dekkjer eit svært breitt emneområde, og ein søker å målrette aktivitetane med færre og større innsatsar som kan tene til å realisere det nordiske miljøhandlingsprogrammet (MHP) for 2005–2008, og som samtidig har stor nordisk nytteverdi når det gjeld forvaltning og formidling av problema innanfor dei to hovudområda. Prosjekt som inneber nordiske innspel eller medverkar til nordisk implementering av interna-

sjonale avtalar, har høg prioritet. NFK vil legge auka vekt på samarbeid med dei relevante nordiske og nasjonale frivillige organisasjonane for å sikre ei brei, folkeleg, nordisk forankring av MHP 2005–2008. I fleire av prosjekta samarbeider NFK med andre nordiske arbeidsgrupper, særleg miljø, jord- og skogbruk (MJS), miljø og fisk (MiFi) og miljøovervaking og data (NMD). I tillegg til sektorsamarbeidet har prosjekt med relevans for EU/EØS og nordområda/Arktis vore prioriterte. Prosjekt innanfor Norden har bygd nettverk mellom personar i forvaltingane og vore til nytte nasjonalt i dei enkelte landa.

Det er gjeve støtte til nordiske initiativ for oppfølging av internasjonale naturavtalar. Her inngår mellom anna eit stort nordisk-baltisk prosjekt som gjeld framande artar. Samarbeidet om ein politikk for genmodifiserte organismar er eit anna eksempel på dette. For å informere om internasjonale avtalar på natur- og kulturminneområdet blir det gjeve ut ein informasjonsfaldar om avtalane på alle dei nordiske språka. Det blir òg gjort ein felles nordisk innsats for å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010, m.a. med fokus på kva lokalsamfunna kan gjere i ein slik samla innsats. Eit viktig prosjekt rettar søkjelyset mot klimaendringane og kva konsekvensar dei får for natur- og kulturmiljø i Norden. Det er òg teke initiativ til fleire prosjekt som gjeld samanhengane mellom oppvekstmiljø for barn og unge, friluftsliv og folkehelse.

På kulturmiljøfeltet er det prosjekt i gang innan skogbruk og kulturmiljø, ei digital formidling av vikingtida og eit samarbeid med nærområda om Kulturminnedagen. I tillegg er det frå norsk side teke initiativ til årlege nordiske samlinger for nordiske kulturmiljøforvaltarar.

NFK vil i åra framover vidareføre eit tett samarbeid med andre arbeidsgrupper. 2010-målet for tap av biologisk mangfald vil framleis stå sentralt. Arbeidet med konsekvensane av klimaendringar på natur og kulturmiljø skal utvidast. Det gode nordiske samarbeidet om oppfølginga av verdsarvkonvensjonen skal vidareførast. Ei vidare oppfølging av samarbeidet om gjennomføringa av landskapskonvensjonen er under planlegging. På kulturminneområdet vil oppfølging av det målretta nettverks-samarbeidet bli viktig. Arbeid med ulike samanhengar mellom kulturmiljø, naturmiljø og verdiskaping blir vidareført. Etablering av eit livskraftig nettverk av nordiske NGO-ar på kulturminneområdet har òg prioritet. Koplinga mellom friluftsliv og helse vil bli vidareført, med fokus på barn og unge og på mobiliseringstiltak. Noreg prioriterer å

utvide samarbeidet på helseområdet til òg å gjelde samanhengane mellom friluftsliv og psykisk helse.

Dei siste prosjekta i den nordiske handlingsplanen for natur- og kulturmiljøvern i Arktis og på Grønland, Island og Svalbard blir avslutta i 2005/2006. Til saman er det gjennomført ni prosjekt etter handlingsplanen.

#### *Hav- og luftforureiningsgruppa*

Det nordiske samarbeidet i hav- og luftforureiningsgruppa er først og fremst retta inn mot arbeid i EU, regionale konvensjonar og handlingsplanar som skal bidra til ein best mogeleg miljøtilstand på hav- og luftområdet i Norden og nærområda. Gruppa har som si fremste oppgåve å få utarbeidd vitskapleg basert underlagsmateriale for felles nordisk innsats i internasjonale organ og forhandlinger.

Hovudsatsingsområda for gruppa er forsuring, bakkenært ozon, partikkelforureining, eutrofiering i marine miljø og berekraftig utnytting av havressursane. Vidare har gruppa noko aktivitet knytt til utslepp og spreiling av organiske miljøgifter og tungmetall. Gruppa samarbeider òg med andre grupper under Nordisk Ministerråd, særleg kjemikaliegruppa (NKG), miljøovervakings- og data-gruppa (NMD) og miljø- og fiskerigruppa (MiFi), for å utvikle ein meir heilskapleg innfallsvinkel til miljøproblema.

På luftområdet er innsatsen i hovudsak retta mot å skaffe fram det faglege grunnlaget for revisjon av Göteborgprotokollen av 1999 under konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining (LRTAP), av EU-direktivet om nasjonale tak for utslepp av visse forureinande stoff til luft (NEC-direktivet) og dei ulike direktiva om lokal luftkvalitet. Frå norsk side blir det i dette arbeidet særleg lagt vekt på å utvikle nye avtalar som kan medverke ytterlegare til reduksjon av forsuringssbelastninga og av tilførslene av partikkelforureining og stoff som er med på å danne bakkenært ozon.

Det vert òg lagt vekt på samarbeid om ulike tiltak for å redusere utsleppa til luft. Prosjektverksmeda i gruppa var i 2005 særleg retta mot forbetring av det faglege grunnlaget for modellering av nye avtalescenario. I 2007 vil gruppa prioritere arbeid med å få betre oversikt over alternative scenario for energibruk og utslepp, m.a. basert på gjennomføring av Kyotoprotokollen og mogelege klimaavtalar etter Kyoto-perioden. Vidare blir det lagt vekt på arbeid med å betre kunnskapen om partikkelforureining og hemisfærisk spreiling av luftforureiningar. På tiltakssida vil gruppa arbeide

med underlag til ein mogeleg europeisk standard for utslepp av partiklar frå vedomnar.

Hav- og luftforureiningsgruppa arbeider med å utvikle ein nordisk marin strategi som m.a. omfattar arbeidet med å legge det faglege grunnlaget til rette for eventuelt å utvikle effektbaserte avtalar med sikte på å redusere forureinande tilførsler til kystnære havområde. Som ledd i dette arbeidet har gruppa lagt opp til ei langsiktig sat sing på å utvikle modellar for å berekne eutrofieringsverknaden av næringssalttilførsler. Noreg legg stor vekt på å utvikle ei heilskapleg, økosystembasert forvaltning av havmiljø og ressursar slik det er utlagt i *St.meld. nr. 12 (2001–2002) Rent og rikt hav og i St.meld. nr. 8 (2005–2006) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten (forvaltningsplan)*. Forvaltningsplanen er ei konkretisering av det norske arbeidet med økosystembasert forvaltning av havområda. Her står samarbeidet med MiFi sentralt.

Arbeidet på havområdet rettar seg primært mot Helsinkikonvensjonen om vern av det marine miljøet i Austersjøen (HELCOM) og konvensjonen om vern av det marine miljøet i det nordaustlege Atlanterhavet (OSPAR). Gruppa har spesielt fokusert på påverknader og effektar, både med omsyn til næringstoff (eutrofiering) og miljøskadelege stoff. Gruppa har det siste året prioritert arbeid knytt til EU-rammedirektivet for vatn og utviklinga av marinstrategien til EU. Dei seinare åra er det igangsett fleire viktige prosjekt knytte til det marine arbeidet i EU, spesielt utvikling av nordiske «verktøy» som kan brukast i implementeringa av rammedirektivet for vatn.

Gruppa vil i 2007 arbeide vidare med å skaffe fram fagleg grunnlag for tiltak mot eutrofiering av dei nordiske kystområda og dei opne havområda. Det blir elles lagt vekt på å styrke det nordiske samarbeidet om berekraftig utnytting av havressursane, m.a. ved å skaffe meir kunnskap om forholda og prosessane i dei marine økosistema og ved å styrke kompetansen hos dei nordiske miljøstresmaktene om økosystembasert forvaltning av havmiljøa.

Hav- og luftforureiningsgruppa samarbeider med NKG om strategiar og tiltak for å redusere utsleppa av miljøgifter til hav, og med NMD om eit prosjekt for kartlegging av POP-ar i sjøfugl. I tillegg blir det samarbeidd med MiFi om marinstrategidirektivet til EU (EMS-direktivet). Gruppa vil i 2007 prioritere kartleggingsarbeidet i nordområda og i Arktis, spesielt med omsyn til POP-ar og tungmetall, og vil bidra med underlag til Nordisk Minis-

terråds strategi for den nordiske innsatsen i Arktis og det nordiske arbeidet under Arktisk råd.

#### *Nordisk kjemikaliegruppe (NKG) 2005–2006*

Ein stor del av den nasjonale kjemikaliereguleringa har bakgrunn i internasjonale forhandlingar og avtalar. Grunnleggjande oppgåver for NKG og dei tilknytte prosjektgruppene er å arbeide for å minimere helse- og miljørisikoen ved produksjon, bruk og avfallshandtering av kjemikaliar. Det nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2005–2008 dannar ramma for arbeidet, spesielt innanfor temaområdet miljø og helse. NKG arbeider for å:

- auke kunnskapen om kjemikaliar med sikte på tryggare bruk
- skape grunnlag for koordinerte nordiske innspel til internasjonale forhandlingar (EU, OECD og FN i tillegg til dei internasjonale miljøkonvensjonane)
- utvikle nye metodar og databasar for meir effektiv risikobedømming og -handtering

NKG fokuserer på aktivitetar på område der det vert utvikla ny politikk eller nytt regelverk. Hovuddelen av NKG-arbeidet er innretta på eit høgare ambisjonsnivå i EU/EØS-arbeidet. Mange av aktivitetane til NKG har medført eller vil medføre reduserte utslepp og minska bruk av kjemikaliar, og har samtidig gjeve auka kunnskap om kjemikaliar i prosessar og varer. NKG har i 2005–2006 satsa spesielt på aktivitetar i tilknyting til den nye EU-lovgjevinga om kjemikaliar, REACH. I samband med dette arrangerte NKG eit arbeidsseminar i 2005 for å sikre vidare nordisk innsats i REACH-arbeidet og førebu nordiske styresmakter på implementeringa av REACH i nasjonalt regelverk. Prosjektgruppene har teke konklusjonane med i sitt vidare arbeid, og det er fokusert sterkare på EU-behandlinga av eit nytt klassifiserings- og merkjesystem (Global Harmonized System) og innføringa av dette i REACH, og på plikta for medlemsstatane til å yte rådgjeving og hjelp til nasjonal industri ved innføring av REACH (HelpDesk). Eit eige arbeidsseminar om HelpDesk blir halde i 2006.

Noreg har stått i spissen for arbeidet med ein NKG-finansiert studie av kva positive helse- og vekstverknader ei forbetra kjemikalieforvaltning kan ha i U-land. Ein førebels rapport med tittelen *Chemicals and Development: Health and Economic Benefits of Sound Chemicals Management* vart publisert til ministermøtet som vedtok ein ny global kjemikaliestrategi (SAICM) i Dubai i februar 2006. Det er venta at arbeidet kjem til å styrke kopplinga mellom kjemikaliar og bistand.

Erfaringane viser at utsiktene til å oppnå resultat internasjonalt er betre når det vert fremja koordinerte og fagleg godt underbygde fellesnordiske synspunkt. Det nordiske kjemikaliearbeidet gjennom NKG har i høg grad vektlagt informasjon utetter og resultert i ei rekke publikasjoner og brosjyrar. Desse er tilgjengelege på NKG-sidene på Internett: <http://www.norden.org/kjemikaliegruppen/sk/kjemikaliegruppen.asp>

Dei viktigaste konkrete områda for NKG framover vil vere:

- å halde fram med å påverke kjemikaliepolitikken i EU i tråd med nordisk strategi, særleg i parlaments- og rådsbehandlinga av det nye kjemikalierelverket for EU (REACH)
- å påverke til ei vidare heving av vernenivået i lovgjevingsprosessen i EU
- å påverke konvensjonsarbeidet i UNEP/POP i tråd med nordiske interesser
- å påverke arbeidet med kvikksølv og andre tungmetall som går føre seg i UNEP
- å følgje «emerging issues» som oppstår nasjonalt, mellom anna problemstoff som PFAS, bromerte flammehemmarar og «nye» effektar (hormonhermande effektar)
- å vidareutvikle informasjonsflyten mellom landa, mellom anna gjennom nordisk produktregisterksamarbeid, og å vidareføre arbeidet med databasar for helse- og miljøskadelege stoff. Ei utgreiing om sterke og svake sider ved dei nordiske produktregistera med tanke på etablering av kjemikalieregister etter REACH blir gjennomført i 2006
- å auke kunnskapen om miljøeigenskapane ved kjemikaliar i legemiddel og kosmetikk gjennom nordisk samarbeid

#### *Gruppa for miljøovervaking og data (NMD)*

Gruppa har som sine overordna målsetjingar:

- å medverke til eit betre grunnlag for å vurdere kor effektiv den miljøpolitiske innsatsen er
- å skaffe fram utgreiingar og vurderingar når det gjeld miljøtilstand, belastningar og utviklingstendensar
- å medverke til meir effektiv overvaking av miljøet i Norden
- å identifisere og vurdere ulike miljøtruslar
- å medverke til betre forståing av kva menneskeleg påverknad fører til

Gruppa arbeider med utvikling av metodar og prinsipp for overvaking og handtering av miljødata, utvikling og bruk av miljöindikatorar og rapportering av miljøtilstanden. Stort sett er arbeidet lang-

siktig og gjev resultat i form av strategiske verke-middel til bruk i kvart land. Dei prioriteringane som kjem til uttrykk i arbeidsprogrammet til gruppa, gjev eit godt bilete av dei norske prioriteringane.

NMD har i 2005 retta arbeidet sitt mot tre av temaa i miljøhandlingsprogrammet: biologisk mangfald og genetiske ressursar, havet, miljø og helse. Gruppa har i 2005 lagt fram fleire rapportar, og prosjektverksemda gjennom året har dessutan produsert resultat til bruk i internasjonale forum, t.d. GISP (Global Invasive Species Programme) og kjemikaliegruppa i EU. Alle prosjekta gruppa har arbeidd med i 2005, er avvikla i samarbeid med dei andre arbeidsgruppene.

Av dei viktigaste resultata frå verksemda i gruppa i 2005 kan nemnast:

- bidrag til brei formidling via *National Geographic* av kunnskap om korleis invasive artar påverkar naturen i m.a. dei nordiske landa
- definerte måleparametrar som kan fastsettast tilstrekkeleg sikkert til å vere brukande til overvaking av kystsona i samband med EU-rammedirektivet for vatn
- oppstart av eit viktig arbeid med å kartleggje korleis oppdrettsnæringa påverkar det omkringliggjande miljøet, med særleg fokus på medisinar, biocid og miljøgifter frå føret som blir brukt
- bidrag til utarbeiding av indikatorrapporten i tilknyting til den nordiske strategien for berekraftig utvikling

I tillegg vart det i 2005 gjeve ut fire andre sluttrapportar, og fleire prosjekt er avslutta. Arbeidet som gruppa gjer med utvikling av miljøovervakingsmetodikk for dei arktiske områda i Norden, blir koordinert etter NMR-handlingsprogrammet for Arktis og omfattar aktivitetar på Grønland, Island og Svalbard.

#### *Arbeidet med miljøkonsekvensutgreiingar*

For å følgje opp det nordiske samarbeidet på dette området er eit nettverk for konsekvensutgreiing, strategiske konsekvensutgreiingar og regional utvikling, Nordisk nätverk för miljökonsekvensbeskrivning (MKB) och regional utveckling, vidarefört. Nettverket blir administrert ved *Nordic Centre for Spatial Development (Nordregio)*.

Konsekvensutgreiingar er eit internasjonalt anerkjent verkemiddel i miljøpolitikken. Diskusjoner om berekraftig utvikling og det fokuset som m.a. EU no set på regionalt balansert samfunnsutvikling, har aktualisert integrering av miljøspørser-

mål i andre planleggings- og politikkområde. Nettverket vil i den kommande perioden spesielt fokusere på den sektorovergripande og regionale tilnærminga til konsekvensutgreiingar og arealplanlegging. Dette er interessant òg i lys av lovutviklinga i EU og i Noreg.

Nettverket har til hovudføremål å medverke til at konsekvensutgreiingar blir utvikla som instrument for analyse, planlegging og avgjerdstaking i nordisk og internasjonal samanheng. I tillegg skal nettverket danne ein nordisk basis for informasjons- og erfaringsutveksling mellom forvaltarar, brukarar og forskarar og for forskings- og utviklingsprosjekt. Nettverket skal òg vere med på å formidle nordiske erfaringar i internasjonale samanhengar. For å nå desse måla koordinerer og tilbyr det nordiske nettverket for MKB eit elektronisk nyhetsbrev, seminar, konferansar og forskings- og utviklingsprosjekt.

Med jamne mellomrom (tredje-/fjerdekvart år) blir det arrangert ein nordisk konferanse om konsekvensutgreiingar. I mai 2006 vart det arrangert ein nordisk konferanse integrert i ein internasjonal fagkonferanse i regi av *International Association for Impact Assessment* i Stavanger. Det nordiske nettverket for MKB hadde ei sentral rolle i arbeidet med å utforme det faglege innhaldet i konferansen, og vil gjere sitt for å vareta det nordiske perspektivet.

#### *Atomtryggleik og radioaktivt avfall*

I dei nordiske nærområda finst det ei rekke atominstallasjonar og store mengder radioaktivt avfall som dels er ei kontinuerleg kjelde til radioaktiv forureining, men som framfor alt representerer ein fare for ulukker og andre hendingar som kan føre til alvorleg radioaktiv forureining av nordiske område. Den største forureiningsfarene er knytt til høgrisikoreaktorar ved atomkraftverk som er i drift på Kola, ved St. Petersburg og i Litauen, og til dei store lagera av høgaktivt atomavfall ved reprosesseringasanlegga for bruk atombrensel i Sellafield og La Hague. Andre potensielle kjelder til forureining er reaktorar om bord på atomdrivne fartøy og store mengder brukt kjernebrensel og atomavfall som hopar seg opp i Nordvest-Russland. Øg sjøtransport av brukt brensel og anna høgradioaktivt materiale er ei potensiell kjelde til forureining i nordiske farvatn. Opninga for import av brukt kjernebrensel til Russland kan føre til at slike transportar vil utgjere ein større risiko i nordiske farvatn enn tilfellet er i dag.

Den noverande forureininga av nordiske landområde skuldast primært nedfall etter atmosfæ-

riske prøvesprengingar på 50- og 60-talet og radioaktivt nedfall frå Tsjernobylulykka våren 1986. Historiske utslepp har stått for det meste av forureininga òg i det marine miljøet. Utslepp frå dei vest-europeiske reprosesseringasanlegga for bruk kjernebrensel, og då særleg anlegget i Sellafield, er dei viktigaste noverande kjeldene for utslepp til det marine miljøet. Dei samla radioaktive utsleppa frå reprosesseringasanlegga er reduserte ein god del sidan slutten av 70-talet. Derimot auka utsleppa av det radioaktive stoffet technetium-99 frå Sellafield kraftig frå midt på 90-talet. Dette førte til auka nivå av technetium-99 i marine organismar som tang og hummar i nordiske kystfarvatn. Desse utsleppa er no stansa. Nivå av technetium-99 i nordiske kystfarvatn er no minkande, og er venta å gå ytterlegare ned i åra som kjem. Samarbeid på ministernivå og samordna nordisk innsats i aktuelle internasjonale forum har i denne og andre samanhengar hatt mykje å seie for arbeidet med å redusere utsleppa av radioaktive stoff frå reproseseringasanlegg i nærområda rundt Norden.

Av dei nordiske landa er det berre Sverige og Finland som produserer atomkraft. Noreg har to mindre forskingsreaktorar i Halden og på Kjeller. Utsleppa frå atominstallasjonar innanfor Nordens grenser er i dag svært små. Tryggleiksnivået er dessutan høgt, slik at faren for alvorlege ulukker og større utslepp frå nordiske atominstallasjonar er liten. Det er i dag ikkje noko formalisert samarbeid under Nordisk Ministerråd når det gjeld arbeid med kjernetryggleik og atomavfall i Norden. Under Nordisk kjernetryggleiksundersøking (NKS) finst det fleire forskingsprogram som spesielt fokuserer på kjernetryggleik og beredskap mot atomulukker, men dette samarbeidet ligg ikkje under NMR. Det går òg føre seg eit visst samarbeid mellom dei nordiske landa på prosjektnivå, særleg når det gjeld tiltak retta mot risikoreaktorar i nærområda. Det er regelmessig møteverksemde mellom nordiske aktørar, deriblant halvårege møte i *Nordic Nuclear Coordination Group* (NNCG). Den vestlege innsatsen for å løyse atomavfallsproblema i Nordvest-Russland blir til ein viss grad koordinert gjennom den såkalla Contact Expert Group (CEG) under IAEA, der Noreg har ei sentral rolle. Samarbeidet mellom dei ulike nordiske landa og Russland når det gjeld atomavfall og kjernetryggleik, er hovudsakleg organisert bilateralt, og særleg Noreg, Sverige og Finland er involverte i ei rekke bilaterale og multilaterale prosjekt saman med Russland. I tillegg har dei nordiske landa tilsvarande samarbeid med dei baltiske statane.

## 6.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

Ein ny organisasjonsstruktur i Nordisk Ministerråd vart vedteken med verknad frå 1. januar 2006. Dei tidlegare tre ministerråda for høvesvis nærings-, energi- og regionalpolitikk er samla til eitt felles ministerråd (MR-NER). Den nye strukturen skal effektivisere arbeidet i Nordisk Ministerråd og gje rom for synergieffektar mellom dei tre sektorane. På det felles ministerrådsmøtet som fann stad i Bodø i september, vil m.a. eit felles prosjekt mellom nærings- og regionalsektoren om regionalt tilpassa innovasjonspolitikk under nordiske tilhøve bli behandla.

### Næringspolitisk samarbeid

Under den norske formannskapen i 2006 vil det nordiske næringspolitiske samarbeidet fokusere på ei oppfølging av dei føringane som er lagde i det nye næringspolitiske samarbeidsprogrammet for perioden 2006–2010. Utvikling av Norden som ein samanhengande, grenselaus næringssregion og samarbeid om innovasjon, utvikling og forsking er prioriterte tema.

Målsetjinga er at Norden skal høyre til blant dei leiande regionane i verda når det gjeld konkurransevegne og økonomisk vekst.

Programmet er fleksibelt utforma slik at nye problemstillingar kan takast opp og prioriterast innanfor rammene av programmet. Forsлага i det nye samarbeidsprogrammet vil fokusere på ytterleire integrering av det nordiske næringsslivet.

Til å initiere, gjennomføre og følgje opp prosjekt knytte til samarbeidsprogrammet vil Nordisk InnovasjonsCenter (NICe) vere det viktigaste instrumentet for næringssektoren. Samarbeidet mellom dei ulike formannskapane og NICe er blitt stadig viktigare etter at NICe vart etablert i 2004. NICe vil medverke til å fremje eit effektivt nordisk næringspolitisk samarbeid som kan lette marknads-tilgangen både europeisk og globalt.

### Entreprenørskap og innovasjon

Dei nordiske næringsministrane vedtok i 2004 eit program for det innovasjonspolitiske samarbeidet i næringssektoren fram til 2010. Eit vesentleg omsyn var å vise kva næringssektoren har å tilby i den breiare satsinga på Norden som eit leiande innovasjons- og kunnskapsmiljø. Programmet er nedfelt i forslaget til nordisk innovasjonspolitisk samarbeidsprogram 2005–2010 («Innovasjonsboka»).

Dette arbeidet blir ført vidare under den norske formannskapen. Ikkje minst er det viktig å forenkle

etablerings- og utviklingsvilkåra for små verksemder, entreprenørar og sjølvstendige oppfinnarar. Under den norske formannskapen i 2002 vart det halde ein konferanse for desse gruppene. Hausten 2006 blir det arrangert ein oppfølgingskonferanse i samarbeid med NICe med særleg vekt på å føre vidare arbeidet med forenkling av prosedyrane for oppstart av eigne verksemder for desse gruppene.

Og ein utvida bruk av innovasjonssystema i dei nordiske landa for å finansiere prosjekt i andre nordiske land er under vurdering. NICe vil i samband med dette legge fram ein rapport om «grenselause innovasjonssystem» i løpet av inneverande år.

### Reduksjon av grensehindringar for næringsslivet

Arbeidet med å fjerne grensehindringar for næringsslivet er omtala i kapittel 4. Dette arbeidet har vore eit sentralt satsingsområde for nordisk samarbeid. Den tidlegare danske statsministeren Poul Schlüter har sidan 2003 og fram til årsskiftet 2005/2006 arbeidd med desse problema. Ein god del grensehindringar er fjerna, men nye kjem til. Difor er det ei viktig målsetjing for årets norske formannskap å fjerne fleire grensehindringar. Frå norsk side blir det i løpet av året lagt fram forslag til korleis grensehindringsarbeidet skal førast vidare. Forslaget går ut på å etablere pådrivarordningar i dei nordiske fagministerråda der grensehindringsproblema er mest framtredande, og der ein finn at det er gode utsikter til å få dei fjerna. Næringssektoren er eitt av dei fem fagministerråda som er nemnde i forslaget.

### Energipolitisk samarbeid

Det er vedteke eit nytt handlingsprogram som gjeld for perioden 2006–2009. Noreg har formannskapen i 2006, og ønsker å legge vekt på at det nordiske energisamarbeidet blir ein sterk og aktiv deltakar i utforminga av energipolitikken i Norden og Europa ved å konsentrere seg om følgjande kjerneområde:

- energimarknader
- berekraftige energisystem
- Norden i det internasjonale energisamarbeidet

På bakgrunn av dei rammene for energipolitikken som blir utvikla gjennom EU/EØS, er det behov for eit nordisk samarbeid i alle fasar av utforminga av politikk og regelverk. Ei prioritering av det nordiske elektrisitetssamarbeidet er rekna som spesielt viktig, og ei vidare oppfølging av vedtaka og erklæringane frå møta mellom energiministrane i Akureyri i 2004 og i Narsarsuaq i 2005 står sentralt.

### *Elektrisitetsmarknaden*

På ministerrådsmøtet i 2005 vedtok dei nordiske energiministrane å vidareføre Akureyri-erklæringa om eit vidare og djupare samarbeid innanfor den nordiske el-marknaden. Erklæringa legg særleg vekt på auka koordinering av systemansvaret og utvikling av felles nordiske løysingar for flaskehaldshandtering og visjonen om ein felles nordisk sluttbrukarmarknad for elektrisitet. I tillegg har det i 2005/2006 mellom anna vore arbeidd med spørsmål om korleis kvotehandel påverkar elmarknaden og om samordning med EU-regelverket.

Nordisk Ministerråd samarbeider nært med dei ulike aktørane på den nordiske kraftmarknaden. Det er spesielt knytt nær kontakt med dei nordiske sentralnettselskapene gjennom Nordel, som er fellesorganisasjonen deira, og med dei nordiske regulatorane gjennom deira organisasjon, NordREG. Både Nordel og NordREG har gjeve verdifulle innspel til oppfølging av Akureyri-erklæringa. Nordisk Ministerråd vurderer no desse innspela som ein del av førebuingane til det nordiske ministerrådsmøtet i Bodø i september i år.

Det nordiske samarbeidet på elektrisitetsmarknaden er med på å sikre ei meir effektiv, konkurransedyktig og miljømessig utnytting av dei samla kraftressursane i Norden.

### *Nordisk samarbeid om EU/EØS-spørsmål på energiområdet*

Det vil vere sentralt å halde fram med det gode samarbeidet på energiområdet om felles utfordringar innan EU/EØS-relaterte tema. Dette vil kunne dreie seg om vidareutviklinga av den indre energimarknaden i EØS. Dei nordiske landa følgjer nøyne med på utviklinga av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi, spesielt i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ. Det er etablert nye «task force»-grupper innan fornybar energi og energieffektivisering som har som hovudmål å følgje prosessane på EU/EØS-nivå. I lys av at kommisjonen og EU-landa har starta ein ny diskusjon om energipolitikk, er det naturleg at dei nordiske landa fokuserer sterkare på dei felles utfordringane dette inneber. Grønboka frå EU-kommisjonen om sikker, berekraftig og konkurransedyktig energi vil bli drøfta av dei nordiske landa i 2006.

### *Regionalt samarbeid med Austersjøregionen og naboområda til Norden*

I regionen er det i energisektoren identifisert behov for samarbeid for å førebu framtida på ein

måte som tek omsyn til miljøspørsmål og berekraftig utvikling, sikker energiforsyning og vidare økonominisk utvikling. Noreg har stått og står sentralt i etableringa og oppfølginga av samarbeidet i regionen, heilt frå dei nordiske statsministrane i Bergen 27.6.1997 vart samde om ei fråsegn om berekraftig energiforsyning rundt Austersjøen og fram til i dag. Austersjøsamarbeidet på energiområdet (BASREC) ligg innanfor samarbeidsrammene for Austersjørådet.

I oktober 2005 vart det halde eit energiministermøte (Austersjørådet) på Island, der rammene for ein ny fireårsperiode (2006–2008) vart fastsette. Som overordna faktorar vert det lagt vekt på ei berekraftig utvikling relatert til energiforsyningstryggleik, konkurranseforhold og økonomisk vekst og på miljøspørsmål. Samarbeidet skal vere komplementært med EU-/Russlandsdialogen, og skal vere sentralt i implementeringa av EU-politikken for den nordlege dimensjonen. Dette vert òg understreka av energikommissæren i EU.

Rammene for BASREC og den nye nordiske handlingsplanen for energisamarbeidet har mykje til felles, mellom anna fokus på å sikre eit godt rammeverk for utviklinga av ein regional energiområnad for elektrisitet, gass og varme, auka bruk av fornybar energi, energieffektivisering og klimaspørsmål, mellom anna oppfølging av *Testing Ground Agreement* (TGA) og *Testing Ground Facility* (TGF). Dei nordiske landa har hittil vore sterkt involverte i samarbeidet, både gjennom fellesnordiske og bilaterale midlar til konkrete aktivitetar (sekretariat/prosjekt) og ved å vere pådrivar i samarbeidet generelt.

Dei nordiske landa har òg eit direkte samarbeid med dei tre baltiske statane og med sentrale energistyreremakter i Russland.

### *Nordisk energiforskning*

Institusjonen Nordisk energiforskning skal medverke til å oppfylle kunnskapsbaserte føresetnader for ein kostnadseffektiv reduksjon av energiforbruket og utvikling av nye fornybare energikjelder og miljøvennleg energiteknologi. Dette skal skje gjennom å styrke grunnkompetansen ved universitet og høgskular og andre forskingsinstitusjonar, og gjennom å skape velfungerande forskarnettverk mellom dei nordiske landa, mellom forsking og næringsliv og mellom regionale aktørar. Det er òg eit mål å styrke den internasjonale konkurransekrafa til dei nordiske forskingsmiljøa og å auke interaksjonen med nærområda, det vil seie Austersjøregionen og enkelte arktiske område. Tildeling av stipend og lønsbidrag til for-

skarstudentar og forskarar står sentralt. Institusjonen er samfinansiert av dei nordiske landa med 27,5 MDKK årleg.

Nordisk energiforskning skal medverke til å støtte og utvikle grunnleggjande FoU innanfor sentrale energifaglege tema. For arbeidsperioden 2003–2006 skal dei tematiske forskingsaktivitetane støtte opp om kjerneområda som er utepeika av energiministrane som hovudsatsingane i det nordiske energisamarbeidet, nemleg det nordiske el-samarbeidet, klimaspørsmål og regionalt samarbeid. Ut frå dette er det valt ut fem tematiske område:

- integrasjon av energimarknaden
- fornybare energikjelder
- energieffektivitet
- hydrogensamfunnet
- konsekvensar av klimaendringar på energiområdet

### *Regionalpolitisk samarbeid*

Målet om ei balansert og berekraftig utvikling som tek i bruk næringspotensialet og som sikrar livsgrunnlag og velferd for befolkninga i alle regionar, er høgt prioritert i alle dei nordiske landa. Regionalpolitisk samarbeid har ein sentral plass i det nordiske samarbeidet, og engasjerer og involverer både sentralt og regionalt nivå.

Det nordiske regionalpolitiske samarbeidet må finne sin plass i den regionalpolitiske innsatsen i kvart enkelt land på den eine sida, og den felles regionalpolitikken i EU på den andre. Dette er hovudbiletet sjølv om delar av Norden er utanfor EU. Dei grunnleggjande utfordringane som regionane i Norden står overfor, kan ikkje løysast gjennom det nordiske regionalpolitiske samarbeidet aleine. Når det gjeld den nasjonale regionalpolitiske innsatsen, kan det nordiske samarbeidet medverke ved at løysingar og erfaringar frå eitt land blir gjorde betre tilgjengelege for dei andre landa. Innsats som kan gjerast betre i fellesskap fordi ein då kan utnytte felles erfaringar og felles faglege ressursar, bør difor prioriterast i det nordiske regionalpolitiske samarbeidet. Samarbeidet må òg finne sin plass i høve til regionalpolitikken i EU. Gjennom strukturfonda blir betydelege midlar kanaliserete til regionale utviklingsprogram i dei tre medlemslanda, men òg til regionalt samarbeid i Norden og mellom Norden og naboland. Det vil òg framleis vere ei utfordring å skape forståing i EU for dei særlege regionalpolitiske utfordringane ein står overfor i Norden, som låg folketettleik, lange transportavstandar og eit kaldt klima. Komisjonsforsлага til ny regionalpolitikk og nytt regi-

onalpolitisk statsstøtteregelverk for 2007–2013 stadfester at det arbeidet dei nordiske landa har lagt ned overfor kommisjonen og medlemslanda i EU, har ført til gjennomslag for tanken om å ta omsyn til regionar med særlege regionalpolitiske utfordringar.

På denne bakgrunnen har ministerrådet i perioden fram til 2008 prioritert følgjande hovudaktivitetar i det nordiske regionalpolitiske samarbeidet:

- å sikre Norden ei stemme som blir høyd i Europa
- å medverke til utvikling av den politikken dei nordiske landa og regionane sjølv fører, mellom anna gjennom forsking og erfaringsutveksling
- å fremje regional og dermed nasjonal konkurranseskraft på eit berekraftig grunnlag

Det er tre årsaker til at dei nordiske landa ønsker å samarbeide om regionalpolitiske spørsmål:

- for å synleggjere dei nordiske sætrekka internasjonalt og oppstre meir effektivt i internasjonale samanhengar
- for å medverke til integrasjon i Norden og med Europa elles
- for å kunne lære av kvarandre

Det er nødvendig å etablere felles kontaktar med andre land og regionar med utfordringar som liknar dei vi finn i Norden, mellom anna med utgangspunkt i den gjennomførte EU/EØS-utvidinga og planane om ytterlegare utviding.

Det er viktig at grensehinder blir bygde ned og at den internasjonale integrasjonen held fram. Den samla grenseoverskridande prosjektverksemda er no meir omfattande enn nokon gong før. Dette skaper lering og alliansar både mellom regionar innanfor Norden og mellom regionar i Norden og i nærområda.

Når det gjeld samarbeid over landegrensene i Norden og nærområda, vil ein ta initiativ overfor dei aktuelle landa for å etablere eit samarbeid med fokus på nordområda i Europa og deira plass i europeisk politikkutvikling, utvikle det grenseregionale samarbeidet i Norden – mellom anna utarbeide ein strategi for arbeidet i regionalministerrådet når det gjeld det grenseregionale samarbeidet, samarbeide om det framtidige territoriale samarbeidet i EU (Interreg) og stimulere til grenseregionale samarbeid i nærområda.

På alle desse områda er eit godt kunnskapsgrunnlag avgjerande. Den tiltakande internasjonaliseringa gjer det nødvendig å sjå ut over Norden. Det er behov for komparative kunnskapar om Norden og om andre europeiske land når det gjeld den

økonomiske, sosiale og miljømessige utviklinga i landa og regionane. Både erfaringsutveksling og FoU-samarbeid medverkar til den nødvendige kunnskapsutviklinga. Det vil bli lagt vekt på å følgje EU-dagsordenen for romleg utvikling, der oppfølging av Lisboa- og Göteborg-strategiane står sentralt, på erfaringsoverføring mellom dei nordiske landa og på å utvikle Nordregio. I det nordiske forskingsinstituttet Nordregio har vi ein viktig reisak til å vidareføre denne felles satsinga på eit høgt internasjonalt nivå.

## 6.5 Fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk

Ny organisasjon i ministerrådet for fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk er innført frå 1. januar 2006. Det er oppretta ein eksekutivkomité (EK-Eksekutiv FJLS) som overbygning over embetsmannskomiteane for høvesvis fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk. Den nye organisasjonen skal gje grunnlag for eit meir heilskapsorientert ministerråd basert på politiske og faglege nivå. Han skal leggje til rette for klare prioriteringar, vere meir synleg og forenkle arbeidsprosessane. Det er eit viktig mål å oppnå effektivisering gjennom klarare prioriteringar og forenkling av planleggings- og arbeidsprosessane.

Det er lagt stor vekt på å vidareutvikle ministerrådsmøta som er felles for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk. Den nye breidda i saksfeltet i dag gjev i seg sjølv ei slik vidareutvikling, og ein legg vidare vekt på å fremje saker med høg politisk relevans. Nærings-, miljø- og forbrukarorganisasjonar blir trekte inn i diskusjonane med ministrane for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk på årlege kontaktorganmøte. Deklarasjonar og ministerfråsegner legg eit godt grunnlag for ei samordna og effektiv oppfølging av mål og strategiar, både nasjonalt i dei nordiske landa og gjennom felles nordiske arbeid. Det vert òg lagt vekt på å utforme felles plattformer for nordiske arbeid i internasjonale organ.

Det felles handlingsprogrammet for perioden 2005–2008 for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk er ambisiøst, og det er lagt opp til ei meir omfattande samordning mellom den nasjonale innsatsen og arbeid i regi av Nordisk Ministerråd. Dei overordna målsetjingane og prioriteringane for det nordiske ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk kjem i programperioden 2005–2008 til å vere retta mot følgjande innsatsområde:

- næringsutvikling
- mat og helse
- biologisk mangfald og genetiske ressursar
- kollektive verdiar
- horisontale innsatsområde som forsking, utdanning, kompetanseoppbygging, informasjon og internasjonalt samarbeid

Handlingsprogrammet for 2005–2008 er nyskapande ved at det har ei tilnærming i arbeidet som skal sikre eit politisk heilskapsperspektiv i bruken av naturressursane og for alle prosessane gjennom heile verdikjeda. Konsumentens rett til sikre næringsmiddel og tilfredsstillande informasjon står sentralt, det same gjer auka verdiskaping og auka lønsemd i alle ledd. Handlingsprogrammet operasjonaliserer mange av målsetjingane i den reviderte strategien for eit berekraftig Norden, der Ministerrådet har eit heilt eller delt ansvar for ein vesentleg del av programmet.

Det er lagt stor vekt på samarbeidet med nærområdet. Samarbeidet med dei baltiske landa er omorganisert. Samarbeidet skal gå direkte til embetsmannsgruppene. Det er etablert ei embetsmannsgruppe for kvart av fagfelta fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk.

Det blir lagt opp til å utvikle samarbeidet etter kva som er dei baltiske landa sine interesser, kva dei evnar og kva dei prioritærer. Frå nordisk side blir det likevel teke initiativ til både informasjon og samarbeid. Til no har det praktiske samarbeidet i hovudsak gått føre seg innan genressursar, næringsmiddel, økologisk produksjon og skogbruk. Samarbeidet innan skogbruk og genressurser er komme lengst.

Neste nordisk-baltiske ministermøte skal haldast i Noreg 7.–8. november 2006, og er under planlegging. Prioriterte saker så langt er bygdeutvikling og bioenergi. Førre ministermøtet var i Tallinn i november 2003.

Ministrane vedtok på ministerrådsmøtet i Århus 30. juni 2005 ein deklarasjon om globaliseringa og fiskeindustriar, ei erklæring om landdistriktsutvikling, retningslinjer for nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet, ein deklarasjon om ny nordisk mat og ein resolusjon om veteranært beredskapssamarbeid. Det vart òg gjennomført ein nordisk ministerkonferanse i Nødebo i Danmark i august 2005, der skogministrane la fram ei erklæring om dei lokale verdiane skogen representerer.

Ministeravgjerdene i 2005 har vore eit viktig utgangspunkt for programmet til den norske formannskapen for EK-FJLS. Det skal haldast ein internasjonal konferanse i 2006 om økosystemba-

sert forvaltning av levande marine ressursar. Avgjerdspunkta frå skogkonferansen i Nødebo og i erklæringa om landdistriktsutvikling blir følgde opp med konferansar, seminar og prosjekt. Det nordiske genressursarbeidet er analysert og utgreidd med sikte på å utforme ein meir heilskapleg struktur og å oppnå auka effektivitet i det nordiske arbeidet.

Førebuing av arbeidet til den norske formannskapen i 2006 har vore ei viktig oppgåve i 2005. Det årlege sommarmøtet i ministerrådet vart halde i Svolvær 6. juli 2006, og omfatta møte mellom ministrane og nordiske interesseorganisasjonar (NKO-møtet) og eit eige ministermøte. Som eit ledd i førebuinga av vedtakspunkt for temaet kyst-, skog- og landdistriktsutvikling vart det halde eit seminar i Bodø 4.–5. juli 2006. Seminaret hadde eit samordna opplegg og ei samordna tilnærming på heile ministerrådets ansvarsområde i samband med dette temaet. Lokal og regional forvaltning, næringslivet og organisasjonar vart trekta inn i førebuiingsprosessen før ministrane behandla saka. Det vart lagt stor vekt på å sondere utsiktene for næringsutvikling knytt til turisme, kultur, opplevingar og helsetiltak.

På ministerrådsmøtet i Svolvær 6. juli 2006 gjorde ministrane ei rekke vedtak om det nordiske samarbeidet innanfor ansvarsområdet til ministrane. Det var ministererklæring om kyst-, skog- og landdistriktsutvikling, om det framtidige nordiske samarbeidet om genetiske ressursar, om etablering av Svalbard globale frølager, om nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet, om veterinært beredskapsamarbeid i Norden og om bioenergi. Vidare vedtok ministrane Svolvær-deklarasjonen om ulovleg, uregulert og urapportert fiske.

### Jordbruk og skogbruk

Jord- og skogbrukssektoren hadde eit budsjett for 2005 på 23,806 mill. DKK. Av dette går 19,766 mill. DKK (83 %) til dei nordiske institusjonane og dei permanente samarbeidsorgana i sektoren, som er Nordisk genbank (NGB), Samnordisk skogforskning (SNS), Nordisk genbank for husdyr (NGH), Nordisk skogbruks frø- og planteråd (NSFP) og Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ). Dei resterande midlane går til prosjektverksamhet der samarbeidsprosjekt med andre sektorar er prioriterte. Budsjettet er stramt, og det er rom for vesentleg større innsats med felles nordisk nytte enn den budsjettet utløyser. Difor blir det lagt særleg vekt på god samordning med nasjonale satssingar og nasjonale finansieringskjelder.

Ei vidareutvikling av det nordiske samarbeidet om forsking og utdanning innan jord- og skogbruk har dei siste åra vore utgreidd av tre ulike grupper i regi av sekretariatet i Nordisk Ministerråd. Saka vart drøfta på ministerrådsmøta i Akureyri i 2004. Målet er i første omgang å styrke samarbeidet innan matvarer og skog, der synergieffektane er størst. Dette utviklingsarbeidet blir følt opp med søknader til NordForsk.

Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ) er eit kontaktorgan mellom dei nasjonale forskingsråda, og koordinerer ein omfattande forskingsaktivitet som blir finansiert nasjonalt. NKJ fungerer òg som rådgjevar for ministerrådet i forskingspolitiske saker innan jordbrukssektoren.

Strategiplanen for NKJ fokuserer på forsking for berekraftig jordbruksproduksjon, mattrøggleik, distriktsutvikling og dyrehelse og dyrevelferd. Den strategiske hovudmålsetjinga er å sikre best mogeleg samordning av nordisk aktivitet innan jordbruksforskninga gjennom kontaktskapande verksemd, informasjonsutveksling, felles utgreingsarbeid, nettverksbygging og samarbeid om konkrete forskingsprosjekt og -program. I vurderinga av prosjektsøknader blir det særleg lagt vekt på nordisk nytteverdi og forskingsmessig kvalitet. NKJ har sett ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut den framtidige rolla og funksjonen til NKJ på grunnlag av utviklinga i Nordisk Ministerråd, og då særleg på forskingsområdet.

Total økonomisk aktivitet i 2005 var 20,5 mill. NOK. I 2005 har det vore i gang åtte forskingsprosjekt i NKJ-regi med minst tre deltagande land, alle med nasjonal finansiering. Annan aktivitet er knytt til nettverksbygging, utgreningar og støtte til arbeidsgrupper og symposium. Det er i 2005 løyvd midlar til tre nettverk, og det er sett ned ei arbeidsgruppe om kulturlandskapsforskning. Det nordiske budsjettet for NKJ var i 2004 på 710 000 DKK, som utløyste totalt 17,5 mill. NOK i nasjonal medfinansiering for til saman åtte nordiske forskingsprosjekt.

*Den nordiske skogkonferansen i Nødebo* i 2005 sette fokus på dei store verdiane skogane representerer for lokalsamfunnet, næringslivet, friluftslivet, turismen og for miljø og landskap. Følgjande vart vedteke:

- at styrke dialogen om skovene lokalt mellom borgere, myndigheder, skovjere, erhverv og organisationer, bl.a. ved at synliggøre skovenes lokale og regionale værdier, og ved at opfordre lokale myndigheder til også at tage ansvar for skovenes værdier indenfor de rammer de har
- at fremme anvendelsen af træ gennem styrket produktudvikling og markedsføring, bl.a. ved

satsing på forskning og udvikling af materialteknologi m.m., og ved information og bevidstgørelse om træ som et miljøvenligt, bæredygtigt fremstillet materiale

- at styrke skovejernes og forarbejdningsvirksemhedernes muligheder for lønsom drift ved at identificere og fjerne unødvendige hindringer og regler
- at fremme forvaltning af skove og brug af træprodukter med henblik på at forbedre det lokale og globale miljø, bl.a. gennem brug af bioenergi fra skovene, skovrejsning og bæredygtig skovdrift til at imødegå forurening og klimaforandringer, samt at beskytte grundvandet og fastholde og udvikle den natur og biologiske mangfoldighed, som findes i skovene
- at udvikle sammenhængen mellem skovenes lokale værdier og kommunernes muligheder for at udnytte disse til at skabe attraktive by- og boligmiljøer, styrke den kommunale service og videreudvikle gode rekreativsmuligheder og friluftsoplevelser, bl.a. i forhold til forskellige befolkningssgrupper i lokalsamfundet
- at fremme værdiskabning bl.a. gennem et målrettet og styrket nordisk forskningssamarbejde igennem SamNordisk Skogforskning med bred inddragelse af skovbrugets interesser

EK-Skogbruk i embetsmannskomiteen for fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk har drøfta oppfølging av denne ministererklæringa, og den norske formannskapen har lagt fram forslag til konkret oppfølging av kulepunktia i erklæringa.

Forskingssamarbeidet i skogsektoren i Norden er organisert i Samnordisk skogforskning (SNS). Målsetjinga til SNS er å arbeide for auka samarbeid og synergieffektar innan den nordiske skogforskninga, først og fremst når det gjeld forsking på dei mangfaldige funksjonane til skogen og på berekraftig skogbruk. SNS er òg rådgjevar for ministerrådet i skogpolitiske forskingsspørsmål. SNS arbeider for å fremje forsking og nettverksbygging både i Norden, i EU og i nærområda. Dei baltiske landa er i høg grad trekte inn i det nettverkssamarbeidet som skjer innanfor SNS, og i nokon grad i FoU-prosjekt. Det tilsvarende samarbeidet med Nordvest-Russland er førebels mindre omfattande.

I 2005 har SNS støtta ni forskingsprosjekt og sju nettverksaktivitetar. Den nasjonale medfinansieringa var 71 % for prosjekta og ca. 50 % for nettverksaktivitetane. Etter ein utgreiingsfase utlyste SNS midlar til avanserte nordiske forskningsnettverk (CAR). SNS vedtok å støtte fire CAR-søknader for ein femårsperiode frå og med 2005 og ytterlegare ein CAR-søknad frå og med 2006. SNS-støtta er 400 000–500 000 NOK i året, og CAR-støtta utgjer 4–8 % av driftsbudsjetten til den enkelte CAR. Det er etablert CAR på følgjande fagområde: bynært skogbruk, miljøgode frå skog, skogleg genetikk og planteforedling, driftsteknikk i skogbruket og skogspatologi.

Treforsking er eit satsingsområde i Norden og i fleire andre europeiske land. SNS har delteke i EUs ERA-nettprosjekt *WoodWisdom-Net*, <http://www.woodwisdom.net/>, som starta i 2004. Nettverksaktiviteten står under finsk leiing, og SNS er ein av 19 partnarar. Målet er å planleggje og gjennomføre ei felles utlysing av FoU-midlar i 2007 innanfor temaet *Wood Material Science*. SNS har vidare medverka med fagleg og økonomisk støtte til utarbeiding av ein omfattande prosjektsøknad (EFORWOOD2) til det sjette EU-rammeprogrammet. EFORWOOD vart igangsett i 2005, omfattar 38 organisasjonar frå 21 land og har eit budsjett på ca. 20 mill. euro, ca. 13 millionar av desse frå EU. SNS har i samarbeid med forlaget Taylor & Francis etablert eit nytt vitskapelig tidsskrift, *Wood Material Science and Engineering*.

Dei nordiske landa har stor nytte av samarbeidet om å kartlegge, bevare og utnytte *dei genetiske ressursane* og det biologiske mangfaldet i Norden. Biologisk diversitet er ein føresetnad for eit berekraftig landbruk og for mattrryggleiken i Norden og verda elles. Strategien for genetiske ressursar for fiskeri, jord- og skogbruk og næringsmiddel 2005–2008 fastset dei overordna retningslinjene for gensamarbeidet i Norden dei kommande åra, og dei skal implementerast av dei nordiske samarbeidsorgana Nordisk genbank (NGB), Nordisk genbank for husdyr (NGH) og Nordisk skogbruks frø- og planteråd (NSFP). Nye utfordringar som er tekne opp, er m.a. forvaltning av enkelte ville genetiske ressursar og visse emne av politisk interesse, t.d. genmodifiserte organismar og føretakets rolle, engasjement og nytte innan forvaltning av genetiske ressursar.

Det sterke nordiske samarbeidet om genetiske ressursar har medført at Norden har fungert som ein modell for resten av verda når det gjeld regionalt samarbeid på området, og strategien for genressurssamarbeidet vektlegg framleis eit høgt engasjement i internasjonale spørsmål og internasjonale organisasjonar.

Dei politiske tilrådingane blir rekna som viktige både for det felles arbeidet om bevaring av frø i Nordisk genbank og for det vidare samarbeidet mellom dei nordiske landa. Det omfattar genetisk materiale i Nordisk genbank (NGB), genetiske

ressursar for enkelte ville vekstar og domestiserte artar av plantar, husdyr, skog og fisk. Deklarasjoner er også viktige innspel til dei internasjonale prosessane på dette området.

Samarbeidet om bevaring og bruk av genetiske ressursar er svært høgt prioritert i det nordiske jord- og skogbrukssamarbeidet. Om lag halvparten av midlane i landbrukssektoren går til dette området. Vidare er det lagt vekt på kompetanseoppbygging og samordning gjennom m.a. opprettinga av ei tverrgående informasjonsteneste. Nordisk genressursråd fungerer som eit rådgjevande organ for ministerrådet, og har medverka til å sikre tverrsektoriell koordinering av arbeidet i miljøsektoren. Det er lagt vekt på auka koordinering med og mellom nasjonale program som utfyller arbeidet i genbankane.

Det er sett i gang eit arbeid for å utvikle ny organisasjonsstruktur for det nordiske genressurssamarbeidet som er fordelt på mange einingar. Målet er å komme fram til ein enklare struktur som legg eit godt grunnlag for samordning og effektivisering. Saka vart drøfta på ministerrådsmøtet i Svolvær 6. juli 2006, der det vart vedteke ei ministeravgjerd for det vidare organisasjonsarbeidet.

Nordisk genbank for plantar (NGB) hadde i 2005 ein total omsetnad på 21,963 mill. SEK. NGB er blitt ein internasjonalt respektert organisasjon som samarbeider med mange organisasjonar også utanfor det nordiske området, og stiller sin eksperitse til rådvelde i Europa, Afrika og Asia. NGB er medlem av *The Global Biodiversity Information Facility* (GBIF) og medverkar m.a. med kompetanse innan genbankverksemd.

I 2005 er arbeidet med innsamling og dokumentasjon av plantegenetiske ressursar i Norden vidareført. Det er arbeidd med tryggleiken for kolleksjonane, og det vil vere nødvendig å finne uavhengige lokalitetar for å oppbevare basiskolleksjonen.

Nordisk genbank for husdyr (NGH) har som føremål å vere eit kompetansesenter for verdiskaping med utgangspunkt i dei husdyrgenetiske ressursane i Norden. Omsetnaden i 2005 var på 4,214 mill. NOK. Verksemda skal fremje verdiskaping, føremålstøyting, bevaring og berekraftig utvikling av dei genetiske ressursane hos husdyr gjennom nettverksorganisering og samarbeid i genressursarbeidet i Norden. Informasjonsarbeidet er særleg viktig for å skape forståing i Norden for berekraftig bevaring og bruk av dei husdyrgenetiske ressursane og for verdiene, teknologien og kompetansen som desse ressursane representerer for heile Norden. Inneverande strategi gjeld for 2004–2009.

Nordisk genbank for husdyr (NGH) har ansvaret for samarbeidet i Norden om dei husdyrgenetiske ressursane. NGH arbeider i perioden 2004–2009 etter ein strategi som representerer ein forsterka innsats i dette arbeidet. NGH skal vere eit kompetansesenter og ein pådriver for bevaring og berekraftig utnytting av genressursane. NGH skal drive kunnskapsformidling og informasjon, nettverksarbeid, forsking og teknologiutvikling. Ansvoaret for det praktiske arbeidet ligg hos dei nasjonale genressursutvala og avlsorganisasjonane.

Oppfølging av ministerrådsstrategiane for berekraftig ressursbruk har vore det berande elementet i arbeidet med husdyrgenetiske ressursar. I samband med dette har det vore viktig å få fokus på slike endringar i politikk og praktisk forvaltning av husdyrgenetiske ressursar som må til for å oppnå berekraft. To prosjekt er avslutta i løpet av året og har resultert i auka felles nordisk kompetanse. NGH fungerer også som kontaktorgan overfor FAO-avdelinga for husdyrgenetiske ressursar, og følgjer opp utarbeidingsa av ein verdsomspennande tilstandsrapport om husdyrgenetiske ressursar som er eit ledd i revisjonen av den globale strategien for forvaltning av husdyrgenetiske ressursar.

Nordisk skogbruks frø- og planteråd (NSFP) har som ledd i oppfølginga av den nordiske genressursstrategien innleidd eit samarbeid med Sam-nordisk skogforskning (SNS) for å utvikle eit rasjonal og effektivt nettverk mellom NSFP og SNS på området skogsgenetiske ressursar. Arbeidet med skogsgenetiske ressursar er også i ferd med å bli kopla sterkare til arbeidet med plante- og husdyrgenetiske ressursar. NSFP har fått tilført ekstra midlar for å vidareutvikle dette nettverket.

Nordisk organ for reindriftsforsking (NOR) er eit samarbeidsorgan for rein- og reindriftsforskinga i Norden. Sekretariatet ligg i Tromsø. Dagens vedtekter inneber eit utvida arbeidsområde for NOR då både natur- og samfunnsvitskaplege oppgåver skal varetakast. Hovudoppgåva er å fremje forsking og forskingssamarbeid til nytte for reindriftsnæringa i dei nordiske landa. Det blir arrangert konferansar og seminar der næring, forvaltning og forskingsmiljø møtest til kompetanseutvikling og informasjonsutveksling. Tidsskriftet Rangifer kjem ut to gonger i året og dekkjer både grunnforskning og anvend forsking.

NOR vil medverke til å setje reindriftsrelaterte problemstillingar på det internasjonale sakskartet. Ei synleggjering av kulturen, utfordringane og problema til urfolka vil kunne gje dei auka status og betre framtidsutsiktene i dei sirkumpolare områda. Noreg vil framheve den viktige rolla NOR har som

samarbeidsorgan innan forsking og kunnskapsformidling, og vil prioritere dette arbeidet i tida framover. NOR har ei sentral rolle i samarbeidet mellom dei nordiske landa og som bidragsytar til rein- og reindriftsforvaltninga i departementa.

Arktisk råds program for berekraftig utvikling vart vedteke på ministermøtet i Canada i 1998. Innanfor programmet er ei rekke prosjekt gjennomførte, deriblant prosjekt for å undersøke leveforhold og samfunnsutvikling i Arktis, berekraftig reindrift og foredling av reinprodukt. I september 2005 vart det internasjonale fag- og formidlingsenteret for reindrifta opna i Kautokeino. Senteret skal medverke til å ta vare på dei tradisjonelle kunnskapane i reindrifta og fremje kjennskap til og forståing av reindrifta. Senteret er eit samarbeidsprosjekt mellom Utanriksdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, og AID har hovudansvaret for oppfølginga av senteret.

Det siste tiåret har det vore eit nært samarbeid mellom landbruks- og miljøsektoren om berekraftig jord- og skogbruk. Samarbeidet er formalisert gjennom ei felles styringsgruppe med budsjett finansiert av dei to sektorane. Strategien for landbruksmiljøsamarbeidet er utforma for å operasjonalisere målsetjingane i den reviderte berekraftstrategien som berører sektoren. Det er gjennomført prosjekt om kulturlandskapet i jordbruket, utgreiingar om rettane til genressursar, naturvern i skog og utslepp av klimagassar frå jordbruket.

### Fiske og fangst

Det overordna målet for det nordiske fiskerisamarbeidet er å verke for ei berekraftig utvikling i fiskerisektoren i dei nordiske landa og for eit godt havmiljø som skal medverke til å sikre konsumentane høve til å velje trygg sjømat av god kvalitet. Denne målsetjinga inneber at ei berekraftig utnytting av dei levande ressursane i havet og vernet av dei marine økosystema i dei nordiske landa utgjer eit grunnleggjande element i det nordiske fiskerisamarbeidet. Det er særleg viktig at det nordiske fiskerisamarbeidet blir brukt til å setje i verk aktivitetar som har relevans for dei mest fiskeriavhengige områda. Det nordiske fiskerisamarbeidet skal bygge på fiskeripolitikken i dei enkelte landa og medverke til å finne fram til felles løysingar på område der samarbeid gjev betre resultat enn nasjonale ordningar.

Fiskerisamarbeidet er organisert under ministerrådet for fiskeri, jord- og skogbruk og næringsmiddel (MR-FSJL). Embetsmannskomiteen for fiskeri og havbruk, EK-FJLS (fiskeri og havbruk), og

ministerrådssekretariatet førebud og initierer verksemda. Samarbeidet blir styrt av fireårige samarbeidsprogram. For inneverande fireårsperiode er det utarbeidd eit felles handlingsprogram i samarbeid med jord- og skogbrukssektoren og næringsmiddelsektoren. Handlingsprogrammet er eit overordna program som omfattar den totale verksemda innanfor heile matministerrådet. Programmet søker å gjennomføre og operasjonalisere viktige element i den nordiske strategien for berekraftig utvikling. Det er dei enkelte embetsmannskomiteane som skal følgje opp handlingsprogrammet på sine respektive fagområde, men med eit sterkare fokus på tverrfagleg samarbeid. EK-FJLS (fiskeri og havbruk) fokuserer såleis òg i inneverande periode på berekraftig forvaltning av dei marine ressursane og eit godt havmiljø som basis for ernæringsmessig sunne og trygge matvarer, og på å medverke til å fremje dei fiskeripolitiske målsetjingane som landa arbeider etter.

Nordisk arbeidsgruppe for fiskeriforsking (NAF) har ei rådgjevande rolle for EK-FJLS (fiskeri og havbruk) i forskings- og utviklingsrelaterte emne, og skal initiere nye innsatsområde innan forsking og utvikling. NAF skal òg utføre forskingsfagleg vurdering av prosjektsøknader. NAF har utarbeidd ein arbeidsplan for perioden 2005–2008. Det generelle føremålet med planen er:

- å styrke miljøa for forsking og utvikling på område der Norden allereie har god kunnskap og kompetanse, for såleis å medverke til å gje næringslivet auka konkurransekraft og å dekkje dei forskingsbehov styresmaktene har
- å medverke til ei arbeidsfordeling og ein struktur der landa kompletterer kvarandre i kunnskap, kompetanse og infrastruktur for å unngå overlappande og ressurskrevjande verksemd
- å styrke Norden som ei felles plattform i konkurransen om forskingsmidlar innan EU og internasjonalt, og å arbeide for betre koordinering og integrasjon i Europa av nasjonal og regional forsking

Det er utarbeidd prioriterte tema og tiltak for oppfølging som dekkjer fleire delområde, m.a. undervisning, ressursforvaltning, trygg og sunn mat m.m. NAF og Nordisk miljø- og fiskeristrategi vil på fleire område samordne aktivitetar. Samarbeidet med Baltikum og Nordvest-Russland vil få auka fokus. Nordisk miljø- og fiskeristrategi (MiFi) er eit tverrsektorelt samarbeid mellom miljø- og fiskeristyresmaktene i dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda. Samarbeidet er nærmere omtala under kapittel 5.5 Tverrfagleg miljøsamarbeid.

MR-FJSL har i 2006 eit samla budsjett på 37,8 mill. DKK. Til fiskerisida og næringsmiddelsida er det løyvd høvesvis 7,4 og 6,9 mill. DKK.

Sidan Island i sin formannskapsperiode i 2004 framheva «Nordens ressursar», har det vore naturleg å ha fokus på havet og havressursane. Ein har prioritert samanhengen mellom havklima, bestandsutvikling og forvaltning. I samarbeid med miljøsektoren vart det arrangert ein konferanse om tiltak for å verne havmiljøet. Det har i perioden vore merksemde rundt bruken av havet i framtida, og i denne samanhengen er det lagt auka vekt på forståing og dialog mellom aktørar som haustar og forvaltar ressursane i havet. Det blir arbeidd for å ta i bruk reiskapar som er skånsame mot havmiljøet og som medverkar til å redusere uønskt bifangst. Ein er oppteken av å auke kunnskapen om samspelet mellom artane i det marine økosystemet og å bidra til at fiskeriøkonomi blir ein del av forvaltninga. Det blir arbeidd for å styrke kunnskapen om havet gjennom auka rekruttering til forsking og utdanning. Vidare støttar det nordiske fiskerisamarbeidet opp om internasjonale prosessar og tilbyr nordisk kunnskap med sikte på å oppnå politiske endringar som er viktige for den framtidige forvaltninga av havet.

Vidare er ein utvida dialog mellom fiskeri- og miljøforvaltninga ønskjeleg, og det er planlagt fleire dialogmøte mellom fiskarar, forvaltarar og forskarar både i Norden og i nabolanda våre og andre som haustar av dei same ressursane.

I 2001 var Island vertskap for ein konferanse om *Responsible Fisheries in the Marine Ecosystem*, som vart arrangert i samarbeid med FNs matvareorganisasjon (*Food and Agriculture Organisation*, FAO) og med støtte frå Noreg. Under den norske formannskapen i 2006 blir det arrangert ein konferanse i Bergen i perioden 26.–28. september 2006 med tittelen *Implementing the Ecosystem Approach to Fisheries*. Konferansen byggjer vidare på konferansen som vart halden på Island i 2001. Bergenskonferansen blir arrangert av Nordisk Ministerråd og styresmaktene i Noreg og Island, med teknisk bistand frå FAO og andre. Føremålet med konferansen er mellom anna å revidere omgrep og sjå på problemstillingar knytte til implementering av økosystembasert forvalting innanfor fiskeria, å utveksle erfaringar som er gjorde så langt og å sjå på strategiar for korleis ein best kan arbeide vidare for å leggje til rette for implementering av økosystembasert forvaltning i praktisk fiskeriforvaltning. Konferansen vil ha brei internasjonal deltaking.

Nordisk ministermøte for fagområda fiskeri og havbruk, jord- og skogbruk og næringsmiddel vart halde i Svolvær i Lofoten 5.–7. juli 2006. Minister-

møtet vedtok Svolvær-deklarasjonen om IUU-fiske (ulovleg, urapportert og uregistrert fiske). Erklæringa oppmodar dei nordiske landa, innanfor ramma av internasjonale fiskeriorganisasjonar, til å arbeide for å opprette lister for heile Atlanterhavet der fartøy som deltek i IUU-fiske blir ført opp. Vidare støttar ministerrådet arbeidet i Nordatlantisk fiskerikommisjon (NEAFC) med å innføre eit hamnestatregime for medlemsland og samarbeidande land, og det vart oppfordra til å delta aktivt i utviklinga av eit rettsleg bindande dokument for hamnestatkontroll innanfor FAO. Dei nordiske landa vart òg oppmoda om å styrke samarbeidet om ressurskontroll og å arbeide for internasjonalt harmoniserte standardar og system for sporring av fisk og fiskeprodukt.

#### *Mattryggleik og ernæring*

Det nordiske samarbeidet på området er leidd av embetsmannskomiteen for næringsmiddel, EK-FJLS (næringsmiddel), under embetsmannskomiteen for fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk. EK-FJLS (næringsmiddel) arbeider med prinsipielle spørsmål knytte til matkjeda, og fungerer som eit kontaktnett for å innhente informasjon, samordne forvaltninga og koordinere dei nordiske innspela i internasjonale forum. Den norske deltaginga i komiteen er frå Landbruks- og matdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Sosial- og helsedirektoratet og Mattilsynet. Målsetjingar og innsatsområde for arbeidet i EK-FJLS (næringsmiddel) er fastlagde i handlingsprogrammet for nordisk fiskeri, jord- og skogbruk og næringsmiddelsamarbeid 2005–2008 og i kapitlet om mattryggleik i den nordiske berekraftstrategien.

EK-FJLS (næringsmiddel) legg no større vekt på matpolitikken enn tidlegare, samtidig som det faglege arbeidet blir videreført. Som ei oppfølging av omstruktureringa og etableringa av ministerrådet for fiskeri, jord- og skogbruk og næringsmiddel er det gjort ein gjennomgang av arbeidsgruppestrukturen under EK-FJLS (næringsmiddel). Ein ny arbeidsgruppestruktur under komiteen er under etablering på næringsmiddelområdet, og er venta iverksett frå 1. januar 2007.

På området for mat og helse er det overordna målet mangfold av sunne og trygge matvarer av god kvalitet som gjev forbrukarane høve til å velje eit kosthald som medverkar til god helse.

Det nordiske samarbeidet omhandlar lovjeving, kontroll, toksikologi, mikrobiologi og kjemi knytt til mat, kost- og ernæringsspørsmål, forbrukarinformasjon, dyrevelferd og dyrehelse og koor-

dinering av nordiske synspunkt i aktuelle internasjonale forum. Planlegginga av samarbeidet på dei spesifikke områda rettar seg etter det heilskapsperspektivet som «frå jord og fjord til bord»-tankegangen er uttrykk for.

Det vert lagt vekt på at risikovurderingar systematisk skal utgjere eit vesentleg element i arbeidet med å oppretthalde det høge vernenivået som er ønskt. Det er eit overordna mål å satse på å utvikle strategiar for å påverke heile matkjeda for å redusere risikoene for helsekadelege stoff i sluttprodukta mest mogeleg. Dei nordiske landa er einige om å leggje risikoanalyse og føre-var-prinsippet til grunn når det blir teke avgjerder på matområdet.

Det nordiske samarbeidet på matområdet har utvikla seg sterkt i dei seinare åra. Fråsegna som vart vedteken av ministermøtet for fiskeri-, jord- og skogbruksspørsmål og næringsmiddel på Grønland i august 2002, viser at dei nordiske landa er einige om å arbeide saman for å få auka innverknad i internasjonale organisasjonar og prosessar og for å sikre effektiv forbrukarpåverknad i avgjerdss prosessar ved utvikling av reglar om mat og om kontroll av mat. Erklæringa er blitt følgd opp i 2003, 2004, 2005 og 2006 gjennom fleire prosjekt og tiltak.

Samarbeidet utviklar seg dynamisk i takt med endra samfunnsmessige vilkår og nye krav. Globaliseringa av matproduksjonen og handelen med mat har forsterka behovet for internasjonale strategiar og reglar. Handteringa av matvarer er i stor grad flytta frå heimen til industrien, og ei rask teknologisk utvikling har akselerert produktutviklinga. Saman med eit stadig større omfang av internasjonal handel har dette ført til vesentleg større variasjon i tilbodet av matvarer.

Helserisikoar i tilknyting til mat er i aukande grad tema i samfunnsdebatten. Den politiske prioriteringa av å sikre trygg mat har difor auka i den industrialiserte verda. Matområdet er skjeringspunktet mellom forbrukar og helsevern og mellom miljøomsyn og næringsinteresser. Ulike interesser hos alle partar dannar grunnlaget for samarbeidet mellom dei nordiske landa på området, men i lys av det ovan nemnde blir særleg område som er relevante for forbrukarhelsa prioriterte.

Grunnpilarane i samarbeidet på matområdet er undersøking og kartlegging av faglege problemstillingar som kan danne grunnlag for politiske og administrative vedtak i dei nordiske landa, og som kan danne eit felles grunnlag for det arbeidet landa gjer i internasjonale forum som EU, Codex Alimentarius og Den internasjonale dyrehelseorganisasjonen (OIE).

Det nordiske samarbeidet på mattrøygleiks- og ernæringsområdet er erfaringmessig av stor

nytte. Samarbeidet gjev mellom anna større sjansar til å vinne fram med synspunkt i EU-systemet, både når det gjeld nytt regelverk, utvikling av regelverk og tolkingar av eksisterande regelverk. Utsiktene for å nå fram er mykje større når ein står samla. Dette inkluderer også eit felles nordisk verdigrunnlag. Det nordiske samarbeidet skaper nettverk som gjer det lett å ta kontakt for å utveksle kunnskap og informasjon, både formelt og uformelt.

Det blir lagt vekt på arbeidet med *ernæring*, og spesielt på aspekt ved kosthaldet og dei verke midla ein til kvar tid meiner er viktigast for helsa i dei nordiske landa. Ein ønskjer å vere med på å få i stand kosthaldsendringar som fremjar god helse, særlig mindre inntak av metta feitt og auka forbruk av frukt og grønsaker. Prosjekt som skal greie ut tiltak som kan medverke til å stanse det aukande innslaget av overvekt i befolkninga, blir prioriterte.

I august 2004 sette Nordisk Ministerråd i gang arbeidet med å utvikle ein nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom sunne matvanar og fysisk aktivitet. Ei prosjektgruppe utarbeidde avgjerdsgrunnlag for ministerrådet, og handlingsplanen vart vedteken av ministerrådet for fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial og helse (MR-S) 6. juli 2006. Ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for den helsefremjande innsatsen er utarbeidinga av *Nordiska näringssrekommendationer*. Ei fjerde revidert utgåve med tilrådingar om fysisk aktivitet kom ut i 2005.

Stadig raskare forandringar i produksjonsteknologi, internasjonal handel, tilbod og forbruk gjer at ein i Norden i aukande grad treng å styrke kunnskapen om forandringar i ernæringsituasjonen og samansetjinga av matvarene. Det trengst også meir kunnskap om kosthaldsrelaterte helseproblem og risikogrupper. Beriking av matvarer er eitt eksempel på korleis samansetjinga av maten kan forandrast, og er eit aktuelt tema i EU. Tidlegare har dette berre vore gjort når det har vore behov for å forebyggje manglar. Ein aukande trend er at ein tilset matvarene næringsstoff og andre stoff med fysiologisk effekt for å gjøre dei meir attraktive for forbrukarane. Dette kan føre til at inntaket av næringsstoff og stoff med fysiologisk effekt i somme tilfelle kan bli for høgt. Det kan vere behov for å lage felles nordiske strategiar for korleis spørsmål om tilsetjing av vitamin, mineral og andre stoff med ernæringsmessig/fysiologisk effekt skal løysast. Dette er også viktig når det gjeld bruk av helsepåstandar, og generelt i spørsmål om merking.

Det blir sett som viktig å styrke innsatsen på desse områda:

- matvaresamansetjing – utviklinga i kosthaldet og ernæringsituasjonen i befolkninga generelt og i ulike grupper
- tilsetjing av vitamin, mineral og andre stoff med ernæringsmessig/fysiologisk effekt; risikovurderingar
- ernæringsmessige aspekt ved merking og marknadsføring
- tiltak for å førebygge overvekt
- tilgang på matvarer av god kvalitet som gjer det mogeleg å velje eit sunt kosthald

På ministerrådsmøtet i Århus i 2005 vart det vedteke ein resolusjon om *veterinært beredskapssamarbeid* i Norden (Århusdeklarasjonen), der det mellom anna vart peika på behovet for ein strategisk plan for nordisk beredskapssamarbeid, felles beredskapsøvingar, felles utdanning av personale, utlån av personale og utstyr og vaksineberedskap. Den nordiske arbeidsgruppa for dyrehelse og dyrevvern, som vart etablert i 2005, har følgt opp resolusjonen med fleire tiltak. Mellom anna vart det hausten 2005 arrangert ei større grenseoverskridande beredskapsøving for munn- og klauvskykje der dei nordiske landa deltok. Vidare vart ein ny strategiplan for det veterinære beredskapssamarbeidet i Norden vedteken av ministerrådet for fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) 6. juli 2006.

Det blir gjennomført ei rekkje *prosjekt*. Prosjektet om indikatorar for berekraftig utvikling av mattryggleik i Norden kom i gang i 2003, og har utarbeidd rapporten *Hållbar utveckling – en ny kurs för Norden* med forslag til 11 indikatorar som blir rekna som relevante for perioden 2005–2008. Rapporten inneholder mål- og innsatsbeskrivingar for dei ulike indikatorane.

Der er eit ønske om å styrke det nordiske samarbeidet om forsking og utdanning innan fiskeri, jordbruk, skogbruk og mat, og det vil difor bli sett av ein del ressursar til dette. Innleiingsvis vil ein sjå nærrare på korleis ein kan få i stand forskingssamarbeid om spesielle tema og korleis det kan etablerast forskingsnettverk innan slike tema.

Noreg leier eit prosjekt om modernisering av den offentlege kjøtkontrollen på nordisk plan. Prosjektet skal avsluttast innan utgangen av 2006. Dei nordiske landa har ein epidemiologisk situasjon som er ganske lik, og det er behov for ei fornying og oppdatering av kjøtkontrollen til beste for forbrukarane. Hovudmål for prosjektet er å undersøke og teste løysingar for å oppnå ei effektiv, praktisk og framtidsretta gjennomføring av EU-reglane for kjøtkontroll basert på zoonose-situasjonen på

nordisk plan, og å gje innspel til EU-kommisjonen for å oppnå ein reelt risikobasert kjøtkontroll som i større grad er integrert i slakteriet. Samtidig som prosjektet er viktig for å etablere eit kjøtkontrollregime som er effektivt ut frå situasjonen i kjøtproduksjonen i dag, er det òg viktig å oppretthalde og eventuelt forbetre tilliten til kjøtkontrollen både hos forbrukarane og ved internasjonal handel. Eit nordisk seminar om kostnader og finansiering av kjøtkontrollen vart halde i mai 2006.

Det er etablert ei nordisk prosjektgruppe med representantar frå ansvarleg styresmakt for dyrevvernregelverket med tanke på å samordne tolkinga av den nye transportforordninga for EU. Dette er nyttig for å sikre ei god og mest mogeleg einsarta implementering av dette regelverket. Gruppa skal i denne samanhengen også sjå på korleis nasjonale særregelverk for transport av dyr kan samordnas, og skal prøve å formulere ein felles nordisk strategi for å fremje dyrevelferdsspørsmåla i det internasjonale regelutviklingsarbeidet. Arbeidsgruppa for dyrehelse og dyrevvern samarbeider også med andre om fellesnordiske utfordringar, mellom anna risikobasering av tilsynsutøvinga i dei respektive landa.

Det nordiske samarbeidet på området materiale i kontakt med næringsmiddel er svært konstruktivt. Det er for tida høg aktivitet i nettverksgruppa, som held arbeidssamlingar og seminar på tre område, nemleg papp/papir, plastmateriale og eigenkontroll/dokumentasjon. I tillegg blir det halde formøte i samanheng med møte i EU-kommisjonens arbeidsgruppe for *Food Contact Materials*. Den nordiske nettverksgruppa held også møte med kollegaer i andre EU-land og med næringslivet. Dette er eit område der regelverksutviklinga er i ein tidlig fase i EU, og der det er gode utsikter til å påverke framtidig regelverk gjennom eit nordisk samarbeid.

Fokuseringa på organiske miljøgifter er aukande i EU. EU har nyleg fastsett nye grenseverdiar på området dioksin og dioksinliknande PCB. Det europeiske organet for næringsmiddeltryggleik (EFSA) har nettopp risikovurdert ikkje-dioksinliknande PCB for første gong. I EU ønskjer ein å trappe opp overvakninga av både desse og andre organiske miljøgifter i åra fram til 2009. Samtidig er nye miljøgifter stadig i fokus, både i forskinga, i EU og i media. Mattilsynet har difor initiert eit prosjekt som har som mål at ein i felles nordisk samarbeid skal identifisere kva for nye organiske miljøgifter som representerer ein risiko med omsyn til trygg mat. Målet er å kunne ha felles nordiske initiativ overfor EU.

Overvakning og kontroll av førvarer utgjer ein viktig del av arbeidet med å sikre mattryggleik frå

jord og fjord til bord. Erfaringane dei siste åra har vist korleis kontaminert fôr kan påverke mattryggleiken. Utveksling av erfaringar med nordiske kollegaer er med på å effektivisere vår eigen kontroll på dette område. Noreg har her eit spesielt ansvar for å sjå til at omsynet til fiskefôr blir vareteke på ein forsvarleg måte. Nordiske styresmakter har sidan 1990 hatt felles møte for å diskutere dette, og dei første åra omfatta møta i tillegg kontroll av gjødsel og jordforbetringsmiddel. Nordisk Ministerråd har ytt finansiell støtte, og møta har stort sett vore haldne ein gong i året. Dei tre siste åra har òg dei baltiske landa delteke. Føremålet med møta har vore å diskutere implementering og praktisering av det regelverket som blir vedteke i EU. Det er avgjerande viktig at dei som står for det nasjonale tilsynet, får møte nordiske kollegaer for å utveksle informasjon. Det gjer det dessutan lettare å samarbeide om saker der til dømes salmonella-haldig fôr er importert til fleire land.

Det *nordisk-baltiske samarbeidet på matområdet* tek utgangspunkt i dei såkalla Tallinn-erklæringane, som vart vedtekne på den nordisk-baltiske ministerkonferansen i Tallinn i 2003.

I erklæringa om framtidig samarbeid mellom dei nordiske og baltiske landa i perioden 2004–2006 er det uttrykt semje om auka samarbeid og konsultasjoner innan landbruk, skogbruk, fiskeri og mat.

Erklæringa om trygg mat støttar opp om auka samarbeid for å styrke mattriggelen i regionen med fokus på å utvikle måtar å samhandle på for å oppnå sterkare påverknad i internasjonalt samarbeid. Samarbeidet skal setje landa i regionen i stand til å bli ei drivkraft på mattriggelsområdet. Prioriterte innsatsfelt i perioden er sporing, zoonosar (sjukdommar som kan overførast mellom dyr og menneske), dioksin og eit effektivt system for matkontroll ut frå heilkjede-tankegangen.

Den tredje erklæringa har til mål å utvikle økologisk mat og landbruksproduksjon i dei nordiske og baltiske landa.

Som oppfølging av Tallinn-erklæringa om auka samarbeid og konsultasjoner innan landbruk, skogbruk, fiskeri og mat vart den nordisk-baltiske embetsmannskomiteen for næringsmiddel (CSO-NB8-Food) konstituert i november 2004. CSO-NB8-Food har i oppgåve å identifisere felles prosjekt og aktivitetar og å vurdere utviklinga i det vidare samarbeidet. Komiteen møtest ein gong i året.

På møtet i CSO-NB8-Food i 2005 vart det avgjort at ein skulle arbeide vidare med den eksisterande strukturen med to arbeidsgrupper som fokuserte på høvesvis mattriggelen og ernæring, samtidig som det var behov for ein ny gjennomgang av mandat og finansieringsmodell.

På bakgrunn av dette vart det på møtet i CSO-NB8-Food i mars 2006 avgjort at ein skulle utvide

mandatet til den tidlegare *Food Control Group* slik at gruppa dekkjer eit vidare felt og har eit meir heilskapleg ansvarsområde. Den nye arbeidsgruppa *NordBalt Food Chain Group* har ansvar for mattriggelen i heile matkjeda, medrekna plantehelse og dyrehelse relatert til mattriggelen, og dyrevelferd for produksjonsdyr, medrekna fisk.

Den andre arbeidsgruppa, det nordisk-baltiske nettverket for ernæringsarbeidet (*Nordic Baltic Network on Public Health Nutrition*) arbeider vidare i si noverande form ut 2006. Temaet er framleis erfarringsutveksling om tiltak for å overvake og påverke kosthaldet i befolkninga. I 2006 fokuserer nettverket på førebygging av overvekt, særleg blandt barn og unge, metodar for kosthaldsundersøkingar blandt barn og vitamin-D-status hos befolkninga i dei baltiske statane. Det siste temaet har samanheng med at delar av befolkninga i dei nordiske landa ikkje har tilfredstilande vitamin-D-status, noko det blir arbeidd med å forbetre, og ein mistenkjer dette for å vere tilfelle òg i dei baltiske landa.

Vestnordisk forum er eit nettverkssamarbeid mellom Grønland, Island, Færøyane og Noreg der òg Grønlandskontoret i Danmarks Fødevaredirektorat deltek. Det skal aktivt støtte utviklinga av tilsynssistema i landa. Noreg står for leiinga av forumet. Forumet er i vesentleg grad basert på erfarringsutveksling mellom landa og på kompetanseoverføring, særleg til Grønland, Island og Færøyane. Det er eitt årleg møte som alternerer mellom Grønland, Island, Færøyane og Noreg.

## 6.6 Økonomi- og finanspolitikk

### *Samarbeid på det økonomiske området*

Den økonomiske politikken og konjunkturutviklinga i dei nordiske landa er eit sentralt og fast punkt når finansministrane møtest.

Hovudmålet for *den økonomiske politikken* i alle dei nordiske landa er høg og haldbar vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløyse og låg og stabil prisauke. I åra framover vil aldringa i befolkninga leggje auka press på offentlege finansar. For å møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på høg yrkesdeltaking og på å styrke statens formuesposisjon. Dette kjem til uttrykk i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetningspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om jamne budsjettoverskot for offentleg sektor.

Dei nordiske landa har hatt sterk vekst dei siste åra. Etter lågkonjunkturen på byrjinga av tiåret har BNP-veksten i dei nordiske landa teke seg markert opp sidan 2004. Den stigande aktiviteten har i dei fleste landa primært vore driven av høgt privat konsum. Fallande arbeidsløyse, høge bustadprisar og

låge renter stimulerer forbruksveksten og fører til solid økonomisk vekst òg i år. Den gode internasjonale veksten gjer òg sitt til at eksporten i fleire av dei nordiske landa veks sterkt. For 2007 er det venta at avtakande aktivitet i verdsøkonomien og innstrammingar i pengepolitikken vil dempe veksten noko.

Sidan 2004 har arbeidsløysa i dei nordiske landa gått ned, og det blir lagt til grunn ein ytterlegare nedgang òg i år og neste år. Arbeidsmarknaden i dei nordiske landa blir no stramma til, spesielt i Noreg og Danmark, og fleire sektorar opplever problem med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. I alle dei nordiske landa tilseier den demografiske utviklinga lågare vekst i arbeidsstyrken framover enn dei siste 20 åra. Dette dreg i retning av at arbeidsløysa kan gå noko ned framover, òg med ein BNP-vekst i underkant av det historiske gjennomsnittet.

Alle dei nordiske landa siktar mot låg og stabil inflasjon, knapt 2–2,5 %, anten gjennom eigne inflasjonsmål for pengepolitikken (Sverige, Noreg og Island), gjennom medlemskap i Den europeiske monetære unionen (Finland) eller ved å stabilisere eigen valuta mot euro (Danmark). Den underliggende prisveksten er framleis låg i alle dei nordiske landa, med unntak av Island. Den låge prisveksten må sjåast i samanheng med aukande produktivitetsvekst og låg importert inflasjon. Den sterke veksten i år har likevel ført til aukande prisvekst både i verdsøkonomien og i Norden, og det er venta aukande prisvekst i Norden òg neste år.

I motsetnad til dei store landa i euroområdet har dei nordiske landa hatt overskot på dei offentlege budsjettene dei siste åra. Dette har medverka positivt til utviklinga i netto fordringar i offentleg sektor. Dei nordiske landa har ein relativt gunstig

statsfinansiell situasjon som gjev eit betre utgangspunkt for å møte den framtidige aldringa i befolkninga enn tilfellet er for ein del store europeiske land. Fleire av dei nordiske landa har òg gjennomført – eller er i ferd med å gjennomføre – reformer av dei offentlege pensjonsordningane. Som ledd i utforminga av ein berekraftig finanspolitikk har fleire av dei nordiske landa som mål at offentlege budsjett skal vise overskot over tid. I Sverige legg ein opp til eit overskot på 2 % av BNP i gjennomsnitt over konjunktursyklusen, mens Danmark siktar mot at det strukturelle budsjettoverskotet skal ligge i intervallet 0,5–1,5 % av BNP fram til 2010. I Finland er målet at dei offentlege budsjettene bør ha eit samla overskot tilsvarende 3 % av BNP i ein normal konjunktursituasjon, mens den islandske regjeringa legg opp til at budsjettet skal vise eit overskot på 1–2 % av BNP dei nærmeste åra. Dei store innbetalingane frå petroleumsverksmeda inneber at Noreg i ein periode framover vil ha vesentleg større budsjettoverskot enn dei andre landa. Finanspolitikken blir styrt etter ein handlingsregel som siktar mot ein gradvis og forsvarleg auke i bruken av oljeinntekter over statsbudsjettet, om lag i takt med utviklinga i forventa realavkastning av Statens pensjonsfond – Utland, som er 4 %. Samtidig understrekar retningslinjene at omsynet til ei stabil økonomisk utvikling skal tilleggjast stor vekt etter kvart som budsjettet vert utforma. Dette betyr at det i periodar med høg og aukande arbeidsløyse kan brukast meir enn forventa realavkastning av fondskapitalen for å stimulere produksjon og sysselsetjing. Motsett vil det vere behov for å halde igjen i finanspolitikken i periodar med høg aktivitet i økonomien.

Tabell 6.1 Overslag over den økonomiske utviklinga i Norden. Prosentvis endring frå året før

	BNP-vekst			Inflasjon			Arbeidsløyse <sup>1</sup>		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Sverige	2,7	3,6	3,0	0,5	1,4	2,2	6,0	4,9	4,5
Finland	2,1	3,7	2,8	0,9	1,3	1,4	8,4	7,8	7,7
Noreg <sup>2</sup>	2,3	2,2	2,2	1,6	2,3	2,6	4,6	3,8	3,8
Island	5,5	4,7	0,9	4,0	7,8	4,6	2,1	1,5	2,3
Danmark	3,4	2,6	1,9	1,8	2,0	1,8	5,5	4,5	4,3
Norden	2,7	3,0	2,5	1,2	1,8	2,1	6,1	5,2	5,0
Memo:									
Euroområdet	1,4	2,2	2,1	2,2	2,1	2,0	8,6	8,2	7,9
USA	3,5	3,6	3,1	3,4	3,3	2,4	5,1	4,7	4,7

<sup>1</sup> I prosent av arbeidsstyrken

<sup>2</sup> Inklusive petroleumssektoren

Kilde: Nasjonale kjelder. For Noreg og Finland er oversлага for 2007 henta frå *OECD Economic Outlook 79*. Nye nasjonalrekneskapstal for 2. kvartal tyder på at oversлага for BNP-vekst i Norden og euroområdet i inneverande år er noko låge.

### *Nordisk samarbeid om inngåing av avtalar med skatteparadis om informasjonsutveksling*

Samarbeidet er ei oppfølging av OECD-prosjektet mot skadeleg skattekonkurranse. I alt 31 skatteparadis, no kalla *Non-OECD Participating Partners* (NOPP), har gjeve politisk bindande erklæringar om å opne for innsyn og effektiv informasjonsutveksling. For å oppnå dette må det inngåast bilaterale avtalar. Dei større OECD-landa er i gang med denne prosessen. Ved å opptre samla vil dei nordiske landa både ha større gjennomslagskraft og kunne spare vesentlege ressursar, òg for dei aktuelle NOPP-landa som då kan oppfylle sine tilsegner om slike avtalar ved éi felles forhandling. Dei nordiske finansministrane gav sin tilslutnad til samarbeidet under eit møte i Asker i juni 2006. Prosjektet er venta å komme i gang i løpet av hausten.

### *Den nordiske skatteportalen og Det nordiske virtuelle skattekontoret*

Som eit ledd i arbeidet med å byggje ned grensehinder mellom dei nordiske landa opna dei nordiske finansministrane 20. mai 2005 ein felles nordisk skatteportal ([www.NordiskeTax.net](http://www.NordiskeTax.net)). Den nordiske skatteportalen er eit samarbeidsprosjekt mellom skattestyresmaktene i dei nordiske landa, og tek sikte på å gjere det enklare for personar busette i Norden å få hjelp til å løyse skatteproblem som lett vil oppstå for personar som har inntekt eller formue som rører ved fleire land. Portalen vil kunne vere til stor hjelp for personar som bur i eitt land, men har inntekter frå eit anna nordisk land, og for personar som har tenkt å flytte frå eitt nordisk land til eit anna. Den nordiske skatteportalen vil såleis vere ein del av eit internordisk informasjons- og servicenettverk. Informasjonen finst på alle dei nordiske språka og på engelsk. I portalen ligg ei ordliste der dei vanlegaste uttrykkja i kvart lands lovverk er omsett til alle nordiske språk. Gjennom Det nordiske virtuelle skattekontoret vil ein person kunne få svar på sine skattespørsmål på éin stad, og slepp å leite seg fram til dei rette personane i kvart av dei nordiske landa. Det nordiske virtuelle skattekontoret har òg ansvaret for forvaltinga av skatteportalen.

Talet på treff har stabilisert seg på rundt 8000 per månad. Ein viktig ambisjon har vore at svar på enkle spørsmål skal vere motteke innan 2–5 dagar, mens meir kompliserte spørsmål krev noko lengre svartid. Gjennomsnittleg svartid har variert mellom to og ti dagar. Det er gjennomført tiltak for å få ned svartida.

### *Miljø og økonomi*

Det nordiske arbeidet på miljøøkonomirådet blir vareteke av kontaktgruppa for miljøøkonomiske spørsmål. Dette er ei felles arbeidsgruppe under EK-Miljø og EK-Finans. Gruppa set på eige initiativ og etter oppdrag frå Nordisk Ministerråd i verk utgreingar i skjeringspunktet mellom miljø og økonomi. Gruppa gjennomfører mellom anna analysar av økonomiske verkemiddel som kan medverke til kostnadseffektive løysingar på nasjonale, regionale og globale miljøutfordringar. Gruppa fungerer som eit nettverk for miljøøkonomisk kompetanse i Norden med særleg vekt på å utveksle erfaringar og synspunkt på bruken av økonomiske verkemiddel. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar, og byr òg på høve for dei nordiske landa til å koordinere førebuingar til internasjonale møte, spesielt i miljøøkonomigruppa i EU (ENVECO).

Gruppa har avslutta fleire større prosjekt i 2005 og første del av 2006:

- *Verkemiddel i forvaltinga av biologisk mangfold i skog og våtmarker.* Den tredje og avsluttande rapporten i eit prosjekt om verkemiddel for å forvalte det biologiske mangfaldet i skog og våtmark i Norden var ferdig i 2005. Prosjektet har m.a. sett på val av indikatorar for biomangfald, kostnadseffektivitet ved ulike verneformer og korleis endringar i verneprosessar kan redusere konfliktnivået i fredingssaker. Dette prosjektet er presentert både i partsmøtet for konvensjonen om biologisk mangfald i Curitiba i Brasil, og i miljøøkonomigruppa i EU (ENVECO)
- *Economic Instruments for Decoupling Environmental Pressure from Economic Growth.* Prosjektet tek sikte på å identifisere og evaluere forskjellige typar verkemiddel for å redusere miljøbelastninga ved økonomisk vekst. To delutgreingar er leverte i 2005: ein teoretisk studie om målemetodar og indikatorar for fråkopling og berekraftig utvikling, og ein empirisk studie av fråkopling av CO<sub>2</sub>-utslepp og vekst i ein del industriktorar. Analysen er unik fordi ein har nytta sektorspesifikke energiprisar og skattar. Studien har òg kunna ta omsyn til dei mange unntaka som gjeld for energi- og karbonskattar i dei ulike industriane som er undersøkte. Studien har forbetra ein del estimat for energipri-selastisitet, noko som er viktig for å vurdere korleis prisendringar påverkar energiforbruket
- *Den tenkte rolla for handel med klimakvotar i relasjon til andre verkemiddel.* Dette er ein sammenliknande studie av kvotesystem som er i bruk i

dei nordiske landa i perioden 2005–2008 og planar for kvotesystema for Kyoto-perioden. I tillegg blir bruken av andre verkemiddel i klimapolitikken samanlikna. Rapporten går gjennom ein del teoretiske resonnement i samband med effektar av bruk av kvotar og bruk av fleire verkemiddel samtidig, og refererer resultat frå enkelte empiriske studiar. Generelt viser det seg at introduksjon av kvotesystem for CO<sub>2</sub> så langt har ført til få endringar i dei nasjonale verke midla. Dette kan påverke effektiviteten til kvotesystemet

- *The Use of Economic Instruments in Nordic Environmental Policy.* Rapporten blir oppdatert og utgjeven av miljø- og økonomigruppa annakvart eller tredjekvart år, og siste rapporten vart lagd fram våren 2006. Rapporten gjev eit oversyn over ulike typar økonomiske verkemiddel som bli brukte i miljøpolitikken i dei nordiske landa, proveny av miljøavgifter m.m., og inneholder referansar til sentral EU-lovgjeving på miljøområdet. Utgåva som kjem i år, skal òg omfatte dei baltiske landa. I tillegg inneholder rapporten eit eige spesialkapittel om opningar og hindringar for bruk av økonomiske verkemiddel i dei nordiske landa, med ein analyse av i kor stor grad skattar og avgifter har hatt dei effektivitetsfremjande eigenskapane ein har forventa

Gruppa arbeider elles med prosjekt om m.a. økonominisk verdsetjing av miljøgode og om makroøkonometriske analysar på miljøområdet.

#### *EU/EØS-samarbeid*

Som ei følgje av at EU/EØS-sakene får stadig meir å seie for dei nordiske landa, og i lys av EU-utvidinga, har nordisk samarbeid i EU-samanhang fått auka priorititet. EU-samarbeidet på det økonomiske og finansielle området er difor blitt eit fast punkt på dagsordenen for dei nordiske finansministermøta. Elles blir ei rekkje EU/EØS-relevante spørsmål behandla i ulike nordiske arbeidsgrupper.

#### *Nordisk samarbeid på verdipapirområdet*

På bakgrunn av den aukande integrasjonen i verdipapirmarknadene avgjorde MR-Finans 25. juni 1998 at det skulle setjast i gang ei nordisk utgreiing om føresetnadene for auka samarbeid mellom dei nordiske børsane, eventuelt mellom dei nordiske og baltiske børsane. Etter dette har gruppa hatt jamlege møte med representantar for finansdepartementa i dei nordiske landa.

Styresmaktene i dei nordiske landa samarbeider òg uformelt om gjennomføring av enkelte

direktiv/EØS-reglar som svarer til direktiv på verdipapirmarknadsområdet. Referansegruppa arrangerer i juni 2006 eit seminar om gjennomføringa av MIFD (direktiv om marknader i finansielle instrument) i Oslo.

#### *Anna fast nordisk samarbeid*

Forutan det regulære nordiske samarbeidet i regi av Nordisk Ministerråd er det ein god del uformelle kontaktar mellom dei nordiske styresmaktene. Dette gjeld mellom anna på skatteområdet, der det er regelmessige nordiske møte mellom dei aktuelle departementa, nordiske etatsleidarmøte m.m. Dei nordiske finansdepartementa har òg etablert eit slikt uformelt samarbeid på budsjettområdet. Dette medverkar til eit smidig, praktisk samarbeid og ei nyttig erfaringsutveksling.

#### *Verksemda i Den nordiske investeringsbanken i 2005*

Den nordiske investeringsbanken vart oppretta i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei fem nordiske landa. Avtalen er seinare revidert i avtale av 23. oktober 1998. Frå 1. januar 2005 vart Estland, Latvia og Litauen medlemmer av banken.

Banken har i oppgåve å gje investeringslån og stille garantiar på bankmessige vilkår og i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som får slike lån. Låneaktivitetane omfattar m.a. investeringslån til verksemder i to eller fleire nordiske land, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kreditinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden, prosjektinvesteringslån til kreditverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa, og baltiske investeringslån.

Banken hadde eit overskot på 165 mill. euro, eller 1 396 mill. kroner, i rekneskapsåret 2005, mot 172 mill. euro i 2004. Det svakare resultatet har m.a. samanheng med mindre overskot på verdipapirhandelen. Rentenettoen, dvs. differansen mellom renteinntekter og rentekostnader, auka med 6 mill. euro til 169 mill. euro i 2005. Det er i 2006 utbetalt motverdien av 55 mill. euro til eigarane av overskotet for rekneskapsåret 2005, som er det same som i 2004. Av dette utgjorde den norske delen ca. 10 mill. euro eller 80 mill. kroner. Forvalningskapitalen var 18 178 mill. euro per 31. desember 2005, samanlikna med 16 363 mill. euro ved utgangen av 2004. Banken hadde ved siste års skifte 1 946 mill. euro i eigenkapital mot 1 781 mill. euro i 2004.

I 2005 utgjorde avtala utlån til medlemslanda 1 653 mill. euro (tilsvarande ca. 13,2 mrd. kroner),

som er det høgaste beløpet banken har hatt nokon gong og ein auke på 42 % frå 2004. Derimot vart det ikkje stilt nye garantiar i løpet av året. Uteståande lån og garantiar til medlemslanda tilsvara 9 963 mill. euro, eller om lag 79 mrd. kroner, ved utgangen av 2005. Sverige står for 33 % av uteståande nordiske lån, Finland 29 %, Noreg 14 %, Danmark 13 %, Island 7 %, Estland og Latvia 2 % og Litauen 0,3 %. Foredlingsindustrien er største mottakar av samla utlån frå banken (43 %), men òg energisektoren (25 %) og transport og kommunikasjon (10 %) er viktige sektorar.

Banken har formelt samarbeid med 37 land utanfor Norden. Slike utlån utgjer ein aukande del av verksemda i NIB, og var ved utgangen av 2005 på til saman 3 433 mill. euro, eller ca. 35 % av samla utlån. Utlåna er dominerte av prosjektinvesteringsslån (PIL) for prosjekt av nordisk interesse i framveksande økonomiar og transformasjonsland. Utlån utanom Norden går hovudsakleg til infrastrukturinvesteringar, i første rekke i energi- og transportsektoren. Størstedelen (64 %) vart ytt direkte til statar eller mot statsgaranti. Utlåna er framleis dominerte av aktivitetar i Asia med 37 % av utestående lån. Andre viktige område er Sentral- og Aust-Europa (29 %), Latin-Amerika (20 %) og Afrika og Midtausten (14 %).

NIB deltek òg i miljøfinansiering. Ved utgangen av 2005 hadde banken vel 2 milliardar i uteståande miljølån. I 2005 utgjorde miljølån 17 % av totalt utbetalt utlån i banken. NIB har uteståande miljølån i alle geografiske område der banken driv verksemd. Energisektoren er størst med 32 %.

## 6.7 Sosial og helse

Samarbeidet i sosial- og helsesektoren kviler på felles verdiar som utgjer fundamentet i den nordiske velferdsmodellen. Rammene for samarbeidet er nedfelte i samarbeidsprogrammet for sosial- og helsesektoren. Programmet dekkjer eit vidt felt frå forsking og utdanning til informasjons- og erfarringsutveksling og tilrettelegging for samkvem mellom landa gjennom konvensjonar og avtalar. Tyngdepunktet i samarbeidet ligg på institusjonane, både finansielt og som verktøy for måloppnåing. Prosjektverksemda er svært viktig. På ministermøta (MR-S) blir aktuelle saker på sosial- og helseområdet tekne opp til diskusjon. I Nordisk sosialpolitisk embetsmannskomite (EK-S) drøftar landa felles nordiske tiltak og utvekslar informasjon om viktige utviklingstrekk, nye lover, lovforslag og viktige utgreiingar.

I 2006 vedtok Nordisk Ministerråd strategien for barn og unge i Norden. Etter strategien har EK-S no eit ansvar for å integrere barne- og ungdomsområdet i sine konkrete faglege aktivitetar, og ministerrådet for helse- og sosial har eit ansvar for at barn og unge er synlege på det nordiske helse- og sosialområdet. På helse- og sosialområdet skal vi fokusere spesielt på barn og unge i risikogrupper, mellom anna på helse hos barn og unge og førebygging av misbruksmønster. Arbeidet med utsette barn og unge i dei baltiske landa og Nordvest-Russland er framleis høgt prioritert. Den norske formannskapen har eit særskilt fokus på barn og unge som opplever fattigdom i dei nordiske landa gjennom felles nordisk kunnskapsutveksling om dette temaet.

EK-S Administrasjonsgruppa har bistått Nordisk sosialpolitisk embetsmannskomite, og skal ta avgjerder på vegner av EK-S i rutineprega saker. Frå og med 2006 har administrasjonsgruppa fått utvida mandat og har bytt namn til «EK-S i lite format». EK-S i lite format erstattar eitt av dei årlege møta i embetsmannskomiteen. EK-S skal møtast ein gong i året og i samband med det årlege ministermøtet.

### *Norden og Europa*

Innan sosial- og helsesektoren dannar det nordiske nettverket eit godt utgangspunkt for formelle og uformelle diskusjonar og informasjonsutvekslinger i aktuelle EU- og EØS-spørsmål. Ved alle nordiske møte på minister- eller embetsnivå er det opna for informasjon og drøfting av EU- og EØS-spørsmål. Ved behov blir det òg halde konsultasjoner før rådsmøte i EU.

### *Handlingsplanen for barn og unge i nærområda*

Den tverrsektorielle handlingsplanen for barn og unge i nærområda, med utsette barn og unge i Nordvest-Russland som målgruppe, vart avslutta i 2005. Evalueringa av handlingsplanen er positiv med omsyn til dei konkrete aktivitetane som vart gjennomførte, forankringa i nærområda og breidda i prosjekta. Evalueringa er eit viktig grunnlag for den vidare organiseringa av det tverrsektorielle arbeidet med barn og unge i nærområda.

Med bakgrunn i det norske engasjementet i den nordlege dimensjonens partnarskap for helse og livskvalitet har den norske formannskapen særleg sett fokus på samarbeidet med Nordvest-Russland. På helse- og sosialområdet er det sett særskilt fokus på utsette barn og unge. Fattigdom i mange familiiar har medverka til auka inntektsforskjellar, og særleg barnefamiliar er ramma. Denne utvik-

linga har ført til ei rekke grupper av utsette barn og unge prega av manglande skulegang og smittsame sjukdommar, gatebarn, funksjonshemma barn og barn som er utsette for seksuelle og andre overgrep. Noreg har spesielt fokusert på levekår og helse for utsette barn og unge i nærområda til Norden, og har teke initiativ til ein gjennomgang av aktivitetar i Nordisk Ministerråd på dette området. Dette som eit ledd i utviklinga av ein ny nordisk strategi for den vidare organiseringa av arbeidet med utsette barn og unge i nærområda, med eit spesielt fokus på situasjonen i Nordvest-Russland og med Nordisk Ministerråds Russland-program som utgangspunkt.

#### *Det nordiske WHO-samarbeidet*

I WHO-samanheng utgjer det nordiske samarbeidet ei plattform av avgjerande verdi. Samarbeidet har form av nordiske samråd i samband med møta i dei styrande organa og felles tilnærming i saker der grunnlaget er til stades. Tradisjonen med ein nordisk plass i dei styrande organa blir videreført. I 2012 vil det vere aktuelt for Noreg å stille til val til styret i WHO.

#### *Narkotikasamarbeidet*

Narkotikasamarbeidet i Norden var til og med 2005 kanalisiert gjennom eit eige ministerråd for narkotikaspørsmål, MR-Narko, med ein eigen embetsmannskomite (EK-Narko) som saksforebuande organ. Denne embetsmannskomiteen vart nedlagd som følgje av moderniserings- og strukturendringsprosessen i 2005. Narkotikasaker vart innlemma i ministerrådet for helse- og sosiale spørsmål (MR-S).

For å halde oppe det tette samarbeidet med dialog og erfaringsutveksling om narkotikapolitiske spørsmål slutta EK-Narko seg til eit norsk forslag om å vurdere å videreføre det nordiske samarbeidet i ei meir uformell form på sitt siste møte 11. november 2005. Ein tek sikte på eitt uformelt møte i året etter initiativ frå det landet som har formannskapen i Nordisk Ministerråd. Det første møtet vart i Ålesund 29.– 30. juni 2006.

I det nordiske samarbeidet inngår òg eit operativt samarbeid mellom politiet og tollstyresmakten. 36 sambandsmenn er stasjonerte i viktige produsent- og/eller transittland. Det at sambandsmennene arbeider for heile Norden, og ikkje berre for sitt eige land, har vekt internasjonal merksemd. Gjennom sambandsmennene og anna felles etterretningsverksemnd er ei rekke store narkotikasaker rulla opp.

#### *Alkoholsamarbeidet*

Tiltaka som dei nordiske sosial- og helseministrane tok opp i erklæringa frå 2004 om å styrke det nordiske samarbeidet for å redusere breidda og djupna i dei alkoholrelaterte problema, blir følgde aktivt opp på ei rekke område. Samarbeidet rettar seg mot EU, Verdshelseorganisasjonen (WHO) og Norden med nærområde.

Som ei følge av dei initiativa dette samarbeidet medførte, vedtok Verdshelseforsamlinga i 2005 ein resolusjon om problem med årsak i skadeleg bruk av alkohol. Dette inneber at WHO-sekretariatet må legge fram ein rapport om oppfølging av denne saka til Verdshelseforsamlinga i 2007. Det blir lagt opp til eit tett og aktivt nordisk samarbeid om vidare fokus på alkoholproblematikken i internasjonale forum. Dette gjeld òg overfor Europaregionen i WHO, som i 2005 vedtok eit nytt rammeverk for ein alkoholpolitikk, og overfor EU-kommisjonen, som har varsle framlegging av ein alkoholpolitisk strategi i form av ein kommunikasjon hausten 2006.

Gjennom eksisterande nordiske samarbeidsinstitusjonar er ei rekke av dei tiltaka som vart lanserte i ministervedtaket frå 2004 sette i gang. Av desse kan særleg nemnast tiltak i regi av Nordisk nemnd for alkohol- og narkotikaforsking (NAD), som m.a. tek føre seg samanhengar mellom skatte- og avgiftsnivå og alkoholforbruk, og ei større kartlegging av skadenivå og skadetypar i dei fem nordiske landa de siste ti åra.

Det går òg føre seg eit samarbeid om trafikk og alkohol i regi av Nordisk trafikktryggingsråd.

Helse- og sosialministermøtet i 2004 vedtok òg at det skal utarbeidast ein årleg statusrapport om samarbeidet på alkoholområdet. Denne årlege rapporten danner no eit viktig grunnlag for dei drøftingane helse- og sosialministrane fører om den vidare oppfølginga av politikken.

#### *Smittevern*

Innan smittevernet har det i fleire tiår vore eit samarbeid mellom dei nordiske smitteverninstitutta (Folkehelseinstituttet i Oslo, Folkhälsoinstitutet i Helsingfors, Smittskyddsinstitutet i Stockholm, Statens Serum Institut i København og Landlæknir i Reykjavik), som langt på veg har same oppbygging og rolle i det nasjonale smittevernet. Samarbeidet har preg av open og nær dialog om akutte og langsiktige utfordringar, og mange av fagfolka som arbeider med dei same sjukdommane, kjenner kvarandre godt og har ofte kontakt per telefon, e-post og i møte.

Institutta arrangerer Nordisk vaksinemøte annakvart år. Arrangementet roterer mellom landa. Dette møtet er eitt av dei få der praktisk vaksinearbeid blir diskutert i detalj av høgt kvalifiserte fagfolk, og er difor svært viktig. I 2006 blir Nordisk vaksinemøte halde på Island.

Leiarane for overvakingsavdelingane møtest ein til to gonger i året i nordiske statsepidemiologmøte for å drøfte aktuelle smittevernutfordringar. Òg spørsmål knytte til sjukehushyggiene er tema på desse møta.

Nordisk arbeidsgruppe for mikrobiologi og risikovurdering (NNM) er oppretta av Nordisk Ministerråd og har regelmessige møte.

Det går òg føre seg eit utstrekkt samarbeid mellom dei nasjonale referanselaboratoria i dei nordiske landa. Samarbeidet omfattar mellom anna utvikling og bruk av DNA-baserte analysar for typing av enteropatogene bakteriar i samband med oppklaring av utbrot og molekylær epidemiologiske studiar.

Det nordiske smittevernsamarbeidet er dei seinare åra blitt supplert med samarbeid i EU-regi, først i den såkalla Nettverkskomiteen under leiing av Europakommisjonen, og sidan 2005 under det nye smittevernbyrået som EU har etablert i Stockholm, *European Centre for Disease Prevention and Control* (ECDC). Dei nordiske representantane i dei ulike europeiske nettverka og samarbeidsprosjekta har ofte samanfallande standpunkt og erfaringar, og har ofte lukkast i å prege debattar og avgjerder.

Trass i eit stadig djupare europeisk samarbeid viser det seg ofte at dei nordiske landa har nytte av å vidareføre eit eige, nærmere samarbeid. Det skuldast at det innan smittevernet framleis er vesentlege skilnader mellom dei europeiske landa når det gjeld utfordringar og erfaringar, og dei nordiske landa har difor mest å lære av kvarandre. Våren 2006 møttest dei nordiske institutta for å drøfte utfordringar i samband med legionellose frå treindustrien i dei nordiske landa.

I Norden er det eitt mikrobiologisk laboratorium av høgaste tryggingsklasse, såkalla P4-laboratorium. Det ligg ved Smittskyddsinstitutet i Stockholm. Dei andre nordiske institutta har inngått avtale om tenester frå dette laboratoriet ved behov.

Nordisk Ministerråd har i ei årrekke medverka til samarbeidet mellom dei nordiske institutta og kollegaer i dei baltiske landa og Nordvest-Russland, mellom anna om tidsskriftet og utdanningsprogrammet EpiNorth ([www.epinorth.org](http://www.epinorth.org)). Folkehelseinstituttet har vore førande i dette samarbeidet, og registererer eit stort engasjement òg i

dei andre nordiske landa for smittevernet i Nordvest-Russland.

Nordisk Ministerråd har òg teke initiativ til å sondere utsiktene for eit felles nordisk prosjekt om produksjon av influensavaksine. Eit slikt prosjekt vil m.a. gje landa auka beredskap mot ein framtidig pandemisk influensa. Sonderingsarbeidet vil truleg vere sluttført i løpet av året 2006.

### Helseberedskap

Dei nordiske landa har lang tradisjon for helseberedskapsamarbeid, gjennom Nordisk helseberedskapskonferanse og ulike faglege nettverk, innanfor atomulukkesberedskap, smittevern, kjemikalieberedskap, katastrofemedisin, brannskadehandtering m.m. På enkeltområde har samarbeidet vore forankra i formelle samarbeidsavtalar som *Nordic Mutual Emergency Assistance Agreement in Connection with Radiation Accidents* av 1963. Men ei heilsakleg ramme for samarbeidet har mangla.

Etter 11. september 2001 vart det innleidd dialog mellom dei nordiske helseministrane om eit nærmere nordisk samarbeid på helseberedskapsområdet. På helseministermøtet 5. mars 2002 i Oslo vart det fremja forslag til strakstiltak og langsiktige tiltak for å betre den samla nordiske helseberedskapen med særskild vekt på atom-, biologiske og kjemiske hendingar. I juni same året vart Nordisk helseberedskapsavtale undertekna på møte i Nordisk Ministerråd. Avtalen tredde i kraft 30. november 2003. Med grunnlag i avtalen er det seinare undertekna ei erklæring om nordisk samarbeid ved eit eventuelt utbrot av koppar (Nordisk koppeerklæring, undertekna på møte i Nordisk Ministerråd i august 2003).

Føremålet med den nordiske helseberedskapsavtalen er at dei nordiske landa skal få større samla evne til å handtere kriser og katastrofar. Avtalen skal leggje til rette for samarbeid om å førebu og utvikle helseberedskapen ved kriser og katastrofar.

Avtalen rettar seg mot kriser og katastrofar generelt, men med særleg fokus på atom-, biologiske og kjemiske hendingar. Avtalen omfattar førebuing av beredskapstiltak og assistanse i tilfelle ein avtalestat blir ramma av krise eller katastrofe. Avtalen kjem i tillegg til Nordisk redningsteneavtale av 20. januar 1989, og gjeld ikkje der som behov for assistanse blir omfatta av Nordisk redningstenesteavtale. Avtalen skal ikkje vere til hinder for at dei nordiske landa oppfyller sine folkeretslege plikter eller deltek i internasjonalt samarbeid. Innanfor ramma av avtalen kan kompetente styresmakter inngå avtalar på enkeltområde.

Det landet som har formannskapen i Nordisk Ministerråd, har ansvar for at helseministrane i dei nordiske landa møtest for å diskutere problemstillingar innanfor verkeområdet til avtalen. Den praktiske gjennomføringa av avtalen skjer gjennom kontakt og samarbeid mellom kompetente styremakter. Det er etablert ei nordisk samarbeidsgruppe med ansvar for erfaringsutveksling og oppfølging av helseberedskapssamarbeidet. I gruppa sit representantar for helsedepartementa og relevante direktorat i dei nordiske landa. I tillegg eksisterer det faglege nettverk og arbeidsgrupper innanfor ulike område, mellom anna atomulukkesberedskap, smittevern og biologiske hendingar, kjemiske hendingar, innkjøps- og logistikksamark, utvikling av prinsipp og prosedyrar og kompetanseutvikling. Det er m.a. inngått ein samarbeidsavtale mellom Sverige og dei andre nordiske landa om bruk av det svenske laboratoriet med høgaste tryggingsnivå (P4-laboratoriet) i Stockholm.

I tida framover vil det vere ei prioritert oppgåve å gjennomføre og vidareutvikle det nordiske helseberedskapssamarbeidet i tråd med den nordiske helseberedskapsavtalen. Det blir lagt vekt på samarbeidstiltak i tilfelle pandemisk influensa. Ein ser òg nærmare på erfaringane frå det nordiske helse-samarbeidet i samband med handteringa av flodbølgiekatastrofen i Sør-Asia og korleis dette kan utviklast vidare.

Det er eit mål å oppnå god samanheng mellom det nordiske helseberedskapssamarbeidet og det norske samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar som FN/WHO, EU og NATO. Dette må sjåast i lys av at det nye internasjonale helsereglementet frå WHO opnar for forsterka samarbeid mellom naboland om helseberedskaps-spørsmål. Etableringa av EU-senteret for smittsame sjukdommar i Stockholm i 2005 har styrkt smittevernsamarbeidet mellom medlemslanda i EU. Noreg deltek i aktivitetane ved senteret.

#### *Permanente komitear*

Nordisk sosialstatistisk komité (NOSOSKO) har til føremål å leggje eit grunnlag for ein mest mogeleg samanliknbar sosial- og trygdestatistikk i dei nordiske landa. Frå og med statistikkåret 1994 er det lagt opp til årlege publikasjonar i serien *Sosial trygghet i de nordiske land*. Frå og med 1999 har NOSOSKO lagt opp til å presentere særskilde tema i publikasjonen. Slike tema har mellom anna vore finansiering av sosial- og helseutgifter i dei nordiske landa på 1990-talet, levekår for einslege forsørgjarar, personale og personalstatistikk i nordisk eldreomsorg og sosiale tilbod til utsette barn

og unge. Temaet for 2006-utgåva er aktiviserings-politikk i dei nordiske landa.

Nordisk medisinalstatistisk komité (NOMESKO) har til føremål å skape grunnlag for samanliknbar helsestatistikk i dei nordiske landa og å ta initiativ til utviklingsprosjekt, som etter mandatet kan vere følgjande:

- nordisk koordinering innanfor det arbeidsområdet komiteen steller med
- Norden og samarbeidet med nærområda
- oppsyn med anna utvikling i medisinalstatistiske spørsmål

NOMESKO er eit viktig forum for nordisk og anna internasjonalt samarbeid. Det er etablert samarbeid med WHO, EUROSTAT og det nordiske senteret for klassifikasjonar i helsetenesta. Det er òg utvikla eit samarbeid med dei baltiske landa og gjeve ut publikasjonar om dødsårsaksstatistikk og sjukdomsklassifisering (*Nordic/Baltic health statistics*). NOMESKO publiserer årleg *Health Statistics in the Nordic Countries*. Kvart år inneholder publikasjonen ein spesiell temaseksjon. Temaet i 2006-utgåva er «ikkje-innlagde pasientar». Etter oppdrag frå Nordisk Ministerråd har NOMESKO, i samarbeid med NOSOSKO, utarbeidd indikatorar for berekraftig utvikling i helse- og sosialektoren. Ei arbeidsgruppe planlegg vidareføring av arbeidet. Nokre eksempel på andre sentrale oppgåver er: statistikk for ikkje-innlagde pasientar, revisjon av personalstatistikken, statistikk for helseøkonomi og legemiddelstatistikk.

Det er fastlagt ei arbeidsfordeling mellom NOMESKO og det nordiske senteret for klassifikasjonar. NOMESKO skal ha som hovudoppgåve å arbeide med helsestatistikk, mens arbeidet med klassifikasjonar og kodeverk er lagt til klassifikasjonssenteret. Sidan dette er to område som heng nøye saman, er det nødvendig med eit nært samarbeid. I praksis fungerer dette m.a. ved at delegatane til NOMESKO òg er med i styret for klassifikasjonssenteret.

Det nordiske senteret for sjukdomsklassifikasjon i Uppsala er eit *WHO Collaborating Center*. Senteret er finansiert av dei nordiske helsestyresmaktene etter ein nordisk fordelingsnøkkel. Senteret fungerer både som koordinerande organ for arbeidet med kodeverk og klassifikasjonar i Norden og som koordinator for kommunikasjonen mellom landa og WHO. Senteret har eit nært samarbeid med NOMESKO.

Dei to klassifikasjonane ICD-10 og ICF, som er utgjevne av WHO, er sentrale oppgåver for senteret. For den internasjonale sjukdomsklassifikasjonen ICF-10 har senteret først og fremst i oppgåve å

drive med vedlikehald og oppdateringar. For ICF (internasjonal klassifikasjon av funksjon, funksjonshemming og helse), som WHO vedtok i 2001, har senteret ein viktig samordnande funksjon i arbeidet med å innføre klassifikasjonen i dei nordiske landa. Senteret har ei eiga eining, NordDRG, for arbeidet med DRG (diagnoserelaterte grupper), som m.a. blir brukte i norsk innsatsstyr finansiering (ISF).

### *Institusjonar*

På sosial- og helseområdet er det etablert seks institusjonar som skal medverke til tettare nordisk samarbeid. Dette er Nordisk nemnd for alkohol- og narkotikaforsking (NAD), Nordisk samarbeidsorgan for handikappspørsmål (NSH), Nordisk utdanningssenter for døvblindepersonale (NUD), Nordisk utdanningsprogram for utvikling av sosiale tenester (NOPUS), Nordisk institutt for odontologiske materiale (NIOM) og Nordisk høgskule for folkehelsevitakap (NHV). Størsteparten av midlane i sektoren er knytte til desse institusjonane.

Nordisk utdanningsprogram for utvikling av sosiale tenester (NOPUS) er ein institusjon under Nordisk Ministerråd for etter- og vidareutdanning av leiarar og nøkkelpersonell i sosialsektoren i Norden. Institusjonen har kontor i Malmö. Målet for NOPUS er å vere eit nordisk sentrum for erfarringsutveksling, nettverksoppbygging, idéutveksling og etter- og vidareutdanning innanfor leiing og administrasjon på sosialområdet.

Dei nordiske velferdsstatane har mange fellestrekk, men har òg valt ulike løysingar i organiseringsa av tenestetilboda på sosialområdet. Samarbeidet gjennom NOPUS gjev landa høve til erfarringsutveksling og kunnskapsutvikling i ein sektor der komplekse problemstillingar krev nye løysingsmodellar på grunnlag av best mogeleg kunnskap.

Nordisk institutt for odontologiske materiale (NIOM) er eit kompetansesenter og rådgjevande organ for dei nordiske helsestyresmaktene, tannhelsetenesta i Norden og for innbyggjarane. Kjernerneverksemda er knytt til forsking og fagutvikling på tannbehandlingsmateriale og dei eigenskapar og biverknader dei har. Forsking er kunnskapsgrunnlaget for den innsatsen NIOM gjer innan standardiseringsarbeid, materialprøving og -testing og informasjonsarbeid på internasjonalt plan. Nordiske gjesteforskarar og samarbeid med fagmiljø i Norden medverkar til eit vidt fagleg nettverk.

NIOM har brei kunnskap og høg internasjonal status innan forsking og laboratorietesting, noko som har ført til at medarbeidarar i NIOM har fått sentrale verv i internasjonale standardiseringskomitear og i arbeidsgrupper eller komitear i EØS-området for medisinsk utstyr og tekniske kontrollorgan. Renommeet og posisjonen internasjonalt gjer at produsentar etterspør og kjøper materialprøving eller testing frå NIOM.

NIOM har videreutvikla nettverkssamarbeidet med nordiske forskingsinstitusjonar. Med økonomisk støtte frå Socialstyrelsen i Sverige og Helse- og omsorgsdepartementet i Noreg etablerte NIOM i 2005 ein nordisk produktdatabase for dentale biomateriale. Føremålet med databasen er på nordisk basis å skape ein fullt søkbar, uavhengig, kontinuerleg oppgradert og internettbasert produktdatabase med god dekning av kommersielt tilgjengelege dentale biomateriale. Dette vil vere viktig informasjon for både pasientar, behandlarar og forvaltning.

Nordisk høgskule for folkehelsevitakap (NHV) er ein institusjon som skal stå for høgare utdanning og forsking på området folkehelsevitakap. NHV tilbyr ulike grupper personell innan helse- og sosialtenesta ulike former for folkehelseutdanning. NHV driv forsking, gjev ut publikasjonar, driv utgreiingsarbeid og arrangerer konferansar.

I 2004 gjennomførte NHV ei omfattande oppdatering av kurstilbodet. Det er etablert eit grunnkurs i folkehelsevitakap og eit MPH-program som inneber at studentane blir tekne opp til heile masterutdanninga frå starten av. På lengre sikt er det òg planar om ei treårig forskarutdanning. For studentar som i dag er tekne opp på MPH-programmet og forskarutdanninga, vil det bli etablert overgangsordningar.

NHV er finansiert gjennom ein modell med grunnfinansiering og verksemdsfinansiering, som utgjer høvesvis 30 og 70 prosent av det totale budsjettet. Grunnfinansieringa er fordelt på landa etter den nordiske nøkkelen som ministerrådet fastset kvart år, mens verksemdsfinansieringa fordeler seg etter kor mange studentmånader kvart land har brukt i løpet av dei siste tre åra før året då fordelinga blir rekna ut.

NHV har samarbeidsavtalar med 10 universitet. NHV har i samarbeid med universiteta i Tromsø og Tampere vore i dialog med universitetet i Århus for å avklare om det er grunnlag for å etablere ei felles nordisk masterutdanning som er retta inn på folkehelse og velferd. Det er òg inngått ein rammeavtale med universitetet i Arkangelsk.

### *Samarbeid i Norden på sosialtenesteområdet*

Den nye nordiske konvensjonen om sosialhjelp og sosiale tenester som tok til å gjelde 1. oktober 1996, omfattar føresegne om sosialhjelp og sosiale tenester og bidragsforskott frå den nordiske konvensjonen om trygd frå 1981. Han har som siktet mål å sidestille nordiske borgarar og deira rett til sosiale tenester m.m. ved opphold i eit nordisk land.

Nordisk Råds sosialpolitiske komité (EK-S) oppnemnde i 2001 ei nordisk arbeidsgruppe til å overvake iverksetjinga av konvensjonen og til å vere rådgjevande organ for landa. Gruppa arbeider no med forslag til tiltak som kan gjere det enklare for personar med hjelpebehov å komme seg frå eitt land til eit anna. Dette gjeld særleg samarbeid om transporttenester.

### *Nordisk prosjekt om demens*

I 2002 søkte Sosial- og helsedirektoratet Nordisk Ministerråd om tilskot til eit nordisk prosjekt om demens. Søknaden vart innvilga, og Nordisk Ministerråd og dei deltagande landa finansierer det treårige prosjektet «Demensomsorg i Norden». Prosjektet står under leiing av Sosial- og helsedirektoratet, og i tillegg deltek ein representant for den danske Styrelsen for Social Service og ein representant for det svenske Socialdepartementet i prosjektleiinga. Nasjonalt kompetansesenter for aldersdemens ved professor Knut Engedal er fagleg ansvarleg. Sekretariatsfunksjonen er lagd til kompetansesenteret.

## **6.8 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø**

### *Omtale av den norske formannskapen*

Den norske formannskapen held fram med det mangeårige aktive samarbeidet mellom dei nordiske arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøstyresmaktene. Vi vil framleis ha fokus på eit inkluderande arbeidsliv og på innsats i dei nordiske landa for å sikre høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse. Eit meir inkluderande arbeidsliv er eit viktig mål og ein viktig føresetnad både for å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft i åra som kjem og for å kunne tilby arbeid til dei som kan og vil arbeide.

Dei nordiske landa har i fleire år delt sine erfaringar når det gjeld politikk og tiltak for å få ned sjukefråværet og motverke utstøyting frå arbeidslivet. Den norske formannskapen held fram med dette arbeidet. Vi vil òg rette søkjelyset mot strategiar for å få eldre arbeidstakarar til å stå lenger i arbeidslivet.

Eit viktig tema for den norske formannskapen er utvidinga av den europeiske arbeidsmarknaden og dei effektane det har på sysselsetjing, arbeidsløyse, arbeidsvilkår og lønn i dei nordiske landa. Fokus er utvida til å gjelde både arbeidskraft og tenestemigrasjon.

### *Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø*

Kontakt og erfaringsutveksling om tolking og implementering av EU-regelverk i nasjonalt regelverk for slik å unngå å skape unødvendige forskjellar og dermed grensehindringar mellom dei nordiske landa, er eit viktig element i det meir praktiske samarbeidet.

Nordisk Ministerråds samarbeidsprogram på arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøområdet 2005–2008 dannar ramma for samarbeidet i sektoren. Programmet vart gjort ferdig under den islandske formannskapen i 2004. Samarbeidet er retta både mot arbeidslivspolitikk innanfor Norden og mot nordisk arbeidslivspolitikk i samspel med EU/EØS og andre internasjonale forum. Programmet fokuserer på innsats med sikt på å auke tilbodet på arbeidskraft for å møte den demografiske utfordringa og for å skape eit aktivt og inkluderande arbeidsliv som motverkar utstøyting. Det blir òg sett søkjelys på arbeidshindringar og diskriminering av utsette grupper og innsats for å fremje likestilling mellom kjønna i arbeidslivet. Kvart formannskapsland utdjupar dei ulike aspekta ved desse hovudmåla gjennom temaa for sin formannskap.

Den danske formannskapen i 2005 hadde kunnskap og innovasjon, eit Norden utan grenser og effektivitet i det nordiske samarbeidet som overordna tema. Samarbeidet i arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøsektoren vart samla under temaet modernisering av den nordiske arbeidsmarknaden. Hovudfokus vart sett på spørsmål knytte til sjukefråvær og arbeidsmiljø. Tema for formannskapskonferansen i april 2005 var sjukefråvær i Norden. Embetsmenn, politikarar, forskarar og representantar for verksemder i Norden hadde ei nyttig idéutveksling. Embetsmannskomiteen for arbeidsmarknad og arbeidsmiljø (EK-A) følgde opp konferansen ved å setje ned ei nordisk kontaktgruppe. Gruppa, som skal arbeide ut 2007, har som oppgåve å samle inn og analysere informasjon om utviklinga i sjukefråværet i dei nordiske landa. Ho skal òg samle inn og analysere informasjon om iverksette tiltak og vidareformidle informasjon om tiltak som fungerer bra i dei ulike landa. Målet er ikkje å utvikle ein felles politikk, men å utnytte kvarandres erfaringar.

Årets norske formannskap har understreka at arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøfeltet står sentralt i den vidare utviklinga av dei nordiske velferdssamfunna. Landa skal møte utfordringane som den demografiske utviklinga skaper for arbeidsmarknaden, dei skal motverke tendensar til utstøyting frå arbeidslivet og dei skal nytte sjansane og løyse problema som globaliseringa medfører.

Temaet for formannskapsseminaret hausten 2006 blir aldersdiskriminering og haldningar til seniorar i arbeidslivet. Seminaret skal ta opp tilhøve som gjer til at seniorar forlet arbeidslivet tidleg, med særleg fokus på diskriminering og negative haldningar.

Erfaringsutvekslinga om EU/EØS-utvidinga og korleis denne påverkar arbeidsmarknad og arbeidsliv i Norden, med spesiell vekt på tilhøvet til dei baltiske landa og Polen, blir ført vidare under den norske formannskapen. Den nordiske kontaktgruppa som har følgt utvidinga, har vore til stor nytte når dei nordiske landa kvar for seg har teke stilling til kor vidt dei skal vidareføre overgangsordningane. Gruppa held no fram med eit noko utvida mandat. Fokus framover blir i større grad tenestevandringar og den samla effekten arbeidskraft og tenestemigrasjon har på arbeidsmarknad og arbeidsvilkår.

Som tidlegare nemnt har ein arbeidd med at Hallo Norden skal gje ei oversiktleg framstilling av føresegne om arbeidsløysetrygd og arbeidsløyskassane i dei nordiske landa, slik at brukarar som ønskjer å pendle eller flytte for å ta arbeid, kan få vite kva vilkår dei får. Nordisk samarbeid om arbeidsformidling held fram innanfor Eures-rammene.

Dei nordiske samarbeidsministrane tok i 2005 ei rekke avgjelder om modernisering av det nordiske samarbeidet, og gav i den samanheng dei ulike ministerråda i oppgåve å gå gjennom sine samarbeidsstrukturar med sikte på å leggje til rette for fornya dynamikk. Den dåverande danske og den påtroppande norske formannskapen sende på bakgrunn av dette ut et opplegg for ny struktur for arbeidet i sektoren for arbeidsmarknad og arbeidsliv. Målet var å få til større aktualitet og dynamikk i samarbeidet, slik at ein får løfta fram aktuelle faglege tema til politisk diskusjon i rett tid. Det vart lagt opp til færre faste utval med breiare mandat. Desse blir supplerte med tidsavgrensa kontaktgrupper som blir sette ned for å sjå på problemstillingar på viktige tidsaktuelle område. EK-A har prinsipielt slutta seg til opplegget, og det blir no arbeidd med utforming av mandat for dei faste utvala. Prosessen skal fullførast hausten 2006.

#### *Organisering av samarbeidet og arbeid i enkeltutval*

Embetsmannskomiteen for arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøspørsmål (EK-A) har det overordna ansvaret for å setje i verk dei vedtak som blir fatta av arbeidsministrane (MR-A). Vidare kan EK-A innanfor ramma av samarbeidsordninga på sjølvstendig grunnlag initiere tiltak på feltet. EK-A skal òg føre kontroll med verksemda i underliggende utval, grupper, prosjekt m.m. Nordisk Ministerråds samarbeidsprogram på arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøområdet 2005–2009 og dei årlege formannskapsprogramma dannar grunnlaget for arbeidet i utvala.

Ei eiga EU-informasjonsgruppe følgjer utviklinga i EU på arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøfeltet. Føremålet med gruppa er å utveksle informasjon om tema som kjem opp i ulike EU-forum og å diskutere emna ut frå ein nordisk synsvinkel. Dagsorden for rådsmøta i EU blir gjennomgådd, men det blir no lagt større vekt på tematiske drøftingar. I tillegg tek gruppa opp problemstillingar som kan vere felles for dei nordiske landa, som regelverksutforming og den nordiske modellen i forhold til partane i arbeidslivet. Gruppa gjev norske styresmakter nyttig informasjon om aktuelle saker som blir behandla i EU, mellom anna saker som er EØS-relevante. Gruppa er utvida med medlemmer frå dei baltiske landa og Polen slik at òg dei er med i informasjonsutvekslinga.

Ei informasjonsgruppe for arbeidslivsspørsmål under EK-A er redaksjonsrådet for tidsskriftet *Arbeidsliv i Norden, Tidsskrift for arbeidsmarked og arbeidsmiljø*.

På arbeidsmarknadsfeltet er det to utval under EK-A. Nordisk arbeidsmarknadsutval har ansvaret for det operative samarbeidet, og skal vidareutvikle arbeidsmarknadspolitikken i dei nordiske landa. Det skjer mellom anna gjennom prosjekt og konferansar på området. Nordisk migrasjonsutval utvekslar informasjon om spørsmål i samband med migrasjons- og integrasjonsområdet.

På arbeidsmiljø- og arbeidsrettsfeltet er det tre utval. Nordisk arbeidsmiljøutval skal styrke og utvikle det nordiske samarbeidet for betre arbeidsmiljø i landa. Det skjer gjennom informasjons- og erfaringsutveksling om mål og metodar og gjennom initiering og oppfølging av felles prosjekt. Utvalet drøftar kontinuerleg verksemda som arbeidsmiljøstyresmaktene driv, mellom anna regelverksutvikling og tilsynsmetodar. Nordisk arbeidsmiljøforskningsutval skal utvikle det nordiske samarbeidet på området arbeidsmiljøforskning. Målet er å få fram betre forsking gjennom å utnytte felles ressursar og gje vitskapleg støtte til

samarbeidsprosjekt. Dei to utvala har felles prosjektmidlar.

Nordisk arbeidslivs- og arbeidsrettsutval (NAU) skal vareta samarbeidet om arbeidsliv og arbeidsrett. Utvalet er særleg oppteke av den aukande internasjonaliseringa og kva denne får å seie for arbeidslivet og arbeidsretten i Norden. NAU har i første rekke til føremål å utveksle informasjon om spørsmål på arbeidslivs- og arbeidsrettsområdet, samarbeide om implementeringa av EU-direktiv og å drøfte spesielle felles nordiske arbeidsrettsproblemstillingar.

NIVA – Nordisk arbeidsmiljøutdanning – er ein separat institusjon under EK-A. NIVA organiserer vidareutdanning av ekspertar på arbeidsmiljø i Norden. Gjennom kurs og seminar medverkar NIVA òg til å forsterke det nordiske nettverket og å knyte kontaktar med ekspertar utanfor Norden. NIVA har eigne «Baltikum-kurs», og gjev stipend til deltakarar frå dei baltiske landa.

På attføringsfeltet er det eigne samarbeidsorgan i tillegg til samarbeidet som skjer innanfor embetsmannskomiteen for arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøspørsmål (EK-A). Nordisk handikappolitisk råd, som er eit rådgjevande og policy-skapande organ for Nordisk Ministerråd, har som hovudoppgåve å sjå til at omsynet til funksjonshemma blir vareteke på alle sektorområde. Rådet er tverrsektorielt samansett, og for kvar sektor finst eit nordisk sektornettverk med representantar for dei respektive fagdepartementa. Sektornettverket for arbeidsmarknadsspørsmål tek opp tema i tilknyting til situasjonen for funksjonshemma på arbeidsmarknaden og dermed attføring.

#### *Petroleumstilsynets nordiske samarbeid på tryggings- og arbeidsmiljøområdet*

Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Petroleumstilsynet deltek i *North Sea Offshore Authorities Forum* (NSOAF), der styresmakter med tilsynsansvar for petroleumsverksemda til havs i åtte Nordsjø-land er representerte. Av dei nordiske landa deltek Danmark, Færøyane, Noreg og Sverige. Forumet utvekslar erfaringar rundt tilsynet med tryggleik og arbeidsmiljø i verksemda, og arbeider mellom anna for å utvikle ordningar som inneber gjensidig aksept av kontroll- og dokumentasjonsarbeid utført i dei ulike landa. Det er oppnådd resultat som gjev effektiviseringsgevinst både for styresmakter og industri, noko som igjen inneber at ressursane kan setjast inn mest mogleg effektivt for å vareta felles interesser med omsyn til vern av menneskeliv og helse, miljø og

materielle verdiar. Petroleumstilsynet samarbeider òg bilateralt med landa rundt Nordsjøen, av dei nordiske landa særleg med Danmark, der Energistyrelsen er den viktigaste samarbeidspartnaren. Det blir halde eit årleg møte på leiingsnivå i tillegg til jamleg kontakt i faglege spørsmål som er av felles interesse for dei to landa når det gjeld reguleringsa av tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda.

#### **6.9 Likestilling**

Barne- og likestillingsdepartementet er representerert i ministerrådet for likestilling.

På lanseringskonferansen for det nye samarbeidsprogrammet for likestilling for perioden 2006–2010, «Med fokus på kjønn er målet det likestilte samfunnet», vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe av nordisk ungdom, ein av kvart kjønn frå kvart av dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda unnateke Grønland, som ikkje hadde føreslått representantar. Arbeidsgruppa fekk i oppdrag å utarbeide ei kvitbok om korleis nordisk ungdom ser på kjønnslikestilling, med frist for levering til ministrane på ministermøtet i mai.

På ein konferanse i Tønsberg i mai vart kvitboka overlevert statsråd Karita Bekkemellem, som tok imot på vegner av dei andre ministrane. Det vart gjort klart at kvitboka bør få ei form og eit omfang som gjer at ho kan spreiaast breitt i nordiske ungdomsmiljø og vere eit grunnlagsdokument for drøftingar og tiltak i heile samarbeidsperioden. Boka vert publisert gjennom Nordisk Ministerråd. Kviboka vil òg vere eit viktig dokument for det nordiske ungdomspanelet som er omtala annan stad i meldinga.

Det årlege likestillingsministermøtet vart halde i Tønsberg dagen etter, deretter vart det òg halde møte med dei baltiske likestillingsministrane om oppfølging av tiltak mot menneskehandel. Desse møta blir haldne annakvart år slik at planar kan vedtakast for arbeidet dei neste to åra. Det vart vedteke at ministerrådet for likestillingssamarbeid som ein del av moderniseringa av NMR skal heite «ministerrådet for likestilling». MRL skal framleis fokusere på kjønnslikestilling, mens diskusjonen om å inkludere andre diskrimineringsgrunnlag skal halde fram. Under temaet kjønn og makt vart det vedteke at Finland skal leggje fram ein rapport om *The Nordic 500 Women Board Directors and Executive Directors* i 2007. Under temaet kjønn og ungdom vart det vedteke at Finland skal arrangere ein konferanse om dette i 2007. Under temaet kjønn, kultur og kommunikasjon vart det vedteke

at NMR på vegner av embetsmannskomiteen for likestilling (EK-Jäm) hausten 2006 inviterer embetsmannskomiteen for kultur (EK-K) til eit arbeidsseminar der hovudmålet er å drøfte korleis kjønnsperspektivet i det nordiske kultursamarbeidet kan betrast.

I tillegg vart det vedteke at det nordiske forskingsprosjektet «Ungdom, kjønn og pornografi i Norden» skal avsluttast med ein konferanse i Oslo i september. Ministerrådet vedtok òg at det skal setjast av midlar til eit felles nordisk prosjekt i 2007 om prostitusjon i Norden, med vekt på lovgrunnlag og tiltak mot prostitusjon, kartlegging av omfanget og ein analyse av korleis kvinner og menn stiller seg til prostitusjon. Ministerrådet vedtok òg å oversende ein søknad om «Urbefolking og kjønn: likestillingsarbeid blant urfolk i det arktiske området» til samarbeidsministrane, med forslag om finansiering over prioriteringsmidlane for 2007.

## 6.10 Justissektoren

### Lovsamarbeid

Det nordiske lovsamarbeidet har med grunnlag i Helsingforsavtalen av 1962 som mål å skape mest mogeleg einsarta lovgjeving i dei nordiske landa. Tradisjonelt har lovsamarbeidet vore gjennomført ved store felles lovprosjekt som har hatt som resultat like eller tilnærma likelydande lover i dei nordiske landa, først og fremst lover som i praksis blir brukte for domstolane.

Her nemner vi nokre eksempel på lover som har fått lik eller tilnærma lik ordlyd etter eit felles nordisk lovarbeid. Avtalelova av 31. mai 1918 er eit resultat av utkast som vart utarbeidde etter diskusjonar i ein felles nordisk lovkomité. Alle dei nordiske landa fekk etter kvart tilnærma likelydande avtalelover som bygde på dette arbeidet. Gjeldande lov om sjøfarten av 24. juni 1994 nr. 39 er òg, som forgjengaren (sjølova av 20. juli 1893 nr. 1), eit resultat av fellesnordisk lovgjevingssamarbeid. Det materielle innhaldet i dei nordiske sjølovene er i all hovudsak likt. Dei nordiske lovene om utlevering av lovbytarar har ei liknande forhistorie, med nasjonale lovkomitear som møtte sine nordiske motpartar og der resultatet vart tilnærma like nasjonale lover om utlevering til dei andre nordiske landa.

Slike store felles lovprosjekt har likevel ikkje prega det nordiske samarbeidet om lovgjevings-spørsmål dei siste 10–20 åra. Dagens nordiske samarbeid om lovgjevingsspørsmål er uformelt, pragmatisk og nyttebasert – tilpassa lovgjevingsprosessane slik dei går føre seg i Norden i dag.

Innanfor justissektoren skjer samarbeidet i stor grad ved direkte kontakt mellom departementa i dei nordiske landa. Det blir kontinuerleg arbeidd med å utveksle informasjon og erfaringar om lovgjevingsarbeid og å tilpasse og revidere lovgjevinga med siktet på størst mogeleg rettslikskap. Samarbeidet er i dag prega av at dei nasjonale lovgjevingsprosessane går raskare og er meir politiserte enn før. Vidare er det nordiske lovsamarbeidet prega av at regelproduksjon i aukande grad går føre seg i internasjonale forum. Begge desse forholda gjer til at eit effektivt og uformelt samarbeid mellom nordiske lovgjevingsstyretemakter har mykje å seie for kvaliteten på den nasjonale lovgjevinga.

Samarbeidet på området for EU/EØS-spørsmål er ein viktig del av det nordiske lovsamarbeidet, sidan ein stadig aukande del av lovarbeidet er initiert gjennom EU-reglar. Det er eit overordna mål å sørge for nordisk rettslikskap ved gjennomføringa av EU-regelverk i nasjonal lovgjeving, og likeins å sikre ei korrekt gjennomføring ved gjensidig bistand. Det er òg eit mål å få i stand nordisk samarbeid ved førebuing av nytt EU-regelverk, både om innhaldet i nye EU-reglar der dette fell naturleg og om å få utforma nye føresegner i samsvar med nordiske lovgjevingstradisjonar. Dette arbeidet kjem til å halde fram.

Innanfor det tradisjonelle nordiske samarbeidet spelar privatretten ei sentral rolle. Familieretts-ekspertgruppa med deltakarar frå dei nordiske justisdepartementa møtest minst ein gong i året for å diskutere rettsutviklinga på området. I dette arbeidet er det særleg revidering av den nordiske ekteskapskonvensjonen som har vore viktig for gruppa.

Det tradisjonelle nordiske lovsamarbeidet på sjørettsområdet blir vidareført. Hausten 2003 avgjorde Nordisk Ministerråd at det skulle oppretta ei ståande nordisk arbeidsgruppe innan selskapsrett. Arbeidsgruppa skal tre i funksjon kvar gong ei EU-rettsakt på selskapsrettens område skal gjennomførast i nasjonal rett. Gruppa heldt sitt første møte i Oslo i januar 2005. I september same året møtest gruppa i Reykjavik for å diskutere gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 1435/2003 om europeiske samvirkeføretak i nasjonal rett.

Ei eiga strafferettsgruppe med deltakarar frå dei nordiske justisdepartementa har eit særleg ansvar for nordisk samarbeid på områda strafferett og straffeprosess. Gruppa møtest inntil to gonger i året for å drøfte lovgjevingsspørsmål på området. Under denne gruppa er det oppretta arbeidsgrupper som arbeider med særskilde tema. I perioden

for denne stortingsmeldinga har det vore arbeidd med ny nordisk konvensjon om overlevering for straffbare forhold (sjå eige punkt), revisjon av den nordiske straffefullføringsordninga og tilhøvet til menneskerettane ved rettslege tiltak mot terrorhandlingar. Dei to siste tema er venta avslutta i neste periode.

Med utgangspunkt i møte mellom dei nordiske og baltiske justisministrane i mai 2004 og september 2005 kjem samarbeidet med nærområda (Baltikum og Nordvest-Russland) om rettslege spørsmål til å halde fram (sjå eige punkt om nordisk-baltisk kontaktgruppe).

#### *Nordisk konvensjon om overlevering for straffbare forhold*

På det nordiske justisministermøtet i juni 2005 vart det konstatert prinsipiell politisk semje om eit utkast til nordisk konvensjon om overlevering for straffbare forhold mellom dei nordiske landa (nordisk arrestordre). Ministrane gav samtidig embetsmannskomiteen i oppdrag å fullføre arbeidet med sikte på underteikning av konvensjonen i løpet av 2005 og ikraftsetjing seinast i 2007. Konvensjonen vart underteikna 15. desember 2005. Arbeidet med den nasjonale gjennomføringa er i gang med sikte på å oppnå felles ikraftsetjing for flest mogeleg av landa.

#### *Politisamarbeid*

Samarbeidet mellom politistyresmaktene i dei nordiske landa er forankra i avtalar og enkelte einsarta lover (mellan anna nordisk lov om utlevering). Sentralt i denne samanhengen står den nordiske politisamarbeidsavtalen frå 2002, som no har avløyst den tidlegare politisamarbeidsavtalen frå 1972. Det nordiske politisamarbeidet er karakterisert ved at ei lokal politistyremakt stort sett kan samarbeid direkte med den lokale politistyremakta i eit anna nordisk land utan å måtte gå via sentrale styremakter. Eit anna karakteristisk trekk er at det mange stader er etablert nære regionale eller lokale kontaktar mellom politidistrikta på begge sider av grensene.

Dei nordiske rikspolisjefane møtest ein gong i året. Dette møtet er både av orienterande art og initierer ein felles nordisk kamp mot kriminalitet. Det blir òg halde ei rekke møte mellom dei nordiske landa på ulike nivå, mellan anna på kriminalteknisk nivå, på utdanningsområdet og på operativt/strategisk plan.

Ved sidan av å regulere samarbeidet om å motverke og førebyggje kriminalitet omfattar den nye politisamarbeidsavtalen av 2002 òg informasjonsut-

veksling i politiforvaltingssaker. Den nye avtalen gjer det òg til ein viss grad mogeleg å utdjupe samarbeidet. Ein tilleggsavtale om utlån av materiell og utstyr og om varsling ved transittering av personar under uttransport vart underteikna av dei nordiske rikspolisjefane i august 2004.

Samarbeidet mellom dei nordiske landa går òg føre seg gjennom det internasjonale politisamarbeidet, mellom anna innanfor rammene av *Baltic Sea Task Force on Organised Crime*, dei norske samarbeidsavtalane med EU og globalt gjennom Interpol.

#### *Politi- og tollsamarbeidet i Norden (PTN)*

Samarbeidet, som no generelt er innretta på kamp mot kriminalitet, er av vesentleg verdi for det arbeidet som blir drive i Norden for å slå ned på grenseoverskridande, organisert kriminalitet. Samarbeidet er av dynamisk karakter og blir justert etter kvart som utviklinga i det internasjonale kriminalitetsbiletet gjer det nødvendig. Mellom anna blir kvar utplassering av sambandsmenn evaluert kvart år.

#### *Politisambandsmenn*

I samarbeid med dei andre nordiske landa er det utplassert politisambandsmenn i ei rekke land. Hovudføremålet med ordninga er å skape eit kontaktledd med styremaktene i landa og å lette samarbeidet mellom landa og formidle informasjon i kampen mot kriminalitet. Det er òg utplassert politisambandsmenn med særskilde oppgåver på utlendingsfeltet.

Det administrative ansvaret for politisambandsmennene vart overført til Utanriksdepartementet frå 1. januar 2005. Dette gjeld ikkje for utsendingane til Europol og Interpol.

#### *Nordisk materiellsamarbeid i politisektoren*

Utveksling av informasjon om politimateriell og spesifisering av dette saman med andre nordiske politistyresmakter har vore eit satsingsområde i fleire år. Dei seinare åra er dette ytterlegare sterka ved at samarbeidet er utvida til òg å omfatte felles utlysing av materiellinnkjøp og felles kontraktsforhandlingar.

Felles nordiske kontraktar gjev større volum av materiell slik at ein kan oppnå gunstige prisar. Samarbeidet medfører òg at dei nordiske politistyresmaktene kan hjelpe kvarandre med kapasitet og kompetanse m.o.t. testing og evaluering av produkt.

### *Samarbeidet mellom dei nordiske riksadvokatane*

Det er nær kontakt og godt samarbeid mellom dei nordiske riksadvokatane både generelt og i enkelt-saker. Årleg blir det halde møte for erfaringsutveksling og diskusjon av faglege tema som kriminalitetsutvikling, lovspørsmål, metodespørsmål, innsats mot særskilde kriminalitetsformer m.m.

Som ledd i den strategiske kampen mot organisert kriminalitet i Austersjøområdet er det etablert eit samarbeid mellom riksadvokatane i regionen, mellom anna gjennom det årlege *Baltic Sea*-møtet. Dette skjer i samspel med politisamarbeidet under *Task Force on Organised Crime in Baltic Sea Region*, som er etablert av Austersjørådet.

### *Politisamarbeid – forholdet til EU*

Som ikkje-medlem i EU må Noreg mellom anna ha nære bilaterale kontaktar med EU-landa. Ein viktig strategi for Noreg er først og fremst å samarbeide med dei andre nordiske landa som er medlemmer av EU for å få støtte for våre interesser overfor EU og for å innhente informasjon som vi treng om dei pågåande justispolitiske prosessane i unionen.

### *Miljøkriminalitet*

I april 1999 avgjorde riksadvokatane i Austersjølanda at det skulle nedsetjast ei ekspertgruppe som skulle utføre undersøkingar om internasjonal miljøkriminalitet i Austersjølanda. Gruppa har utarbeidd to rapportar om innsats mot forureining frå skip i Austersjøområdet. Det er etablert eit samarbeid med ei arbeidsgruppe for kamp mot miljøkriminalitet under *Task Force on Organised Crime*, ei arbeidsgruppe som fram til i år (2006) har vore under norsk formannskap.

### *Samarbeid om kriminalomsorga*

Det forpliktande internasjonale samarbeidet på fagfeltet kriminalomsorg er avgrensa. Dei nordiske landa har derimot vore aktive i samarbeidet i regi av Europarådet.

Særleg viktig er det òg at det i nordisk sammenheng i mange år har vore eit tett administrativt og fagleg samarbeid. Leiinga for kriminalomsorga i dei nordiske landa møtest årleg for å drøfte utfordringar og dele erfaringar.

Den nordiske fagrørsla har eit eige samarbeidsorgan, Nordiske fengselsfunksjonærars union. Kvart år går det føre seg ei tenestemannsutveksling mellom medarbeidrarar innan kriminalomsorga i dei nordiske landa. Ordninga er administrert av sentrale organ i kriminalomsorga og fagrørsla i fellesskap.

I alle dei nordiske landa har eigne etatsspesifikke institusjonar med ansvar for grunn- og vidareutdanning av tenestemenn til no vore knytte til kriminalomsorga. Utdanningsmodellane i fleire av dei nordiske landa blir for tida gjennomgådde. Frå norsk side har ein i denne vurderingsprosessen lagt stor vekt på å innhente erfaringar frå dei andre nordiske landa. Det er etter kvart blitt oppretta mindre forskingseiningar i tilknyting til desse utdanningsinstitusjonane. Òg på dette området er det nordiske samarbeidet under utvikling.

Dei seinare åra har vi òg fått fleire fagspesifikke samarbeidsforum. Desse foruma drøfter mellom anna tryggingsspørsmål, spørsmål i samband med misbruk av narkotika i fengsel og spørsmål knytte til arbeid og undervisning i fengsel.

Såkalla påverkingsprogram er blitt introduserte i nordisk kriminalomsorg. Desse programma er i hovudsak utvikla i Canada og Storbritannia. Det er oppretta eit eige nordisk forum som skal utveksle erfaringar knytte til implementering av desse programma i nordisk kriminalomsorg.

For å kunne dra nytte av nordiske erfaringar på fagområdet friomsorg, møtest årleg representantar frå aktuelle departement og direktorat for å utveksle erfaringar. Dei seinare åra har det vore særleg stor interesse knytt til bruken av samfunnsteneste og samfunnsstraff.

### *Redningstenestesamarbeid*

Det nordiske redningstenestesamarbeidet NORDRED byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skadar på menneske, eigedom eller miljøet ved ulukker.

Avtalen skal komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Overordna mål er å utveksle informasjon, føre menneske saman og bryte faggrenser. NORDRED-kontaktgruppa møtest to til fire gonger i året, og konferansar blir haldne tredjekvart år. 2006-konferansen vart arrangert på Island 3.–5. mai i år.

Det er utarbeidd ei nordisk tenestehandbok, arrangert alarmøvingar og oppmuntra til grensekommunalt og lokalt samarbeid. Ettersom det er EU-medlemmer Noreg samarbeider med i NORDRED, kan EU-direktiv på fagområdet ha innverkan òg på Noreg og samarbeidet mellom NORDRED-landa.

### *Samarbeid om samfunnstryggleik*

Det er nær kontakt og godt samarbeid mellom dei nordiske landa innan samfunnstryggleik og bered-

skap. Det blir jamleg halde informasjonsmøte mellom generaldirektørane og på embetsnivå. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Justisdepartementet har ein aktiv dialog med andre nordiske styresmakter knytte til utveksling av kunnskap og erfaringar.

For å støtte FN i humanitære hjelpeoperasjonar er det inngått avtalar med alle dei nordiske landa og med Storbritannia og Nederland om deltaking i UNDAC-systemet (*United Nations Disaster Assessment and Coordination*). Desse landa samarbeider i nettverket *International Humanitarian Partnership* (IHP) om å stille ressursar til rådvelde for FN i praktisk naudhjelpsarbeid. I dette nettverket blir det arrangert fellesøvingar for internasjonale innsatsstyrkar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap deltek i planlegging og gjennomføring av Triplex-øvingane. Noreg arrangerte ei Triplex-øving med deltararar frå 20 land i Mjøsregionen i september 2004. Øvinga skulle synleggjere gevinstar og potensiell usemje ved eit sivil-militært samarbeid.

Alle dei nordiske landa deltek i EUs handlingsprogram for sivil beredskap, *Community Action Programme in the Field of Civil Protection*. Føremålet med handlingsprogrammet er å støtte opp om og utfylle den verksemda lokale, regionale og sentrale styresmakter driv innanfor sivil beredskap. Frå norsk side er det innleidd samarbeid med dei andre nordiske landa ut frå konkrete prosjekt.

Som ei vidareføring av handlingsprogrammet har EU oppretta ein felles samordningsmekanisme for sivil krisehandtering. Mekanismen gjer EU meir operativt og legg til rette for mobilisering av intervensjonsteam, eksperтар og andre ressursar til eit kriseområde i eller utanfor EU. Noreg og Island har delteke i mekanismen sidan 1. januar 2003, og har utvikla eit godt samarbeid med dei andre nordiske landa når det gjeld sivilberedskapsaker i EU. Både handlingsprogrammet og samordningsmekanismen blir avslutta ved utgangen av 2006. Etter planen skal eit nytt instrument for sivil krisehandtering tre i kraft 1. januar 2007, og skal fungere til 2013. Det nye instrumentet representerer nye utfordringar for norsk deltaking i sivil beredskap i EU. Samarbeidet med dei andre nordiske landa blir viktig i samband med overgangen til nytt instrument.

Alle dei nordiske landa deltek elles i NATO-samarbeidet om sivil beredskap i Partnarskap for fred (PfP). Frå norsk side er det lagt stor vekt på å styrke partnarsamarbeidet i NATO.

Eit godt døme på nordisk samarbeid i NATO er det felles nordiske prosjektet om utviklinga av generelle retningslinjer for vern av sivilbe-

folkninga mot angrep med masseøydeleggingsmiddel (CBRN). Som ei følgje av auka fokus på beredskap mot hendingar med bruk av kjemiske, biologiske og radiologiske (CBRN) våpen i NATO vart det frå norsk side teke initiativ til å utarbeide eit grunnlagsdokument med generelle retningslinjer for utstyr, opplæring og prosedyrar. Prosjektet er utført i samarbeid med svenske og finske styresmakter, og har hatt som siktemål å gje NATO/EAPC-landa større evne til å verne sivilbefolkninga. Hausten 2004 vart det halde ein konferanse i Kuopio i Finland. I 2005 vart det delteke i et spesialgruppmøte i Kuopio og ein konferanse i Karlstad i Sverige. I oktober 2006 vil Noreg og NATO vere vertskap for ein konferanse i Trondheim der sluttrapporten blir presentert og drøfta av deltararar i EAPC.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap deltek i Nordisk komité for samordning av eltryggleiksspørsmål (NSS). Medlemmer i NSS er dei nasjonale styresmaktene med ansvar for eltryggleiken. Noreg har i meir enn 10 år hatt sekretariatet for komiteen. NSS har i tillegg undergrupper på område som marknadskontroll, analyse og informasjon.

Det siste møtet i NSS vart halde i Tønsberg 1.–2. juni 2006 med deltararar frå Sverige, Danmark, Finland, Island, Grønland og Færøyane.

Komiteen er nyttig for Noreg fordi vi her får høve til å påverke dei aktuelle prosessane i EU på ein direkte og samordna måte, særleg i samband med utviklinga av direktiv etter «den nye metoden» i EU.

På produkttryggleiksområdet har det skjedd endringar i Nordisk Ministerråd (NMR) det siste året. Mellom anna har ein valt å leggje ned gruppa EK-Konsument. På dette området er samarbeidet under Nordisk Ministerråd avgrensa til Forum for standardisering og produkttryggleik. Her blir det arbeidd med konkrete prosjekt, men det er berre løyvd midlar frå NMR for inneverande år. Det kan difor tenkast at dette forumet òg vil bli avvikla.

Dei nordiske styresmaktene med ansvar for produkttryggleik etablerte i 2005 Nordisk produkttryggleksforum. Her deltek berre representantar for styresmaktene. Forumet møtest to gonger i året for å diskutere ulike sider ved produkttryggleik med utgangspunkt i arbeidet som går føre seg i EU. Felles marknadskontrollaktivitetar er eitt område dei nordiske styresmaktene framleis vil samarbeide om. DSB prioriterer å delta i dette samarbeidet.

Det er etablert god kontakt og godt samarbeid mellom dei nordiske landa innan brannførebyggjande arbeid. Årleg blir det halde eit nordisk

brannførebyggjande forum med leiarar og utvalde saksbehandlarar frå dei sentrale branvernstyresmaktene i dei ulike landa. Møtet tek sikte på gjensidig utveksling av informasjon, oppdateringar, erfaringar og idear. I tillegg møtest brannførebyggjande personell i ulike samanhengar avhengig av tema.

EU-handlingsprogrammet for sivil beredskap omfattar òg brannførebyggjande aktivitetar. Det er utgjeve ein eigen rapport med tilrådingar på området. Sverige, Finland og Noreg har vore aktive partar i dette arbeidet. Noreg deltek òg i arbeid innan oppgradering av branngjeggleik i eksisterande tunnelar i regi av EU.

#### *Samarbeidet med Baltikum og dei nye medlemslanda i EU*

Gjennom EØS-finansieringsordninga utviklar Noreg eit samarbeid med dei nye medlemslanda i EU når det gjeld grensekontroll og utvikling og modernisering av institusjonar og funksjonar i kampen mot kriminalitet og i strafferetsapparatet. Både politi og fengselssystem står sentralt blant fagfelta der Noreg ønskjer å hjelpe nye og kommande EU-land med å bli betre i stand til å førebyggje og handtere den aukande kriminaliteten.

Innanfor ramma av EØS-finansieringsordninga blir det arbeidd med å etablere ei rekke justispolitiske samarbeidsprosjekt. Fleire prosjekt er skisserte, men arbeidet er tidkrevjande. Kriminalomsorga vil i særleg grad prioritere samarbeidet med Latvia, der den første utlysingsrunda for prosjektmidlar blir avvikla hausten 2006. Tiltaka har avløyst samarbeidsordningane som vart gjennomførte på prosjektbasis då dei baltiske landa var sokjarar til EU.

Parallelt med samarbeidet gjennom EØS-finansieringsmekanismane vil Noreg framleis delta i det omfattande justis- og innanrikspolitiske samarbeidet i Austersjøområdet. *Baltic Sea Task Force on Organised Crime* legg til rette for eit uformelt, kontinuerleg samvirke mellom fleire rettshandhavingsorgan i dei aktuelle landa. Samarbeidet går føre seg på fleire nivå, både mellom ekspertar på ulike fagfelt og på politisk nivå. Her diskuterer ein både strategiske spørsmål om utviklinga i samarbeidet og operative aksjonar som blir gjennomførte med jamne mellomrom.

Gjennom grensesamarbeidet *Baltic Region Border Control Cooperation* er det lagt opp til eit tett samarbeid om kontrollen av yttergrensene, særleg sjøgrensekontrollen.

#### *Nordisk-baltisk kontaktgruppe (Nordic Baltic Contact Group, NBCG)*

Under det nordisk-baltiske justisministermøtet i Reykjavik 3. november 1999 vart det avgjort at det skulle oppretta ei kontakt- og samarbeidsgruppe på embetsmannsnivå med mandat til å fastsetje meir detaljerte rammer for samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske landa og å følgje opp prioriteringane frå dei nordisk-baltiske justisministermøta. Gruppa hadde sitt første møte i mars 2000, og har sidan komme saman etter behov. Gruppa har ein medlem frå kvart av dei nordiske og baltiske landa og ein representant frå Nordisk Ministerråd.

Gruppa arrangerer konferansar og seminar og har ansvaret for å førebu dei nordisk-baltiske justisministermøta som finn stad omtrent annakvart år. Gruppa møttest sist i Druskinikai i Litauen 14.–15. september 2005. Frå norsk side vart det halde eit innlegg om aukande rettsleggjering (*increasing power of the courts and legal rights*). Det framtidige nordisk-baltiske samarbeidet vart òg teke opp på dette møtet. Vidare stod samarbeid mellom dei nordisk-baltiske landa og Russland på saklista, og likeins straffeansvar for juridiske personar.

Det neste nordisk-baltiske justisministermøtet blir halde i Finland i 2007/2008. Noreg skal ha formannskapen i NBCG i 2006/2007.

#### *Samarbeidet med fengselsvesenet i dei baltiske landa og Nordvest-Russland*

Europarådet tok i 1996 initiativ til eit samarbeid mellom kriminalomsorga i dei nordiske landa og fengselsvesenet i dei baltiske landa. Frå norsk side vart dette prosjektet sett på som ei støtte til dei baltiske statane i søknadsprosessen overfor EU. Prosjektet gjekk under namnet *Nor-Balt Prison Project*, og vart formelt avvikla 1. mai 2004. Parallelt med dette har Nordisk Ministerråd hatt mindre samarbeidsprosjekt med baltisk fengselsvesen. Frå norsk side blir det no arbeidd med å etablere eit fagleg samarbeid med latvisk kriminalomsorg, og fleire prosjekt er under utarbeiding. Samarbeidet går føre seg innanfor EØS-finansieringsmekanismane.

Europarådet tok i 1998 initiativ til eit tilsvarende samarbeidsprosjekt med russisk fengselsvesen, *Twin Prison Project*. Deltakarar i dette prosjektet har forutan Russland og Noreg vore tre tyske forbundsstatar. Samarbeidet mellom norsk og russisk fengselsvesen må kallast svært vellukka, og vi har inntrykk av at samarbeidet er høgt verdsett på russisk side.

Det praktiske samarbeidet har i hovudsak vore koncentrert om Nordvest-Russland, men har fått ein god del merksemd òg på sentralt hald i Russland. Dei siste åra har samarbeidet endra karakter frå å vere eit materielt bistandsprosjekt til i hovudsak å vere ein fagleg dialog. Mellom anna vil tilhøva for kvinner i fengsel vere eit viktig tema i den faglege dialogen framover.

Samarbeidet har ikkje berre vore knytt til fengselstenesta, men òg til dei andre justisstyresmakten. Dette har mellom anna ført til at det våren 2006 vart underteikna ein generell justispolitisk samarbeidsavtale mellom Noreg og Russland. Avtalen skal følgjast opp av toårige handlingsplanar, og den første handlingsplanen for 2007–2008 er under utarbeiding.

#### *Samarbeid om grensespørsmål m.m. med Nordvest-Russland*

Norske styresmakter har utvikla eit godt samarbeid med russiske grenestyresmakter om alle grensespørsmål i nord. Saman med Finland er det etablert eit trilateralt samarbeid for kamp kriminalitet over landegrensene.

#### *Nordvest-Russland og redningstenestesamarbeidet*

Noreg, Sverige, Finland og Russland har gjennom Barents-samarbeidet (*Barents Euro-Arctic Council*) sett ned arbeidsgrupper for å vidareutvikle øvingar, utdanning og avtalar innan rednings- og beredskapsarbeid i regionen. Ein landredningsavtale var ferdig utarbeidd i Oslo i slutten av april 2006, og det er berre dei formelle prosedyrane som står att før avtalen kan underteiknast og setjast i kraft.

Det blir jamleg halde fellesøvingar i rednings- og beredskapsarbeid i regionen. Noreg stod for leiringa av den siste øvinga, *Barents Rescue 2005*. Neste øving i 2007 får finsk leiing.

Det er underteikna ein sjøredningsavtale mellom Noreg og Russland. Avtalen utfyller føresegnene i IMO-konvensjonen om søk og redning til sjøs av 1979. I samarbeid med Russland blir det årleg gjennomført sjøredningsøvingar i Barentshavet.

Etter initiativ frå den norske justisministeren har dei nordiske justisministrane avgjort at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere ei vidare utvikling av samarbeidet mellom dei nordiske påtalemaktene. I mandatet for gruppa ligg det m.a. å gjere greie for korleis samarbeidet er i dag og for behovet for ytterlegare samarbeid.

## **6.11 Flyktningar og migrasjon**

#### *Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktning-spørsmål*

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktning-spørsmål (NSHF) er eit samarbeidsforum som drøftar aktuelle flyktning- og migrasjonspolitiske spørsmål. Målet er å leggje eit grunnlag for utviklinga av fellesnordiske haldningar og ordningar på området. Formannskapen roterer mellom landa og gjeld for eitt år om gongen. Danmark skal ha formannskapen frå juli 2006 til juni 2007, Island frå juli 2007 til juni 2008. Noreg skal neste gong ha formannskapen i 2008–2009.

Det blir halde to møte i året på embetsnivå. I tilknyting til det eine embetsmannsmøtet blir det halde eit ministermøte. Dersom det er behov for å gå djupare inn i utvalde emne, kan det innkallast til adhocmøte. Det har vore halde samarbeidsmøte mellom dei nordiske og baltiske landa, men det er ikkje etablert eit felles forum.

NSHF har sett ned arbeidsgrupper for meir inngåande drøfting av enkelte tema. For tida er arbeidsgrupper aktive på følgjande område: EU/Schengen, austspørsmål, ny busetting, tilbakevenning, retur til Kosovo.

#### *Nordisk utlendingsutval*

Utalet har utspring i den nordiske passkontrollavtalen, og skulle opphavleg behandle fellesnordiske problemstillingar knytte til denne. Utalet har dei seinare åra utvikla seg til å bli eit forum som diskuterer alle typar spørsmål på utlendingsfeltet, og er no eit møte mellom dei nordiske direktørane for utlendingsforvaltninga med utvalde medarbeidarar. Utalet diskuterer tema på eit overordna nivå, og har sett ned arbeidsgrupper for å følgje opp praktiske spørsmål eller utføre djupare analysar. Det er oppretta arbeidsgrupper for statistikk, asyl – med undergruppe Dublin-spørsmål, EU/EØS/Schengen og ei førebels gruppe for biometrispørsmål, som ein vurderer å gjere permanent. Det er semje om at arbeidet er nyttig og medverkar til å utvikle felles nordiske haldningar, ikkje minst i saker som er aktuelle i andre internasjonale forum, særleg EU.

#### *Nordisk migrasjonsutval*

Migrasjonsutvalet er underlagt embetsmannskomiteen for arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøpolitikk (EK-A). Utalet er tverrsektorelt samansett med representantar frå dei aktuelle departementa i Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island. Utalet møtest to gonger i året. Formannskapen er

frå 2002 eittårig og ambulerande. Noreg har formannskapen i 2006.

Migrasjonsutvalet er sett ned for å utveksle informasjon om spørsmål på migrasjonsområdet, mellom anna om lovgjevande og administrative tiltak og om statistikk på utlendingsområdet. Migrasjonsutvalet skal også diskutere nye initiativ til integrasjon av innvandrarar og flyktningar i samfunnet generelt og på arbeidsmarknaden spesielt. Utvalet har i oppgåve å førebu møta i embetsmannskomiteen på sitt eige faglege arbeidsområde. Vidare fordeles utvalet sine prosjektmidlar på aktuelle politiske område. Migrasjonsutvalet skal også medverke til formidling av forskingsresultat og informasjon om migrasjonen i nordisk samanheng.

Utteksling av informasjon og kunnskap skjer gjennom utarbeiding av landrapportar før utvals-møta og gjennom prosjekt, hovudsakleg i form av konferansar, i tråd med det som vart skissert i St.meld. nr. 30 (1999–2000). I Noreg vart det i februar 2005 arrangert ein nordisk konferanse om praksisplassar i introduksjonsordning for innvandrarar. I juni 2006 skal Noreg arrangere ein nordisk konferanse om hjelptil-sjølvhjelpsmetodikk for innvandrarar.

Som eit ledd i omstruktureringa av komitear og utval under Nordisk Ministerråd er Migrasjonsutvalet føreslege nedlagt frå 2007.

## 6.12 Administrasjon og forvaltning

Dei sentrale statlege arbeidsgjevarorganisasjonane i dei nordiske landa har i mange år hatt eit nært samarbeid. Dette skjer gjennom ein statleg arbeidsgjevarkonferanse for alle dei nordiske landa. Konferansen blir arrangert annakvart år. Hausten 2006 vart konferansen halden på Island. Samarbeidet går også føre seg gjennom arbeid i grupper som er etablerte på ulike personalpolitiske område. Det blir dessutan arrangert ein årleg nordisk pensjonskonferanse der representantar for dei statlege tenestepensjonsordningane møtest. I 2006 var Sverige vertskap for konferansen.

Nordisk Ministerråd har etablert eit nordisk lønns- og personalutval som består av leiande representantar for den statlege arbeidsgjevarsida i Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg. Utvalet er eit rådgjevande organ for Nordisk Ministerråd (samarbeidsministrane) og Nordisk Råds presidium i lønns- og personalspørsmål.

I 1978 oppretta Nordisk Ministerråd ei teneste-utvekslingsordning for alle grupper statstilsette i dei nordiske landa. Ordninga har til føremål å styr-

kje samarbeidet mellom dei nordiske statsetatane og å gje impulsar til nytenking på eige arbeidsfelt. Nordisk Ministerråd løyver kvart år pengar til stipendmidlar for tenesteutvekslinga.

I dei åra nordisk tenesteutveksling har eksistert, har mange nordiske statstilsette nytta seg av ordninga. Norske stipendiatar som har avslutta utvekslingsopphald, rapporterer om verdifull læring og nye innfallsvinklar til eigne arbeidsoppgåver. Opphaldet har også gjeve eit fagleg kontaktnett for stipendiatare og verksemndene deira. Interessa for nordisk tenesteutveksling er stor i dei nordiske landa. Det er spesielt mange søkerarar frå den norske statstenesta.

### Konkurransepolitisk samarbeid

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har eit nært samarbeid i form av møte, i aktuelle nasjonale saker og gjennom nordiske prosjekt. Ein samarbeider også om utvikling av konkurranseregler i EU, EØS og andre internasjonale forum.

Dei nordiske konkuransedirektørane har vedteke retningslinjer for samarbeidet i enkeltsaker. Danmark, Island, Noreg og Sverige har inngått ein avtale om samarbeid i konkurancesaker som også omfattar utteksling av konfidensiell informasjon. Nordiske konkurransestyresmakter samarbeider både på formelt og uformelt nivå når det gjeld handheving av saker som omfattar nordiske marknader.

Det er to typar regelmessige møte: plenumsmøte og leiarmøte (direktormøte). Nordisk plenumsmøte går av stabelen kvart år i august/september. Det har rundt 70 deltakarar frå Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. I 2005 vart møtet arrangert av færøyske konkurransestyresmakter. Emne for møtet på Færøyane var konkurranse innan miljøretta næringsverksemd, bøteutmåling og konkurranse i dei finansielle marknadene.

Plenumsmøtet vart halde i Noreg 16.–18. august 2006, der hovudemna var konkurranse i byggsektoren, informasjonsutveksling mellom bransjeorganisasjonar og lemping av sanksjonar.

Direktormøtet blir halde kvar vår. Her blir linjene for nordisk samarbeid trekte opp. I tillegg til faglege spørsmål drøftar ein problemstillingar som har med leiing å gjere.

I 2004 vart det sett ned ei arbeidsgruppe kalla «Frå jord til bord» som skulle undersøke og sammenlikne konkurranse i matvaremarknaden. Prosjektet fekk økonomisk støtte frå Nordisk Ministerråd. Rapporten vart lagd fram hausten 2005.

I plenumsmøtet i 2005 vart det vedteke å setje ned ei nordisk arbeidsgruppe som skulle sjå nærmare på konkurransen i finansmarknaden, nærmere bestemt for betalingsformidling. Gruppa vil leggje fram rapport og tilrådingar i plenumsmøtet i 2006.

Av pågåande samarbeid elles har ein eit prosjekt for økonomiske indikatorar og eit prosjekt

der ein samanliknar verksemda til dei ulike konkurransestyresmaktene. Dessutan er det tett samarbeid mellom nordiske konkurransestyresmakter når det gjeld konkurransen i kraftsektoren og etterforskningsmetodar for å avdekkje kartell.

## 7 Anna nordisk regjeringssamarbeid

### 7.1 Det utanrikspolitiske samarbeidet

Det er lang tradisjon for eit nært utanrikspolitisk samarbeid mellom dei fem nordiske landa. Trass i ulik forankring i EU og NATO er det nordiske utanrikspolitiske samarbeidet nært og godt. Integrasjonsarbeidet i Europa og den endra tryggingspolitiske arkitekturen inneber at Norden i dag i aukande grad har felles utanriks- og tryggingspolitiske interesser. Dette interessefellesskapet, saman med det felles kultur- og verdigrunnlaget, gjer sitt til at vi kan utnytte ulik tilknyting til internasjonale organisasjoner til felles initiativ og tiltak.

Samarbeidet i internasjonale organisasjoner har likevel endra karakter etter at Danmark, Finland og Sverige gjekk med i EU. Samarbeidet er i dag meir uformelt, og det kan vere ei utfordring å oppretthalde den nordiske profilen samtidig som dei nordiske EU-landa må avstemme sin politikk innanfor ramma av den felles utanriks- og tryggingspolitikken. Frå norsk side må vi difor arbeide aktivt for å halde ved lag eit nært og fortruleg samarbeid om aktuelle utanrikspolitiske spørsmål.

Det utanrikspolitiske samarbeidet er dei siste åra i aukande grad utvida til òg å omfatte dei baltiske landa i det såkalla NB-8-samarbeidet. Dei baltiske landa ønskjer eit nært samarbeid med dei nordiske landa. Etter at dei gjekk inn i både NATO og EU, har dei stadfesta si interesse for å vidareutvikle det nordisk-baltiske samarbeidet. Dei nordiske og baltiske utanriksministrane møtest årleg. Frå hausten 2004 møtest òg statssekretærane i utanriksdepartementa regelmessig i same formatet. I tillegg er det jamlege møte på høgt embetsnivå. Det er ikkje avtala noka fast rotasjonsordning for koordineringa av det nordisk-baltiske utanrikspolitiske samarbeidet, men Noreg har hatt denne oppgåva i 2006. I 2007 tek Finland over. Til møta inviterer ein no og då representantar for andre naboland i regionen.

Det amerikanske initiativet for eit uformelt nordisk-baltisk samarbeid i Nord-Europa, e-Pine (*Enhanced Partnership in Northern Europe*), vart lansert i 2003. Noreg støttar samarbeidet og deltek i halvårlege møte på høgt embetsnivå. Noreg er

pådrivar i e-PINE-samarbeidet saman med dei baltiske landa og USA. Eit styrkt amerikansk engasjement i regionen er i norsk interesse, og vi går inn for at samarbeidet skal vere så konkret, uformelt og sak-til-sak-basert som råd er. Samtidig er det viktig å unngå overlapping med dei eksisterande institusjonane i området (EU, Austersjørådet o.a.). I 2006 har utviklinga i Kviterussland, Ukraina og Sør-Kaukasus stått på agendaen i e-PINE-samarbeidet.

Den nordisk-baltiske arbeidsgruppa mot menneskehandel (NBTF) vart oppretta i 2003 etter initiativ frå tidlegare utanriksminister Anna Lindh. Gruppa møtest på statssekretærnivå og har eige sekretariat og eiga nettside: [www.against.trafficking.org](http://www.against.trafficking.org).

NBTF har ein viktig funksjon når det gjeld å komme fram til ei felles tilnærming til det aukande problemet med handel med kvinner og barn og korleis det kan løysast gjennom utveksling av erfaringar og bruk av beste praksis. Gruppa fungerer òg som motivasjonsfaktor, og trekker med seg dei landa som er komne kortast. Sverige er førebels det einaste landet i gruppa som har kriminalisert kjøp av sex. Etter norsk initiativ vart det i oktober 2005 avgjort at det skulle setjast i gang eit nordisk-baltisk samarbeid om rehabilitering av offer for menneskehandel etter retur til heimlandet. Samarbeidet er praktisk retta, ikkje minst når det gjeld å sikre offera ei sterkare stilling.

Erfaringane frå NBTF har påverka EU i arbeidet mot menneskehandel; sjå m.a. meldinga (*communication*) frå EU-kommisjonen av 18. oktober 2005 om forpliktande innsats i medlems- og kandidatlanda i kampen mot menneskehandel. Og ECO-WAS (*Economic Community of West African States*) ønskjer å dra nytte av erfaringane frå NBTF og har innleidd eit samarbeid mot menneskehandel i Vest-Afrika.

I februar 2005 vart Noreg og Island for første gong inviterte til å delta i dei uformelle nordisk-baltiske EU-møta (3+3) som blir haldne før møte i EU-organet *General Affairs and External Relations Council* (GAERC) i Brussel. Sjå òg nærmere omtale i kap. 5.3 (Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål).

Noreg har stor nytte av samrådet med dei andre nordiske landa i spørsmål som gjeld utviklinga i EU, EØS og Schengen-samarbeidet. Dette gjeld òg samarbeid i nærområda våre og i regionale samarbeidsforum, og likeins samarbeid om konfliktførebyggjande og fredsbevarande oppgåver som dei nordiske landa er involverte i (sjå nedanfor).

Nordisk samarbeid i EU-relaterte saker gjev høve til å gjere norske synspunkt og interesser kjende i EU-landa. Med Danmark, Finland og Sverige som EU-medlemmer gjer Norden seg sterkare gjeldande i EU. Dette har ført til at publikumsinnsyn, miljopolitikk, arbeidsmiljø, sysselsetjing, sosiale spørsmål og likestilling, forbrukarvern og matvaretryggleik no står høgare på saklista i EU. Det er i felles nordisk interesse å styrke denne utviklinga. I lys av den viktige rolla EU spelar, med Finland, Danmark og Sverige som medlemmer, er det naturleg at europaspørsmål no utgjer ein stor del av den nordiske dagsordenen, og at EU-saker er eit fast og viktig innslag på nordiske ministermøte.

Det er tett og vedvarande samarbeid om FN-spørsmål mellom dei nordiske landa. Utveksling av synspunkt og informasjon skjer jamleg ved dei nordiske FN-delegasjonane i New York, og det er halvårlege FN-konsultasjonar på embetsnivå i dei nordiske hovudstadene. For Noreg er det viktig å få informasjon om EU-arbeidet på aktuelle område. Den meir fokuserte tilnærminga til FN som gjer seg gjeldande på EU-hald, med opphav i den nye tryggingsstrategien og satsinga på «effektiv multilateralisme», har interessante berøringspunkt med den norske FN-politikken. Eit viktig nordisk tema i 2005 var samarbeid i prosessen fram mot toppmøtet om FN-reformer same hausten. I sluttfasen av arbeidet med toppmøtedokumentet forhandla Noreg på vegner av Norden. Dette representerer ei ny side ved det nordiske samarbeidet i FN-samanhang.

I 2006 står reformarbeidet framleis heilt sentralt i det nordiske FN-samarbeidet. Dette gjeld m.a. arbeidet med og oppfølginga av høgnivåpanelet om reform av FN-innsatsen for miljø, humanitær bistand og utvikling, som statsminister Stoltenberg er med og leier og der Sverige òg er representert. Avgjerda om å setje ned ein fredsbyggingskommisjon var ei av dei viktigaste under toppmøtet. Dette er òg eit felt som vil ha prioritet i det vidare nordiske FN-samarbeidet.

Dei nordiske landa samarbeider dessutan nært i kandidaturspørsmål. Det er etablert ei intern nordisk rotasjonsordning for kandidatur til både tryggingsrådet i FN og ei rekke andre sentrale posisjonar i FN-systemet. Noreg fekk god og aktiv støtte

frå dei andre nordiske landa for ein plass i Tryggingsrådet i perioden 2001–2002, og Danmarks kandidatur for perioden 2005–2006 hadde tilsvarende nordisk støtte. Dei nordiske landa støttar aktivt opp om Island, som er kandidat til Tryggingsrådet for første gong for perioden 2009–2010.

I gruppa av vestlege land (WEWG) har det over tid vore forståing for at dei nordiske landa i ei rekke valsamanhangar i realitet utgjer ei eiga «undergruppe». Dette gjeld i stor grad på det økonomske og sosiale området, der dei nordiske landa samla er blant de største bidragsytarane. Men òg når det gjeld kampen for demokrati og menneskerettar er det tradisjon for at dei nordiske landa står saman. MR-spørsmål er blitt eit viktig tema for drøftingar og samordning på nordisk nivå. Internasjonal strafferetspleie er òg eit tema for nordisk samarbeid, og det blir fremja kandidatar frå den nordiske krinsen til stillingar i den internasjonale straffedomstolen (ICC) og til straffedomsstolane for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Rwanda (ICTR).

Dei nordiske landa samarbeider tett i dei ulike regionale foruma i nord. I tillegg til det nordiske regjeringssamarbeidet har Finland formannskapen i Barentsrådet frå november 2005 til november 2007, Sverige har formannskapen i Austersjørådet frå juni 2006 til juni 2007 og Noreg i Arktisk råd frå oktober 2006 til oktober 2008. Sverige og Danmark overtek formannskapen i Arktisk råd etter Noreg, noko som gjev ein samanhengande nordisk formannskapsperiode fram til 2012. Meir om Nordisk Ministerråds samarbeid med dei andre regionale råda står i kapittel 3.

Utanriksministrane vedtok på møtet i april 2006 å etablere eit norsk-svensk-dansk samarbeid om formannskapane i Arktisk råd for perioden 2006–2012. Vidare var det semje om å etablere eit felles sekretariat i Tromsø i same perioden. Viktige felles prioriteringar vil vere arbeidet for ei heilskapleg ressursforvaltning i nord, medrekna utvikling av felles standardar for miljø, tryggleik og samfunnsmessige forhold, styrking av klimasamarbeidet og effektivisering av arbeidet i rådet.

OSSE er den internasjonale organisasjonen der EU-landa har etablert det tettaste utanrikspolitiske samarbeidet. Felles nordiske innspel er her i praksis blitt uråd etter at Finland og Sverige vart EU-medlemmer. Det nordiske samrådet som har vore mellom OSSE-delegasjonane kvar veke, og likeins dei årlege nordiske OSSE-konsultasjonane på hovudstadsnivå, held likevel fram.

I Europarådet er det òg etablert nært samarbeid mellom EU-landa i alle sentrale spørsmål. Det er uformell nordisk kontakt på ei rekke saksfelt,

men dette inngår ikkje i ein etablert struktur. Vidare er det eit omfattande nordisk-baltisk samarbeid i Strasbourg. Det er årlege nordiske og nordisk-baltiske europarådskonsultasjonar på hovudstadsnivå.

Forsvars- og tryggingspolitiske spørsmål er ein viktig dimensjon i det nordiske samarbeidet. Landa har ulik tryggingspolitisk orientering, men dette er ikkje til hinder for jamlege konsultasjonar og samarbeid.

EU er i ferd med å utvikle innsatsstyrkar for rask utplassering, særleg med tanke på eit utvida samarbeid med FN og for operasjonar i Afrika. Styrken skal omfatte 13 innsatsgrupper, kvar med eit militært personell på ca. 1500. Noreg planlegg å delta i ei innsatsgruppe saman med Sverige, Finland og Estland. Sentrale føresetnader for norsk deltaking er at ei eventuell avgjerd om utplassering av norske styrkar blir fatta nasjonalt, at vi har innverknad på gjennomføringa av operasjonar der norske styrkar er med, at det folkerettslege grunnlaget for ein slik operasjon er avklara og at EU-innsatsstyrken blir utvikla som ein komplementær styrke til NATOs reaksjonsstyrke (*NATO Response Force*, NRF).

Gjennom det norskinitierte NORDCAPS (*Nordic Coordinated Arrangement for Military Peace Support*) samarbeider dei nordiske landa om deltaking i internasjonale operasjonar, m.a. gjennom felles kursverksemd, trening og deltaking i felles operasjonar. Dei nordiske landa samarbeider òg i SHIRBRIG (*Multinational Stand-by High Readiness Brigade for UN Operations*), som i dag tel 15 medlemsland og 6 observatørland. SHIRBRIG vart etablert i 1996 for å styrke FN i evna til rask utplassering av hovudkvarter og styrkar, og kan òg støtte FN i planleggingsfasen for nye operasjonar. Planleggings- og hovudkvarterkapasiteten i SHIRBRIG vart sist nytta ved etableringa av den FN-leidde fredsoperasjonen i Sudan (UNMIS) i 2005.

Alle nordiske land tek konkret del i krisehandtering i EU-regi på det sivile området. Dette er eit samarbeidsområde i dynamisk utvikling, og innan utgangen av 2006 vil EU ha ein innleiande kapasitet for sivile innsatsstyrkar som på kort varsel skal kunne utplasserast i internasjonale oppdrag. Gjennom tett dialog med dei nordiske og baltiske landa får Noreg høve til å følgje utviklinga i EU når det gjeld sivil krisehandteringsinnsats.

Flodbølgjekatastrofen i Søraust-Asia jula 2004 har forsterka samarbeidet om akutt krise- og katastrofehjelp mellom dei nordiske landa. Dei nordiske landa har eit velfungerande konsulært samarbeid basert på ein avtale frå 1962. Utanriksministrane vedtok då dei møttest på Bornholm i august

2005 ein tiltakspakke for å styrke det nordiske samarbeidet i krisesituasjonar. Føremålet er å systematisere og konkretisere samarbeidet om krise- og katastrofehandtering, særleg ved utanriksstasjonane, slik at arbeidsdelinga mellom dei nordiske landa er klarlagd både før og under ein krisesituasjon. Samarbeidet skal tilpassast lokale forhold og innarbeidast i kriseplanlegginga ved utanriksstasjonane. I land der ikkje alle nordiske land er representerte, vil dei landa som er det, heilt eller delvis kunne vareta interessene til nordiske land som ikkje er representerte, slik at deira borgarar blir tekne hand om på same måten som eigne borgarar. I tillegg til samarbeidet lokalt er det etablert rutinar for informasjonsutveksling og samordning mellom dei nordiske hovudstadene når ei krise oppstår.

Det nordiske militære samarbeidet på Balkan har vist at Norden samla kan ta effektivt del i krisehandtering. Målet er at dei praktiske erfaringane vi har hausta på Balkan, skal reflekterast i tett kontakt mellom desse landa innanfor rammene av det felles utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet i EU (ESDP).

Regjeringa arbeider aktivt for å trekke Sverige og Finland tettast mogeleg inn i NATO-arbeidet med fredsoperasjonar og krisehandtering, dei såkalla ikkje-artikkkel-5-operasjonane. Dette omfattar jamlege konsultasjonar om NATO-spørsmål og støtte til ønska frå svensk og finsk side om ei tettare tilknyting til NATO gjennom partnarskapsordningane. Noreg har m.a. teke til orde for at bidragsytarne partnarland bør få større innverknad på avgjerdsprosessen i operasjonar som dei deltek i. Vidare har vi frå norsk side arbeidd for at partnarskapssamarbeidet i NATO må bli betre tilpassa behova i alliansen og det enkelte partnarlandet. Til liks med Sverige og Finland arbeider vi for å gjøre det lettare for partnarane å medverke til NATO-operasjonar samtidig som partnarskapen framleis fungerer som pådrivar for reformer i partnarlanda.

Dei nordiske landa har lang erfaring med ei heilskapleg tilnærming til samspelet mellom sivil, humanitær og militær innsats i konfliktområde. Slik røysle har vi mellom anna frå innsatsen på Balkan og Sri Lanka og i Sudan og Afghanistan. Det er viktig at desse erfaringane blir delte med partnarane i EU og NATO.

Dei nordiske landa tek aktivt del i kampen mot internasjonal terrorisme, mellom anna ved å delta i dei militære operasjonane i Afghanistan. Landa yter større bidrag til den NATO-leidde stabiliseringsstyrken i Afghanistan (ISAF), og samarbeider

gjennom dei regionale stabiliseringssлага (PRT) som ISAF organiserer.

Kampen mot internasjonal terrorisme krev òg fokus på dei grunnleggjande årsakene til terrorismen. Det sterke nordiske engasjementet mot fattigdom og for demokrati og menneskerettar er eit viktig bidrag til arbeidet med å førebyggje internasjonal terrorisme.

I 2002 tok Noreg på seg leiinga av observatøroppgåver i samband med fredsprosessar på Sri Lanka og i Sudan (*Joint Monitoring Mission* i Nuba-fjella). På bakgrunn av felles røynsle og tilnærming er det lagt stor vekt på å få med dei nordiske landa.

Både Danmark og Sverige stilte med observatørar til operasjonen i Nuba-fjella, som vart avslutta då overvakingsansvaret vart overført til den FN-leidde operasjonen (UNMIS) i juli 2005. Hausten 2005 tok Noreg initiativ til å legge til rette for eit fellesnordisk militært bidrag i tilfelle FN-operasjonen i Sudan skulle utvidast til å omfatte Darfur. Initiativet omfattar òg forslag om samarbeid mellom forsvarsdepartementa og forsvaret i dei nordiske landa om anna støtte til den fredsoperative verksamda i FN. I fredsforhandlingane for Sudan i regi av den regionale organisasjonen *Intergovernmental Authority on Development* (IGAD) har Noreg som medformann for Sudan-komiteen i *IGAD Partner Forum* samarbeidd nært med andre land og organisasjoner som følgjer forhandlingane. Noreg har gjennom denne rolla, og som observatør ved fredsforhandlingane i Kenya, halde nær kontakt med andre nordiske land i arbeidet for mobilisering av internasjonal bistand til Sudan og for gjevarkoordinering.

Alle dei fem nordiske landa tek etter oppmøding frå partane (styresmaktene på Sri Lanka og Dei tamilske tigrane, LTTE) del i den sivile observatørgruppa på Sri Lanka, SLMM. Partane vil gjerne ha nordiske observatørar, mellom anna fordi ein har god erfaring med den nordiske observatørgruppa og den norske tilrettelegginga og fordi Norden har eit omfattande bistandssamarbeid med Sri Lanka. Noreg var leiar for observatørgruppa frå 2002 til april 2006, då Sverige tok over. Det overordna ansvaret for SLMM ligg framleis hos Noreg ved at vi utnemner gruppelaiaren, som så rapporterer til norske styresmakter.

Dei seinare åra har det vore tett nordisk samråd i spørsmål om krisehandtering og sivil beredskap innanfor NATOs euroatlantiske partnerskapsråd (EAPC). Det militære samarbeidet i Partnarskap for fred (PfP) gjev òg godt høve til å

vidareutvikle det nordiske fredstryggingssamarbeidet.

Noreg har saman med Sverige og Finland teke ansvaret for å utarbeide retningslinjer for minstestandardar i EAPC-land for å verne sivilbefolkninga mot ARBC-risikoar. Denne innsatsen er ei oppfølging av sentrale delar av alliansearbeidet med sivil beredskap, som har utvikla seg som følgje av den aukande trusselen frå internasjonal terrorisme og masseøydeleggingsvåpen. Noreg har i fleire år hatt ei leiarrolle i dette arbeidet, som blir handert i NATOs høgnivågruppe for sivil beredskapsplanlegging (SCEPC). Innsatsen vi har gjort saman med dei andre nordiske landa, har vore viktig for å drive sivilberedskapsarbeidet i NATO framover, mellom anna det konkrete arbeidet for å utarbeide standardar og prosedyrar som skal sikre at allierte og partnarar får ein felles minstestandard for vern av sivilbefolkninga mot ARBC-stridsmiddel. Det er første gongen i NATO-samanhang det er utarbeidd forslag til felles standardar for sivile nasjonale kapasitetar.

Ei nordisk prosjektgruppe under leiing av Direktoratet for sivil beredskap har utarbeidd ein nordisk rapport om dette arbeidet som vart lagd fram for NATO i 2003. Som ledd i oppfølginga av rapporten arrangerte NATO og Noreg – på vegner av den nordiske prosjektgruppa – ein internasjonal konferanse i Trondheim i januar 2004 om minstestandardar for vern av sivilbefolkninga mot masseøydeleggingsvåpen. Prosjektet er møtt med stor interesse i NATO, og er vidareført i regi av ei NATO-leidd adhocgruppe med representantar frå 13 nasjonar, deriblant dei nordiske landa, Canada og USA. Finland heldt eit seminar om trening av «first line responders» i oktober 2004, mens Sverige heldt seminar i juni 2005. Ein avsluttande konferanse som vil verte halden i Oslo i oktober 2006, skal drøfte korleis dei konkrete resultata kan implementerast vidare på nasjonalt plan.

Det nordiske utanrikspolitiske samarbeidet omfattar òg administrative spørsmål som gjeld utanrikstenestene i dei nordiske landa. Etter prosjekt som samlokaliseringssambassadane i Berlin, Ljubljana og Maputo er arbeidet med å finne fram til andre aktuelle samlokaliseringssråder blitt intensivert. I forlenginga av diskusjonane om samlokalisering drøftar ein òg ei mogeleg vidareutvikling av det nordiske konsulære samarbeidet og samordning av Schengen-arbeidet på utvalde utanriksstasjonar. Ei ordning med gjensidig utestasjering av medarbeidarar på andre nordiske utanriksstasjonar blir nærmere vurdert.

## 7.2 Utanrikshandel

Dei nordiske utanrikshandelsministrane møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. Erfaringane frå dei siste 11 åra, med tre av dei nordiske landa innanfor EU og to utanfor, viser at europaspørsmåla er blitt viktigare i det nordiske utanrikshandelspolitiske samarbeidet. Likeins er samarbeidet med nærområda til Norden på det økonomiske og handelspolitiske området blitt viktigare.

Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er i dag meir uformelt enn tidlegare. Det er jamleg kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane/representasjonane i Brussel, mellom dei nordiske ambassadane og mellom EU-delegasjonane og sekretariatet i Nordisk Ministerråd i mange av dei problemstillingane det vert arbeidd med i EU/EØS-samarbeidet. I tillegg er Nordisk Ministerråd ein kanal for regelmessig nordisk samråd om aktuelle EU- og EØS-saker. Frå norsk side legg vi stor vekt på at dette samarbeidet blir røkta og utvikla vidare.

Noreg deltek i ei uformell nordisk samrådsgruppe for indre marknadsspørsmål. I gruppa deltek òg dei baltiske landa og Polen. Tanken med samrådsgruppa er å utveksle informasjon og synspunkt i aktuelle saker knytte til utviklinga av den indre marknaden. Gruppa arbeider med å styrke utviklinga av den indre marknaden i Norden og mellom dei nordiske og baltiske landa og Polen. I tillegg til drøfting av aktuelle indre marknadssaker blir det utveksla erfaringar når det gjeld administrative rutinar.

Den ytre handelspolitikken i EU har Kommisjonen ansvaret for, og det er såleis ikkje aktuelt å etablere eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Dei nordiske landa har likevel god uformell kontakt i WTO-spørsmål gjennom møte mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og med dei nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. På hovudstadsnivå blir det halde nordiske handelssjefsmøte der ein m.a. tek opp spørsmål i tilknyting til den pågåande forhandlingsrunden i WTO. Den uformelle nordiske kontakten gjev Noreg informasjon om drøftingane i EU, samtidig som dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen.

## 7.3 Forsvar

Det nordiske tryggings- og forsvarspolitiske samarbeidet er omfattande, og blir høgt prioritert både på politisk og fagmilitært nivå. Samarbeidet mellom dei nordiske landa dekkjer ei rekke område som gjer det både nødvendig og viktig å ha jamleg kontakt og møte på fleire nivå.

To gonger i året blir det halde nordiske forsvarsministermøte, der ministrane diskuterer politiske spørsmål av felles interesse. Dei nordiske landa har ei rekke felles føresetnader på forsvarsida som gjer samarbeid aktuelt i mange tilfelle, ikkje minst i internasjonale operasjonar. Nordisk fleirnasjonalt samarbeid har vist seg nyttig og ressurssparande, slik ein til dømes har sett når det gjeld luftransport i samband med internasjonale operasjonar.

Det er stort samanfall i vurderingar mellom dei nordiske landa når det gjeld ønsket om å praktisere ei nordisk ramme i ei rekke felles tryggings- og forsvarspolitiske saker. Mange viktige spørsmål som mellom anna gjeld den nordiske EU-stridsgruppa, deltaking i ein eventuell FN-leidd operasjon i Darfur og støtte til partnarland blir difor søkt koordinerte og samordna innanfor ei nordisk ramme.

Noreg overtok formelt formannskapen i det nordiske forsvarspolitiske samarbeidet frå 1. januar 2006. Dette omfattar òg formannskapen i *Nordic Coordinated Arrangement for Military Peace Support* (NORDCAPS). Under den norske formannskapen er det mellom anna lagt vekt på å revisere NORDCAPS i retning av å bli eit meir relevant og fleksibelt verktøy for nordisk samarbeid om deltaking i internasjonale militære operasjonar.

I mange tilfelle vil dei nordiske landa ha politiske og operative gevinstar av eit samarbeid, og det er dermed naturleg å bruke dei politiske konsultasjonsmekanismane og det militære planleggingsverktøyet som NORDCAPS tilbyr. Desse har vore fullt utnytta i samband med førebuinga av den nordiske EU-stridsgruppa, og no seinast i arbeidet med å få etablert ein nordisk styrke til ein eventuell FN-leidd operasjon i Darfur i Sudan.

I samband med revisjonen av NORDCAPS er det òg lagt vekt på å styrke det nordiske samarbeidet om støtte til svakarestilte land og regionar. Dei nordiske landa gjennomfører allereie eit region-til-region-samarbeid med dei mest konfliktutsette landa på Balkan. Responsen på det nordiske initiativet har vore positiv, og ei rekke tiltak er sette i gang. Det nordiske tryggings- og forsvarspolitiske samarbeidet er i seg sjølv ein modell for regionen.

Målsetjinga er å stimulere til tettare regionalt samarbeid som eit bidrag til auka stabilitet.

Tilsvarande har Noreg under formannskapsperioden i år teke initiativ til eit nordisk-baltisk samarbeidsprosjekt om støtte til reform av forsvars- og tryggingssektoren i Ukraina. Dette prosjektet er ein integrert og viktig del av det arbeidet som mellom anna blir gjort i NATO-regi for å støtte ukrainske målsetjingar om ei ytterlegare integrering i dei euroatlantiske samarbeidsstrukturane.

Prosjektet inneber òg auka praktisk samarbeid med dei baltiske landa, som i ei årrekke har vore mottakarar av militær støtte frå dei nordiske landa. Med sine mange ressursar, sine eigne erfaringar med forsvarsreform og sin kunnskap om og nærliek til Ukraina, vil dei baltiske landa vere til stor nytte for dette prosjektet. Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske landa blir òg reflektert i møte på politisk nivå, og som ein del av dette vil det på dei nordiske forsvarsministermøta i haust bli halde nordisk-baltiske forsvarsministermøte.

Til slutt har Noreg under sin formannskap lansert eit konsept som ser på utsiktene for å etablere felles nordiske ressursar for reformer i tryggingssektoren. Tanken er å få i stand ein nordisk samansett «styrkebrønn» av nasjonale ekspertar frå det strategiske nivået i dei nordiske forsvarsdepartementa. Planen er at desse skal hjelpe eit vertsland med å gjennomføre demokratiske reformer i forsvars- og tryggingssektoren. Innsatsen vil særleg vere aktuell i samband med langsiktig støtte til partner- og samarbeidsland, men vil òg kunne nyttast som ein del av fleirnasjonale freds- og stabiliseringsoperasjoner.

Det nordiske forsvarsmateriellsamarbeidet, *Nordic Armaments Co-operation* (NORDAC), utgjer ein sjølvstendig del av det nordiske samarbeidet. NORDAC arbeider for å fremje kostnadseffektivt samarbeid om utvikling, produksjon, innkjøp og vedlikehald av forsvarsmateriell. Samarbeidet har sidan etableringa i 1994 ført til vesentlege innsparingar. NORDAC har i dag over 30 ulike prosjekt- og samarbeidsgrupper der to eller fleire nordiske land deltek. Noreg overtok formannskapen i NORDAC for ein toårsperiode frå 1. januar 2005.

## 7.4 Utviklingssamarbeid

Dei nordiske landa har samanfallande syn i utviklingssaker på svært mange område. Dette fører til samarbeid på mange plan: gjennom policy-dialog både på politisk nivå og embetsnivå, gjennom koordinering av synspunkt og posisjonar når det gjeld FN, Verdsbanken og internasjonale organisasjonar

og gjennom praktisk samarbeid på landnivå. Her skal det nemnast nokre eksempel på alle desse.

Når det gjeld den politiske dialogen, er det vanleg at dei nordiske ministrane med ansvar for utviklingssamarbeidet møtest ein gong i året for å diskutere aktuelle saker av felles interesse og korleis desse best kan følgjast opp. Den same rutinen gjeld for dei respektive statssekretærane. Nordisk utviklingsministermøte vart sist arrangert i Paris i april 2006 med finsk vertskap, i randa av høgnivåmøtet i OECDs utviklingskomité (OECD/DAC).

I tillegg til dei politiske møta har ein jamlege konsultasjonar på embetsnivå i tilknyting til dei ulike bistandsområda. Dei nordiske bistandssjefane har sidan 1960-talet hatt regelmessige konsultasjonar, mens det i humanitære spørsmål blir gjennomført årlege konsultasjonar. I tillegg kjem kontinuerleg dialog mellom nordiske ambassadar og delegasjonar, og det er uformell dialog mellom hovudstadene i enkeltsaker av felles interesse.

I utviklingspolitikken i dag blir det lagt vekt på samordning og samhandling i større gjevargrupper framfor spesifikt nordisk samarbeid. Vidare prioriterer ein støtte til sektorprogram framfor enkeltståande prosjekt i fleire land. I dette samarbeidet inngår ofte fleire nordiske land saman med andre bilaterale og multilaterale gjevarar. Det er òg eit siktemål at gjevarengasjementet i dei fattigare utviklingslanda skal gå føre seg på grunnlag av utviklingsstrategien (PRSP, sjå nedanfor) til kvart land. Utviklingspolitikken er ein samlande innsats for dei nordiske landa. EU-medlemskapet til tre av dei nordiske landa inneber likevel at det nordiske samarbeidet delvis må førast på ein annan måte enn tidlegare.

Danmark, Finland, Noreg og Sverige har utvikla eit nært samarbeid med Irland, Nederland og Storbritannia. Utgangspunktet var ein toårig avtale om bistandsharmonisering i praksis som desse landa inngjekk med Zambia i 2002 (sjå nedanfor). Det såkalla *Nordic Plus*-samarbeidet går no føre seg på ei rekke felt. Bistandssjefane møtest to ganger årleg. Gruppa har ein felles handlingsplan for oppfølging av Roma-erklæringa om harmonisering (2003) som inneholder ei rekke konkrete samarbeidsaktivitetar. Det blir m.a. arrangert felles opplæringstiltak og felles evalueringar, og det er utarbeidd felles retningslinjer for forhandling av samfinansieringsavtalar. Det var eit omfattande *Nordic Plus*-samarbeid før høgnivåforumet om bistandseffektivitet som vart halde i Paris i mars 2005, og dette samarbeidet blir vidareført i oppfølginga av erklæringa som vart vedteken i Paris.

*Nordisk samarbeid om bilateral bistand*

I mars 2003 vart det inngått ein avtale mellom dei nordiske landa Finland, Sverige, Danmark og Noreg i tillegg til Nederland og Storbritannia på den eine sida, og zambiske styresmakter på den andre. Avtalen knyter seg til initiativet om praktisk harmonisering av bistand, det såkalla HIP-initiativet. Seinare har dei fleste sentrale gjevarar (bilaterale og multilaterale) i Zambia formelt og reelt slutta seg til gjennom ein breiare partnarskap (WHIP). Partane forpliktar seg til å støtte opp om viktige reformer i den zambiske forvaltninga og i aukande grad å kanalisere bistanden gjennom program- og budsjettstøtte. Gjevarane forpliktar seg til å koordinere innsats, krav og rutinar for bistanden seg imellom og å basere engasjement på zambiske planar og forvaltningssystem. Dette vil innebere ein meir effektiv bistand og ei vesentleg administrativ lette for det zambiske forvaltningsapparatet. Det siste året har partane arbeidd med å konkretisere dette gjennom ein nasjonal *External Aid Policy* og ein *Joint Assistance Strategy* (JASZ) som oppfølgingsverktøy for den nye nasjonale utviklingsplanen (FNDP).

I tillegg er det i Zambia eit tett operasjonelt bistandssamarbeid mellom dei nordiske landa. Til dømes gjev Noreg ein god del støtte til landbruksutvikling og matvaretryggleik for småfarmarar gjennom den svenske ambassaden i Lusaka. Vi har òg eit tett samarbeid med Danmark om rettstryggleik for vanlege folk.

Når det gjeld nordisk samarbeid spesielt, har det pågående samarbeidet mellom Noreg og Sverige i Afrika ført til flest konkrete resultat. Norske og svenske ambassadørar i det sørlege Afrika møtest no kvar 18. månad for å diskutere korleis samarbeidet dei imellom kan styrkast. I det austlege/vestlege Afrika har det førebels vore eitt slikt møte. Møta stadfester at det er eit omfattande samarbeid på landnivå, ikkje minst om informasjonsinnhenting i form av forskingsrapportar, gjennomgangar og evalueringar. I to av landa har ein òg klart å etablere konkrete samarbeidsprosjekt.

I 2001 underteikna Sverige og Noreg ein samarbeidsavtale om delegert samarbeid om bistanden til Malawi. Sverige har ikkje representasjon i landet, og den norske ambassaden i Lilongwe forvaltar svensk støtte til godt styresett, helse og hiv/aids – i 2006 i alt 95 mill. SEK. Bistanden til dei ulike tiltaka på desse områda blir fordelt med 50 % på kvart av landa. Ambassaden har òg innleidd eit samarbeid med den svenska kooperasjonsråsla om støtte til jordbruksutvikling i Malawi.

Ein liknande samarbeidsavtale om delegert samarbeid om bistanden til Mali vart underteikna i 2005. Ettersom Noreg ikkje har representasjon i Mali, forvaltar Sida den norske støtta til utdanning, styresett og menneskerettar og til berekraftig forvaltning av naturressursar. Innsatsen i desse sektorane var i 2005 på i alt 90 mill. NOK, likt fordelt på Noreg og Sverige.

I tillegg til at det norsk-svenske samarbeidet har hatt ein verdi og ein effektiviseringsgevinst i seg sjølv, gav dette konkret erfaring som er verdi full i det vidare arbeidet med å utvikle modellar for harmonisering og samordning mellom fleire gjevarar og i fleire land. Vidare har Danmark, Sverige og Noreg gått saman om å støtte oppbygginga av eit statistisk sentralbyrå i Mosambik, gjennom ein avtale som gjeld fram til 2007.

Andre former for samarbeid på landnivå kan eksemplifiserast ved at norsk støtte til frivillige menneskeretsorganisasjonar i Nepal delvis vert forvalta av Danmark. Noreg, Danmark og Finland jobbar tett saman i grunnutdanningssektoren i Nepal. Samarbeidet med Sverige om vassforsyning for Katmandu vart avslutta i 2006, då både Noreg og Sverige har trekt seg frå prosjektet. I Vietnam samfinansierer Sverige og Noreg ein studie av dei miljømessige og sosiale konsekvensane av vasskraftutbygging i landet.

Over det regionale programmet for berekraftig bruk av naturressursar i Mellom-Amerika samfinansierer Noreg og Sverige støtte til eit senter for forsking og høgare utdanning innan tropisk landbruk (CATIE), støtte til det regionale senteret for førebygging av naturkatastrofar (CEPREDENAC) og i 2005 overgangsstøtte til den mellomamerikanske kommisjonen for miljø og utvikling (CCAD). I Guatemala samfinansierer Noreg og Sverige støtte til det statistiske sentralbyrået INE. Elles er dei nordiske landa med i ulike konstellasjonar i fleire typar samfinansieringsmekanismar både i Nicaragua og Guatemala.

*Nordisk samordning innan multilateral bistand*

Det går føre seg eit nært samarbeid mellom dei nordiske landa overfor dei multilaterale utviklingsorgana, både gjennom formelle og uformelle kontaktar. I førebuingane til styremøte i FNs fond og program (utviklingsprogrammet UNDP, barnefondet UNICEF, befolkningsfondet UNPFA, miljøprogrammet UNEP, matvareprogrammet WFP o.a.) blir det jamleg halde nordiske møte for å samordne haldningane, og det er òg nær samordning under styremøta. Det er god kontakt og nært samarbeid overfor viktige særorganisasjonar i FN som Verds-

helseorganisasjonen (WHO), Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO), FN-organisasjonen for utdanning, vitskap og kultur (UNESCO) og FN-organisasjonen for ernæring og landbruk (FAO). Dessutan utgjer dei nordiske landa ofte kjernen i ulike grupperingar av «likesinna land» i styra i organisasjonane.

Samarbeidet med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein omfattande nordisk koordineringsprosess og ei rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I det internasjonale fondet for jordbruksutvikling, IFAD, har ein ei meir avgrensa nordisk koordinering på hovudstadsnivå. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste saker samanfallande interesser med dei andre nordiske landa, og det nordiske samarbeidet i styra for institusjonane er tett. Felles posisjonar blir utforma etter kvart, og det blir halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken og Det internasjonale valutafondet (IMF). Dei nordiske landa legg i det daglege arbeidet vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon blir styrande for utföringa og gjennomföringa av verksemda i utviklingsbankane.

Dei nordiske landa er sterkt engasjerte i gjennomföringa av det internasjonale gjeldsletteinitiativet for dei fattigaste og mest gjeldstyngde landa, den såkalla HIPC-ordninga, og av gjeldsletteordninga som Verdsbanken, Afrikabanken og IMF har innfört for den multilaterale gjelda til dei fattigaste utviklingslanda (*Multilateral Debt Relief Initiative*, MDRI). Frå nordisk side arbeider ein for å få på plass eit forhandlingsopplegg for å mobilisere tilstrekkelege midlar til å dekkje dei store gjeldslettekostnadene i dei multilaterale finansinstitusjonane, særleg Verdsbanken, slik at institusjonane ikkje blir svekte i si evne til å hjelpe de fattigaste landa.

Til saman 29 land dreg no nytte av gjeldslette under HIPC-ordninga etter å ha utarbeidd heilskaplege utviklingsstrategiar (*Poverty Reduction Strategy Papers* – PRSP). I tråd med nordiske synspunkt blir det no satsa meir på kvalitet enn tempo, med det for øye at strategiane skal utgjere eit best mogeleg grunnlag for langsiktig, fattigdomsreducerande politikk. Det er brei semje om den nordiske haldninga, som går ut på at PRSP må danne grunnlaget for alt gjevarengasjement i dei aktuelle landa. PRSP inneber auka fokus på fattigdom i Verdsbanken og IMF. Spørsmålet om korleis ein skal hjelpe land som ikkje oppnår ein handterbar gjeldssituasjon etter å ha fått HIPC-behandling, er ei stor utfordring som MDRI representerer eit viktig svar på.

Forhandlingane om den 14. påfyllinga av IDA (IDA 14) vart avslutta i februar 2005. IDA 14 dekkjer perioden 2005–2008. Noreg forplikta seg i den samanheng til eit tilskot på 2 184,07 mill. NOK fordelt på tre år. Som under tidlegare påfyllingsprosessar var det tett nordisk koordinering i forhandlingane. I juli 2005 tok Noreg over stillinga som eksekutivdirektør og styrerepresentant i vår valgruppe i Verdsbanken. Dette inneber at Noreg koordinerer dei nordiske synspunkta på hovudstadsnivå.

#### *Nordisk samarbeid om FN-reform*

Dei nordiske landa har alltid samarbeidd i FN, og dette samarbeidet held fram sjølv om det gradvis har endra karakter. Det nordiske samarbeidet i FN er prega av at landa har ulike roller, og er av uformell karakter. EU-landa står i aukande grad fram som ein samla maktfaktor i FN. Etter at Sverige og Finland vart medlemmer, har dei tre nordiske EU-medlemmene i stadig større grad koordinert sine synspunkt på FN-spørsmål gjennom det politiske EU-samarbeidet. Dette gjeld også med omsyn til reform av FN-systemet og den operative verksemda i FN. Den uformelle koordineringa og utvekslinga av synspunkt har likevel stor verdi, og kom mellom anna til nytte i førebuingane til FN-toppmøtet i 2005, der FN-reform var hovedtema. Sverige og Noreg arrangerte m.a. eit felles internasjonalt seminar om FNs fredsbyggingsarbeid som ledd i førebuingane. Det har prega det uformelle nordiske samarbeidet at Danmark i toårsperioden 2005–2006 har hatt plass i Tryggingsrådet, mens Sveriges FN-ambassadør Jan Eliasson var president for den 60. generalforsamling i FN i 2005–2006.

Dei nordiske landa samarbeider nært om reform av FN-systemet på det utviklingspolitiske området, mellom anna på bakgrunn av at dei er viktige bidragsytarar til FNs operasjonelle aktivitetar og har felles interesse av å sikre betre administrative rutinar og auka samarbeid og samordning mellom FN-institusjonane. Saman med andre likesinna land har dei nordiske landa levert viktige innsats til prosessen med reform av FN-aktivitetane på landnivå. Noreg og Sverige har i 2006 vore representerte i høgnivåpanelet som på oppdrag frå generalsekretær Kofi Annan har utarbeidd forslag til styrking av den operasjonelle FN-verksemda innan utvikling, humanitær innsats og miljø.

#### *Nordisk utviklingsfond*

Det nordiske utviklingsfondet (*Nordic Development Fund*, NDF) er ein samnordisk bistandsorga-

nisasjon som blir finansiert over bistandsbudsjetta i dei nordiske landa. NDF gjev lån over 40 år på mjuke vilkår som omfattar rentefritak og 10 års avdragsfritak, med ei administrasjonsavgift på 0,75 % per år. Lån frå fondet er reservert for dei fattigaste utviklingslanda, og blir brukte til høgt prioriterte prosjekt med positive miljøverknader. Prosjekta skal vere av nordisk interesse. Størstedelen av NDF-kredittane blir brukt til å finansiere leveransar av varer og tenester frå dei nordiske landa. NDF samfinansierer med andre multilaterale institusjonar, hovudsakleg Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane.

I 2005 tok forhandlingane om ei eventuell femte kapitalpåfylling til. Frå norsk side gjekk ein inn i forhandlingane med sikte på å delta i påfyllinga. Etter fire forhandlingsmøte, der det var oppnådd prinsipiell semje om fleire viktige spørsmål, vart det likevel klart at Danmark ikkje ønskte å gå vidare med sitt engasjement i fondet. På bakgrunn av at NDF då ikkje lenger ville vere ein nordisk institusjon, og at ingen av dei nordiske landa gav uttrykk for vilje til å kompensere for bortfallet av den danske støtta, konkluderte dei nordiske utviklingsministrane i september med at det var semje om å leggje ned aktivitetane i NDF. Vidare vart det bestemt at dette måtte skje på ein ryddig og transparent måte, ikkje minst av omsyn til dei tilsette i administrasjonen for fondet. Det var også semje om at NDF må innfri alle økonomiske og andre plikter som fondet alt har teke på seg. Det er gjort ein ekstern gjennomgang av korleis ein på best mogeleg måte kan sikre implementeringa av pågåande prosjekt og interessene til dei tilsette i ein avviklingsperiode som er stipulert til 3–4 år. Ny administrerande direktør for avviklingsperioden er under rekruttering.

I 2005 innbetalte Noreg 57,5 mill. NOK under den tredje og fjerde kapitalpåfyllinga til NDF. Fondet underteikna i 2005 ni nye låneavtalar til ein samla verdi av 63,8 mill. euro. Av samla prosjektoptefølje i NDF går ca. 48 % til Afrika, 35 % til Asia og 16 % til Latin-Amerika. Det vil ikkje bli sett i gang nye prosjekt i fondet etter 2005.

## 7.5 Forbrukapolitikk

Samarbeidet mellom dei nordiske landa på forbrukarområdet har i alle år vore svært utbyterikt. Då det hausten 2005 vart klart at MR-Konsument ville bli lagt ned som følgje av overgang til ny struktur i det nordiske regjeringssamarbeidet, vedtok forbrukarministrane retningslinjer for eit vidare uformelt samarbeid på området. Ministrane oppretta

og ei ny samarbeidsgruppe (Nordisk konsumentgruppe) til å vareta samarbeidet. Medlemmene av samarbeidsgruppa er dei same som i EK-Konsument, som vart lagd ned ved overgangen til den nye ministerrådsstrukturen. Saman med EK-Konsument vart òg tilhøyrande styringsgrupper og adhocgrupper lagde ned.

På møtet dei hadde i september 2004, vedtok forbrukarministrane eit nytt samarbeidsprogram for perioden 2004–2010. Dette blir no lagt til grunn for det uformelle samarbeidet. I programmet er hovudvekta lagd på å styrke forbrukarvernet i Norden og Europa elles og på å gje forbrukarane betre grunnlag for eigne val. Med utgangspunkt i samarbeidsprogrammet skal det utarbeidast årlege aktivitetsplanar for sektoren.

Innanfor dei rammene samarbeidsprogrammet trekkjer opp, la ministrane i aktivitetsplanen for 2005 m.a. vekt på samarbeid om:

- EU-rettslege spørsmål (både påverknad og gjennomføring av nytt regleverk)
- marknadsovervakning/marknadskontroll
- tiltak for å avgrense det kommersielle presset mot barn og unge
- tiltak for å fremje kunnskap om kor sterkt forbrukarane står i utvalde marknader
- tiltak for å fremje ei meir berekraftig utvikling

### Forbrukarrett

Samarbeidet rundt nordisk forbrukarlovsgjeving, EU-rettsakter og andre utspel frå EU-kommisjonen vart vidareført i 2005 og inn i 2006. Dette skjedde m.a. ved samrådsmøte om aktuelle forslag til EU-regulering. Viktige tema har vore den nordiske marknadsføringslovgjevinga som følgje av direktivforslaget om urimeleg handelspraksis og nordisk samråd om den praktiske implementeringa av forordninga om samarbeid mellom nasjonale styresmakter med ansvar for handheving av lovgjevinga om forbrukarvern.

Juridisk styringsgruppe hadde i tillegg særleg fokus på villeiande marknadsføring (særleg i tilknyting til forholdet mellom generell marknadsføringslovgjeving og spesiallovgjeving), marknadsføring retta mot barn og unge, effektane av ny kjøpslovgjeving og kjennskapen til og behovet for tilleggsforsikringar blant forbrukarane.

Samarbeidet om EU-rettslege spørsmål har i praksis vist seg å vere svært viktig for Noreg, både fordi det er ein viktig påverknadskanal mot EU og fordi det kan utvekslast bakgrunnsinformasjon om arbeidet med direktiva som er vanskelegare tilgjengeleg for EFTA-landa.

### *Forbrukarøkonomi og -informasjon*

Det er tidlegare utvikla eit nettbasert undervisningsprogram i forbrukaremne for barn og ungdom («Sikker shopping») som skal styrke deira evne til å opptre som bevisste forbrukarar og stimulere lærarar til å integrere forbrukaremne i undervisninga. Programmet vart i 2005 utvida med fleire nye modular. Vidare er det gjennomført ei omfattande kartlegging av kommersielt press mot barn og unge i dei nordiske landa, basert på eit omfattande intervjuemateriale. Resultata av kartlegginga vart i 2005 lagde fram i ein eigen rapport.

Sektoren hadde òg ei tematisk lenkeoversikt over fri («open-source») programvare. Nettsida ([www.NordicOS.org](http://www.NordicOS.org)) vart nominert til Unix User Groups pris for fremjing av bruken av fri programvare.

### *Berekraftig forbruk*

Forbrukarsektoren deltok i samarbeid om berekraftig forbruk gjennom den tverrsektorielle gruppa for integrert produktpolitikk (NMRIPP, oppretta i 2003). Gruppa har medlemmer frå dei tre sektorane miljø, forbrukar og næring. Sjå nærmare omtale i kapittel 5.5 om tverrfagleg miljøsamarbeid.

### *Nordisk miljømerking*

Det offisielle nordiske miljømerket, Svana, vart innført for 16 år sidan. Med åra har Svana vakse og blitt til eitt av dei sterkeste og mest kjende merka i Norden. Det er utvikla kriterium for bruk av Svana på meir enn 60 produktområde, og talet på lisensar er over 1100. Svanemerket finst no på ca. 5000 produkt.

Miljømerking har utvikla seg frå å vere ei ordning for varer til òg å omfatte tenester. Nordisk miljømerking er styrt av ei eiga nemnd med styreleiarane i dei fem nordiske landa som medlemmer. I tillegg til den nordiske koordinatoren som held til i Noreg, er det oppretta nordiske fagkoordinatorar og ein nordisk kriterieredaktør.

I Noreg er svanemerket forvalta av Stiftinga miljømerking, som òg har ansvaret for det europeiske miljømerket Blomen. Undersøkingar viser at 86 % av den norske befolkninga kjenner att Svana. Omsetnaden av svanemerkte produkt i daglegvarehandelen er høg, og interessa blant verksemder for å satse på svanemerket som verkemiddel til å oppnå ein miljømessig konkurransesfordel er stor.

I samband med omlegginga av ministerrådsstrukturen ved årsskiftet 2005/2006 vart ansvaret

for miljømerket Svana overført frå MR-Konsument til MR-Miljø.

## **7.6 Samferdsel**

Det nordiske regjeringssamarbeidet på transportsektoren har hatt som eit overordna mål å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennlig transport og trafikk i Norden og nærområda. Det har vore lagt vekt på å velje ut område der landa har felles problemstillingar i tillegg til å fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling.

Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa. Nemnast bør spesielt dei gode resultata som er oppnådde innan trafikktryggleik og miljøpolitikk. Her er det mange fellestrek mellom dei nordiske landa sjølv om det er skilnader på nokre område. Norden er føregangsland på verdsbasis når det gjeld trafikktryggleik, og kontinuerleg fokus på dette viktige området er nødvendig for at Norden skal behalde ein slik posisjon òg i framtida. Samarbeidet mellom dei nordiske landa og nærområda har vore viktig for overføring og utvikling av kunnskap om trafikktryggleik.

Dei seinare åra har EU/EØS-spørsmål fått stadig større merksemd, og samarbeidet her har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av den nordlege dimensjonen. Etter at dei baltiske landa og Polen òg vart medlemsland, har EU-relaterte spørsmål fått ytterlegare aktualitet. Difor har det dei siste åra òg vore halde eigne nordisk-baltiske møte (NB8) i tilknyting til dei vanlege nordiske ministermøta.

Etter at den nye ministerrådsstrukturen tredde i kraft 1.1.2006, er ikkje lenger transportsektoren ein del av det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet. På det nordiske transportministermøtet i Vejle i august 2005 vart det avgjort at transportsamarbeidet skulle halde fram utanfor ramma av Nordisk Ministerråd. Det var brei semje om at eit vidare samarbeid er viktig for å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og for å ta vare på det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Det vart avgjort at det skulle haldast eitt årleg sommarmøte og at dagens ordning med formøte før rådsmøta i EU skulle vidareførast. Formannskapen i det nordiske regjeringssamarbeidet har ansvaret for å arrangere sommarmøta, og dei baltiske landa vil bli inviterte når det trengst. I tillegg skal det haldast møte på embetsmannsniva.

Noreg arrangerte møtet i år, og òg dei baltiske ministrane var inviterte. Møtet vart halde i Balesstrand i Sogn og Fjordane 20. og 21. juni. Hovudtema for møtet var EU-spørsmål og intelligente transportsystem. I tillegg kom ein til semje om form og struktur for det framtidige nordisk-baltiske samarbeidet.

## 7.7 Bustad og bygg

Det formelle nordiske samarbeidet i bustad- og byggjespørsmål innanfor Nordisk Ministerråd (NMR) er i realiteten avvikla. Som ledd i ei prioritering av innsatsområde valde NMR hausten 2005 å leggje ned fleire embetsmannskomitear, deriblant embetsmannskomiteen for bustad og bygg. Samarbeidsområdet er etter dette ikkje lenger ein sjølvstendig arena i det nordiske samarbeidet. Eit vidare nordisk samarbeid på området må utvikle seg på andre måtar, i tilknyting til andre organisasjonar og/eller på uformelle arenaer.

Det er semje mellom representantane i den tidlegare embetsmannkomiteen for bustad og bygg om at ein ønskjer å ta vare på eit uformelt samarbeid. Kommunal- og regionaldepartementet meiner at det framleis er mykje å hente på eit nordisk samarbeid i bustad- og byggjesektoren.

Bustadministrane vedtok hausten 2004 ein handlingsplan som det er meininga skal gjennomførast over fleire år: *Action Plan for Increased Exchange in the Building Sector between Countries in the Northern Dimension Region*. Ansvaret for denne handlingsplanen er overført til ministerrådet for nærings-, energi- og regionalpolitikk.

Det er venta at dette programsamarbeidet får lite å seie for framtidige nordiske samarbeidsmønster. På det byggadministrative området har det vore ført eit uformelt nordisk samarbeid. Det har òg vore halde bustadadministrative møte, men som hovudregel utanfor den formelle NMR-ramma. Eit vidare nordisk samarbeid i bustad- og byggjesektoren vil måtte gå føre seg på slike arenaer og på uformelle måtar.

### Mål for nordisk samarbeid på bustad- og byggjeområdet:

- ein går inn for å halde ved lag eit uformelt nordisk samarbeid basert på eksisterande uformelle kontaktmønster og å utvikle nye på det bustadpolitiske området
- ein går inn for at det nye samarbeidet på bustadområdet blir konsentrert om bestemte fagtema eller temaområde og utøvd gjennom fagse-

minar der målgruppa primært er fagmedarbeidarar i departement og underliggjande etatar

Strategien for eit slikt samarbeid er å utvikle eit felles opplegg i samråd med nordiske kollegaer, og at Noreg som formannskapsland i 2006 inviterer til og finansierer eit første fagseminar.

## 7.8 Samiske spørsmål

Samane er ei urfolksgruppe som lever i fire land: Noreg, Sverige, Finland og Russland. I utviklinga av ein heilskapleg samepolitikk er det viktig å sjå samiske spørsmål i eit felles nordisk perspektiv med utvikling og etablering av fellestiltak og samarbeid på tvers av landegrensene.

### Nordisk samarbeid om samiske spørsmål

I 2000 vart det etablert eit fast samarbeid mellom ministrane med ansvar for samiske saker og sameningspresidentane i Finland, Sverige og Noreg med sikte på jamleg orientering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles interesse. Måletsetjinga med samarbeidet er å styrkje og utvikle språket, kulturen, næringane og samfunnslivet til det samiske folket.

Førebuing og oppfølging av saker skjer gjennom embetsmannsorganet for samiske spørsmål, som har representasjon frå regjeringane og sameinga i Finland, Sverige og Noreg. Den norske delegasjonen står under leiing av Arbeids- og inkluderingsdepartementet, og har fast representasjon frå Landbruks- og matdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Sametinget. Samarbeidet har uformell, men nær tilknyting til Nordisk Ministerråd. Sekretariatet i Nordisk Ministerråd er observatør i samarbeidsmøta på politisk nivå og embetsnivå, og blir halde orientert om saker som vert drøfta og behandla. Noreg overtok formannskapsfunksjonen frå Finland i 2006, mens Sverige tek over i 2007.

Innanfor samarbeidet er det oppretta ein nordisk samisk språkpris, Golleli, som skal tene som ei premiering og synleggjering av innsats og arbeid til fremjing av samisk språk i Finland, Sverige, Noreg og Russland. Prisen vart delt ut for første gong hausten 2004. Han skal delast ut annakvart år og er på 12 500 euro (ca. 100 000 NOK). Sameministrane og sameningspresidentane har ønskt å etablere kontakt og dialog med russiske styresmakter og samar om samiske spørsmål og urfolksspørsmål av felles interesse. I september 2005 vart det halde eit møte på statssekretær-/vise-

ministernivå i Moskva for å styrke samarbeidet med Russland på regjeringsplan. Utvida kontakt med Nordvest-Russland på politikarnivå er i tråd med tilrådingane i rapporten frå medborgar- og forbrukarutvalet, som låg til grunn for Nordisk Råds rekommendasjon 19/2004 om samarbeid med urfolka i Barentsregionen. Det blir elles arbeidd for å få i stand eit breiare nordisk samarbeid innan samisk forsking. Ein database med oversikt over samiskrelaterte forskingsprosjekt og samarbeid mellom forskrarar og forskingsinstitusjonar i Noreg, Sverige, Finland og Russland er under utvikling ved Universitetet i Tromsø (UiT). Noregs forskingsråd vil i samarbeid med Sametinget setje i gang ei utgreiing som skal vurdere etableringa av eit felles samisk forskingsutval for Noreg, Sverige og Finland, jf. *St.meld. nr. 20 (2004-2005) Vilje til forskning*. Behov for etablering av eit samisk etikkutval skal òg vurderast i denne samanhengen. Eit felles samisk forskingsutval vil kunne leggje strategiar for samisk forsking og medverke til betre ressursutnytting ved at forskingsaktivitetane i dei nordiske landa blir samordna og koordinerte.

#### *Nordisk samekonvensjon*

Ønsket om ein nordisk samekonvensjon vart først fremja av dei samiske hovudorganisasjonane i Finland, Noreg og Sverige under Nordisk samekonferanse i 1986. Dette vart seinare følgt opp i Nordisk samekonferanse i 1992, med tilslutnad frå russiske samar. Styresmaktene tok det første initiativet til å starte arbeidet med ein nordisk samekonvensjon i februar 1995. Då vart det under Nordisk Råds 46. sesjon i Reykjavík halde eit møte med ansvarlege ministrar for samiske saker i Finland, Sverige og Noreg.

Initiativet vart vidareført innanfor ramma av det nordiske samarbeidet om samiske saker, og i 2002 vart det oppnemnt ei ekspertgruppe til å utarbeide utkast til ein nordisk samekonvensjon. Ekspertgruppa leverte si innstilling til oppdragsgjevarane ved det årlege fellesmøtet mellom sameministrane og sametingspresidentane i Helsingfors i november 2005.

Innstillinga føreslår ein konvensjonstekst med 51 artiklar fordelt på sju kapittel. Konvensjonsutkastet tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg, og utkastet er utarbeidd på bakgrunn av dei internasjonale instrumenta som dei tre landa er bundne av. Ein nordisk samekonvensjon skal etter forslaget ha som målsetjing å lette samhandlinga mellom samar på tvers av landegrensene. Konvensjonsutkastet vart sendt på

høyring i dei tre landa samtidig i februar 2006. Høyringsuttalane vil bli presenterte for sameministrane og sametingspresidentane hausten 2006, og det vil bli lagt opp til drøftingar om den vidare behandlinga av saka.

#### *Samisk parlamentarisk råd*

Samarbeidsorganet for sametinga, Samisk parlamentarisk råd, vart oppretta i 1996 av sametinga i Finland, Sverige og Noreg. Rådet er eit institusjonalisert samarbeid mellom sametinga i saker som vedgår samar i fleire statar, eller samane som eitt folk. Kvart sameting vel sju sametingsrepresentantar med personlege vararepresentantar til rådet. Russiske samar har fast observatørstatus i rådet. Sekretariatet førebud saker til styre- og rådsmøte, og følgjer det sametinget som har presidentvervet.

Føremålet med Samisk parlamentarisk råd er å leggje tilhøva til rette for at samane kan bevare og utvikle språket, kulturen og samfunnslivet sitt innanfor kvar nasjonalstat, og at samane som eitt folk i fleire statar kan bevare og utvikle desse verdiane utan å bli hindra av statsgrensene. Rådet er eit sentralt organ i det nordiske samarbeidet om samiske spørsmål, og sametinga tek sikte på at rådet skal ha ei aktiv rolle i det internasjonale arbeidet, m.a. i FNs arbeid med ei erklæring om urfolksrettar og eit permanent forum for urfolkssaker og i arbeidet med urfolkssaker i Barentsrådet og Arktisk råd. Regjeringa ser på Samisk parlamentarisk råd som eit viktig organ for det nordiske samarbeidet, eit organ som betyr noko i internasjonale samanhengar med tanke på å styrke samarbeidet urfolk imellom og mellom urfolk og andre aktørar.

#### **7.9 Nasjonale minoritetar**

Noreg, Sverige og Finland har vidareført samarbeidet på embetsmannsnivå om politikken overfor nasjonale minoritetar. Dei nasjonale minoritetane i Noreg er jødar, kvenar, rom (sigøynarar), romani (tatarar) og skogfinnar. Det er institusjonalisert eit årleg møte for å utveksle erfaringar og for å vurdere nærmare samarbeid på enkelte saksområde. Siste møtet vart halde i Helsingfors i mars 2006. Noreg deltok med representantar for Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. På møtet vart det spesielt fokusert på situasjonen for gruppa rom, og elles på mogelege samarbeidsprosjekt på nordisk og europeisk nivå.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

til rår:

Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 29. september 2006 om nordisk samarbeid blir send Stortinget.

---

## **Vedlegg 1**

# **Statsminister Jens Stoltenberg: Innlegg i generaldebatten, den 57. sesjon i Nordisk Råd, 25. oktober 2005. Framført av samarbeidsminister Heidi Grande Røys**

Det er no berre åtte dagar sidan den nye regjeringa tiltredde i Noreg. Og som mange av dykk sjølv har opplevd, tek arbeidet i ei ny regjering til med det same, og det er mange behov som skal imøtekommast på kort tid. Difor må eg berre seie meg lei for at statsminister Jens Stoltenberg ikkje kunne vere her no i ettermiddag. Han måtte reise tilbake til Noreg i formiddag og kunne heller ikkje då vere til stades på opninga av denne sesjonen. Han har bede meg å halde det innlegget som han sjølv hadde tenkt å halde.

Den nye norske regjeringa representerer eit historisk skilje i norsk politikk, både fordi det er eit heilt nytt regjeringsamarbeid, og fordi vi har fått ei fleirtalsregjering i Noreg etter meir enn 20 år med mindretalsregjeringar. Ei av de oppgåvene den nye regjeringa ser fram til å ta fatt på, er formannskapen i det nordiske samarbeidet neste år. Eg kan forsikre at vi skal gjere vårt beste for å vareta det ansvaret som vert lagt på oss.

Politikk handlar om å velje og å vise evne til fornying i møtet med ei verd i rask endring. Dette gjeld både nasjonalt og det gjeld på nordisk plan. Dei tre hovudprioriteringane i formannskapsprogrammet vårt set fokus på tre utfordringar som etter mitt syn er sentrale for heile Norden:

- Nordområda og kva dei har å seie for Norden og Europa
- Framtida til den nordiske velferdsmodellen
- Trongen for å møte globaliseringa med kontinuerleg kunnskapsutvikling og innovasjon

Demokratiske system og auka velferd i det geografiske omlandet er viktig for utviklinga av våre eigne samfunn. Difor vil vi prioritere samarbeidet i dei nordlege områda av Europa. Vi veit at Norden er ei viktig drivkraft i det regionale samarbeidet med Nordvest-Russland, i Barentsregionen, Austersjøområdet, Arktis og Nord-Atlanteren. Utfordringane er mangfoldige i desse store områda. Difor er det viktig at vi har ei samla tilnærming til dei sentrale spørsmåla i regionen. Berre ein aktiv og mål-

retta politikk kan sikre at vi når målsetjinga om ei positiv utvikling for heile regionen.

I tillegg må politikken vere inkluderande. Alle partar med interesser i området må engasjerast i konstruktivt samarbeid og gode løysingar. Eg er klar over at somme har uroa seg over at vi kanskje har for mange regionale organ, og at samordninga dei imellom ikkje har vore god nok. Mitt inntrykk er at det ikkje er grunn for ei slik uro i dag. Vi veit at dei aktuelle organa – Nordisk ministerråd, Arktisk råd, Barentsrådet og Austersjørådet – har utvida sitt samarbeid vesentleg. Frå vår side vil vi medverke til at den aktive dialogen med formannskapane i dei andre råda kan halde fram. Dette er viktig for å fremje samarbeid og komplementaritet i arbeidet for felles mål. I tillegg er det særleg viktig at EU engasjerer seg i nordområda, og at vidareutviklinga av den nordlege EU-dimensjonen i 2006 medverkar til dette.

Ei hovudoppgåve for den norske formannskapen vil bli å leggje grunnlaget for ein god start på gjennomføringa av dei nye samarbeidsprogramma for Nordvest-Russland og Arktis som ministerrådet har vedteke. Vi vil gjere vårt for at samarbeidsprogrammet for Nordvest-Russland skal vere godt forankra i ein aktiv dialog med russiske styresmakter. Eg trur programmet kan bli eit nytt viktig bidrag til å styrke det nordiske samarbeidet med Russland.

Miljøspørsmåla i Arktis og Nord-Atlanteren er ei utfordring for heile verda. Forskarar har funne nokre av dei høgaste konsentrasjonane av PCB hos menneske nokon stad i verda blant innbyggjarane på Aust-Grønland. På Svalbard veit vi at isbjørn og sjøfugl dør på grunn av miljøgifter dei får i seg. Dette skjer i eitt av dei reinaste og mest urørte områda av verda – eit område med enorme ressurser som krev ei berekraftig forvaltning. Klimaspørsmål og miljøforureining, og konsekvensane av dette for livsvilkåra for urfolk i det arktiske området, krev all vår merksemd. Det hastar med

tiltak som kan redde Arktis for framtidige generasjoner.

Eit velferdssystem med berekraft for framtida er ei utfordring for alle samfunn – ikkje minst for dei nordiske landa med sitt høge velferdsnivå. Den nordiske velferdsmodellen er eitt av kjenneteikna ved Norden, og noko vi gjerne vil ta vare på. Likevel må vi heile tida vere opne for å vurdere og fornye våre eigne velferdsordningar. Dei er ikkje blitt til ein gong for alle. Vi må tilpassa dei etter kvart som behova endrar seg og i pakt med våre eigne ønske om stadig å bli betre.

Det er mykje likt i måten landa våre har løyst velferdsoppgåvene sine på, men og mange forskjellar. Det vil vi få vite meir om når et stort nordisk forskingsprosjekt skal avsluttast neste år. Vi må tru at forskarane kan gje oss meir kunnskap om korleis ulike løysingar verkar, slik at vi kan lære av kvarandre og dei erfaringane vi har gjort. Eg synest vi skal nyte dette høvet til å vurdere dei utfordringane velferdssistema våre står overfor og tenke over kva vi kan gjere betre.

Vi vil og involvere ungdommen i ein diskusjon om viktige samfunnsspørsmål. Somme hevdar at dei unge i dag er mest opptekne av individuelle gode, ikkje av fellesskapsløysingar. Viss dette er rett, kva får det då å seie for den framtidige nordiske velferdsmodellen? Kor mange av oss veit eigentleg kva ungdom tenkjer om desse spørsmåla? Til neste år har vi difor planar om å setje saman eit nordisk ungdomspanel som kan kaste lys over korleis ungdom ser på nordisk samarbeid og andre spørsmål som vedgår kvar dagen og framtida til dei unge i Norden.

Også på sosial- og helseområdet planlegg vi å ta ei rekkje initiativ, mellom anna når det gjeld legemiddel, telemedisin, miljømedisin og helseberedskap – for å nemne nokre døme.

Forskningsbasert kunnskap og evne til fornying er føresetnader for auka verdiskaping og vidare økonomisk vekst. Dette er ei hovudprioritering for den danske formannskapen i inneverande år, og vi tek gjerne over stafettpinnen for å føre dette arbeidet vidare. Ei viktig oppgåve vil vere å sjå til at NordForsk lever opp til sitt mandat og effektivt

medverkar til å oppfylle visjonen om Norden som ei leiande og attraktiv forskingsregion.

Samtidig er det viktig å få til ein god dialog mellom forsking og næringsliv. Det er ofte der den verkelege nyskapinga skjer. Denne dialogen er heilt avgjerande for at vi skal nå målet om Norden som ein leiande region i verda når det gjeld konkurranseevne og økonomisk vekst. Vi vil leggje stor vekt på å fremje denne koplinga mellom forsking og innovasjon, både gjennom auka samarbeid mellom dei aktuelle nordiske institusjonane og i eit breiare nordisk dialogforum om spørsmålet.

Så må vi ikkje gløyme at ein trygg oppvekst og ein god skule for barn og unge er det som legg grunnlaget for eit kunnskapsbasert samfunn. Det nordiske samarbeidet er nyttig for å nå vårt felles mål om eit utdanningssystem med høg kvalitet. Utdanningssystemet er og ein av dei viktigaste faktorane for å styrke den gjensidige språkforståinga. Den nordiske språk- og kulturfellesskapen er under press frå mange kantar.

Dette burde uroe oss alle. Det ville vere trist om engelsk vart det einaste språket vi hadde felles om nokre år.

I dette innlegget har det ikkje vore plass til å gå nærmare inn på alle dei sakene som er omtala i det norske formannskapsprogrammet. Eg vil difor be om at de les programmet.

Eg vil gjerne få takke Danmark og Anders Fogh Rasmussen for ei svært god og effektiv leiing av det nordiske samarbeidet i inneverande år. Eg vil spesielt framheve dei resultata ein har oppnådd i arbeidet med å byggje ned grensehinder og å modernisere arbeidet i Nordisk ministerråd.

Eg lovar at vi skal gjøre så godt vi kan for å viderføre desse og andre viktige oppgåver som står på dagsordenen i det nordiske samarbeidet. På vegner at min eigen statsminister og meg sjølv vil eg invitere dykk alle til eit godt samarbeid i det kommande norske formannsskapsåret.

Eg vil gjerne avslutte med ein takk til det islandiske vertskapet for den rause og gjestfrie mottakinga vi har fått, og den effektive tilrettelegginga av arbeidet vårt her i Reykjavik.

**Vedlegg 2**

## **Nordisk Ministerråd sitt budsjett 2006 og forslag til budsjett 2007**

	2007 TDKK	2006 TDKK	Differanse TDKK	%
<i>Kultur, utdanning og forsking</i>	378.500	377.373	1.127	0,3%
Kultursamarbeidet	160.000	160.031	-31	0,0%
Utdanning og forsking	218.500	217.342	1.158	0,5%
<i>Miljø- og ressurspolitikk</i>	197.400	189.918	7.482	3,9%
Miljø	43.500	43.908	-408	-0,9%
Nærings-, energi- og regionalpolitikk	114.500	108.195	6.305	5,8%
Jord- og skogbruk, fiskeri, næringsmiddel	39.400	37.815	1.585	4,2%
<i>Velferds- og næringspolitikk</i>	63.100	70.011	-6.911	-9,9%
Sosial og helse	39.000	45.730	-6.730	-14,7%
Lovgjeving	1.300	1.323	-23	-1,7%
Arbeidsmarked og -miljø	12.800	12.938	-138	-1,1%
Likestilling	8.300	8.352	-52	-0,6%
Økonomi- og finanspolitikk	1.700	1.668	32	1,9%
<i>Nabopolitikk</i>	93.400	87.286	6.114	7,0%
<i>Strukturpuljen</i>	4.000	7.530	-3.530	46,9%
<i>Sekretariatet i Ministerrådet og andre fellesaktivitetar</i>	103.300	107.525	-4.225	-3,9%
<b>Totalt</b>	<b>839.700</b>	<b>839.643</b>	<b>57</b>	<b>0,0%</b>

Budsjettet for 2007 vert endeleg vedteke i november/desember etter at Nordisk Råd har handsama det. Budsjettet vert justert for prisstigning.

---

**Vedlegg 3****Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmadskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmadskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmadskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmadskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmadskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmadskomitéen for Miljø
EK-NE	Embedsmadskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmadskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmadskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmadskomitéen for Uddannelse og Forskning
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet for Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning
NAF	Nordisk arbeidsgruppe for fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljøfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank for husdyr
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne

NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap
NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovasjonsCenter
NIFCA	Nordisk institut för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning
NIOM	Nordisk institutt for odontologisk materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljöområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalotrådet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljöudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden
NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga tidskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbete om teknisk ackreditering
NORDBOK	Nordiska litteratur- och bibliotekskommittén (upphör 31.12.2006)
NORBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomité
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsorgan
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbøde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavík
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomite
NR	Nordiska rådet
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetssorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørsmål
NSI	Nordisk samisk institutt

NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordiska samarbejde inden for skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor
NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NUK	Nordiska ungdomskommittén
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk netværk for børne- og ungdomskultur



